

Ny rettskriving for 2000-talet

Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet



Rettskrivingsnemnda for nynorsk

Innstilling, april 2011

Språkrådet

Ny rettskriving for 2000-talet

Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet

«Det går mangt eit menneske og ser seg fritt ikring for Ivar Aasens skuld.»
Tarjei Vesaas

Rettskrivingsnemnda for nynorsk
Språkrådet

Innstilling, 1. april 2011

Omslagsbilete: iStockphoto

Bilete s. 5: Språkrådet

Bilete s. 25, 47, 99, 146, 172: iStockphoto

Forord

Måndag 5. januar 2010 skreiv Språkrådet i ei pressemelding: «Styret i Språkrådet har oppnemnt ei rettskrivingsnemnd som skal laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer. (...) Målet er å etablera ei norm som gjer det lettare å vera nynorskbrukar, som er tydeleg for alle som bruker nynorsk som sidemål, og som er stabil over tid. Norma skal vera lett å bruka uavhengig av formell utdanning og språkkompetanse, heiter det i vedtaket frå styret.»

Arbeidet er ei oppfølging av St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, der eitt av dei prioriterte tiltaka er «å setja i gang arbeidet med å førebu ein revisjon av rettskrivingsystemet i nynorsk».

I allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar

Nemnda tok utgangspunkt i den vide rettskrivinga, ikkje i læreboknormalen, då vi skulle lage framlegg til korleis rettskrivinga bør bli når tonivåsystemet i nynorsk blir oppheva. I val av former som skal vere med i den nye norma, har vi lagt avgjerande vekt på kva former som har festa seg i skrift, utan at vi har lagt avgjerande vekt på kva dialektgrunnlag dei har, og delvis uavhengig av om dei har vore hovud- eller klammeformer tidlegare. Det har ikkje vore noko mål for oss å fjerne alle spor av tilnæringspolitikken på 1900-talet, og vi har valt dagens nynorsk som utgangspunkt for normeringsarbeidet. Med dagens nynorsk meiner vi gjeldande rettskriving, med hovudformer og sideformer.

Vi har også vurdert nøye korleis bruksnynorsken ser ut i dag, og korleis han har sett ut over tid, mellom anna slik han kjem til uttrykk i det nynorske tekstkorpuset ved Universitetet i Oslo. Dette korpuset inneheld store mengder skjønnlitterær og faglitterær tekst frå heile perioden landsmålet/nynorsken har vore i bruk, men med hovudvekt på tida etter den siste store normeringa i 1959. Dei fleste av forfattarane bak desse tekstane har ikkje vore bundne av læreboknormalen, men har fritt kunna nytte klammeformene. Vi har brukt korpuset kritisk og har heile tida prøvd å balansere ulike omsyn, ikkje minst talemålsgrunnlag opp mot skriftradisjon.

I tillegg har vi spurt eit vidt spekter av sentrale språknormerarar om kva val dei har gjort innanfor den gjeldande rettskrivinga, og kva forventningar dei har til den nye.

Norma er laga for framtida, men vi har òg teke omsyn til kva som er «i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar» i dag. Det har ført til at vi har valt å halde på fleire valfrie former enn det vi i utgangspunktet såg for oss. Der vi ser at dei breie gruppene i hovudsak har samla seg om ei form, har vi valt denne som eineform. Slik meiner vi at det store fleirtalet av nynorskbrukarar kan halde fram med å skrive stort sett slik dei er vane med, og slik dei har lært.

Statleg og demokratisk eller privat og kommersiell normering

Mykje av dagens offisielle nynorsk er omsett frå bokmål eller tek utgangspunkt i ein bokmålstekst. Det gjeld så godt som alle læremiddel i grunnskule og vidaregåande skule, mange statlege standardbrev og skjema og ikkje minst tekst som kjem frå lover, forskrifter og direktiv. Spørsmålet om ein del former som er felles i nynorsk og bokmål, vil bli dominerande i omsett tekst dersom dei blir jamstilte, har ført til hovudbry for nemnda. Vi har fleire døme på at dei som bestiller omsetjingar frå bokmål til nynorsk, vel «så bokmålsnært som mogeleg». Dette skjer både i forlag som gir ut lærebøker, og i statsetatar som kjøper nynorskversjonane sine frå profesjonelle omsetjarar for å innfri krava i mållova.

Det er òg slik at mange oppfattar dei same fellesformene som sentrale markørar i ein landsfemnande og mindre vestlandsprega nynorsk, og framlegg om å ta dei bort blir tolka som innsnevring av det geografiske området til nynorsken. Noko av det som kom tydelegast fram i høyringa, var nettopp ynsket om å gi større rom til former med breitt talemålsgrunnlag i andre område enn dei nynorske kjerneområda, trass i at desse formene ikkje er så mykje brukte i skrift.

Ei smal eller ei vid rettskriving avgjer kva staten skal normere, og kva som skal overlatast til dei private og kommersielle aktørane. Dei digitale hjelpemidla er på rask frammarsj, og på same måte som forfattarar av tradisjonelle ordbøker vel ut dei orda og formene dei meiner det er mest bruk for, vil forfattarane av digitale ordlister, retteprogram og omsetjingsprogram velje mellom dei valfrie formene. På den andre sida kjem dei digitale ordbøkene til å ha mykje større plass til rådvelde enn papirordbøker, og dermed kan dei i prinsippet ta med fleire variantar enn dei tradisjonelle ordbøkene.

Dette er nokre av dei mange problema vi har bala med det siste året. Som det går fram av drøftingane i innstillinga, har det vore mange fleire. Etter at nemnda hadde hatt det siste møtet sitt, leverte Tore Elias Hoel eit notat med alternative framlegg til vedtak han var usamd i. Dette notatet ligg som vedlegg til innstillinga. Resten av oss har, trass i vekslande usemje, valt å stå samla bak framlegget til ny rettskriving.

Marit Hovdenak frå sekretariatet i Språkrådet har vore med på alle møta i rettskrivingsnemnda, og har vore til stor hjelp praktisk og fagleg.

Takk

Nemnda takkar dei som laga 2002-innstillinga, for det grundige faglege arbeidet som vi fekk høve til å byggje arbeidet vårt på. Vi takkar også alle som har kome med innspel undervegs, lek og lærd som har gitt oss tid til samtale, sendt oss e-post, skrive innlegg i diskusjonsforumet og levert meir eller mindre omfattande høyringsfråsegner. 90 e-postar, 412 blogginnlegg og kommentarar, 78 høyringsfråsegner, 79 deltakarar på høyringsmøtet og 33 møte med ulike miljø syner at mange har stor omsut for språket vårt. Vi takkar for at de hjelpte oss gjennom arbeidet med motstand, medhald, erfaringar og kloke råd. Med samansetjinga av nemnda og forventningane til ein open


normeringsprosess gjorde styret i Språkrådet dette arbeidet til eit lærestykke i brukarstyrt utvalsarbeid.



Unn Røyneland (nestleiar)



Grete Riise (leiar)



Åse Wetås




Tore Elias Hoel



Ragnhild Bjørge



Svend Arne Vee



Karin Magnetun



Aud Søyland (sekretær)



Frå venstre: Åse Wetås, Svend Arne Vee, Ragnhild Bjørge, Tore Elias Hoel, Grete Riise (leiar), Karin Magnetun, Aud Søyland (sekretær), Unn Røyneland (nestleiar).

Innhald

Forord.....	3
Samandrag.....	11
1 Ei norm for 2000-talet.....	25
1.1 Bakgrunnen for arbeidet med ei ny norm.....	25
1.1.1 Mandat.....	27
1.1.2 Samansetjinga av rettskrivingsnemnda	27
1.1.3 Dialog og innspel.....	28
1.2 Den historiske utviklinga	30
1901–1917	30
1917–1938	31
1938–1959	31
1959–1996	32
1996–2002	33
1.3 Normomgrepet.....	33
1.3.1 Kven lagar me norma for?	33
1.3.2 Korleis blir ei norm til?	34
1.3.3 Kven er normagentane?.....	35
1.4 Valfridom	35
1.4.1 Bakgrunnen for valfridom i rettskrivinga.....	35
1.4.2 Ideologiske retningar.....	36
1.4.3 Ulike brukargrupper og brukarønske.....	37
1.4.4 Korleis er den faktiske variasjonen?	37
1.5 Hierarkiet i rettskrivinga	38
1.6 Retningslinjer for arbeidet i nemnda	38
1.6.1 Prinsipp for arbeidet.....	38
1.6.2 Valfrie former eller eineformer?	41
1.6.3 System i språket	41
1.6.4 Prinsipp om to oppslagsord	42
1.7 Kjelder	42
1.7.1 Innstillinga <i>Nynorskrettskrivinga</i>	42

1.7.2 Det nynorske tekstkorpuset	43
1.7.3. Andre kjelder	44
1.8 Disposisjon i innstillinga	45
2 Lydverket	47
2.1 Vokalisme.....	47
2.1.1 Variasjon mellom to vokalar	47
2.1.2 Diftong eller monoftong	59
2.2 Konsonantisme.....	63
2.2.1 Enkel eller dobbel konsonant.....	63
2.2.2 Annan konsonantvariasjon	69
2.3 Former med og utan <i>j</i> etter <i>g</i> og <i>k</i>	72
2.3.1 Verb og svake hokjønnsord med stammeutgang på <i>g</i> eller <i>k</i>	72
2.3.2 Verbalsubstantiv med stammeutgang på <i>g</i> eller <i>k</i>	76
2.3.3 Ord med obligatorisk <i>j</i> etter <i>g</i> og <i>k</i>	77
2.4 Skrivemåten av ein del enkeltord	79
2.4.1 Substantiv med valfri utgang på <i>-e</i>	79
2.4.2 Andre enkeltord	84
2.5 Nokre prefiks og suffiks med valfridom.....	95
2.5.1 <i>Fore-</i> eller <i>føre-</i>	95
2.5.2 <i>-stella</i> eller <i>-stilla</i>	96
3 Formverket.....	99
3.1 Substantiv	99
3.1.1 Nokre grupper av hankjønnsord i fleirtal.....	99
3.1.2 Nokre grupper av hokjønnsord i fleirtal	103
3.1.3 Bunden form eintal av sterke hokjønnsord og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord	105
3.1.4 Eintalsbøying av svake hokjønnsord	107
3.1.5 Fleirtalsbøying av svake hokjønnsord.....	108
3.1.6 Regelrett bøying av nokre inkjekjønnsord.....	110
3.1.7 Fleirtalsbøying av nokre enkeltord.....	112
3.1.8 Fleirtalsformene av nokre historiske folkenamn.....	116
3.1.9 Innbyggjarnemningar.....	117
3.1.10 Vekedagane.....	118

3.1.11 Inkjekjønnsord på trykklett <i>-el</i> , <i>-en</i> og <i>-er</i>	119
3.1.12 Framandord (importord) på <i>-um</i> , <i>-on</i> , <i>-us</i> og <i>-a</i>	123
3.1.13 Kjønn på substantiv på <i>-ing</i> og <i>-ning</i>	127
3.1.14 Substantiv med nesten lik form, men ulikt kjønn	129
3.1.15 Substantiv på <i>-sel/-sle</i>	132
3.1.16 Substantiv på <i>-0/-er</i>	135
3.1.17 Nokre substantiv på <i>-vere/-vær(e)</i>	137
3.1.18 Kjønn på substantiv med suffikset <i>-skap</i>	139
3.1.19 Kjønn på <i>dialekt</i> og nokre andre ord	142
3.2 Adjektiv og adverb.....	145
3.2.1 Adjektiv på <i>-en</i>	145
3.2.2 Komparativ og superlativ av visse stadadverb	148
3.2.3 Skrivemåten av ein del preposisjonar og adverb.....	150
3.2.4 Suffiks i adjektiv og adverb	154
3.2.5 Adjektiv med og utan binde-e.....	158
3.3 Pronomen og determinativ	159
3.3.1 Pronomen.....	159
3.3.2 Determinativ	165
3.4 Verb.....	171
3.4.1 Infinitiv	171
3.4.2 Verb med e- og a-bøying	174
3.4.3 Bøying av verba <i>bli</i> og <i>verta</i>	177
3.4.4 Presens på <i>[-er]</i> av sterke verb	179
3.4.5 Supinum på <i>-i</i> av sterke verb	180
3.4.6 Refleksiv- og passivformer på <i>[-s]</i>	181
3.4.7 Sterke og svake verb med kort og lang form i infinitiv og andre dobbelformer	183
3.4.8 Nokre tradisjonelle verbformer	192
3.4.9 Verb med preteritum på <i>-de</i> eller <i>-te</i>	197
3.4.10 Supinumsformer av nokre verb.....	200
3.4.11 Bøying av nokre enkeltverb.....	204
3.5 Samsvarbøying.....	207
3.5.1 Samsvarbøying av perfektum partisipp i predikativ stilling.....	207

3.5.2 Samsvarbøying av svake partisipp av sterke verb	210
Litteratur	212
Vedlegg 1: Substantiv på <i>-ing</i> og <i>-ning</i>	218
Vedlegg 2: Oversikt over substantiv med suffikset <i>-skap</i>	220
Vedlegg 3: Oversikt over adjektiv med suffiksa <i>-ig</i> og <i>-ug</i>	222
Vedlegg 4: Verb som skal ha <i>-a</i> dersom ein bruker kløyvd infinitiv	223
Vedlegg 5: Verb som i dag kan ha lang eller kort form i infinitiv	225
Vedlegg 6: E-verb med diftong i rota og e-verb med stammeutgang på <i>-gl, -gn, -mn, -rd, -ld, -nd, -m(m), -nn, -ng</i>	229
Vedlegg 7: Merknader frå nemndmedlem Tore Elias Hoel	232

Samandrag

1 Ei norm for 2000-talet

Innleiinga gjer greie for mandatet til rettskrivingsnemnda, samansetjinga av nemnda og korleis nemnda har arbeidd. Deretter følgjer ein bolc om rettskrivingsendringar for landsmålet/nynorsken frå 1901 og til i dag. Vidare inneheld kapittelet ei drøfting av normomgrepet, om kva valfridom i rettskrivinga inneber, og om det hierarkiet som har vore gjeldande i norsk rettskriving. Til slutt gjer nemnda greie for kjelder ho har nytta i arbeidet, og for disposisjonen som er følgd i drøftingane om kvart emne.

2 Lydverket

Mange av framlegga gjeld ei mengd ord. Fullstendig oversikt over orda som er omfatta av kvart framlegg, går fram av saka eller av vedlegg.

2.1 Vokalisme

2.1.1 Variasjon mellom to vokalar

Prinsippet er at lite brukte former går ut, men at det så langt som råd er, blir etablert mønster som kan vera til hjelp for nynorskbrukarane. Særleg former som i dag er klammeformer, går ut, men også ein del jamstilte former.

- For dei fleste ord som i dag har veksling mellom *a* og *o*, går forma med *o* ut. Døme: *trapp* [*tropp*]. Forma [*tropp*] går ut.
- For dei fleste ord som i dag har veksling mellom *e* og *æ*, går forma med *æ* ut. Døme: *seter* [*sæter*]. Forma [*sæter*] går ut.
- Dei fleste ord som i dag kan skrivast med *ø* eller *y*, får to jamstilte former. Døme: *system* [*søster*]. *System* og *søster* blir jamstilte.
- For nokre høgfrequente signalord som *berr* [*bar*] og *berre* [*bare*] går klammeformene ut or rettskrivinga.

2.1.2 Diftong eller monoftong

- I ord som i dag har to valfrie former med monoftong eller diftong, blir formene med diftong framfor *-m* og *-st* eineformer. Døme: *flaum*, *røyst*.
- Også framfor *-r* blir formene med diftong som oftast eineformer. Døme: *køyra*, *øyre*. *Mør/møyr* og *skjør/skøyr* blir valfrie former.
- Andre ord med diftong får i nokre tilfelle ei valfri form med monoftong (som *jau/jo*, *lauk/løk*), mens dei i nokre få tilfelle får eineform med monoftong (som *greve* og *bønne*).

2.2 Konsonantisme

2.2.1 Enkel eller dobbel konsonant

- Dei fleste ord som i dag har valfridom mellom enkel og dobbel *m*, skal framleis ha denne valfridommen.
- Ord som i dag har hovudform med dobbel *m* og klammeform med enkel, skal i dei fleste tilfelle ha berre forma med dobbel konsonant i den nye rettskrivinga. Døme: *plomme* [*plome*]. Forma [*plome*] går ut.
- Der forma med enkel og forma med dobbel konsonant synest stå like sterkt, blir formene valfrie. Døme: *kjøken* el. *kjökken*.

2.2.2 Annan konsonantvariasjon

- Ord som i dag har to valfrie former med ulike konsonantar, blir ståande med to valfrie former dersom begge er vanlege i bruk. Døme: *trua* el. *truga*.
- Former som er lite brukte, kan takast ut av rettskrivinga. Døme: *speida* el. *speia*. Forma *speia* går ut.

2.3 Former med utan *j* etter *g* og *k*

2.3.1 Verb og svake hokjønnsord med stammeutgang på *g* eller *k*

Det skal vera valfridom mellom skrivemåtane *gj* og *kj* på den eine sida og *g* og *k* på den andre sida, i ord som i dag har former med *gj* eller *kj* som hovudform, og former utan *j* som klammeform.

Døme: *bygga/byggja*, *tenka/tenkja*
brygge/bryggje, *rekke/rekkje*

2.3.2 Verbalsubstantiv med stammeutgang på *g* eller *k*

Verbalsubstantiv på *-ing* som er avleidde av stammar som endar på *g* eller *k* (t.d. *bygging*, *tenking*), skal framleis skrivast utan *j* framfor *-ing*.

2.3.3 Ord med obligatorisk *j* etter *g* og *k*

- Skrivemåten med eller utan *j* blir valfri i nokre ord som tidlegare har hatt obligatorisk *j* etter *lg* og *rg*. Døme: *følgja/følga*, *sørgja/sørga*.
- Nokre tradisjonelle former skal framleis ha obligatorisk *j*: *fylgja*, *syrgja*, *lægje*, *tægje*.
- Verbet *ynskja/ønskja* får valfri skrivemåte med eller utan *j*: *å ynska* el. *ynskja* el. *ønska* el. *ønskja*.
- Substantivet *ynske/ønske* skal framleis skrivast utan *j*.

2.4 Skrivemåten av ein del enkeltord

2.4.1 Substantiv med valfri utgang på -e

- Arveord med valfri utgang på -e, t.d. *blom/blome*, blir ståande med to valfrie former.
- Nokre arveord som har hatt éi form, får no to valfrie former (t.d. *lengd/lengde*).
- Lite brukte variantar av nokre få importord går ut: *krønik, premi, pins* (høgtid), *sjapp* (liten butikk).

2.4.2 Andre enkeltord

- Ord med to variantar som begge er mykje i bruk, skal framleis ha to valfrie former. Døme: *augekast* eller *augnekast*.
- Variantar som viser seg å vera lite i bruk, går ut or rettskrivinga. Døme: *armbrøst* blir eineform, *armbøst* går ut or rettskrivinga.

2.5 Nokre prefiks og suffiks med valfridom

2.5.1 Fore- eller føre-

Fordelinga av *for-*, *fore-* og *føre-* blir som før. *Forbilde*, som før var klammeform, blir no jamstilt form.

2.5.2 -stella eller -stilla

Forma *-stella* og avleiinga *-stelling* går ut or nynorsk rettskriving. Formene *-stilla* og *-stilling* blir eineformer. Det inneber at *førestella* og *førestelling* blir endra til *førestilla* og *førestilling* (i tydinga 'tanke, idé').

3 Formverket

3.1 Substantiv

3.1.1 Nokre grupper av hankjønnsord i fleirtal

- Hankjønnsord som ut frå etymologisk opphav har hatt fleirtalsbøying *-er*, *-ene* som hovudform (typen *benk, vegg*), skal ha valfri fleirtalsbøying, dvs. *-ar*, *-ane* eller *-er*, *-ene*. Døme:
 - *benk, benken*, fl. *benker, benkene*, el. *benkar, benkane*
- Hankjønnsord på *-nad* og *-a* (typen *bunad, villa*) skal ha valfri fleirtalsbøying, dvs. *-ar*, *-ane* eller *-er*, *-ene*. Døme:
 - *bunad, bunaden*, fl. *bunader, bunadene*, el. *bunadar, bunadane*
 - *villa, villaen*, fl. *villaer, villaene*, el. *villaar, villaane*

3.1.2 Nokre grupper av hokjønnsord i fleirtal

- Hokjønnsord som ut frå etymologisk opphav har hatt fleirtalsbøying *-ar*, *-ane* som hovudform (typen *elv*, *myr*), skal ha valfri fleirtalsbøying, dvs. *-ar*, *-ane* eller *-er*, *-ene*. Døme:
 - *elv*, *elva*, fl. *elvar*, *elvane*, el. *elver*, *elvene*
- Hokjønnsord som endar på *-ing*, skal framleis ha fleirtalsbøying *-ar*, *-ane*. Døme:
 - *dronning*, *dronninga*, *dronningar*, *dronningane*

3.1.3 Bunden form eintal av sterke hokjønnsord og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord

Bunden form eintal av sterke hokjønnsord og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord får *-a* som eineform: *bygda*, *husa*. Formene [*bygdi*] og [*husi*] går ut or rettskrivinga.

3.1.4 Eintalsbøying av svake hokjønnsord

Ubunden form eintal av svake hokjønnsord [*(ei) visa*] går ut or rettskrivinga. (*Ei*) *vis* blir eineform.

3.1.5 Fleirtalsbøying av svake hokjønnsord

Fleirtalsformene [*visor*], [*visone*] av svake hokjønnsord går ut or rettskrivinga. Bøyingsmønsteret *viser* – *visene* blir eineform i fleirtalsbøyinga av svake hokjønnsord.

3.1.6 Regelrett bøying av nokre inkjekjønnsord

Orda *auge/auga*, *hjarde/hjarta* og *øyre/øyra* skal ha desse bøyingsmønster:
auge – *auget* – *auge* – *auga*, el. *auga* – *auga* – *augo* – *augo*
hjarde – *hartet* – *hjarde* – *hjarta*, el. *hjarta* – *hjarta* – *hjarde* – *hjarde*
øyre – *øyret* – *øyre* – *øyra*, el. *øyra* – *øyra* – *øyro* – *øyro*

3.1.7 Fleirtalsbøying av nokre enkeltord

- Fleirtalsformene *menner*, *feilar* – *feilane*, *vemmer* – *vemmene* og *miler* har såpass lita støtte i skriftmålet at dei går ut.
- *Sko*, *lus*, *mus*, *møbel* og *barn* blir ståande med to fleirtalsbøyingar også i den nye rettskrivinga.
- Orda *fet*, *hes*, *il* og *vid* får regelrett hokjønnsbøying i fleirtal: *feter* – *fetene*.

3.1.8 Fleirtalsformene av nokre historiske folkenamn

Folkenamn på *-ar* skal bøyast regelrett i fleirtal, også dei som før hadde valfri *-ar* i fleirtal: *ein anglar* – *anglaren* – *fleire anglarar* – *anglarane*.

3.1.9 Innbyggjarnemningar

Innbyggjarnemningar som før hadde valfri ending (-ar) i grunnforma, får no obligatorisk ending -ar, t.d. *afghanar, afrikanar* osv.

3.1.10 Vekedagane

Vekedagane skal framleis ha dei same namna som før:

sundag el. *søndag, måndag, tysdag, onsdag, torsdag, fredag, laurdag*

3.1.11 Inkjekjønnsord på trykklett -el, -en og -er

- Inkjekjønnsord på trykklett -el får full form i bunden form eintal og samandregen form i bunden form fleirtal (med unntak av *kvartel*, som skal ha full form, og *barsel* og *kjørel*, som får valfri samandraging).
- Inkjekjønnsord på trykklett -en og -er får full form i bunden form eintal og bunden form fleirtal.

3.1.12 Framandord (importord) på -um, -on, -us og -a

- 1 Inkjekjønnsord av gresk og latinsk opphav på -on og -um får bøying i samsvar med hovudmønsteret for inkjekjønnsord i norsk: *leksikon – leksikonet – leksikon – leksikona*.
- 2 Inkjekjønnsord på -eum og -ium skal ha same bøying som før, dvs. at -um- fell bort i bunden form eintal og fleirtal: *museum – museet – museum – musea*. Stoffnamn skal ha regelrett bøying, som før: *opium – opiumet*.
- 3 Dei to orda *antibiotikum* og *faktum* skal framleis ha dei innlånte fleirtalsformene som eit alternativ: *faktum – faktuma*; el. *fakta – faktaa*.
- 4 Inkjekjønnsord på trykklett -us får regelrett fleirtalsbøying: *genus – genera*.
- 5 Inkjekjønnsord som endar på -a, får regelrett bøying i fleirtal: *skjema – skjemaa*.
- 6 Importerte hokjønnsord på -a, t.d. *geisha*, blir bøygde regelrett: *geisha – geishaa – geishaer – geishaene*.
- 7 Importerte hankjønnsord på -ium og -ius skal bøyast regelrett: *radius – radiusen – radiusar – radiusane*.

3.1.13 Kjønn på substantiv på -ing og -ning

Reglar for kjønn på ord som endar på -ing/-ning

- 1 Suffiksa -ing og -ning er i prinsippet hokjønnsuffiks. Verbalsubstantiv med -(n)ing som står for ei handling, er utan unntak hokjønnsord (t.d. *skrivning, modning, utbygging, forvalt(n)ing*).

- 2 Dei orda på *-ing* som er avleidde av substantiv og adjektiv, er hankjønnsord (m.a. innbyggjarnamn som *sørlending*, *totning* og *riking*, *raring*).
- 3 Person- og dyrenemningar på *-(n)ing* er hankjønnsord (t.d. *villstyring*, *flyktning*, *slektning*, *grevling*, *einhyrning*), unnateke når det biologiske kjønnnet tilseier hokjønn (t.d. *dronning*, *kjerring*).
- 4 Nemningar for omgrep som har fått konkret innhald, blir ofte hankjønnsord (t.d. *lusing*, *smurning*) eller får valfri bøying (t.d. *binding*, *krysning*, *pakning*).

Nokre ord får valfritt kjønn som konsekvens av framlegget: *bedding*, *bygning*, *demning*, *festning*, *forlegning*, *frysning*, *gjødning*, *kledning*, *kokning*, *krusning*, *ladning*, *leidning*, *lysning*, *munning*, *rivning*, *rydning*, *spenning*, *strekning*.

3.1.14 Substantiv med nesten lik form, men ulikt kjønn

- Dei fleste orda som er førte opp i saksutgreiinga under pkt. 3.1.14, må reknast som ulike oppslagsord fordi dei har ulikt kjønn og tydingsnyansar.
- Nokre få former går ut fordi dei har same tyding som forma som blir ståande, og samstundes er svært lite i bruk i dag. Det gjeld:

ei blekksprute, *ei krydde* / *eit krydd*, *ei muskedundre*, *ei trikine*, *ein trug*

3.1.15 Substantiv på *-sel/-sle*

Substantiv med suffikset *-sel* får hankjønnsbøying (i nokre tilfelle inkjekjønnsbøying), mens substantiv på *-sle* får hokjønnsbøying. Døme:

ein ferdsel – *ferdselen*; *ei ferdsle* – *ferdsle*

3.1.16 Substantiv på *-0/-er*

Dei fleste substantiva som før har hatt både ei kortform og ei alternativ form med *-er*, skal no berre ha kortform. Unntaka er *jest/jester* og *ert/erter*.

3.1.17 Nokre substantiv på *-vere/-vær(e)*

Hokjønnsuffikset *-vere* går ut av rettskrivinga.

Alle orda saka gjeld, kan ha forma *-være*. *Fråvære*, *nærvære* og *samvære* kan òg skrivast utan utgangsvokalen *-e*: *fråvær*, *nærvær*, *samvær*.

3.1.18 Kjønn på substantiv med suffikset *-skap*

- *-skap*-ord som er laga av eit adjektiv eller verb, er hankjønnsord. Det er ofte ord for ein tilstand eller ein eigenskap: *edruskap, gjev mildskap, vrangskap*.
- Ord som beskriv eit organ eller ein institusjon, er inkjekjønnsord: *ekteskap, forstandarskap, presteskap, selskap*.
- Ord som er laga av substantiv og beskriv ei rolle eller eit fenomen, er hankjønns- eller inkjekjønnsord: *farskap, fellesskap, naboskap*.
- Tre ord med eit substantiv som føreledd skal vera berre hankjønnsord: *buskap, donskap* (doning) og *vitskap*.

Ein del ord får valfri hankjønns- eller inkjekjønnsbøying som følgje av framlegget.

3.1.19 Kjønn på *dialekt* og nokre andre ord

Dialekt og andre ord som endar på *-lekt*, skal ha valfri hankjønns- eller hokjønnsbøying:

dialekt – dialekten – dialektar – dialektane; el. *dialekta – dialekter – dialektene*

Importordet *bise* (pyntesaum) har ikkje vore normert i nynorsk før. Det skal bøyast slik: *bise – bisen – bisar – bisane*.

3.2 Adjektiv og adverb

3.2.1 Adjektiv på *-en*

Hokjønnsbøyinga [*-i*] (*ei opi dør*) heng saman med *i*-mål og går ut or rettskrivinga saman med *i*-målet. Inkjekjønnsforma *-i* går òg ut or rettskrivinga, mens *-ent* blir jamstilt med *-e*: *ope* eller *opent*.

3.2.2 Komparativ og superlativ av visse stadadverb

Langformene i komparativ og superlativ av nokre stadadverb går ut or rettskrivinga, t.d. former som *attare – attast, innarst* og *yttarst*.

3.2.3 Skrivemåten av ein del preposisjonar og adverb

- Alle retningsadverb får *-an-* som samansetjingsfuge: *utanfor, austanfor*. Samansetjingsfuga *-a-* i preposisjonar og adverb går ut or rettskrivinga.
- Adverb som har *-mellom* som sisteledd, skal ha berre *-i-* som samansetjingsfuge: *veggimellom*. Forma *veggemellom* går ut.

3.2.4 Suffiks i adjektiv og adverb

- Adjektiv- og adverbsuffiks som har to variantar, får berre ein variant. Suffikset *-et/-ete/-ut* blir redusert frå tre til ein variant: *-ete*.
- Formene *-ig* og *-ug* blir ståande, fordi dei ikkje alltid kan brukast synonymt. Døme: *lystig, gridug*.

3.2.5 Adjektiv med og utan binde-e

- Adjektiv som i dag har valfri binde-*e*, blir ståande som før.
- Også desse adjekta får valfri binde-*e*:

appetitt(e)leg, mak(e)leg, opphav(e)leg, sjuk(e)leg

3.3 Pronomen og determinativ

3.3.1 Pronomen

- Objektsforma *honom* går ut or rettskrivinga, og subjekts- og objektsforma blir samanfallande: *han – han*.
- I 2. person fleirtal blir det to alternativ. Anten kan ein skilja mellom subjekts- og objektsform som før: *de – dykk*, eller ein kan bruka *dokker* som både subjekts- og objektsform.

3.3.2 Determinativ

- Determinativa *hennar, deira, annan* og *nokon* blir eineformer. Klammeformene [*hennes*], [*deires*], [*annen*] og [*noen*] går ut or nynorsk rettskriving.
- Possessivet *dykkar* får ei jamstilt form *dokkar*, i samsvar med pronomenet *dokker*.
- *Nokon* får forenkla reglar for fleirtalsbøyinga.
- Klammeforma [*eigi*] heng saman med i-målet og går ut or rettskrivinga.
- Determinativet *sjølv* kan framleis heita *sjølv* eller *sjølve* i fleirtal.

3.4 Verb

3.4.1 Infinitiv

Innanfor nynorsk rettskriving skal ein kunna bruka a-infinitiv eller e-infinitiv. Kløyvd infinitiv skal framleis vera tillate, men skal då praktiserast etter systemet som er oppført i vedlegg 4. Det er ikkje høve til å bruka kløyvd infinitiv fritt etter talemålet.

3.4.2 Verb med e- og a-bøying

I verb som etter rettskrivinga har både a- og e-bøying, kan ein gjennomføra full a- eller e-bøying:

*bruka – brukar – bruka – bruka eller
bruka – bruker – brukte – brukt*

Alternativt kan ein nytta såkalla blanda bøying, som er vanleg over store delar av landet. Det vil seia at verba som har både a- og e-bøying, kan få *-ar* i presens og *-de* eller *-te* i preteritum. Døme:

bruka – brukar – brukte – brukt

3.4.3 Bøyinga av verba *bli* og *verta*

Bli og *verta* skal reknast som to sjølvstendige verb som ein kan veksla mellom i ein og same tekst.

Verbet *verta* skal førast opp med eitt bøyingsmønster i ordbøkene:

verta – vert – vart – vorte

Verbet *bli* skal førast opp med tre bøyingsmønster:

*bli – blir – blei – blitt
bli – blir – vart – vorte
bli – blir – vart – blitt*

3.4.4 Presens på [-er] av sterke verb

Klammeforma [-er] går ut, slik at kortforma i presens blir eineform: *bit, kjem, dreg*.

3.4.5 Supinum på -i av sterke verb

Supinumsforma på -i av sterke verb går ut or nynorsk rettskriving, og forma med -e blir eineform: *lese, funne*.

3.4.6 Refleksiv- og passivformer på [-s]

Refleksiv- og passivforma [-s] går ut av nynorsk rettskriving, og forma med -st blir eineform:

minnast – minnest – mintest – minst

3.4.7 Sterke og svake verb med kort og lang form i infinitiv og andre dobbelformer

Vedlegg 5 inneheld ei oversikt over verba som blir behandla her, med framlegg til ny rettskriving.

3.4.7.a Kort eller lang form i infinitiv av ein del sterke og svake verb

- Dei fleste verba som har både langform og kortform i dag, skal framleis ha valfridom mellom den lange og den korte forma. Døme: *be* el. *beda*, *gni* el. *gnida*.
- Verbet *treda* skal ha berre kortform heretter, jf. pkt. 3.4.8.c.
- Varianten *skruva* går ut or rettskrivinga, jf. pkt. 2.2.2.

3.4.7.b Sterk og svak form i presens og perfektum partisipp av sterke verb som i infinitiv kan ha kort eller lang form

- Sterke verb som i infinitiv kan ha kort eller lang form (t.d. *gli(da)*), kan ha svakt presens og svakt perfektum partisipp ved sida av dei sterke formene:
glir – *glidd* ved sida av *glid* – *glide*
- Når det gjeld verba *dra(ga)*, *la(ta)* og *ta(ka)*, blir den svake bøyinga (som tidlegare var klammeform) jamstilt med den sterke:
drar – *dradd/dratt* el. *dreg* – *drege*
lar – *latt* el. *lèt* – *late*
tar – *tatt* el. *tek* – *teke*
- Det skal framleis vera valfritt å bruka sterkt eller svakt bøyingsmønster av verba *by(da)*, *gni(da)*, *skli(da)*, *stri(da)* og *vri(da)* i alle tider.

3.4.7.c Sluttkonsonant i preteritum av ein del sterke verb

- Preteritumsformene *bad*, *drog* og *gav* skal framleis vera eineformer i nynorskrettskrivinga. Preteritumsforma *[sto]* fell bort, og *stod* blir eineform.
- Verba med valfri sluttkonsonant etter diftongen *ei* i preteritum skal framleis ha valfrie former med eller utan sluttkonsonant: *glei/gleid*.

3.4.7.d Variantane *gi/gje(va)*

- *Gi* og *gje* og *gjeva* skal vera jamstilte verbbøyingar framleis. Bøyinga blir som før, bortsett frå at partisippforma *gjevi* går ut:
- *gi* – *gir* – *gav* – *gitt* eller *gje/gjeva* – *gjev* – *gav* – *gjeve*

3.4.8 Nokre tradisjonelle verbformer

3.4.8.a Verba *få, gå [ganga], slå, slåst, stå [standa]*

For verba *få*, *gå*, *slå*, *slåst* og *stå* går klammeformene *[fikk]* – *[fær – fenge/-i]*, *[gikk]* – *[ganga – gjeng/gjenger – gjenge/gjengi]* – *[gakk]*, *[slær]* og *[slæst]*, *[sto]*, *[standa – stend/stender – stade/stadi]* og *[statt]* ut or norma. Verba skal bøyast slik etter ny rettskriving:

få – *får* – *fekk* – *fått*

gå – går – gjekk – gått
slå – slår – slo – slått/slege
slåst – slåst – slost – slåst/slegest
stå – står – stod – stått

3.4.8.b Preteritumsformene *lagde* og *sagde*

For verba *leggja* og *seia* går preteritumsformene *lagde* og *sagde* ut or rettskrivinga.

3.4.8.c Bøying av *tre(da)* og *trå*

Det sterke bøyingsmønsteret og langforma i infinitiv og presens av verbet *tre(da)*: *treda* – *tred(er)* – *tro(d)* – *trede/tredi/tredt* går ut or rettskrivinga. Ny bøying blir:

tre – trer – tredde – tredd/trett

Dei sterke bøyingsformene til verbet *trå*: [*trær*] – *tro(d)* – *trede/tredi* går ut or rettskrivinga. Ny bøying blir:

trå – trår – trådde – trådd/trått

3.4.9 Verb med preteritum på *-de* eller *-te*

- 1 Dei fleste j-verb skal ha endinga *-de* som eineform i preteritum: *talde, vande, varde*. J-verb med stammeutgang på ustemd konsonant (*k, p, s, t*) skal ha *-te* i preteritum: *sette, druste*.
- 2 E-verb med stammeutgang på vokal eller på *d, g* eller *v* (konsonantane i V-DAG) får endinga *-de* i preteritum og *-d* eller *-t* i supinum:
 - *bygde – har bygd* el. *bygt*
 - *trudde – har trudd* el. *trutt*
- 3 E-verb med stammeutgang på *f, l, s, k, p, t* eller *r* (konsonantane i FLASKEPOSTAR) har endinga *-te* i preteritum. Unntak er *neglde, siglde, høyrde, kørde* (jf. pkt. 4).
 - *kjøpte – har kjøpt*
 - *lærte – har lært*
- 4 E-verb som ikkje høyrer inn i punkt 2 eller 3 ovanfor, kan delast inn i fire grupper:
 - Verb med diftongen *øy* i rota får *-de*: *drøymde, høyrde*.
 - Verb med stammeutgang på konsonantgruppene *-gl, -gn, -mn, -rd, -ld, -nd* og *-ng* får *-de*: *siglde, femnde, hende, ringde*.
 - Verb med stammeutgang på *-m(m)* og *-enn* får valfritt *-de* eller *-te*: *skremde, brende*.
 - Verb med stammeutgang på vokal + *-n* får *-te*: *ante, synte*.

3.4.10 Supinumsformer av nokre verb

3.4.10.a Valfritt supinum av verb på *-o*, *-d*, *-g*, *-v*

- Verb med stamme som endar på vokal, får *-dd/-tt* som ending i supinum, slik som før: *sydd/sytt*.
- Verb med stamme som endar på *-d*, *-g*, *-v*, får *-dd/-dt*, *-gd/-gt* og *-vd/-vt* som ending i supinum, slik som før: *arbeidd/arbeidt*, *bygd/bygt*, *levd/levt*.
- Verb som har stammeutgang på *-d*, og som kan ha kort eller lang form i infinitiv, får *-dd* eller *-dt* i supinum: *blødd/blødt*.
- Partisippformene av *seia*, *legg(j)a*, *ha* og dei svake partisippformene av *ta* og *la* får *-t(t)* i supinum: *sagt*, *lagt*, *hatt*, *tatt*, *latt*.
- Den svake partisippforma av *dra* kan ha *-dd* eller *-tt* i supinum: *dradd* eller *dratt*.

3.4.10.b *[-d]*-bortfall i supinum av verb med *-de* i preteritum

- Svake verb med preteritum på *-de* skal ha *-t* i supinum: *har kjent*, *det er kjent*. Klammeforma på *[-d]* fell bort.
- Unntak er verb med *-dde*, *-gde* og *-vde* etter vokal i preteritum; dei skal etter framlegg i punkt 3.4.10.a ha *-d* eller *-t* i supinum som i dag (typen *nådd*, *arbeidd*, *bygd*, *kravd*, *blødd*).

3.4.11 Bøying av nokre enkeltverb

- Nokre verb som i dag berre kan vera e-verb, får no valfri bøying som a- eller e-verb. Døme: *drønna*, *lada*, *leia*.
- Nokre andre verb får endra bøying, i dei fleste tilfelle ved at det kjem inn ei valfri form i tillegg til den eksisterande. Døme: *eiga* – *åtte* – *ått*; el. *eigde* – *eigd*.

3.5 Samsvarbøying

3.5.1 Samsvarbøying av perfektum partisipp i predikativ stilling

Det skal framleis vera samsvarbøying i partisipp av sterke og svake verb, men det er òg mogleg å la vera å samsvarbøya partisipp av svake verb. Systemet for samsvarbøying av partisipp blir dermed slik:

- 1 Svake perfektum partisipp i predikativ stilling kan anten ha samsvarbøying eller stå i supinum:

Pakken er løynd/løynt.

Resultatet er løynt.

Dei er løynde/løynt.

Han er presentert.

Det er presentert.

Dei er presenterte/presentert.

- 2 Sterke perfektum partisipp skal ha obligatorisk samsvarbøying i predikativ stilling:

Fisken er frosen.

Vatnet er frose.

Bollane er frosne

- 3 Tilsvarande system gjeld for svake og sterke partisipp i attributiv stilling. Den ubøygde forma av det svake partisippet får då fleirtalsending:

Ein løynd/løynt pakke

løynde/løynte pakkar

ein frosen kjøtdeig

eit frose brød

frosne bollar

3.5.2 Samsvarbøying av svake partisipp av sterke verb

Desse supinumsformene skal ikkje ha samsvarbøying:

blitt, dradd/dratt, fått, gitt, gått, latt, sett, slått, stått, tatt

Døme: Begge laga vart slått ut av cupen. Bøkene er utgitt av Samlaget.

1 Ei norm for 2000-talet



1.1 Bakgrunnen for arbeidet med ei ny norm

I perioden 1996–1999 arbeidde fagnemnda i Norsk språkråd med ei omfattande rettskrivingsendring både for nynorsk og bokmål. På rådsmøtet i februar 2000 gjekk bokmålsseksjonen inn for å avskaffa systemet med hovudformer og sideformer. Nynorskseksjonen vedtok framlegg til omfattande endringar i læreboknormalen og rettskrivinga for nynorsk, men ville behalda tonivåsystemet. I brev av 5. desember 2000 melde Kulturdepartementet at det førebels ikkje ville godkjenna vedtaka, men bad Språkrådet arbeida vidare med saka med sikte på ei meir stabil rettskriving både for nynorsk og bokmål. Vidare gav departementet uttrykk for at det ønskte å unngå hyppige rettskrivingsendringar i framtida.

Departementet slutta seg til framlegget frå Norsk språkråd om å avskaffa skiljet mellom hovudformer og sideformer i bokmål, og bad Språkrådet greia ut om skiljet kunne avskaffast også i nynorsk.

I 2001 sette så styret i Norsk språkråd ned ei referansegruppe som skulle førebu «framlegga til ei revidert norm for nynorsk skriftmål der det ikkje er skilt mellom ein trong læreboknormal (hovudformer) og ei vid rettskriving (som omfattar både

hovudformer og klammeformer/sideformer)» (2002-innstillinga, s. 6). Helge Sandøy var leiar for nemnda, som derfor i framhaldet her er kalla Sandøy-nemnda.

Hausten 2002 sende Norsk språkråd innstillinga frå Sandøy-nemnda, *Nynorskrettskrivinga. Utgreiing om og framlegg til revisjon av rettskrivinga i nynorsk*, ut på høyring. Eit klart fleirtal av dei som leverte høyringsfråsegn, avviste framlegget om å fjerna skiljet mellom hovud- og sideformer. På rådsmøtet i 2003 vedtok nynorskseksjonen, med utgangspunkt i høyringa, at nynorskrettskrivinga framleis skulle vera samansett av ei hovudnorm, som dei ville kalla hovudnormalen, og tillatne sideformer. Nynorskseksjonen ville gå tilbake til 2000-vedtaket, med ein trong læreboknormal og mange sideformer, og leggja det til grunn for rettskrivinga i nynorsk. Med justeringar vart det sendt inn til Kulturdepartementet i 2003.

Nynorskseksjonen ønskte òg å få sett i gang prosjekt med ulike undervisningsopplegg, der ein prøvde ut og jamførte opplæring som var avgrensa til hovudnormalen, og opplæring som tok omsyn til valfridommen i rettskrivinga. Formålet var å få betre kunnskap om kva som er gode læringsvilkår. Det ville ha vore nyttig for arbeidet til denne rettskrivingsnemnda om slike forsøk hadde vorte sette i gang, men dette vart ikkje følgt opp.

I 2004 vart Norsk språkråd omdanna, og det nye Språkrådet tok form.

I brev datert 16. februar 2005 godkjende departementet i all hovudsak rettskrivingsframlegget for bokmål, og den nye bokmålsrettskrivinga vart gjort gjeldande frå 1. juli 2005. Derimot kom departementet til at framlegget for nynorsk ikkje var «avklarande nok til at det i denne omgangen er tilrådeleg å skipla den stabiliteten som gjeldande rettskriving trass alt representerer».

Styret i Språkrådet drøfta meir overordna sider ved normeringsarbeidet i 2006, og sette spørsmålet om ny nynorsknorm på saklista året etter. 17. september 2007 vedtok styret samrøystes å setja i gang arbeidet med ein revisjon av nynorsknorma. Saka vart drøfta i fagrådet for normering og språkoobservasjon både før og etter dette vedtaket. Planen var å oppnemna ei nemnd for dette arbeidet i februar 2008. Styret vart så kjent med at spørsmålet om nynorsknorma ville bli teke opp i den varsla stortingsmeldinga om språkpolitikk. Det innebar at saka skulle drøftast i Stortinget, og derfor vedtok styret i februar 2008 å utsetja det vidare arbeidet med saka til Stortinget hadde avslutta arbeidet med språkmeldinga.

St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* kom i juni 2008 og vart behandla i Stortinget i april 2009. Meldinga gav det formelle signalet om at arbeidet med ei rettskrivingsendring måtte setjast i gang att:

Etter ei samla vurdering har departementet kome til at det likevel er så mykje som taler for ein ny gjennomgang at det ikkje vil vera rett å gå imot at dette arbeidet blir sett i gang slik styret har vedteke. (S. 206)

Departementet hadde rett nok merka seg dei mange innspela som kom etter at Språkrådet fyrste gongen varsla ei rettskrivingsendring:

Det må likevel leggjast til grunn at nynorsken framleis skal vera slik utforma at han kan ha appell til språkbrukarar over heile landet, og at ein ikkje stengjer ute former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar. (Sst. s. 206)

1.1.1 Mandat

16. desember 2009 oppnemnde styret i Språkrådet ei nemnd som skulle gå gjennom den nynorske rettskrivinga, med tanke på ei ny norm. Nemnda fekk dette mandatet:

- 1 På grunnlag av utgreiinga om nynorsknorm i 2003, seinare offentleg ordskifte, språkmeldinga frå 2008 og drøftinga av denne i Stortinget våren 2009 set styret i gang arbeidet med å laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer. Denne nye norma skal vera eit tilbod til alle som ynskjer å skriva korrekt nynorsk, og ho skal gjelda for alle som pliktar å skriva innanfor ei norm.
- 2 Målet er å etablera ei norm som gjer det lettare å vera nynorskbrukar, som er tydeleg for alle som bruker nynorsk som sidemål, og som er stabil over tid. Norma skal vera lett å bruka uavhengig av formell utdanning og språkkompetanse.
- 3 Norma skal vera slik at nynorsken framleis kan appellera til språkbrukarar over heile landet og gir rom for former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar. Breitt talemålsgrunnlag, mykje brukte former og ord, geografisk spreining og skriftspråktradisjonar er difor blant dei viktigaste faktorane som skal balanserast i den nye norma.
- 4 Grunnlagsmaterialet frå arbeidet med normering 2001–2003 er eit fagleg hovudgrunnlag for arbeidet med den nye norma.
- 5 Det blir oppnemnt ei breitt samansett nemnd på sju medlemer som utfører arbeidet i tråd med dette mandatet og dei rammene for arbeidet som er utdjupa nedanfor. Til hjelp i arbeidet får nemnda ein eigen sekretær.
- 6 Arbeidet skal gjennomførast i ein open og inkluderande prosess. Nemnda har ansvaret for å utforme ein arbeidsplan som tek omsyn til dette og dei rammevilkåra som er sette opp.
- 7 Nemnda skal leggja fram endeleg innstilling seinast 1. april 2011 med eit ope høyringsmøte i februar 2011.
- 8 Styret vil leggja til rette for at den nye norma kan gjelda frå 1.8.2012 og då mellom anna vera tilgjengeleg i ei ny utgåve av Nynorskordboka, under føresetnad av godkjenning frå Kultur- og kyrkjedepartementet.

1.1.2 Samansetjinga av rettskrivingsnemnda

Dei ulike rettskrivingsnemndene for nynorsk på 1900-talet (1901, 1910, 1917, 1938) vart oppnemnde direkte av departementet fram til Norsk språknemnd vart etablert i

1952. I 1930-åra var det særleg Arbeidarpartiet og Bondepartiet som gjekk inn for samnorsktanken, og som i Stortinget dreiv fram tanken om «ei tilnærming på norsk folkemålsgrunn millom dei to måli». Likeins var det Stortinget som gjorde vedtak om at «den såkalla tilnærminglinja i forholdet mellom bokmål og nynorsk ikkje lenger er aktuell normeringspolitikk» (St.meld. nr. 9 (2001–2002) *Målbruk i offentleg teneste*, s. 25).

Ein normeringsprosess føregår i ulike steg: val av norm, kodifisering av norma, utbygging av funksjon og sist, men ikkje minst godkjenning frå samfunnet. «Planleggeren spår, men samfunnet rår», skriv Einar Haugen (1966:20). For å koma fram til ei norm som kunne få størst mogleg aksept, avgjorde styret i Språkrådet at språkbrukarane skulle takast med på råd når nynorsk rettskriving no skulle endrast. I staden for å velja ei nemnd med berre profesjonelle språkvitarar peika styret i Språkrådet ut ei nemnd som var samansett av fagfolk og representantar for ulike grupper av språkbrukarar og frå samfunnsområde der nynorsk er i bruk som arbeidsspråk.

Styret i Språkrådet sa dette om oppnemninga av den nye rettskrivingsnemnda:

Nemnda er sett saman med sikte på at ho skal ha høg strategisk normeringskompetanse på nasjonalt nivå, sentral språkvitskapleg kompetanse om moderne språkbruk, historisk og praktisk røynsle frå målrørsla og deltaking frå nokre av dei viktigaste brukargruppene. Vi har òg teke omsyn til kjønn og geografisk tilhørsle (oppvekststad og noverande bustad) i framlegget.

Desse sju vart så oppnemnde i rettskrivingsnemnda: seniorrådgivar Grete Riise (leiar), fyrsteamanuensis i språkvitskap Unn Røyneland (nestleiar), journalist Ragnhild Bjørge, lektor og forfattar Tore Elias Hoel, lærar Karin Magnetun, journalist og redaktør Svend Arne Vee og prosjektdirektør i *Norsk Ordbok 2014* Åse Wetås. Ordbokredaktør, omsetjar og språkrettar Aud Søyland har vore prosjektsekretær. Seniorrådgivar Marit Hovdenak har møtt i nemnda frå sekretariatet i Språkrådet.

1.1.3 Dialog og innspel

Styret i Språkrådet gav retningslinjer for at nemnda skulle leggja opp arbeidet som ein open prosess. I saksførelegget som følgde mandatet, står det:

Nemnda konkretiserer arbeidsforma si i ein arbeidsplan. Viktige moment i denne arbeidsplanen er

- kontaktmøte med ulike grupper av brukarar over heile landet, t.d. elevar, lærarar, journalistar, sakprosa- og skjønnlitterære forfattarar, omsetjarar og språkrettarar, tilsette i verksemder med nynorsk administrasjonsspråk, tilsette i offentleg forvaltning
- eiga nettside på www.sprakradet.no med m.a. oppdatert informasjon om arbeidet, alle relevante dokument i saka og ope diskusjonsforum

- bruk av sosiale medium, nettmøte og andre former for dialog med språkbrukarane
- tinging av nødvendige delutgreiingar om avgrensa emne, med særleg vekt på bruk av nynorsk i private eller ikkje-redigerte format som bloggar og kommentarfelt på nettstader
- faglege møteplassar med dei språkfaglege miljøa
- i arbeidsplanen konkretiserer nemnda også informasjons- og mediestrategi som dekkjer prosessen frå arbeidet tek til, og fram til norma blir teken i bruk.

Nemnda har lagt vekt på å følgja opp desse retningslinjene. På fyrste ordinære møte i nemnda 10. februar 2010 vart det vedteke ein framdriftsplan for arbeidet.

I samarbeid med sekretariatet i Språkrådet fekk nemnda oppretta eigne nettsider, som vart publiserte 9. mars 2010. Der har nemnda publisert sakspapir før møta i nemnda, og referat så snart dei har vore godkjende. Likeins har nemnda jamleg lagt ut samla oversyn over framlegg, større innspel og nyheitsmeldingar.

I april 2010 vart debattforumet *Nynorsk 2011* (www.nynorsk2011.org) opna. Nemnda har òg hatt ei eiga e-postadresse (nynonemnd@sprakradet.no), for dei som heller ville kontakta oss på den måten. Det har kome jamlege innspel på *Nynorsk 2011* og likeins mange e-postmeldingar til nemnda. Alt dette har nemnda lese og brukt i normeringsarbeidet. Då høyringa var over, hadde det kome i alt 412 blogginnlegg og kommentarar på *Nynorsk 2011*. Bloggen har truleg ført til at ein del yngre språkbrukarar har engasjert seg. Til e-postadressa var det kome 90 innlegg.

Innspela frå brukarane av nynorsk skriftmål har vore viktige for nemnda i arbeidet. Dei har gitt oss eit inntrykk av kvar skoen trykkjer, og har korrigert kursen vår undervegs. Dessutan har nemnda på den måten fått opplysningar om andre undersøkingar enn dei me alt kjende til.

Nemndleiaren og prosjektsekretæren har besøkt mange viktige aktørar innanfor den nynorske offentlegheita: aviser, forlag, universitet, høgskular, vidaregåande skule, språkkonsulentbyrå, kringkasting, forfattarrepresentantar og representantar for rettskrivingsnemnda frå 2002. I alt er det gjennomført 33 slike møte. Dessutan har dei hatt tre møte med fagrådet for normering og språkbobservasjon i Språkrådet, eitt møte med fagrådet for skule og offentleg forvaltning, og leiaren har hatt to møte med styret i Språkrådet.

Nemnda har såleis fått tilbakemeldingar på framlegga sine gjennom heile prosessen. På sju møte i perioden februar til oktober 2010 hadde nemnda gått gjennom dei emna som var behandla i 2002-rettskrivinga, og supplert der det var nødvendig. På møta i november og desember gjekk nemnda gjennom alle framlegg for andre gong, og innspel frå *Nynorsk 2011*, e-post og møte med brukarar var då med i vurderingsgrunnlaget. På møtet i januar 2011 godkjende nemnda heile innstillinga som sitt høyringsutkast.

1. februar 2011 vart innstillinga lagd ut på høyring. Alle instansar som var inviterte til å koma med synspunkt på 2002-innstillinga, var òg inviterte til å ta del i høyringa i 2011. Det kom inn 78 høyringssvar. På det opne høyringsmøtet 21. februar 2011 deltok 79 personar, og 11 av dei hadde meldt seg for innlegg på førehand. I tillegg melde 8 talarar seg på talarlista i møtet. Om lag 300 følgde overføringa på nett-tv direkte. I etterkant er opptaka frå dei to delane av møtet viste nærare 2000 gonger kvar.

Etter høyringa har nemnda hatt to møte der ho har teke opp att vedtak som har vore mykje kommenterte i høyringsfråsegnene. I alt har nemnda hatt fjorten møte (medrekna opningsseminaret 20. januar 2010).

1.2 Den historiske utviklinga

For Ivar Aasen, som la grunnlaget for det nynorske skriftmålet, var det overordna målet med normalen å skapa eit stramt og einskapleg system med utgangspunkt i dei norske dialektane. «Sprogformen bør kun være een», skreiv han i «Om Sprogets Dyrkning» i 1860. Derfor gjennomførte han til dømes a-infinitiv som eineform. Men sjølv han var ikkje heilt konsekvent: Til dømes hadde han med både *da/daa*, *no/naa* og *so/saa* i *Norsk Ordbog*.

Dei som tok landsmålet i bruk, var likevel ikkje samde om korleis det skulle skrivast, og det vart to retningar i diskusjonen frå fyrste dag: dei som gjekk inn for eit system med eineformer, og dei som ønskte at dei ulike dialektane skulle reflekterast i større grad. Det fanst etter kvart fleire uoffisielle normalar, representerte ved skribentar som Vinje, Fjørtoft og Garborg. Men det var Aasens norm som hadde størst autoritet då landsmålet vart jamstilt med «vort almindelige Skrift- og Bogsprog» i 1885.

1901–1917

I 1890-åra vart det sett ned ei nemnd som skulle førebu ei ny og offisiell rettskriving for landsmålet. Nemnda delte seg i eit fleirtal (Rasmus Flo og Arne Garborg) som ville innføra midlandsnormalen, og eit mindretal (Marius Hægstad) som ville byggja på Aasen-normalen, med nokre forenklingar. Departementet vedtok at Hægstad-normalen skulle vera hovudform i skulen, men at midlandsnormalen skulle vera tillaten som sideform til bruk for elevar.

Med vedtaket i 1901 hadde landsmålet for fyrste gong fått ei offisiell norm. I store drag følgde ho Aasens norm, men den stumme *t*-en vart fjerna frå inkjekjønnsforma i partisipp av sterke verb (*teket* > *teke*) og adjektiv på *-en* (*opet* > *ope*), og fortidsbøyinga av a-verb vart forenkla.

I 1910 vart det innført nokre valfrie sideformer i Hægstad-normalen. Til dømes slapp dei *r*-lause formene i bunden form fleirtal hankjønn og hokjønn inn i normalen (*gutarne*

eller *gutane, gjentorne* eller *gjentone*), og ubunden form av svake hokjønnsord fekk *-e* ved sida av den tradisjonelle forma *-a* (*ei visa* eller *ei vise*).

1917–1938

1917-rettskrivinga var den fyrste rettskrivinga som omfatta begge målformene. Der vart det gjort eit knippe endringar som skulle vera obligatoriske i begge målformer. I tillegg vart det vedteke ein del «valfrie former» for kvar av dei to målformene. Tanken var, som i 1901, at ein anten følgde den tradisjonelle normalen eller den valfrie på alle punkt. Men det er uklart om det vart praktisert slik. I ordlistene er dei to normalane integrerte i éi liste, der dei «valfrie formene» står i klammer.

Den viktigaste obligatoriske endringa var at den stumme *r*-en i fleirtal av substantiv vart fjerna slik at ein gjekk frå *-rne* til *-ne* (*båtane, bygdene*). Svake hokjønnsord kunne få endinga *-e* (*ei visa* el. *ei vise*) (også tillate i 1910). I tillegg vart stum *-d* sløyfa i ein del ord for å skapa samsvar med riksmål (*brei, li, hei*). Dei valfrie endringane omfatta innføringa av *-a* i bunden form eintal av sterke hokjønnsord og i bunde fleirtal av inkjekjønnsord ved sida av den tradisjonelle forma *-i* (*sola* el. *solli*, *husa* el. *husi*), *-e* ved sida av *-o* i fleirtal av svake hokjønnsord (*viser – visene* el. *visor – visone*), *e*-infinitiv vart godteke i tillegg til *a*-infinitiv. Desse formene slo raskt gjennom, både i skulekrinsane og blant mange forfattarar, og reforma vekte ikkje særleg motstand i målrørsla.

Med 1917-rettskrivinga hadde det vorte mange valfrie former både i landsmålet og i riksmålet, og mange språkfolk var uroa for at landsmålet kunne falla frå kvarandre.

I 1929 vart namna på målformene endra frå *landsmål* og *riksmål* til *nynorsk* og *bokmål*.

1938–1959

I 1934 føreslo Venstre og Arbeidarpartiet at det skulle setjast ned ei ny rettskrivingsnemnd. Nemnda vart oppnemnd av Kyrkje- og undervisningsdepartementet, med statsråd Knut Liestøl som leiar. I mandatet stod det at nemnda skulle koma med framlegg om «ei tilnærming på norsk folkemålsgrunn millom dei to måli», og at ho skulle redusera talet på dobbelformer. Dette lét seg ikkje sameina, og løysinga vart å innføra klammeformsystemet: hovudformer til bruk i lærebøker, og klammeformer som var tillatne for elevar i skulen.

Viktige endringar var at *a*-endingar vart hovudformer i bunden form eintal av sterke hokjønnsord og fleirtal av inkjekjønnsord, med *-i* som klammeform: *sola* [*solli*] og *husa* [*husi*]. Svake hokjønnsst substantiv fekk fleirtal *-e* med klammeform *-o*: *viser* [*visor*], *visene* [*visone*]. Kløyvd infinitiv og *a*-infinitiv vart jamstilte hovudformer, mens *e*-infinitiv vart

klammeform. Supinumsforma¹ av sterke verb vart *-i*, med *-e* som klammeform: *funni* [*funne*].

I 1952 vart Norsk språknemnd skipa. Formålet til det nye organet var «å arbeida for tilnærming mellom målformene på norsk folkemåls grunn». Den fyrste store oppgåva til nemnda var å justera 1938-rettskrivinga og laga ein ny læreboknormal for begge målformene.

1959–1996

I 1959 kom den siste offisielle rettskrivingsnormalen for nynorsk til no. Bakgrunnen var den store misnøya med 1938-rettskrivinga både blant nynorsk- og bokmålsfolk. Med *Ny læreboknormal 1959*, som i realiteten var ein revisjon av heile rettskrivinga, tok nynorsken eit nytt steg i retning tilnærming, mens bokmålet vart ståande om lag på same stad som i 1938. I tillegg vart valfridommen større innanfor nynorskrettskrivinga. Den kløyvde infinitiven vart til dømes gjort til klammeform, mens e-infinitiv vart jamstilt hovudform. Dei største endringane kom likevel i ei rekkje sentrale enkeltord. Former med dobbel *m* vart hovudform i mange ord (*gammal, sommar*), og *ø*-en vart hovudform i ei rekkje ord som kunne ha anten *-y-* eller *-ø-* (*følgje, sølv*), men dette vart ikkje gjort konsekvent.

I 1972 vart Norsk språknemnd avløyst av Norsk språkråd. Tilnæringsparagrafen var no kraftig svekt, og rådet skulle «støtte opp om utviklingstendenser som fører målformene nærmere sammen».

I 1970-åra stod talemålslinja sterkt i målrørsla, og mange skreiv ein dialekt nær nynorsk. Dette synet kom òg til uttrykk i normeringspolitikken. I 1980- og 1990-åra vart ei rekkje talemålsnære former tekne inn att som klammeformer, t.d. [*ei visa*], [*so*], eller dei vart jamstilte former: *me* el. *vi*, og *-de* el. *-te* i e-verb med stammeutlyd på *-r*: *førde/førte*. Ubøygde former i perfektum partisipp ([*han/dei er kjent*]) vart klammeformer der samsvarsbøying hadde vore eineform tidlegare (*han er kjend – dei er kjende*).

I siste halvdel av 1900-talet utkrystalliserte det seg ein midtlinjenynorsk som ligg om lag der læreboknormalen er i dag. I slutten av 90-åra tok stadig fleire til orde for at den store valfridommen i nynorsken skaper forvirring blant dei som skal læra nynorsk, og at den offisielle norma burde strammast inn.

¹ Nemnda har valt å bruka den grammatiske termen *supinum* for verbforma som førekjem etter bøygd form av hjelpeverba *ha*, sjølv om nemninga ikkje er brukt i *Norsk referansegrammatikk*. Sidan perfektum partisipp-forma blir samsvarbøygd i nynorsk, er det nyttig å kunna bruka ulike nemningar for perfektum partisipp og partisippforma etter hjelpeverbet *ha*.

1996–2002

I 2002 vedtok Stortinget at tilnærminglinja i normeringa ikkje lenger er gjeldande politikk, og oppheva samtidig tilnærmingssparagrafen i *lov om Norsk språkråd* (§ 1 b). I praksis vart tilnærminglinja meir eller mindre avslutta då Norsk språkråd vart oppretta. I 1981 gjekk bokmålet eit klart steg i konservativ lei, og seinare nynorskvedtak har vore grunnlagt ut frå dialektgrunnlag og skriftradisjonen i nynorsk.

Normeringsarbeidet frå 1996 til i dag er det elles gjort nærare greie for i punkt 1.1.

1.3 Normomgrepet

1.3.1 Kven lagar me norma for?

Ei norm kan definerast som eit mønster eller ei rettesnor for kva som er godkjend eller ikkje godkjend åtferd. Normer finst på alle livsområde, og mange av dei har me lært gjennom oppveksten. Nokre av desse er me medvitne om, men normer kan også vera meir eller mindre vage førestellingar om kva for åtferd andre ventar av oss. Språknormer er både normer som gjeld kva som blir rekna som grammatisk rett og feil innanfor eit språkssystem (*grammatiske normer*), og normer for kva for språkformer som høver seg i ulike kontekstar (*bruksnormer*) (jf. Vikør 2007a). Språknormer er slik eit sett av grammatiske og bruksrelaterte normer som til saman utgjer ei rettesnor for korleis folk skal skriva eller snakka.

Nokre av desse normene er *fastsette* (eller offisielle), mens andre er *internaliserte* (eller operative). Begge desse normtypene omfattar alle nivå i språkbyggnaden, men dei fastsette normene er slike som gjerne er nedfelte i grammatikkar og ordbøker, og som dermed normalt blir vurderte etter dimensjonen rett–feil. Dei internaliserte språknormene er derimot meir flytande, er oftast ubevisst innlærte, og vurderinga av dei er også meir flytande. Det kan til dømes vera subjektivt funderte vurderingar av kva som er godt eller dårleg, fint eller stygt språk. Her i landet har ikkje offisiell talemålsnormering vore aktuelt anna enn i NRK og ved teatera. Når me talar om ei fastsett språknorm, tenkjer me derfor helst på skriftnormer.

Grunnen til at me treng ei fastsett skriftnorm, er at det lettar lesinga mykje om ein møter eit nokolunde fast skrivemønster. Dei fleste opplever at det å lesa dialekt er tyngre enn å lesa normert skriftmål – jamvel om det er deira eigen dialekt. Fordelen med det tilvande skriftbiletet er altså eit argument for normering, og for ei nokolunde stabil norm.

Det er ikkje alle som treng retta seg etter dei offisielle, fastsette skriftnormene for bokmål og nynorsk. Mange skriv på dialekt eller har dialektinnslag når dei bloggar, skriv tekstmeldingar eller bruker skriftspråket i andre private samanhengar. Mange skjønnlitterære forfattarar som stort sett følgjer norma, bruker enkelte ord eller former utanfor norma som personleg uttrykk eller språklege verkemiddel. Her i landet er det fyrst og fremst det offentlege og skuleverket som må retta seg etter den offisielle

skriftnorma. Rettskrivingsendringa får såleis størst konsekvensar for denne delen av den nynorske tekstproduksjonen og -formidlinga.

Rettskrivingsnemnda vonar likevel at norma blir ei rettesnor og ei hjelp for andre som ønskjer å skriva korrekt nynorsk. Brukarane avgjer i kva grad den nye norma blir teken i bruk utanom skule og stat. Derfor har rettskrivingsnemnda tenkt mykje på korleis me skal få til ei norm som det er mogleg å setja ut i livet, og som det er lett å bruka. Målet har vore å laga ei norm for framtida, det vil seia ei norm som unge i dag kan kjenna seg heime i og bruka i alle samanhengar.

1.3.2 Korleis blir ei norm til?

Mange språksamfunn har ein instans som tek seg av normeringsarbeidet. I Noreg er det staten som tek ansvaret for den offisielle normeringspolitikken, gjennom vedtak i Språkrådet og godkjenning i Kulturdepartementet. I enkelte andre land ligg dette ansvaret hjå eit akademisk oppnemnt råd.

Den offisielle norma er likevel ikkje den einaste norma i samfunnet (jf. ovanfor). Ei norm som den me legg fram her, er ei *fastsett norm* som språkbrukarar i skuleverket og det offentlege må retta seg etter. Andre som skriv mykje, til dømes journalistar og forfattarar, vel ofte å følgja den fastsette norma, men dei har ikkje pålegg om å bruka henne om ikkje arbeidsgivaren krev det.

I tillegg til å læra den offisielle norma blir språkbrukarane påverka av skriftbruken i samfunnet rundt seg. Som skuleelevar blir me retta av lærarar og oppfattar deira syn på kva former som bør brukast. Som vaksne les me aviser og ser kva slags språk som blir brukt der, og kanskje har arbeidsplassen ei husnorm. Som sosiale individ blir me påverka av normdanninga rundt oss, anten me vil eller ikkje – og me er med på å påverka normdanninga. Me utviklar eit sett med *internaliserte normer* som fører til at me vel å bruka visse former framfor andre. Til dømes har mange skuleelevar late vera å bruka klammeformer som finst i dagens rettskriving, fordi dei har opplevd at ikkje alle som evaluerer tekstane deira, kjenner norma godt nok til å ha oversikt over valfridommen. Då er det dei internaliserte normene som står over den fastsette norma.

Når Kulturdepartementet vedtek ei norm, kan me kalla det ei *open normfastsetjing*. Nemnda som har laga framlegget, er offentleg oppnemnd, og publikum har hatt framlegget til høyring før norma blir endeleg fastsett. Men det skjer òg ei meir *tildekt* eller *privat normfastsetjing* mange stader, til dømes når leiinga på ein arbeidsplass bestemmer at dei tilsette berre skal bruka *visse* former innanfor den opne norma. Eit døme på ei slik privat normfastsetjing er bruken av ordet *skole*, som har vore så å seia eineform i statlege skriv sidan ordet vart jamstilt med *skule* i 1959.

1.3.3 Kven er normagentane?

Alle i samfunnet er med på å påverka normene, ved at me tek imot eit inntrykk, tolkar det, og handlar eller let vera å handla ut frå det. Slik sett kan me alle kallast *normagentar*. Men ikkje alle har like stor normeringsmakt. Nokre normagentar sit i ein posisjon der dei har større påverknadskraft enn andre, og kan bruka delar av den fastsette norma på ein måte som påverkar språkbruken hjå mange. Når svært mange lærebøker bruker e-infinitiv, er det sannsynleg at elevane får eit inntrykk av at dette er ei meir riktig eller meir framtidsretta form enn a-infinitiv.

Slik tildekt normfastsetjing er rett nok ikkje så sterk i nynorsk som i bokmål, der til dømes store riksdekkjande aviser påverkar svært mange med den norma dei vel å bruka. Nynorsken har ikkje noko sentralt trykt organ som «alle» les. Derimot kan me rekna med at NRK har ei viss påverknadskraft gjennom den tala og skrivne nynorsken institusjonen formidlar, fordi svært mange ser og høyrer på Dagsrevyen og andre nyheitssendingar, og svært mange les nynorsk teksting. Ved å laga eit skilje mellom hovudformer og klammeformer har også staten skilt mellom eitt normsett som kan brukast i alle samanhengar, og eitt som berre har dekt privat bruk.

Den nynorske norma er prega av stor valfridom. Bakgrunnen for denne valfridommen er kanskje fyrst og fremst ønsket om å gjera dei to målformene meir like kvarandre. Samtidig har talemålslinja stått sterkt i målrørsla, og idealet om ein dialekt nær nynorsk kom tydeleg til uttrykk ved at ei rekkje talemålsnære former vart tekne inn att i norma. Det er òg stor valfridom innanfor bokmålsnormalen, men mangfaldet og valfridommen i nynorsken har hatt større oppslutnad og har nok hatt ei viktigare symbolsk mening for nynorskbrukarar enn for bokmålsbrukarar (jf. nedanfor). Forsking viser òg at nynorskbrukarane er mykje meir positive til variasjon enn det bokmålsbrukarane generelt er (Berg 1999, Selback 2001). Likevel har dei fleste nynorskbrukarar ei kjensle av kva som er «markerte» former, og kva som er meir umarkert. Språkformene ein vel i ein gitt situasjon, kan på den måten gi uttrykk for identitet. I sosiolingvistikken kallar ein gjerne slike val for identitetshandlingar.

Skriftspråket er såleis eit kommunikasjonsmiddel på meir enn eitt plan. Det er det viktig å ha i tankane når ein skal laga ei nynorsk skriftnorm som nye generasjonar kan kjenna seg heime i.

1.4 Valfridom

1.4.1 Bakgrunnen for valfridom i rettskrivinga

I arbeidet med denne rettskrivingsnorma har me i mange tilfelle utarbeidd tabellar som viser endringane i rettskrivinga gjennom tidene. Dei illustrerer godt korleis talet på former har svulma opp for kvar rettskrivingsreform, frå ei form hjå Aasen til fleire jamstilte former, ev. hovudformer og klammeformer, i 1938, 1959 eller seinare.

Det er to hovudårsaker til at nynorsk rettskriving har fått stor valfridom.

For det fyrste meinte mange at eit nytt norsk skriftmål måtte reflektera det moderne talemålet, og at Aasen gjekk for langt i å finna etymologiske samleformer. Mange meinte dessutan at Aasens nynorsk vart for vestnorsk, og arbeidde for å få inn fleire austnorske former og bymålsformer. Det har skjedd frå og med rettskrivingsreforma i 1917.

Folkemålslinja har sidan hatt ein sterk posisjon i målrørsla, og talet på valfrie former har auka ved kvar rettskrivingsendring.

For det andre vart tanken om tilnærming mellom dei to skriftspråka gradvis sterkare, og var ei målsetjing frå og med rettskrivingsreforma i 1917. Tanken var at når begge skriftmåla fekk samleformer som alternativ til eksisterande former, kunne samleformene med tida overta som felles eineformer. Denne tanken førte til nye valfrie former både i 1938 og i 1959.

Desse to retningane har ofte ikkje hatt samanfallande mål, men har til saman medverka til at det har vorte så stor valfridom i nynorsk.

1.4.2 Ideologiske retningar

Dei som argumenterer for *folkemålsprinsippet* og stor valfridom, legg pedagogiske og identitetsmessige omsyn til grunn. Med valfrie former i norma skal dialektbrukarar frå ulike delar av landet kunna finna fram til ein nynorsk som ligg nær talemålet deira. Dei som har drive med fyrste lese- og skriveopplæring på dialekt, har såleis utnytta valfridommen i nynorsken når dei gradvis har gått over til å undervisa i normert skriftmål. Likeins har mange som underviser i nynorsk som sidemål, utnytta klammeformene og vist at nynorsk samsvarar med talemålet også der han ikkje står sterkt i dag.

Det som har vist seg å vera eit problem med valfridommen, er at dei færreste greier å skaffa seg oversikt over alle formene det er mogleg å velja mellom. Ikkje alle lærarar har fullt oversyn over mangfaldet i rettskrivinga. Derfor får ikkje elevane rettleiing i å bruka det, og mange opplever dei mange alternativa i ordlistene som forvirrande.

Også dei som argumenterer for *einskapsprinsippet*, legg derfor pedagogiske omsyn til grunn. Dei viser til at vane har mykje å seia når ein lærer eit skriftmål. Viss elevane ser dei same formene jamleg, vil skriftbiletet festa seg lettare enn om dei møter ein stor formvariasjon. Det kan vera ekstra viktig når norske elevar lærer seg nynorsk, sidan den målforma frå før er mindre synleg i samfunnet enn bokmålet. Særleg for dei som lærer nynorsk som sidemål og ser nynorsk nesten berre i skulebøkene, kan det vera ein fordel om dei møter ei fast norm.

1.4.3 Ulike brukargrupper og brukarønske

På oppdrag frå Språkrådet og Sandøy-nemnda laga Åse Wetås (2001) fire punktgranskingar om valfridom, rettepraksis og haldningar til nynorsknorma. Ho bygde òg på tidlegare undersøkingar som me her refererer til når det gjeld brukarhaldningar.

Nokre granskingar peikar på at det er positivt for elevar i ein læringssituasjon med valfridom som aukar korrespondansen mellom lyd og skrift (Wiggen 1992, Hoel 1995). Nynorskelevar synest å vera meir positive enn bokmåselevar til at skriftspråket skal vera individuelt prega (Berg 1999). Men denne og fleire undersøkingar viser at elevane ikkje får opplæring i å bruka valfridommen, fordi lærarane sjølve ikkje meistrar han (jf. òg Holm 1999, Vollan 1997).

Journalistar er meir positive til ei felles standardspråknorm enn andre brukargrupper (Roksvold 1999). Eit fleirtal av lærebokforfattarar og forlagsredaktørar ønskjer former som ligg «midt på» (Mosling 1998). Det stadfestar inntrykket nemnda har danna seg etter 33 møte med forskjellige instansar innanfor nynorsk skriftkultur (forlag, avis- og kringkastingsredaksjonar, høgskulemiljø, forfattarar og omsetjarar, språkkonsulentar). Dei fleste ønskjer ei strammare norm, sjølv om dei ikkje er samde om kvar innstrammingane skal skje.

Selback (2001) undersøkte haldningar til valfridom blant 160 «vanlege» språkbrukarar, og fann ut at halvparten var negative til valfridommen. Når ho såg berre på dei som var positive til nynorsk, såg dei ut til å setja pris på mangfaldet. Rødningen (1999) fann derimot at stor normvariasjon gjer brukarane usikre, og viste i talmaterialet (2000) at ein av fire som byter frå nynorsk til bokmål, hevdar at dei gjer det fordi dei har problem med rettskrivinga i nynorsk.

1.4.4 Korleis er den faktiske variasjonen?

Lars S. Vikør (1995b) undersøkte korleis valfridommen i rettskrivinga vart utnytta av 29 nynorskforfattarar frå 1930-, 1950- og 1970-åra. Han meinte å sjå ein tendens til at formbruken vart meir sams innanfor bøyings- og lydverket gjennom desse femti åra. Stadig fleire forfattarar brukte dessutan *j*-lause former av verb og svake hokjønnsord. Det er referert til denne undersøkinga under mange av punkta i innstillinga.

Wetås' undersøkingar (2001) famna om både publisert og upublisert materiale. Ho undersøkte dei same einskildorda og bøyingskategoriane som Vikør, og funna hennar samsvarar for det meste godt med hans. I publiserte tekstar var det ein tendens til einsretting i formbruken. Derimot var formbruken mykje mindre einsarta i dei upubliserte tekstane. Der fann Wetås ein god del talemålsinnslag, arkaiske nynorskformer og andre former som ligg utanfor rettskrivinga, m.a. bokmålsinnslag. Det er referert til denne undersøkinga under fleire punkt i innstillinga.

Det er òg gjort undersøkingar om rettskrivinga blant skuleelevar. Geirr Wiggen (1992) fann at annakvart avvik frå skriftmålet heng saman med talemålet, og at lydverk og formverk i talemålet pregar rettskrivingsfeila langt opp i klassetrinna.

Søyland (2001) granska KAL-materialet (eksamenssvar frå 269 tiandeklassingar med nynorsk hovudmål) og fann at feiltypane ofte gjekk i retning bokmål. Det var òg feiltypar som tydeleg hadde samanheng med eige talemål, men flest avvik gjekk i retning bokmål.

1.5 Hierarkiet i rettskrivinga

Hittil har alle som ikkje er tilsette i offentleg teneste eller skriv lærebøker, kunna velja om dei vil skriva innanfor læreboknormalen eller utnytta den vide rettskrivinga. Begge desse systema har valfridom: Læreboknormalen fører opp jamstilte hovudformer, og innanfor den utvida rettskrivinga kan ein velja mellom hovudformene og klammeformer (også kalla *sideformer*).

Stortinget har vedteke at tonivåsystemet i rettskrivinga skal opphevast. I mandatet til rettskrivingsnemnda sa styret i Språkrådet:

På grunnlag av utgreiinga om nynorsknorm i 2003, seinare offentleg ordskifte, språkmeldinga frå 2008 og drøftinga av denne i Stortinget våren 2009 set styret i gang arbeidet med å laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer.

Med denne innstillinga blir hierarkiet i nynorsk rettskriving fjerna, i samsvar med stortingsvedtaket. Alle former som blir tillatne i den nye rettskrivinga, er jamstilte. Sjølv om rettskrivingsnemnda no tek mange former – både klammeformer og hovudformer – ut or rettskrivinga, blir valfridommen i den nye rettskrivinga like stor eller kanskje større enn han er i dagens *læreboknormal*.

Denne valfridommen gjeld fyrst og fremst lydverket og bøyingsverket. Men han gjeld òg ordtilfanget, som i prinsippet skal vera ope. Som rettskrivingsnemnd har me ikkje hatt i oppgåve å avgrensa det nynorske ordtilfanget, eller laga ei rettskriving som berre skal gjelda eit lukka sett med ord.

1.6 Retningslinjer for arbeidet i nemnda

1.6.1 Prinsipp for arbeidet

Nemnda valde tidleg i arbeidet å operasjonalisera mandatet frå styret i Språkrådet i fire prinsipp som skulle følgjast i det konkrete normeringsarbeidet:

- 1 *Nynorsken skal normerast på eigen grunn (ubunde av bruk i bokmål).*
- 2 *Normeringa skal skje ut frå skriftspråkleg tradisjon og praksis (det skal bli ei nasjonal norm, ikkje regionale normer).*
- 3 *Talemålsformer med stor geografisk utbreiing skal tilleggjast vekt.*

4 *Lite brukte former skal som hovudregel takast ut av norma, mens variantar som står sterkt, skal jamstillast.*

Nemnda har vurdert framlegga sine opp mot mandatet og dei vedtekne prinsippa, og opp mot innkomne innspel. Me har likevel møtt dilemma i alle delar av prosessen. Her har me strukturert nokre av dei spørsmåla som har meldt seg i samband med kvart prinsipp:

1 *Nynorsken skal normerast på eigen grunn (ubunde av bruk i bokmål).*

Me har teke utgangspunkt i den vide rettskrivinga, og ikkje i læreboknormalen.

At nynorsken skal normerast på eigen grunn, blir tolka noko ulikt. Det har kome innspel om at dette burde innebera at nemnda tok utgangspunkt i nynorsken slik han såg ut *utan* tilnærmingsformene som kom inn som følgje av samnorskpolitikken på 1900-talet. Nemnda meiner at ein av omsyn til dagens nynorskbrukarar ikkje kan setja strek over nynorsken slik han har vore i dei siste sytti åra, og oversjå utviklinga gjennom denne tida. I arbeidet med ei ny norm har nemnda derfor bygd på gjeldande rettskriving for nynorsk.

I mandatet står det at me skal ta utgangspunkt i det som vart gjort i 2002. Vidare står det at me skal leggja til grunn «former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar». Også det legg føringar for arbeidet nemnda har gjort.

I framlegga har nemnda lagt stor vekt på det som synest å vera mest brukt blant nynorskbrukarar. Tilnærmingslinja er ikkje lenger offisiell norsk språkpolitikk, og nemnda har såleis lagt vekt på å finna fram til dei formene som står sterkast i nynorsk, uavhengig av bokmålet. Ei form som er vanleg i nynorsk, kan ikkje automatisk vera diskvalifisert frå å bli gjeldande form fordi ho finst i bokmål òg.

2 *Normeringa skal skje ut frå skriftspråkleg tradisjon og praksis (det skal bli ei nasjonal norm, ikkje regionale normer).*

Med skriftspråkleg tradisjon og praksis tenkjer nemnda fyrst og fremst på tekstar av skriftspråkprodusentar som skjønnlitterære forfattarar, sakprosaforfattarar, artikkelskribentar og journalistar. Dei fleste av desse tekstane er altså tekstar som ikkje må følgja dagens læreboknormal.

Det vil seia at nemnda særleg har sett på tekstar som er trykte i blad- eller bokform gjennom dei siste sytti åra, med størst vekt på tekstar som er skrivne etter at 1959-normalen kom. Det nynorske tekstkorpuset ved Universitetet i Oslo inneheld slike tekstar frå 1800-talet og til i dag, med overvekt frå nyare tid (sjå 1.7.2). Tekstkorpuset har vorte utvida med ein god del meir avismateriale og ein del offentleg sakprosa som stortingsmeldingar, NOU-ar og tekstar frå fylkesmannsembete i nynorskfylke og kommunale nettsider for at nemnda skulle

bruka dette i arbeidet sitt. Desse tekstane er med på å gi eit bilete av «den slitesterke bruksnynorsken».

Nemnda har brukt det nynorske tekstkorpuset ved Universitetet i Oslo og andre skriftlege kjelder som hjelpemiddel for å danna seg eit mest mogleg heilskapleg inntrykk av skriftspråktradisjonen. Nemnda er sjølv sagt merksam på at alle publiserte tekstar er skrivne under eit visst normpress, men ei så stor tekstsamling gir eit godt bilete av den nynorsken som folk flest møter i det daglege. Det er svært mange normaktørar for nynorsk, og det gjer bruken av slike tekstsamlingar mindre problematisk enn om tekstkorpuset var prega av nokre få, sentrale normaktørar.

Korpuset inneheld tekstar av svært mange skribentar. Ein forsvinnande liten del av tekstane i materialet har pålegg om å følgja læreboknormalen. Ein del av arbeidet til nemnda kan seiast å ha basert seg på usus, ved at me har lagt stor vekt på hovuddrag i nynorsken slik desse kjem til uttrykk i tilgjengeleg tekst.

Med ei nasjonal norm meiner nemnda ei norm som nynorskbrukarar over heile landet oppfattar som akseptabel, fordi ho inneheld eit formsett som ikkje knyter henne spesielt til ein særskild landsdel.

3 Talemålsformer med stor geografisk utbreiing skal tilleggjast vekt.

Nemnda har ofte drege talemål inn i diskusjonen, men har samtidig vore bevisst på at me skal koma fram til ei nasjonal skriftnorm. Dersom eitt talemålstrekk er typisk for ein stor landsdel og eit anna for ein annan stor del av landet, har det gjerne vore eit argument for å behalda begge som valfrie former. Talemålstrekk som har vore normerte i skrift utan at dei har slått gjennom i tekst, har nemnda i stor grad føreslått å ta ut.

Nemnda har vore raus med å tillata valfrie former av ord, og stramma inn meir når det gjeld bøyingsverket.

4 Lite brukte former skal som hovudregel takast ut av norma, mens variantar som står sterkt, skal jamstillast.

Mandatet seier at det skal bli ei stram norm, og dette har heile tida lege til grunn for arbeidet. Former som er tekne inn i rettskrivinga, men som nynorskbrukarane i liten grad bruker, har nemnda føreslått å fjerna.

Nemnda vil presisera at ei stram norm ikkje nødvendigvis er det same som ei enkel norm. I somme tilfelle er det best å ha ei form som kan festa seg som den einaste. I andre tilfelle kan valfridom vera enklare for språkbrukaren – til dømes at alle ord som i dag kan ha y eller ø i stammen, får valfrie former i framtida. Grunnen er at former både med y og ø er så godt etablerte i tale- og skriftmål.

1.6.2 Valfrie former eller eineformer?

I mandatet til rettskrivingsnemnda ligg det at me skal fjerna skiljet mellom hovudformer og klammeformer, og redusera talet på valfrie former. Men sjølv om nemnda har gjort det, er det stadig mange valfrie former i nynorsk. Nemnda har hatt som rettesnor at dei som i dag skriv ein «midtlinjenynorsk», ikkje skal måtta endra mykje på språket sitt. Derfor har nemnda teke mykje brukte klammeformer med i den nye norma. Samtidig har me teke ut mange hovudformer som er lite i bruk i dag.

Nemnda har òg drøfta nokre reglar for når det er grunn til å behalda valfrie former:

- 1 Blant dei 500–1000 mest frekvente orda i språket kan det vera aktuelt å behalda valfrie former dersom begge former står sterkt. Me har ønskt å gjera den nye nynorsken minst mogleg framand for den jamne brukaren, og slike høgfrequente former er truleg viktige for brukarane.
- 2 Klammeformer som står sterkt trass i at dei har vore klammeformer, kan det vera aktuelt å behalda som valfrie former.
- 3 Former som ikkje har vore tillatne før, men som står sterkt i skriftspråket, må vurderast og eventuelt tillatast attåt gjeldande form av ordet.

1.6.3 System i språket

Nemnda har eit stykke på veg prøvd å finna fram til system som kan vera til hjelp for språkbrukarane. Med system meiner me då eitt eller fleire regelbundne drag ved ein klasse av ord eller former. Det finst mange ulike måtar å systematisera språk på. For eksempel kunne ein tenkja seg at systemet eller klassen bør ha ein mental realitet for brukaren eller brukarane, og at det kan abstraherast frå den konkrete språkbruken. Ein annan måte å sjå system på, er å seia at det finst systematisk variasjon mellom dialektar, t.d. i form av at nokre har diftong på stader der andre har monoftong (som med *drøyma/drømme* og *gøyma/gjømma*).

Ein tredje måte er klassifisering på språkhistorisk grunnlag. Dette representerer ei språkvitskapleg tilnærming som kan vera vanskeleg å omsetja direkte i praktisk normeringssamanheng. For å kunna identifisera gruppa av hankjønnsord som får *-er/-ene* i fleirtal som gammalnorske *i*-stammar, krevst det ei viss skoloring i historisk språkvitskap. For notidige brukarar som ikkje har systemet med *-er/-ene* i fleirtal av gamle maskuline *i*-stammar i språkbruken sin, blir det ei ekstra bør å læra denne gruppa hankjønnsstammar, om det då ikkje er mogleg å etablera ein moderne systematikk til dømes på semantisk grunnlag, eller å formulera ein type hugseregulering.

Det er synkrone, moderne system i nynorsken nemnda har prøvd å finna fram til eller meisla ut der det har vore mogleg. I nokre samanhengar, som ved kjønn på ord som endar på *-ing*, kan systema vera vanskelege å finna. I andre samanhengar kan systematikken eller mønsteret vera lettare å etablera. Eit døme er preteritumsformene av svake verb, der dei med stammeutlyd på *g*, *v* eller *d* får *-de* i preteritum. Det kan vera

ulike syn på kor relevante slike system er, men nemnda har arbeidd ut frå at systematikk som har ei form for mental realitet for brukarane, er verd å framheva, fordi det kan vera til hjelp når dei skal læra seg nynorsk rettskriving.

1.6.4 Prinsipp om to oppslagsord

Pragmatiske omsyn som at ein ville spara plass i ordlistene, har gjort at ein tidlegare har ført opp ord med om lag same tyding, men med ulikt opphav eller språkhistorisk utvikling som jamstilte former. I mange tilfelle er dette ord som ikkje burde ha stått som valfrie former i ordbøker og ordlister, men som heller burde vera separate oppslagsord. Det kan vera fleire grunnar til å føra opp ord med om lag same tyding som sjølvstendige oppslagsord i ordlista. Til dømes kan dei ha kome inn i nynorsk rettskriving ulike vegar og ha ulike bøyingsmønster, som verba *drynja* og *drønna*. Dei har same opphavlege tyding og same etymologiske opphav, ved at det eine kjem frå norrønt og det andre truleg frå dansk. Det påverkar også bruksområdet deira i dagens norsk.

Framtidige ordlister og ordbøker toler mykje større ordtilfang og fleire ordartiklar enn dagens ordlister, fordi dei i stadig større grad blir digitale. Nemnda tilrår derfor nokre prinsipp for når variantar skal førast opp som ulike ord, og det er grunn for ordbøkene til å føra opp to forskjellige oppslagsord. Orda bør oppfattast som separate ord og ikkje som formvariantar når:

- dei har (til dels) ulikt semantisk innhald (døme: *lut*: pengeinnskot; aksje; del / *lott*: del av fortene)
- dei har opphav i ulike språk (døme: *bok* f. (om tre, frå norrønt) / *bøk* m. (frå dansk))
- dei har ulik bøyning (døme: *drynja* *dryn*, *drunde* [*drunte*], *drunt* [*drund*] / *drønna* *drønner*, *drønte*, *drønt*)

Som hovudregel har nemnda gått inn for at ord blir førte opp på alfabetisk plass som eigne oppslagsord i dei tilfella der variantane har tydingsskilnader og ulik skrivemåte.

Når nemnda har vurdert om ord skal førast opp som ordvariantar eller eigne oppslagsord, har ho teke omsyn til skriftbilette, tyding og bøyingsmønster i vår tid. Nemnda har ikkje primært sett på etymologi.

1.7 Kjelder

1.7.1 Innstillinga *Nynorskrettskrivinga*

Innstillinga frå Sandøy-nemnda, *Nynorskrettskrivinga*, har danna utgangspunktet for arbeidet til denne nemnda, jf. punkt 4 i mandatet. Svært mykje av materialet me har teke opp til vurdering, vart òg behandla av Sandøy-nemnda, og mykje av dokumentasjonen

og argumentasjonen i *Nynorskrettskrivinga* (heretter kalla 2002-innstillinga) er brukt i denne innstillinga.

Frå 2002-innstillinga har nemnda henta opplysningar om diverse undersøkingar, jf. litteraturlista for fullstendige opplysningar. Nokre undersøkingar er det referert til fleire stader. Det gjeld mellom anna desse:

- a) Talemålsundersøkinga som Norsk språkråd gjennomførte i 1999, er her omtala som TALE99. Dette er ei undersøking som kartlegg utbreiinga av ein del ord- og bøyingsformer i dialektane.
- b) Punktgranskingane. I 2001 gjorde Åse Wetås fire punktgranskingar for Norsk språkråd. To av rapportane kartla språkleg variasjon i nynorske publikasjonar og i ikkje-publisert nynorsk.
- c) Lars S. Vikør: *Rettskriving hos nynorskforfattarar*. I serien *Norsk språkråds skrifter* (1995). Det er ei undersøking av ortografi og morfembruk hjå 29 nynorskforfattarar, tilnærma likt fordelte på 1930-, 1950- og 1970-åra.
- d) Per Vestbøstad: *Nynorsk frekvensordbok. Dei vanlegaste orda i skriftleg nynorsk henta frå aviser, sakprosa og romanar 1978–1984* (Bergen: Alma Mater 1989) er brukt for ein del av frekvensopplysningane.

1.7.2 Det nynorske tekstkorpuset

Under vurderingspunktet «Status i dag», som går att i drøftingane, tek me utgangspunkt i ordtilfanget i *Nynorskordboka*.

Når det gjeld «Skriftspråkleg tradisjon og praksis», har me i stor grad brukt det nynorske tekstkorpuset ved Universitetet i Oslo. Nemnda har brukt ressursar på å utvida korpuset, som har auka frå ca. 40 millionar til nesten 86 millionar ord. Tekstsamlinga inneheld skjønnlitteratur, avistekstar, tidsskriftartiklar, læreboktekstar, religiøse tekstar og tekstar frå offentleg målbruk frå 1870-åra og fram til i dag. Godt 75 prosent av tekstane er frå etter 2000, og 10 prosent er frå perioden 1975–2000. Men samlinga inneheld òg dei mest sentrale nynorske forfattarskapane før den tid, Bibelen frå 1921 og andre eldre tekstar som har vore viktige for retninga på nynorsken.

Det nynorske tekstkorpuset inneheld eit unikt materiale som ikkje har vore tilgjengeleg på denne måten for tidlegare normeringsnemnder. Eit slikt søkbart tekstkorpus representerer ei viktig metodisk nyovring som gir oss høve til å få betre oversikt over og innsikt i faktisk nynorsk språkbruk i eit breitt spekter av tekstar.

Det nynorske tekstkorpuset er tilgjengeleg for alle interesserte på denne adressa: <http://no2014.uio.no/korpuset/>. Når du søker på eit ord i korpuset, ser du når og i kva slags publikasjon teksten er trykt, og du ser av setningsmiljøet rundt ordet korleis det er brukt i den konkrete samanhengen.

Kva for former som er mest utbreidde i skriftleg bruk, har til dels samanheng med tidlegare normeringspolitikk. Det har vore stilt spørsmål ved om det er rett å telja opp kor mange førekomstar av ulike former det er i ei avgrensa tekstsamling, og bruka det som argument for å velja den eine eller andre forma. Mellom anna har det vore nemnt at korpuset stort sett inneheld normerte og/eller korrigererte tekstar, og at det gir hovudformene ein fortrinnsrett. Men den heilt dominerande delen av tekstane i det nynorske tekstkorpuset er tekstar som bruker den *vidare* rettskrivinga. Læreboknormalen gjeld berre for lærebøker og tekstar frå statstenesta, og i mengd utgjør dei berre ein liten flik av det samla tekstmaterialet.

Nynorskorpuset er såleis den beste kjelda me har til å undersøkje kva former som blir brukte av folk som skriv mykje. Det store volumet med tilgjengeleg tekst gir oss god dokumentasjon på den faktiske nynorske tekstproduksjonen når det gjeld publiserte tekstar. Tekstane representerer eit breitt utval av det vanlege nynorskbrukarar les i det daglege, og fortel derfor mykje om formval som påverkar nynorskbrukarar flest.

Fordeling av tekst på tjuufemårsbolkar i nynorskorpuset

År	Dokument	Ord	%
1850–1874	7	268 689	0,31 %
1875–1899	1 031	2 329 439	2,71 %
1900–1924	126	5 050 692	5,87 %
1925–1949	47	2 941 153	3,42 %
1950–1974	32	1 857 952	2,16 %
1975–1999	742	8 526 077	9,92 %
2000–	25 129	65 008 934	75,61 %
Totalt	27 114	85 982 936	100,00 %

1.7.3. Andre kjelder

Nemndmedlemmene har hatt brei kontakt med ulike brukargrupper og normaktørar i arbeidet, jf. punkt 1.1.3 ovanfor. Nemndleiaren og sekretæren har hatt 33 møte med representantar for miljø som produserer mykje nynorsk tekst. Leiaren har vore på landsrådsmøtet i Noregs Mållag, i mange lokale mållag og i møte med norsklærarar. I tillegg har dei fleste nemndmedlemmene vore på møte i lokale mållag og/eller skular.

På desse møta har nemnda fått svært nyttige innspel. Det same gjeld innspela som har kome via bloggen *Nynorsk 2011*, e-post og telefon.

Lars S. Vikør heldt foredrag om normering på opningsseminaret for rettskrivingsnemnda 20. januar 2010, og foredraget hans, saman med artiklar han har skrivne om normeringsarbeid, har vore nyttige for arbeidet i nemnda.

Nemnda har gått gjennom lærebøker for å sjå kva slags former som synest å dominera der. Også KAL-materialet frå 2000 har vore brukt indirekte, fordi det var brukt i granskningane til Wetås og Søyland i 2001.

Når det gjeld upublisert språkbruk, har me lite materiale å gå ut frå. Rettskrivingsnemnda har bedd Fylkesmannen i Hordaland om å få tilgang til elevtekstar frå eksamen i vidaregåande skule våren 2010. Fylkesmannen kontakta Utdanningsdirektoratet, som avslo søknaden. Det inneber at me har lite tekst frå unge vaksne. Dette er eit materiale som kanskje kunne ha sagt noko om pågåande utviklingstendensar.

1.8 Disposisjon i innstillinga

2002-innstillinga skilde mellom «Framlegg til valfrie former» og «Framlegg om former som går ut or den gjeldande rettskrivinga». I denne innstillinga har me valt å behandla lydverk og formverk i kvart sitt kapittel, og la det gå fram av forslag til vedtak kva som blir ståande i rettskrivinga, og kva som går ut.

Ut frå mandatet og prinsippa har nemnda sett opp ein disposisjon for kva som skal takast med i drøftinga av kvart tema:

- Status i dag
- Framlegg til ny rettskriving
- Normhistorikk
- Skriftspråkleg tradisjon og praksis
- Talemålsgrunnlag
- Vurdering

Denne disposisjonen er stort sett den same som den Sandøy-nemnda brukte for kvart tema i *2002-innstillinga*. Det er, i tråd med mandatet vårt, lagt meir vekt på skriftspråkleg tradisjon og praksis i denne innstillinga enn i 2002-innstillinga, og det punktet kjem derfor før punktet om talemålsgrunnlag.

Listene over ord som er vurderte, inneheld stort sett berre grunnform av orda. Når det til dømes er føreslått at *vyrda* og *vørda* blir jamstilte former, gjeld det òg *vyrdsam/vørdsam*, *vyrdeleg/vørdeleg* og *vyrdnad/vørnad*.

2 Lydverket



2.1 Vokalisme

2.1.1 Variasjon mellom to vokalar

Status i dag

I dag inneheld norma ei mengd ord som har to valfrie hovudformer med ulik vokal, eventuelt ei hovudform og ei klammeform med ulik vokal. Døme: *jarn/jern*, *seter [sæter]*, *bytte [bøtte]*.

Nedanfor er desse orda samla i grupper, ut frå kva slags vokalveksling dei har. I nokre av gruppene har orda lite til felles med kvarandre, men oppstillinga av ord med same vokalveksling kan vera nyttig innanfor somme grupper – særleg vekslinga *e/æ* og *y/ø*.

Framlegg til ny rettskriving

Prinsippet er at lite brukte former går ut, men at det så langt som råd er, blir etablert mønster som kan vera til hjelp for nynorskbrukarane. Særleg former som i dag er klammeformer, går ut, men også ein del jamstilte former.

- For dei fleste ord som i dag har veksling mellom *a* og *o*, går forma med *o* ut.
Døme: *trapp* [*tropp*]. Forma [*tropp*] går ut.
- For dei fleste ord som i dag har veksling mellom *e* og *æ*, går forma med *æ* ut.
Døme: *seter* [*sæter*]. Forma [*sæter*] går ut.
- Dei fleste ord som i dag kan skrivast med *ø* eller *y*, får to jamstilte former. Døme: *syster* [*søster*]. *Syster* og *søster* blir jamstilte.
- For nokre høgfrekvente signalord som *berr* [*bar*] og *berre* [*bare*] går klammeformene ut or rettskrivinga.

Nedanfor følgjer ei liste som viser kva for ord framlegget gjeld.

Dagens rettskriving	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad
a/e			
<i>aftan</i> el. <i>eftan</i> m.		<i>aftan</i> el. <i>eftan</i> m.	
<i>altar</i> el. <i>alter</i> n.		<i>altar</i> el. <i>alter</i> n.	
<i>annan</i> [<i>annen</i>] determ.	[<i>annen</i>]	<i>annan</i> determ.	
<i>ansa</i> el. <i>ensa</i> v.		<i>ansa</i> v. <i>ensa</i> v.	To oppslag
<i>anten</i> [<i>enten</i>] subjunk.		<i>anten</i> el. <i>enten</i> subjunk.	
<i>arva</i> el. <i>erva</i> v.		<i>arva</i> <i>erva</i> v.	To oppslag
<i>austerlandsk</i> el. <i>austerlendsk</i> adj.	<i>austerlendsk</i>	<i>austerlandsk</i> adj.	
<i>berr</i> [<i>bar</i>] adj.	[<i>bar</i>]	<i>berr</i> adj.	
<i>berre</i> [<i>bare</i>] adv.	[<i>bare</i>]	<i>berre</i> adv.	
<i>framand</i> el. <i>fremmend</i> adj.	<i>fremmend</i>	<i>framand</i> adj.	
<i>hanga</i> el. <i>henga</i> v.	<i>hanga</i>	<i>henga</i> v.	
<i>harsk</i> el. <i>hersk</i> adj.	<i>hersk</i>	<i>harsk</i> adj.	
<i>hedmarking</i> el. <i>hedmerking</i> m.	<i>hedmerking</i>	<i>hedmarking</i> m.	
<i>hjarta</i> [<i>hjerta</i>] el. <i>hjarte</i> [<i>hjerte</i>] n.	[<i>hjerta</i>] [<i>hjerte</i>]	<i>hjarta</i> el. <i>hjarte</i> n.	
<i>jarn</i> el. <i>jern</i> n.		<i>jarn</i> el. <i>jern</i> n.	
<i>kvalp</i> el. <i>kvelp</i> [<i>valp</i>] m.	[<i>valp</i>]	<i>kvalp</i> el. <i>kvelp</i> m.	
<i>laken</i> [<i>lakan</i>] n.	[<i>lakan</i>]	<i>laken</i> n.	
<i>lamma</i> el. <i>lemma</i> v. (få lam)		<i>lamma</i> el. <i>lemma</i> v.	
<i>lating</i> el. <i>leting</i> m. (lat person)	<i>leting</i>	<i>lating</i> m. (lat person)	
<i>massing</i> [<i>messaging</i>] m.	<i>massing</i>	<i>messaging</i> m.	
<i>spanande</i> el. <i>spennande</i> adj.		<i>spanande</i> el. <i>spennande</i> adj.	

<i>svarm</i> el. <i>sverm</i> m. (flokk)	<i>svarm</i>	<i>sverm</i> m.	<i>Svarm</i> finst i tydinga 'ørske'.
a/o			
<i>avund</i> [<i>ovund</i>] f.	[<i>ovund</i>]	<i>avund</i> f.	
<i>haldning</i> el. <i>holdning</i> f.	<i>holdning</i>	<i>haldning</i> f.	
<i>harr</i> el. <i>horr</i> m. (fisk)	<i>horr</i>	<i>harr</i> m. (fisk)	
<i>harv</i> [<i>horv</i>] f.		<i>harv</i> el. <i>horv</i> f.	
<i>honk</i> el. <i>hank</i> f. (band, ring til å trø noko innpå)	<i>hank</i>	<i>honk</i> f. (band, ring til å trø noko innpå)	<i>Hank</i> f./m. om <i>kopphank</i> , <i>grytehank</i> o.l.
<i>lange</i> el. <i>longe</i> f. (fisk)	<i>longe</i>	<i>lange</i> f. (fisk)	
<i>maske</i> el. <i>moske</i> f. el. m. (garnlykkje)		<i>maske</i> el. <i>moske</i> f. el. m. (garnlykkje)	
<i>tall</i> el. <i>toll</i> f. (furu)	<i>tall</i>	<i>toll</i> f. (furu)	
<i>tann</i> [<i>tonn</i>] f.	[<i>tonn</i>]	<i>tann</i> f.	
<i>trapp</i> [<i>tropp</i>] f.	[<i>tropp</i>]	<i>trapp</i> f.	
<i>vake</i> el. <i>vøke</i> f.		<i>vake</i> f. <i>vøke</i> f.	To oppslag
<i>vald</i> [<i>vold</i>] m.	[<i>vold</i>]	<i>vald</i> m.	
<i>valda</i> [<i>volda</i>] v.	[<i>volda</i>]	<i>valda</i> v.	
a/æ			
<i>arr</i> el. <i>ær</i> n.	<i>ær</i>	<i>arr</i> n.	
<i>star</i> el. <i>stær</i> m. (augesjukdom)	<i>star</i>	<i>stær</i> m. (augesjukdom)	
a/å			
<i>aleine</i> el. <i>åleine</i> adv.		<i>aleine</i> el. <i>åleine</i> adv.	
<i>allmenn</i> [<i>ålmenn</i>] adj.		<i>allmenn</i> el. <i>ålmenn</i> adj.	
<i>allmente</i> el. <i>ålmente</i> f.		<i>allmente</i> el. <i>ålmente</i> f.	
<i>allmuge</i> [<i>ålmuge</i>] m.		<i>allmuge</i> el. <i>ålmuge</i> m.	
<i>da</i> el. <i>då</i>		<i>da</i> el. <i>Då</i>	
<i>drap</i> [<i>dråp</i>] n.	[<i>dråp</i>]	<i>drap</i> n.	
<i>forklara</i> el. <i>forklåra</i> v.		<i>forklara</i> el. <i>forklåra</i> v.	
<i>klar</i> el. <i>klår</i> adj.		<i>klar</i> el. <i>klår</i> adj.	
<i>kvae</i> el. <i>kvåe</i> f.	<i>kvåe</i>	<i>kvae</i> f.	
<i>lagasild</i> el. <i>lågåsild</i> f.		<i>lagasild</i> el. <i>lågåsild</i> f.	
<i>man</i> [<i>mån</i>] f.	[<i>mån</i>]	<i>man</i> f.	
<i>måla</i> [<i>mala</i>] v. (stryka farge på noko)	[<i>mala</i>]	<i>måla</i> v. (stryka farge på noko)	
<i>skap</i> el. <i>skåp</i> n.		<i>skap</i> el. <i>skåp</i> n.	
<i>trava</i> el. <i>tråva</i> v.		<i>trava</i> el. <i>tråva</i> v.	
e/i			
<i>ekorn</i> el. <i>ikorn</i> n.		<i>ekorn</i> el. <i>ikorn</i> n.	
<i>fit</i> f. (grasvoll)	<i>fit</i>	<i>fet</i> f. (grasvoll)	Ny form
<i>fete</i> [<i>fite</i>] m. (feitleik)	[<i>fite</i>]	<i>fete</i> m. (feitleik)	

<i>kleppfisk</i> el. <i>klippfisk</i> m.	<i>kleppfisk</i>	<i>klippfisk</i> m.	
<i>leppe</i> el. <i>lippe</i> f.	<i>lippe</i>	<i>leppe</i> f.	
<i>segla</i> el. <i>sigla</i> v.		<i>segla</i> el. <i>sigla</i> v.	
<i>sev</i> el. <i>siv</i> n.	<i>sev</i>	<i>siv</i> n.	
<i>smekk</i> el. <i>smikk</i> adv. (s. full)	<i>smikk</i>	<i>smekk</i> adv. (s. full)	
<i>smekk</i> el. <i>smikk</i> m. (dask; bukse-)	<i>smikk</i>	<i>smekk</i> m. (dask; bukse-)	
<i>smekka</i> el. <i>smikka</i> v.	<i>smikka</i>	<i>smekka</i> v.	
<i>smekke</i> el. <i>smikke</i> f.	<i>smikke</i>	<i>smekke</i> f.	
<i>tre</i> [tri] determ. (3)	[tri]	<i>tre</i> determ. (3)	
<i>venstre</i> [vinstre] adj.	[vinstre]	<i>venstre</i> adj.	
e/æ			
<i>bre(da)</i> [bræ(da)] v. (smelta; få til å smelta)	[bræ(da)]	<i>bre(da)</i> v. (smelta; få til å smelta)	
<i>breka</i> el. <i>brekja</i> [bræk(j)a] v. (om sau: gi frå seg lyd)	<i>brekja</i> [bræk(j)a]	<i>breka</i> v. (om sau: gi frå seg lyd)	
<i>brekta</i> [brækta] v. (om sau: gi frå seg lyd)	[brækta]	<i>brekta</i> v. (om sau: gi frå seg lyd)	
<i>bresa</i> [bræsa] v. (spraka; steikja noko feitt)	[bræsa]	<i>bresa</i> v. (spraka; steikja noko feitt)	
<i>deld</i> [dæld] f. (søkk, grop)	[dæld]	<i>deld</i> f. (søkk, grop)	
<i>esa</i> [æsa] v. (heva)	[æsa]	<i>esa</i> v. (heva)	
<i>esing</i> [æsing] f. el. m. (båtripe)	[æsing]	<i>esing</i> f. el. m. (båtripe)	
<i>esj</i> el. <i>æsj</i> interj.	<i>esj</i>	<i>æsj</i> interj.	
<i>fresa</i> [fræsa] v.	[fræsa]	<i>fresa</i> v.	
<i>gjeta</i> [gjæta] v.	[gjæta]	<i>gjeta</i> v.	
<i>hær</i> [her] m.	[her]	<i>hær</i> m.	
<i>krekebær</i> [krækjebær] n. (krekling)	[krækjebær]	<i>krekebær</i> n. (krekling)	
<i>krela</i> el. <i>kræla</i> v.	<i>kræla</i>	<i>krela</i> v.	
<i>kremmar</i> [kræmar] m.	[kræmar]	<i>kremmar</i> m.	
<i>kresen</i> [kræsen] adj.	[kræsen]	<i>kresen</i> adj.	
<i>kvede</i> [kvæde] n. (kvad)	[kvæde]	<i>kvede</i> n. (kvad)	
<i>kven</i> [kvæn] m.	[kvæn]	<i>kven</i> m.	
<i>kvensk</i> [kvænsk] adj.	[kvænsk]	<i>kvensk</i> adj.	
<i>kvesa</i> [kvæsa] v.	[kvæsa]	<i>kvesa</i> v.	
<i>samkvem</i> el. <i>samkvæme</i> n.	<i>samkvæme</i>	<i>samkvem</i> n.	
<i>sete</i> [sæte] n.	[sæte]	<i>sete</i> n.	
<i>seter</i> [sæter] f.	[sæter]	<i>seter</i> f.	
<i>skremma</i> [skræma] v.	[skræma]	<i>skremma</i> v.	
<i>sprek</i> [spræk] adj.	[spræk]	<i>sprek</i> adj.	
<i>strena</i> [stræna] v.	[stræna]	<i>strena</i> v.	
<i>sær</i> [ser] (-leg, -skild osv.) adj.	[ser, serleg, serskild] osv.	<i>sær</i> (særleg, særskild osv.) adj.	

i/y			
<i>birkje</i> [<i>birke</i>] el. <i>bjørkje</i> [<i>bjørke</i>] el. <i>byrkje</i> [<i>byrke</i>] f. (bjørkesevje)	<i>birkje</i> [<i>birke</i>] og <i>byrkje</i> [<i>byrke</i>]	<i>bjørke</i> el. <i>bjørkje</i> f. (bjørkesevje)	
<i>drikk</i> el. <i>drykk</i> m.		<i>drikk</i> el. <i>drykk</i> m.	
<i>klippa</i> [<i>klyppa</i>] v.	[<i>klyppa</i>]	<i>klippa</i> v.	
jo/y			
<i>by(da)</i> [<i>bjoda</i>] v.	[<i>bjoda</i>]	<i>by(da)</i> v.	
<i>gysa</i> [<i>gjosa</i>] v.	[<i>gjosa</i>]	<i>gysa</i> v.	
<i>gyta</i> [<i>gjota</i>] v.	[<i>gjota</i>]	<i>gyta</i> v.	
<i>ljod</i> m. el. n., el. <i>lyd</i> m.		<i>ljod</i> el. <i>lyd</i> m.	<i>Ljod</i> skal bøyast som hankj.ord.
<i>ljøs</i> el. <i>lys</i> n.		<i>ljøs</i> el. <i>lys</i> n.	
<i>ljota</i> el. <i>lyta</i> v. (måtta)	<i>ljota</i>	<i>lyta</i> v. (måtta)	
<i>skyta</i> [<i>skjota</i>] v.	[<i>skjota</i>]	<i>skyta</i> v.	
<i>sjoda</i> el. <i>syda</i> v. (koka, brusa)	<i>sjoda</i>	<i>syda</i> v. (koka, brusa)	
<i>tjor</i> el. <i>tyr</i> m. (okse)	<i>tjor</i>	<i>tyr</i> m. (okse)	
o/u			
<i>boble</i> [<i>buble</i>] f.	[<i>buble</i>]	<i>boble</i> f.	
<i>bol</i> el. <i>bul</i> m. (kropp på klesplagg)	<i>bul</i>	<i>bol</i> m. (kropp på klesplagg)	
<i>bolung</i> el. <i>bulung</i> m. (bol)	<i>bulung</i>	<i>bolung</i> m. (bol)	
<i>fomla</i> [<i>fumla</i>] v.	[<i>fumla</i>]	<i>fomla</i> v.	
<i>fomlen</i> [<i>fumlen</i>] adj.	[<i>fumlen</i>]	<i>fomlen</i> adj.	
<i>fomma</i> [<i>fuma</i>] v. (fomla)	[<i>fuma</i>]	<i>fomma</i> v. (fomla)	
<i>gjorda</i> el. <i>gjurda</i> v.	<i>gjurda</i>	<i>gjorda</i> v.	
<i>gote</i> el. <i>gutu</i> f.		<i>gote</i> el. <i>gutu</i> f.	
<i>grom</i> [<i>grum</i>] adj. (framifrå)	[<i>grum</i>]	<i>grom</i> adj. (framifrå)	
<i>jul</i> [<i>jol</i>] f.		<i>jol</i> el. <i>jul</i> f.	
<i>knopp</i> el. <i>knupp</i> m.		<i>knopp</i> m. <i>knupp</i> m.	To oppslag
<i>koppul</i> el. <i>kuppul</i> m. (liten stein)	<i>kuppul</i>	<i>koppul</i> m. (liten stein)	
<i>kumle</i> f.	<i>kumle</i>	<i>komle</i> f.	Ny form
<i>kumpe</i> f.	<i>kumpe</i>	<i>kompe</i> f.	Ny form, jf. <i>lompe</i>
<i>mogeleg</i> el. <i>mogleg</i> [<i>mogelig</i> el. <i>moglig</i> el. <i>muleg</i> el. <i>mulig</i>] adj.	[<i>mogelig</i>], [<i>moglig</i>], [<i>muleg</i> , <i>mulig</i>]	<i>mogeleg</i> el. <i>mogleg</i> adj.	Jf. 3.2.4 og 3.2.5
<i>okse</i> el. <i>ukse</i> m.	<i>ukse</i>	<i>okse</i> m.	
<i>skjol</i> el. <i>skjul</i> n. (gøymestad, skur)	<i>skjol</i>	<i>skjul</i> n. (gøymestad, skur)	
<i>skole</i> el. <i>skule</i> m.		<i>skole</i> el. <i>skule</i> m.	

<i>skolera</i> v.		<i>skolera</i> el. <i>skulera</i> v.	Ny form inn
<i>smult</i> [<i>smolt</i>] n. (svinefeitt)	[<i>smolt</i>]	<i>smult</i> n. (svinefeitt)	
<i>snorka</i> [<i>snurka</i>] v.	[<i>snurka</i>]	<i>snorka</i> v.	
<i>sog</i> el. <i>sug</i> n.		<i>sog</i> n. <i>sug</i> n.	To oppslag
<i>somla</i> [<i>sumla</i>] v.	[<i>sumla</i>]	<i>somla</i> v.	
<i>sommar</i> [<i>sumar</i>] m.		<i>sommar</i> el. <i>sumar</i> m.	
<i>somme</i> [<i>sume</i>] determ.	[<i>sume</i>]	<i>somme</i> determ.	
<i>stoll</i> el. <i>stull</i> m. (gruvegang)	<i>stull</i>	<i>stoll</i> m.	
<i>stove</i> el. <i>stue</i> f.		<i>stove</i> el. <i>stue</i> f.	
<i>tomsen</i> [<i>tumsen</i>] adj.	[<i>tumsen</i>]	<i>tomsen</i> adj.	
o/ø			
<i>blodga</i> el. <i>bløggga</i> v.	<i>blodga</i>	<i>bløggga</i> v.	
<i>bok</i> f. el. <i>bøk</i> m. (treslag)		<i>bok</i> f. (treslag) <i>bøk</i> m. (treslag)	To oppslag
<i>dorg</i> el. <i>dørg</i> adv. (d. stille)	<i>dorg</i>	<i>dørg</i> adv.	
<i>gor</i> el. <i>gørr</i> adj.	<i>gor</i>	<i>gørr</i> adj.	
<i>gor</i> el. <i>gørr</i> n. (gjørme; innvolar)	<i>gor</i>	<i>gørr</i> n.	
<i>hovding</i> el. <i>høvding</i> m.		<i>hovding</i> el. <i>høvding</i> m.	
<i>hovudsmann</i> el. <i>høvedsmann</i> m.		<i>hovudsmann</i> el. <i>høvedsmann</i> m.	
<i>kodd</i> el. <i>kødd</i> m.		<i>kodd</i> m. <i>kødd</i> m.	To oppslag
<i>mòr</i> el. <i>morr</i> [<i>mørr</i>] m.	<i>mòr</i> [<i>mørr</i>]	<i>morr</i> m.	
<i>mòl</i> el. <i>møll</i> m. (insekt)	<i>mòl</i>	<i>møll</i> m. (insekt)	
<i>røde</i> el. <i>røde</i> m. (morgon-)		<i>røde</i> el. <i>røde</i> m. (morgon-)	
<i>rosta</i> el. <i>røsta</i> v. (gløda malm)		<i>rosta</i> el. <i>røsta</i> v. (gløda malm)	
<i>snør</i> n. el. <i>snørr</i> f. el. n.	<i>snør</i>	<i>snørr</i> f. el. n.	
<i>søl</i> el. <i>søl</i> n. (tareslag)		<i>søl</i> el. <i>søl</i> n. (tareslag)	
<i>sorgmodig</i> el. <i>sørgmodig</i> adj.	<i>sorgmodig</i>	<i>sørgmodig</i> adj.	
<i>storkna</i> el. <i>størkna</i> v.		<i>storkna</i> el. <i>størkna</i> v.	
<i>strok</i> el. <i>strøk</i> n.		<i>strok</i> n. <i>strøk</i> n.	To oppslag
<i>torste</i> el. <i>tørst</i> el. <i>tørste</i> m.	<i>tørst</i>	<i>torste</i> el. <i>tørste</i> m.	
<i>tofle</i> f. el. <i>tøffel</i> m.	<i>tofle</i>	<i>tøffel</i> m.	
o/å			
<i>brote</i> [<i>bråte</i>] m.	<i>brote</i>	<i>bråte</i> m.	
<i>drope</i> [<i>dråpe</i>] m.	[<i>dråpe</i>]	<i>drope</i> m.	
<i>drok</i> f., fl. <i>dreker</i> el. <i>dråk</i> f., fl. <i>dræker</i> (jente)	<i>drok</i>	<i>dråk</i> f., fl. <i>dræker</i> (jente)	

<i>flòte</i> el. <i>flåte</i> m.	<i>flòte</i>	<i>flåte</i> m.	
<i>no</i> [nå] adv.		<i>no</i> el. <i>nå</i> adv.	
<i>så</i> [so] adv.; subjunk.		<i>so</i> el. <i>så</i> adv.; subjunk.	
<i>tola</i> [tåla] v.	[tåla]	<i>tola</i> v.	
<i>tolmod</i> [tålmod] n.	[tålmod]	<i>tolmod</i> n.	
u/y			
<i>burda</i> el. <i>byrja</i> v. infinitiv (måtta, skulla)	<i>byrja</i>	<i>burda</i> v. infinitiv (måtta, skulla)	
<i>dukkar</i> el. <i>dykkar</i> m.		<i>dukkar</i> m. <i>dykkar</i> m.	To oppslag
<i>krubbe</i> el. <i>krybbe</i> f.		<i>krubbe</i> el. <i>krybbe</i> f.	
<i>lukke</i> el. <i>lykke</i> f.		<i>lukke</i> el. <i>lykke</i> f.	
<i>rydning</i> [rudning] m.	[rudning]	<i>rydning</i> m.	
<i>skuld</i> el. <i>skyld</i> f.		<i>skuld</i> el. <i>skyld</i> f.	
<i>skulda</i> el. <i>skylda</i> v.		<i>skulda</i> el. <i>skylda</i> v.	
<i>skunda</i> [skynda] v.	[skynda]	<i>skunda</i> v.	
<i>skutel</i> el. <i>skyttel</i> m.	<i>skutel</i>	<i>skyttel</i> m.	
<i>skuva</i> el. <i>skyva</i> v.		<i>skuva</i> v. el. <i>skyva</i> v.	
<i>sturt</i> el. <i>styrt</i> m.	<i>sturt</i>	<i>styrt</i> m.	
<i>sturta</i> el. <i>styrta</i> v.	<i>sturta</i>	<i>styrta</i> v.	
<i>stutta</i> el. <i>styttta</i> v. (gjera stuttare)	<i>stutta</i>	<i>styttta</i> v. (gjera stuttare)	
<i>stutting</i> el. <i>styttting</i> f. (det å stutta) og m. (stutt slede)	<i>stutting</i>	<i>styttting</i> f. (det å stutta) og m. (stutt slede)	
<i>sydfrukt</i> el. <i>sudfrukt</i> f.	<i>sudfrukt</i>	<i>sydfrukt</i> f.	
<i>sydlandsk</i> el. <i>sudlandsk</i> adj.	<i>sudlandsk</i>	<i>sydlandsk</i> adj.	
<i>sydlending</i> el. <i>sudlending</i> m.	<i>sudlending</i>	<i>sydlending</i> m.	
<i>tynn</i> [tunn] adj.	[tunn]	<i>tynn</i> adj.	
<i>uruggeleg</i> el. <i>uryggeleg</i> adj. (urikkeleg)	<i>uryggeleg</i>	<i>uruggeleg</i> adj. (urikkeleg)	
u/ø			
<i>brunn</i> el. <i>brønn</i> m.		<i>brunn</i> el. <i>brønn</i> m.	
<i>jutul</i> el. <i>jøtul</i> m.	<i>jøtul</i>	<i>jutul</i> m.	
<i>kluft</i> el. <i>kløft</i> f.	<i>kluft</i>	<i>kløft</i> f.	
<i>klufta</i> el. <i>kløfta</i> adj.	<i>klufta</i>	<i>kløfta</i> adj.	
<i>sundag</i> el. <i>søndag</i> m.		<i>sundag</i> el. <i>søndag</i> m.	
<i>tørka</i> [turka] v.		<i>turka</i> el. <i>tørka</i> v.	
<i>tørr</i> [turr] adj.		<i>turr</i> el. <i>tørr</i> adj.	
y/ju			
<i>ljuga</i> el. <i>lyga</i> v.		<i>ljuga</i> el. <i>lyga</i> v.	
<i>ljug</i> n.		<i>ljug</i> n.	

<i>sjuke</i> el. <i>sykje</i> f.		<i>sjuke</i> f. el. m. <i>sykje</i> f.	To oppslag
<i>spjut</i> el. <i>spyd</i> n.		<i>spjut</i> el. <i>spyd</i> n.	
y/ø			
<i>byrd</i> el. <i>byrde</i> f. og <i>bør</i> f.		<i>byrd</i> el. <i>byrde</i> f. <i>bør</i> f.	To oppslag
<i>byrja</i> v.		<i>byrja</i> v.	<i>Børja</i> vurdert som ny form
<i>bytte</i> [<i>bøtte</i>] f.		<i>bytte</i> el. <i>bøtte</i> f.	
<i>bølgja</i> [<i>bylgja</i>] v.		<i>bylgja</i> el. <i>bølgja</i> el. <i>bølga</i> v.	Ny form <i>bølga</i> , jf. pkt. 2.3.3.
<i>bølgje</i> [<i>bylgje</i>] f.		<i>bylgje</i> el. <i>bølgje</i> el. <i>bølge</i> f.	Ny form <i>bølge</i> , jf. pkt. 2.3.3.
<i>drynja</i> [<i>drønna</i>] v.		<i>drynja</i> v. <i>drønna</i> v.	To oppslag
<i>dynja</i> [<i>dønna</i>] v.		<i>dynja</i> v. <i>dønna</i> v.	To oppslag
<i>fyrst</i> el. <i>først</i> adv.		<i>fyrst</i> el. <i>først</i> adv.	
<i>følgja</i> [<i>fylgja</i>] v.		<i>fylgja</i> el. <i>følgja</i> el. <i>følga</i> v.	Ny form <i>følga</i> , jf. pkt. 2.3.3.
<i>følgje</i> [<i>fylgje</i>] f.		<i>fylgje</i> el. <i>følgje</i> el. <i>følge</i> f.	Ny form <i>følge</i> , jf. pkt. 2.3.3.
<i>følgje</i> [<i>fylgje</i>] n.		<i>fylgje</i> el. <i>følgje</i> el. <i>følge</i> n.	Ny form <i>følge</i> , jf. pkt. 2.3.3.
<i>gløtt</i> [<i>glytt</i>] m.		<i>glytt</i> el. <i>gløtt</i> m.	
<i>gløtta</i> [<i>glytta</i>] v.		<i>glytta</i> el. <i>gløtta</i> v.	
<i>grøppa</i> [<i>grypja</i>] v.		<i>grypja</i> v. <i>grøppa</i> v.	To oppslag
<i>grøssa</i> [<i>grysja</i>] v.		<i>grysja</i> v. <i>grøssa</i> v.	To oppslag
<i>hjørne</i> el. <i>hyrne</i> n.		<i>hjørne</i> el. <i>hyrne</i> n.	
<i>kløppar</i> [<i>klyppar</i>] m.	[<i>klyppar</i>]	<i>kløppar</i> m.	
<i>lyfta</i> [<i>løfta</i>] v.		<i>lyfta</i> el. <i>løfta</i> v.	
<i>lygn</i> el. <i>løgn</i> f.		<i>lygn</i> el. <i>løgn</i> f.	
<i>lykkje</i> el. <i>løkke</i> f. (om jordstykke)		<i>lykkje</i> el. <i>løkke</i> f. (om jordstykke)	
<i>mylnar</i> el. <i>møllar</i> m.		<i>mylnar</i> m. <i>møllar</i> m.	To oppslag
<i>mylne</i> el. <i>mølle</i> f.		<i>mylne</i> f. <i>mølle</i> f.	To oppslag
<i>nykel</i> el. <i>nøkkel</i> m.		<i>nykel</i> el. <i>nøkkel</i> m.	
<i>nykk</i> [<i>nøkk</i>] m.		<i>nykk</i> el. <i>nøkk</i> m.	
<i>nyste</i> [<i>nøste</i>] n.		<i>nyste</i> el. <i>nøste</i> n.	
<i>ryllik</i> el. <i>røllik</i> m. (plante)		<i>ryllik</i> el. <i>røllik</i> m. (plante)	
<i>rysja</i> v.		<i>rysja</i> v. <i>røsa</i> v. (<i>røs</i> , <i>røste</i> , <i>røst</i>)	Ny form <i>røsa</i> . To oppslag

<i>stynja</i> [stønna] v.		<i>stynja</i> v. <i>stønna</i> v.	To oppslag
<i>støtte</i> [stytte] f.		<i>stytte</i> el. <i>støtte</i> f.	
<i>støl</i> el. <i>stør</i> [styrd] adj.	[styrd]	<i>støl</i> adj. <i>stør</i> adj.	To oppslag
<i>sysken</i> [søsken] fl.		<i>sysken</i> el. <i>søsken</i> fl.	
<i>syster</i> [søster] f.		<i>syster</i> el. <i>søster</i> f.	
<i>sølje</i> [sylgje] f.	[sylgje]	<i>sylje</i> el. <i>sølje</i> f.	Ny form <i>sylje</i>
<i>sølv</i> [sylv] n.		<i>sylv</i> el. <i>sølv</i> n.	
<i>symja</i> v.		<i>symja</i> v. <i>svømma</i> v.	To oppslag. Ny form <i>svømma</i>
<i>sørgja</i> [syrgja] v.		<i>syrgja</i> el. <i>sørgja</i> el. <i>sørga</i> v.	Ny form <i>sørga</i> . Jf. pkt. 2.3.3.
<i>tynne</i> el. <i>tønne</i> [tunne] f.	[tunne]	<i>tynne</i> el. <i>tønne</i> f.	
<i>tyrst</i> el. <i>tørst</i> adj.		<i>tyrst</i> el. <i>tørst</i> adj.	
<i>tytte</i> el. <i>tøtte</i> f.		<i>tytte</i> el. <i>tøtte</i> f.	
<i>vørd</i> [vyrd] adj.		<i>vyrd</i> el. <i>vørd</i> adj.	
<i>vørda</i> [vyrda] v.		<i>vyrda</i> el. <i>vørda</i> v.	
<i>yksen</i> el. <i>øksen</i> adj.		<i>yksen</i> el. <i>øksen</i> adj.	
<i>ynske</i> el. <i>ønske</i> n.		<i>ynske</i> el. <i>ønske</i> n.	Jf. pkt. 2.3.3.
<i>ynskja</i> el. <i>ønskja</i> v.		<i>ynska</i> el. <i>ynskja</i> el. <i>ønska</i> el. <i>ønskja</i> v.	Nye former <i>ynska</i> el. <i>ønska</i> . Jf. pkt. 2.3.3.
æ/ø			
<i>ffæra</i> el. <i>fføra</i> v.		<i>ffæra</i> el. <i>fføra</i> v.	
<i>ffære</i> el. <i>fføre</i> f.		<i>ffære</i> el. <i>fføre</i> f.	
<i>tjære</i> el. <i>tjøre</i> f.		<i>tjære</i> el. <i>tjøre</i> f.	
æ/å			
<i>forrædar</i> el. <i>forrådar</i> m.	<i>forrådar</i>	<i>forrædar</i> m.	
<i>læsa</i> el. <i>låsa</i> v.	<i>læsa</i>	<i>låsa</i> v.	
<i>mæla</i> el. <i>måla</i> v. (finna storleik)	<i>mæla</i>	<i>måla</i> v. (finna storleik)	
<i>pæl</i> el. <i>påle</i> m.		<i>pæl</i> m. <i>påle</i> m.	To oppslag
ø/jo			
<i>fljot</i> el. <i>fløt</i> adj. (rask, snøgg)		<i>fljot</i> el. <i>fløt</i> adj.	

Normhistorikk

Felles for mange av orda ovanfor er at dei har éin skrivemåte i eldre nynorsk, som så har fått konkurranse frå ei nyare form, ofte ei «tilnærmingsform». Det har variert frå ordgruppe til ordgruppe og frå ord til ord når den nye forma kom inn, og kva slags status ho fekk. Utviklinga for *y* og *ø* kan brukast som døme:

Aasen	1917	1938	1959
<i>Kyrkja</i>			
<i>Bytta</i>			<i>bytte [bøtte]</i>
<i>fylgja</i>		<i>fylgja [følga]</i>	<i>følgja [fylgja]</i>
<i>fyrst</i>		<i>fyrst [først]</i>	<i>fyrst el. først</i>
<i>sturd</i>	<i>sturd</i>	<i>sturd el. støl</i>	<i>støl [sturd]</i>
<i>myrk</i>	<i>myrk [mørk]</i>	<i>mørk</i>	
<i>Fyl</i>	<i>føl</i>		

Viss me ser på kvar enkelt gruppe ovanfor, kan me sjå ei tilsvarande utvikling i skriftmålet for fleire av dei:

- Ord med *e/i* går i retning *e*: *smikke* > *smekke*, *lippe* > *leppe*.
- Ord med *e/æ* går i retning *e*: *sæter* > *seter*, *spræk* > *sprek*.
- Ord med *jo/y* går i retning *y*: *bjoda* > *byda*, *skjota* > *skyta*.
- Ord med *o/u* går i retning *o*: *buble* > *boble*, *sumla* > *somla*.
- Ord med *o/ø* går i retning *ø*: *gør* > *gørr*, *møl* > *møll*.
- Ord med *u/y* går i retning *y*: *sturt* > *styrt*, *tunn* > *tynn*.

I mange av desse tilfella vart tilnæringsforma hovudform i 1959.

Oversynet nedanfor viser status for nokre «signalord» gjennom ulike normeringar:

Aasen	1917	1938	1959	1991
<i>berr</i>	<i>berr [bar]²</i>	<i>berr</i>	<i>berr [bar]</i>	
<i>berre</i>	<i>berre el. bare</i>	<i>berre</i>	<i>berre [bare]</i>	
<i>da³ el. daa</i>	<i>då [da]</i>	<i>da el. då</i>	<i>da el. då</i>	
<i>no el. naa⁴</i>	<i>no el. nå</i>	<i>no [nå]</i>	<i>no [nå]</i>	
<i>Skule</i>	<i>skule</i>	<i>skule [skole]</i>	<i>skole el. skule</i>	
<i>so el. saa⁵</i>	<i>so el. så</i>	<i>så</i>	<i>så</i>	<i>så [so]</i>

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

y/ø

I dei fleste gruppene ovanfor er det hovudformene som er dei dominerande formene i nynorsk skriftmål i dag. Det ser me i det meste av materialet i nynorskorpuset etter 1959, men det er særleg tydeleg i materialet frå dei siste tjue åra.

² I 1917-rettskrivinga skilde komiteane for landsmål og riksmål i prinsippet mellom obligatoriske og valfrie endringar i høve til gjeldande rettskriving. Her har me markert med klammer kva for former som er «valfrie». Denne strukturen er likevel annleis enn det klammeformsystemet som seinare vart gjennomført med 1938-rettskrivinga.

³ Aasen har *da* som eige oppslagsord, men skriv «s. daa». Under *daa* står det: «Hedder paa nogle St. **da** (Østl.)»

⁴ Aasen har *naa* som eige oppslagsord, men skriv «s. no». Under *no* står det: «I de sydlige Egne: **naa**.»

⁵ Aasen har *saa* som eige oppslagsord, men skriv «s. so». Under *so* står det: «Afvig. **so**, med aabent o (o'), Sæt., og **saa** (med reent aa) i de sydlige og østlige Egne.»

Når det gjeld formene med *y/ø*, er *y* og *ø* i dag valfritt i mange ord (t.d. *fyrst/først*). Andre ord har hovudforma *y* og klammeforma *ø* (*bytte [bøtte]*), og atter andre ord har hovudforma *ø* og klammeforma *y* (*følgja [fylgja]*). Sidan det er svært mykje variasjon i dialektane når det gjeld orda med *y* og *ø*, er det vanskeleg å finna støtte der for eitt system som alle greitt kan retta seg etter. Aasen valde å skriva alle desse orda med *y*, og det skulle reflektera både uttale med *y* og med *ø*. Ein del av dei blir skrivne med *y* den dag i dag, både i bokmål og nynorsk – t.d. *bygd, lykt, stykke* o.a.

I ord med valfritt *y* eller *ø* er det formene med *ø* som dominerer i skrift i dag, både når dei er hovudformer, og ofte også når dei er klammeformer. I somme ord står *y* likevel sterkt. Det gjeld til dømes *fylgja*, som har vore klammeform dei siste femti åra. Det er viktig å hugsa på at orda som har vore hovudformer, har hatt ein «fordel» framfor klammeformene, fordi dei har vore einerådande i lærebøkene.

Da og skole

Da og *skole* har vore jamstilte hovudformer sidan 1959, men *då* og *skule* står klart sterkast blant dei som skriv nynorsk til dagleg. *Skole* har likevel vore bortimot eineform i statlege dokument, fordi det er ei fellesform med bokmål. Også forlaga har i stor grad brukt *skole* i lærebøker o.a.

Her kan det vera interessant å sjå på rettskrivingsmalane til forskjellige nynorske institusjonar.

Dagens rettskriving	Nynorsk pressekontor	Samlaget	Bibelen 2010	Nynorsk kultursentrum
<i>berr [bar]</i>	<i>bar/berr</i>	<i>berr</i>	<i>berr</i>	<i>berr</i>
<i>berre [bare]</i>	<i>bare/berre</i>	<i>berre</i>	<i>berre</i>	<i>berre</i>
<i>da</i> el. <i>då</i>	<i>da/då</i>	<i>då</i>	<i>då</i>	<i>då</i>
<i>no [nå]</i>	<i>no/nå</i>	<i>no</i>	<i>no</i>	<i>no</i>
<i>skole</i> el. <i>skule</i>	<i>skole/skule</i>	<i>skule</i> (også <i>skole</i> i utdanningsavdelinga)	<i>(skule?)</i>	<i>skule</i>
<i>så [so]</i>	<i>så</i>	<i>så</i>	<i>så</i>	<i>så</i>

Talemålsgrunnlag

Det at så mange ord kan skrivast med vekslande vokal, jf. ovanfor, speglar til dels ulike uttalemåtar i dialektane, til dels viser det ulike måtar å gi att vokalar i skrift. Det gjeld til dømes *e/æ*, som begge kan stå for ein open e-lyd.

Orda med stutt *y* i norrønt har fått svært skiftande utvikling i dialektane, og er den gruppa der det er klarast skilje mellom nordnorsk, austnorsk og vestnorsk, jf. 2002-innstillinga s. 35. Det er derfor uråd å laga ein regel om fordelinga av *y* og *ø* ut frå talemålet.

Ved signalord som *bare/berre*, *no/nå*, *so/så*, *da/då* og *skole/skule* legg språkbrukarane særleg stor vekt på uttalen når dei skal velja skrivemåte. Det har såleis kome reaksjonar

på at nemnda føreslo å kutta ut former som *bare* og *skole*. Dei grunngir det mellom anna med at *bare* og *skole* er vanlege talemålsformer over heile landet.

Skule er så å seia eineform i talemålet i område der nynorsk er hovudmål i skulen, dvs. på Vestlandet og i dalføra på Austlandet. *Skole* står sterkt i talemåla i Trøndelag, Nord-Noreg og på delar av Austlandet, særleg i bynære strøk.

Vurdering

Rettskrivingsnemnda har lagt vekt på at dei formene som står sterkt i nynorsk skriftmål, skal førast vidare (jf. mandatet for nemnda). Dersom det er to former som står sterkt, har nemnda stort sett gått inn for valfridom. I nokre tilfelle går nemnda inn for å stryka former som fell saman med bokmålsformer, for å hindra at dei skal konkurrera ut dei tradisjonelle nynorske formene i læremiddel og i offentleg målbruk. Dette forankrar me i den delen av mandatet vårt som seier at me skal laga ein tydeleg og stram nynorsk.

Valfrie former eller to oppslagsord?

Nemnda bak 2002-innstillinga var inne på at ein lettare kunne opna for valfridom i ord med høg frekvens i språket enn i ord med låg frekvens. Det har òg vore framme som eit argument i denne nemnda. Dette står i motsetnad til tanken om at me skal vera strenge med bokmålsnære former som kan trengja bort meir tradisjonelle nynorskformer, og nemnda har prøvd å avstemma desse to omsyna, til dømes ved å ta ut klammeformer som [*bar*] og [*bare*], men jamstilla former med *y* og *ø*.

Nokre ord bør førast opp som separate oppslagsord, fordi dei ikkje har heilt same innhald eller ulik bøyning. Nemnda har sett opp kriterium for når ho vil tilrå at ord blir førte opp som separate oppslagsord, jf. punkt 1.6.4.

y/ø

Når det gjeld ord som vekslar mellom *y* og *ø*, står dei to variantane i mange tilfelle like sterkt. Sidan det er så skiftande bruk av former med *y* og *ø*, er det enklast for språkbrukarane at det er høve til å velja mellom formene. Nemnda går derfor inn for at dei fleste ord med *y* og *ø* får valfri skrivemåte, men har teke ut eit par former med *y* som kjennest framande i dag: *styrd* adj. (stør) og *klyppar* (i tydinga *kløppar*).

Også ved tidlegare rettskrivingsreformer er enkelte skrivemåtar med *y* tekne ut, til fordel for former med *ø*: *fyr*, *myrk*, *skyna* ofl.

I fleire av høyringsframlegga blir det argumentert for *y* som ein samlevokal for uttalen /*y*/ og /*ø*/. Nemnda er klar over at Aasen brukte *y* på den måten, men ser det ikkje som mogleg eller ønskjeleg å innføra det no, etter at skriftbiletet med *ø* har festa seg gjennom sytti år, i somme ord endå lenger.

berr [*bar*]

Fleire innspel har peika på at *berr* [*bar*] og *berre* [*bare*] bør behandlast likt. Men sjølv om orda heng saman etymologisk sett, er det ikkje opplagt at dei skal normerast likt. Dei

hadde ikkje same status i 1917, jf. ovanfor, og truleg tenkjer dei færraste språkbrukarar på samanhengen når dei bruker orda. Nemnda har likevel valt å behandla dei på same måte, og ta klammeformene ut or norma.

da/då og no [nå] og så [so]

Då, no og *så* er dei formene som er mest i bruk i dag. Å opna for valfridom i desse sentrale småorda kan likevel vera viktig for at den nye norma skal bli godteken av så mange som råd, fordi dei alle er variantar som er mykje i bruk i skrift. Me har elles merka oss at også Ivar Aasen hadde med begge variantar av desse tre sentrale orda.

skole/skule

Grunnen til at nemnda vurderte å ta *skole* ut or rettskrivinga, er at forlaga i stor grad bruker *skole* i skulebøker til elevar som har nynorsk som hovudmål – trass i at nett desse elevane bur i område der *skule* er den vanlege talemålsforma.

Nemnda har likevel kome fram til at *skole* og *skule* bør bli ståande som jamstilte former, fordi også *skole* er ei svært utbreidd talemålsform, fordi forma *skole* står sterkt i nynorsk skriftradisjon, og fordi *skole* er brukt som felles namneform på mange høgskular.

2.1.2 Diftong eller monoftong

Status i dag

Ei rekkje ord har i dag to valfrie hovudformer med monoftong eller diftong, eventuelt ei hovudform med diftong og ei klammeform med monoftong. Døme: *kjøra/køyra, draum [drøm]*.

Orda som er grupperte saman nedanfor, har i mange tilfelle lite til felles med kvarandre, men oppstillinga av ord med same vokalveksling kan vera nyttig innanfor somme grupper.

Framlegg til ny rettskriving

- I ord som i dag har to valfrie former med monoftong eller diftong, blir formene med diftong framfor *-m* og *-st* eineformer. Døme: *flaum, røyst*.
- Også framfor *r* blir formene med diftong som oftast eineformer. Døme: *køyra, øyre. Mør/møyr* og *skjør/skøyr* blir valfrie former.
- Andre ord med diftong får i nokre tilfelle ei valfri form med monoftong (som *jau/jo, lauk/løk*), mens dei i nokre få tilfelle får eineform med monoftong (som *greve* og *bønne*).

Nedanfor følgjer ei liste som viser kva for ord framlegget gjeld.

Dagens rettskriving	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad
ei/e			
<i>greve</i> [greive] m.	[greive]	<i>greve</i> m.	
<i>grevinne</i> [greivinne] f.	[greivinne]	<i>grevinne</i> f.	
<i>leist</i> [lest] m.		<i>leist</i> el. <i>lest</i> m.	
<i>meiska</i> el. <i>meska</i> v.		<i>meiska</i> el. <i>meska</i> v.	
<i>pek</i> [peik] n. (prette)		<i>peik</i> el. <i>pek</i> n. (prette)	
<i>peik</i> [pek] n. (frampeik, ymt, vink)		<i>peik</i> el. <i>pek</i> n. (frampeik, ymt, vink)	
<i>peika</i> [peka] v.	[peka]	<i>peika</i> v.	
<i>sleisk</i> [slesk] adj.		<i>sleisk</i> el. <i>slesk</i> adj.	
<i>treisk</i> [tresk] adj.	[tresk]	<i>treisk</i> adj.	
au/o framfor m			
<i>flaum</i> [flom] m.	[flom]	<i>flaum</i> m.	
<i>flauma</i> [flomma] v.	[flomma]	<i>flauma</i> v.	
<i>fortaum</i> [fortom] m. (del av fiskesnøre)	[fortom]	<i>fortaum</i> m.	
<i>taum</i> [tom] m. (snor)	[tom]	<i>taum</i> m. (snor)	
au/ø framfor m			
<i>draum</i> [drøm] m.	[drøm]	<i>draum</i> m.	
<i>straum</i> [strøm] m.	[strøm]	<i>straum</i> m.	
øy/ø framfor m			
<i>drøyma</i> [drømme] v.	[drømme]	<i>drøyma</i> v.	
<i>fløyma</i> [flømme] v.	[flømme]	<i>fløyma</i> v.	
<i>gløyma</i> [glømme] v.	[glømme]	<i>gløyma</i> v.	
<i>gløymen</i> [glømme] adj.	[glømme]	<i>gløymen</i> adj.	
<i>gløymske</i> [glømske] f.	[glømske]	<i>gløymske</i> f.	
<i>gløymsk(en)</i> [glømsk(en)] adj.	[glømsk(en)]	<i>gløymsk(en)</i> adj.	
<i>gløymsle</i> [glømsle] f.	[glømsle]	<i>gløymsle</i> f.	
<i>gøyma</i> [gjømme] v.	[gjømme]	<i>gøyma</i> v.	
<i>gøymsle</i> [gjømsle] f.	[gjømsle]	<i>gøymsle</i> f.	
<i>strøyma</i> [strømme] v.	[strømme]	<i>strøyma</i> v.	
øy/ø framfor r			
<i>høra</i> el. <i>høyra</i> v.	<i>høra</i>	<i>høyra</i> v.	
<i>kjøra</i> el. <i>køyra</i> v.	<i>kjøra</i>	<i>køyra</i> v.	
<i>mør</i> el. <i>møyr</i> adj.		<i>mør</i> el. <i>møyr</i> adj.	
<i>rør</i> el. <i>røyr</i> f. el. n.	<i>rør</i>	<i>røyr</i> f. el. n.	
<i>skjør</i> el. <i>skøyr</i> adj.		<i>skjør</i> el. <i>skøyr</i> adj.	
<i>ør</i> el. <i>øyr</i> f. (sandbanke)	<i>ør</i>	<i>øyr</i> f. (sandbanke)	
<i>øra</i> el. <i>øyra</i> v. (om elv)	<i>øra</i>	<i>øyra</i> v. (om elv)	

<i>øyra</i> [øra] el. <i>øyre</i> [øre] n. (kroppsdel)	[øra], [øre]	<i>øyra</i> el. <i>øyre</i> n. (kroppsdel)	
au/ø framfor sk			
<i>trausk</i> el. <i>trøsk</i> m. (frosk)	<i>trøsk</i>	<i>trausk</i> m. (frosk)	
<i>trauske</i> el. <i>trøske</i> f. (soppinf.)		<i>trauske</i> el. <i>trøske</i> f. (soppinf.)	
au/ø framfor st			
<i>raust</i> el. <i>røst</i> n. (takrygg)	<i>røst</i>	<i>raust</i> n. (takrygg)	
<i>rausta</i> el. <i>røsta</i> v.	<i>røsta</i>	<i>rausta</i> v.	
øy/ø framfor st			
<i>røyst</i> el. <i>røst</i> f.	<i>røst</i>	<i>røyst</i> f.	
<i>røysta</i> el. <i>røsta</i> v.	<i>røsta</i>	<i>røysta</i> v.	
<i>trøyst</i> el. <i>trøst</i> f.	<i>trøst</i>	<i>trøyst</i> f.	
<i>trøysta</i> el. <i>trøsta</i> v.	<i>trøsta</i>	<i>trøysta</i> v.	
Andre ord med au/o			
<i>au</i> el. <i>òg</i> el. <i>også</i> [ogso] adv.		<i>au</i> adv. <i>òg</i> adv. <i>også</i> el. <i>ogso</i> adv.	Tre oppslag
<i>jau</i> el. <i>jo</i> interj.		<i>jau</i> el. <i>jo</i> interj.	
<i>kong</i> [kaun] m. (svull)	[kaun]	<i>kong</i> m. (svull)	
<i>smau</i> el. <i>smog</i> n.		<i>smau</i> el. <i>smog</i> n.	
<i>rogn</i> f. el. m. [raun m.]		<i>raun</i> m. el. <i>rogn</i> f. el. m.	
<i>tau</i> el. <i>tog</i> n.	<i>tog</i>	<i>tau</i> n.	
<i>trau</i> el. <i>trog</i> n.	<i>trog</i>	<i>trau</i> n.	
Andre ord med au/ø			
<i>bønne</i> el. <i>baune</i> f.	<i>baune</i>	<i>bønne</i> f.	
<i>lauk</i> el. <i>løk</i> m.		<i>lauk</i> el. <i>løk</i> m.	
<i>daud</i> el. <i>død</i> adj.		<i>daud</i> adj. <i>død</i> adj.	To oppslag
<i>daude</i> el. <i>død</i> m.		<i>daude</i> m. <i>død</i> m.	To oppslag
<i>dauv</i> el. <i>døv</i> adj.		<i>dauv</i> el. <i>døv</i> adj.	
<i>laugsta</i> el. <i>løgsta</i> v. (skulda nokon for å lyga)	<i>laugsta</i>	<i>løgsta</i> v. (skulda nokon for å lyga)	
<i>laup</i> el. <i>løp</i> n.		<i>laup</i> el. <i>løp</i> n.	
<i>løpar</i> el. <i>laupar</i> m.		<i>laupar</i> el. <i>løpar</i> m.	
<i>naud</i> el. <i>nød</i> f.		<i>naud</i> el. <i>nød</i> f.	
Andre ord med øy/ø			
<i>døy</i> [dø] v.	[dø]	<i>døy</i> v.	
<i>dødeleg</i> el. <i>døyeleg</i> adj.		<i>dødeleg</i> el. <i>døyeleg</i> adj.	
<i>lønsk</i> el. <i>løynsk</i> adj.	<i>lønsk</i>	<i>løynsk</i> adj.	
<i>strø</i> el. <i>strøy</i> n.		<i>strø</i> el. <i>strøy</i> n.	

<i>strø</i> el. <i>strøya</i> v.		<i>strø</i> el. <i>strøya</i> v.	
<i>trøtt</i> el. <i>trøytt</i> adj.	<i>trøtt</i>	<i>trøytt</i> adj.	
<i>tø</i> el. <i>tøy</i> m.		<i>tø</i> m. el. <i>tøy</i> m.	
<i>tø</i> el. <i>tøya</i> v.		<i>tø</i> v. el. <i>tøya</i> v.	
<i>ty</i> el. <i>tøy</i> n.	<i>ty</i>	<i>tøy</i> n.	

Normhistorikk

Som me ser av oversikta nedanfor, kom formene med monoftong inn i 1917. I 1938 vart dei færre, men dei kom inn att, stort sett som klammeformer, i 1959.

Aasen	1917	1938	1959	1979
<i>peika</i>	<i>peika</i> [peka]	<i>peika</i>	<i>peika</i> [peka]	
<i>Flaum</i>	<i>flaum</i> [flom]	<i>flaum</i>	<i>flaum</i> [flom]	
<i>Draum</i>	<i>draum</i> [drøm]	<i>draum</i>	<i>draum</i> [drøm]	
<i>drøyma</i>	<i>drøyma</i> (<i>drømma</i>)	<i>drøyma</i>	<i>drøyma</i> [<i>drømma</i>]	
<i>køyra</i>	<i>køyra</i> [kjøra]	<i>køyra</i> [kjøra]	<i>køyra</i> el. <i>kjøra</i>	
<i>Ty</i>		<i>ty</i> [tøy]		<i>ty</i> el. <i>tøy</i>

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

I skriftmålet står diftongformene *au* og *øy* sterkt samanlikna med monoftongen *ø*. I 2002-innstillinga står det s. 40: «Med ein del frekvente ord som reknegrundlag viser *Nynorsk frekvensordbok* at diftongen *øy* er brukt i 83 % mot *ø* i 17 % av tilfella i materialet frå 1978 til 1984.»

Av søka i nynorskkorpuset ser det ut til at diftongane i dei fleste ord står endå sterkare enn det som går fram av *Nynorsk frekvensordbok*. Det samsvarar òg med det Wetås (2001a og b) fann i avismaterialet ho granska. Der stod diftongforma *au* sterkt jamført med former med monoftongen *ø*. I dei upubliserte tekstane såg det ut til å vera noko meir monoftongbruk, men materialet var for lite til at ein kan seia det sikkert. I ord som kan ha *øy* eller *ø*, dominerte formene med *øy* både i publiserte og i upubliserte tekstar.

Formene *kjøra* og *trøtt* skil seg ut frå andre ord som kan ha diftong eller monoftong. Lars S. Vikørs gransking (1995b) av ti 1970-talsforfattarar viser at dei monoftongformene som har fått best gjennomslag, er *kjøra* og *trøtt*. Ein grunn til at monoftongformene står sterkare i ord som *kjøra*, *trøst* og *trøtt*, er at desse formene har vore jamstilte med forma med diftong i femti år. *Trøtt* var jamvel hovudform og *trøytt* klammeform frå 1959 til 1981.

Mens formene med monoftong er like i substantivet og i verbet, er det ikkje slik med diftongformene. Ved avleiingar kan mange vera usikre på om det er substantivet eller verbet som ligg til grunn. Særleg er det aktuelt med avleiingar av *draum* og *drøyma*. Det som med monoftong heiter *drømmedag*, heiter med diftong *draumedag* (ein dag som du har ein draum om å få).

Talemålsgrunnlag

Diftongane dominerer i vestlandsk og i midlandsmåla. Elles står monoftongane sterkt i talemåla. Men også her finst det ein del variasjon som er avhengig av konsonanten bak vokalen: Framfor *r* er *øy* monoftongert også på delar av Vestlandet. I austnorsk er det særleg framfor *m* at monoftongeringa er sterk, jf. 2002-innstillinga s. 39.

Ei vanleg konsekvenstenking er at *høra/høyra* og *kjøra/køyra* må gå likt, men fleire målføre har kombinasjonen *høyra/kjøra*.

Vurdering

Ut frå søk i nynorskkorpuset ser det ut til at formene med monoftong framfor *m* er svært lite i bruk i skrift, og at det er lite grunnlag for å ta dei med i ei ny, strammare norm.

I gruppa med monoftong/diftong framfor *r* ser det ut til at monoftongen står litt sterkare enn i dei andre gruppene. *Kjøra* er eit døme på ei form som står ganske sterkt, ved sida av forma med diftong: *køyra*. Det same gjeld *mør* og *skjør*. Nemnda har likevel valt å halda på formene med diftong som eineformer, dersom dei står sterkast i skrift.

Når det gjeld *skjør*, står forma med monoftong klart sterkare enn diftongformene *skøyr*, og nemnda har valt å føra dei opp som jamstilte former. Me har valt å la *mør/møyr* gå på same måten som *skjør/skøyr*.

2.2 Konsonantisme

2.2.1 Enkel eller dobbel konsonant

Status i dag

Ei rekkje ord har i dag to valfrie former med enkel eller dobbel konsonant, eventuelt ei hovudform og ei klammeform med enkel eller dobbel konsonant: *skot/skott*, *rømme* [*rjome*].

I mange av gruppene har orda lite til felles med kvarandre, men oppstillinga av ord med same vokalveksling kan vera nyttig innanfor somme grupper – særleg vekslinga *k/kk*, *m/mm*, *n/nn* og *t/tt*.

Framlegg til ny rettskriving

- Dei fleste ord som i dag har valfridom mellom enkel og dobbel *m*, skal framleis ha denne valfridommen.

- Ord som i dag har hovudform med dobbel *m* og klammeform med enkel, skal i dei fleste tilfelle ha berre forma med dobbel konsonant i den nye rettskrivinga. Døme: *plomme* [*plome*]. Forma [*plome*] går ut.
- Der forma med enkel og forma med dobbel konsonant synest stå like sterkt, blir formene valfrie. Døme: *kjøken* el. *kjøkken*.

Nedanfor følgjer ei liste som viser kva for ord framlegget gjeld.

Dagens rettskriving	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad
d/dd			
<i>bed</i> el. <i>bedd</i> m. (jordlag; oppbygd pall)	<i>bed</i>	<i>bedd</i> m. (jordlag; oppbygd pall)	Jf. <i>bed</i> n. (jordstykke)
<i>nudel</i> el. <i>nuddel</i> m.	<i>nuddel</i>	<i>nudel</i> m.	
g/gg			
<i>gag</i> el. <i>gagg</i> adj. (tilbakebøygd)		<i>gag</i> el. <i>gagg</i> adj. (tilbakebøygd)	
<i>nag</i> el. <i>nagg</i> n. (agg, hat)	<i>nagg</i>	<i>nag</i> n. (agg, hat)	
k/kk			
<i>fok</i> el. <i>fokk</i> n.		<i>fok</i> el. <i>fokk</i> n.	
<i>frak</i> el. <i>frakk</i> adj. (dugande; sterk; helsug)		<i>frak</i> el. <i>frakk</i> adj. (dugande; sterk; helsug)	
<i>gnika</i> el. <i>gnikka</i> v.		<i>gnika</i> el. <i>gnikka</i> v.	
<i>kika</i> el. <i>kikka</i> v.		<i>kika</i> el. <i>kikka</i> v.	
<i>kikert</i> el. <i>kikkert</i> m.		<i>kikert</i> el. <i>kikkert</i> m.	
<i>kjøken</i> el. <i>kjøkken</i> n.		<i>kjøken</i> el. <i>kjøkken</i> n.	
<i>kuk</i> el. <i>kukk</i> m. (kjønnsorgan)		<i>kuk</i> el. <i>kukk</i> m. (kjønnsorgan)	
<i>lek</i> el. <i>lekk</i> m. (lekkasje)		<i>lek</i> el. <i>lekk</i> m. (lekkasje)	
<i>lek</i> el. <i>lekk</i> adj.		<i>lek</i> el. <i>lekk</i> adj.	
<i>lok</i> el. <i>lokk</i> n.		<i>lok</i> el. <i>lokk</i> n.	
<i>møk</i> el. <i>møkk</i> f.		<i>møk</i> el. <i>møkk</i> f.	
<i>røk</i> el. <i>rokk</i> n.		<i>røk</i> el. <i>rokk</i> n.	
<i>slak</i> el. <i>slakk</i> adj.		<i>slak</i> el. <i>slakk</i> adj.	
m/mm			
<i>alderdomleg</i> el. <i>alderdommeleg</i> adj.		<i>alderdomleg</i> el. <i>alderdommeleg</i> adj.	
<i>bramma</i> el. <i>brama</i> v. (sjå godt ut, skryta)	<i>brama</i>	<i>bramma</i> v. (sjå godt ut, skryta)	
<i>brudgom</i> , <i>brudgomen</i> / <i>brudgommen</i> m.		<i>brudgom</i> , <i>brudgomen</i> / <i>brudgommen</i> m.	

<i>-dom, -domen/-dommen</i> suffiks (t.d. <i>ungdom</i>)		<i>-dom, -domen/-dommen</i> suffiks	
<i>-døme</i> el. <i>-dømme</i> suffiks (t.d. <i>herredøm(m)e</i>)		<i>-døme</i> el. <i>-dømme</i> suffiks	
<i>forsøma</i> el. <i>forsømma</i> v.		<i>forsøma</i> el. <i>forsømma</i> v.	Jf. <i>søm(m)a</i> .
<i>fremja</i> el. <i>fremma</i> v.		<i>fremja</i> v. el. <i>fremma</i> v.	
<i>hamar</i> el. <i>hammar</i> m.		<i>hamar</i> el. <i>hammar</i> m.	
<i>homa</i> el. <i>homma</i> v. (få hest til å ryggja)	<i>homa</i>	<i>homma</i> v. (få hest til å ryggja)	
<i>kiming</i> el. <i>kimming</i> f. (synsrand)	<i>kiming</i>	<i>kimming</i> f. (synsrand)	
<i>koma</i> el. <i>komma</i> v.		<i>koma</i> el. <i>komma</i> v.	
<i>lem, lemen/lemmen</i> m. (kroppsdel)		<i>lem, lemen/lemmen</i> m. (kroppsdel)	
<i>lema</i> el. <i>lemma</i> v. (partera)		<i>lema</i> el. <i>lemma</i> v. (partera)	
<i>lom, lomen/lommen</i> m. (fugl)		<i>lom, lomen/lommen</i> m. (fugl)	
<i>medlem, -lemen/-lemmen</i> m.		<i>medlem, -lemen/-lemmen</i> m.	
<i>ramma</i> el. <i>råma</i> v. (råka)	<i>råma</i>	<i>ramma</i> v. (råka)	
<i>søma</i> el. <i>sømma</i> v.		<i>søma</i> el. <i>sømma</i> v.	
mm/[m]			
<i>dom, dommen [domen]</i> m. (rettsavgjerd)		<i>dom, domen/dommen</i> m. (rettsavgjerd)	
<i>dommar [domar]</i> m.		<i>domar</i> el. <i>dommar</i> m.	
<i>dommedag [domedag]</i> m.		<i>domedag</i> el. <i>dommedag</i> m.	
<i>dømma [døma]</i> v.		<i>døma</i> el. <i>dømma</i> v.	
<i>gammal [gamal]</i> adj.		<i>gamal</i> el. <i>gammal</i> adj.	
<i>kram, krammet [kramet]</i> n.	<i>[kramet]</i>	<i>kram, krammet</i> n.	
<i>kram, kramme [krame]</i> adj.	<i>[krame]</i>	<i>kram, kramme</i> adj.	
<i>kummar [kumar]</i> m. (knopp; rakle)	<i>[kumar]</i>	<i>kummar</i> m. (knopp; rakle)	
<i>lam, lamme [lame]</i> adj.	<i>[lame]</i>	<i>lam, lamme</i> adj.	
<i>lamma [lama]</i> v. (gjera lam)	<i>[lama]</i>	<i>lamma</i> v. (gjera lam)	
<i>plomme [plome]</i> f.	<i>[plome]</i>	<i>plomme</i> f.	
<i>ram, ramme [rame]</i> adj. (stram)	<i>[rame]</i>	<i>ram, ramme</i> adj. (stram)	
<i>ramma [rama]</i> v. (vera ram i smaken)	<i>[rama]</i>	<i>ramma</i> v. (vera ram i smaken)	
<i>ramma [råma]</i> v. (setja ramme på)	<i>[råma]</i>	<i>ramma</i> v. (setja ramme på)	
<i>ramme [râme]</i> f.	<i>[râme]</i>	<i>ramme</i> f.	
<i>rom, rommet [romet]</i> n.	<i>[romet]</i>	<i>rom, rommet</i> n.	
<i>romma [roma]</i> v. (ha plass til)	<i>[roma]</i>	<i>romma</i> v. (ha plass til)	
<i>rømme [røma]</i> v. (romma; flykta)	<i>[røma]</i>	<i>rømme</i> v. (romma; flykta)	

<i>rømme</i> [rjome] m.		<i>rømme</i> el. <i>rjome</i> m.	
<i>skum, skummet</i> [skumet] n.	[skumet]	<i>skum, skummet</i> n.	
<i>skumma</i> [skuma] v.	[skuma]	<i>skumma</i> v.	
<i>sommar</i> [sumar] m.		<i>sommar</i> el. <i>sumar</i> m.	
<i>somme</i> [sume] determ.	[sume]	<i>somme</i> determ.	
<i>stam, stamme</i> [stame] adj. (som stammar)	[stame]	<i>stam, stamme</i> adj. (som stammar)	
<i>stamma</i> [stama] v. (stotra)	[stama]	<i>stamma</i> v. (stotra)	
<i>stram, stramme</i> [strame] adj.	[strame]	<i>stram, stramme</i> adj.	
<i>stramma</i> [strama] v.	[strama]	<i>stramma</i> v.	
<i>tam, tamme</i> [tame] adj.	[tame]	<i>tam, tamme</i> adj.	
<i>temja</i> [temma] v.		<i>temja</i> v. <i>temma</i> v.	To oppslag
<i>tom, tomme</i> [tome] adj.	[tome]	<i>tom, tomme</i> adj.	
<i>tømme</i> [tøma] v.	[tøma]	<i>tømme</i> v.	
n/nn			
<i>bøn</i> el. <i>bønn</i> f.		<i>bøn</i> el. <i>bønn</i> f.	
<i>dana</i> el. <i>danna</i> v.	<i>dana</i>	<i>danna</i> v.	
<i>drøn</i> el. <i>drønn</i> n.		<i>drøn</i> el. <i>drønn</i> n.	
<i>døn</i> el. <i>dønn</i> n.		<i>døn</i> el. <i>dønn</i> n.	
<i>lining</i> el. <i>linning</i> f. el. m.	<i>lining</i>	<i>linning</i> f. el. m.	
<i>løn</i> el. <i>lønn</i> f. (betaling)		<i>løn</i> el. <i>lønn</i> f. (betaling)	
<i>løn</i> el. <i>lønn</i> f. el. m. (tre)		<i>løn</i> el. <i>lønn</i> f. el. m. (tre)	
<i>mon</i> el. <i>monn</i> m.		<i>mon</i> el. <i>monn</i> m.	
<i>skjøn</i> el. <i>skjønn</i> n.		<i>skjøn</i> el. <i>skjønn</i> n.	
<i>støn</i> el. <i>stønn</i> n.		<i>støn</i> el. <i>stønn</i> n.	Jf. <i>drønn</i> .
<i>tin</i> m. (hardved)		<i>tenar</i> el. <i>tennar</i> m. (hardved)	Nye former
<i>trin</i> el. <i>trinn</i> n.	<i>trin</i>	<i>trinn</i> n.	
<i>utdana</i> el. <i>utdanna</i> v.	<i>utdana</i>	<i>utdanna</i> v.	
<i>ven</i> el. <i>venn</i> m.		<i>ven</i> el. <i>venn</i> m.	
<i>venja</i> [venna] v.		<i>venja</i> v. <i>venna</i> v.	To oppslag
p/pp			
<i>kopar</i> [koppar] m.	[koppar]	<i>kopar</i> m.	
<i>nupereller</i> el. <i>nuppereller</i> s.fl. (kniplingsarbeid)	<i>nupereller</i>	<i>nupereller</i> s.fl. (kniplingsarbeid)	
<i>pappa</i> el. <i>papa</i> m.	<i>papa</i>	<i>pappa</i> m.	
<i>rap</i> el. <i>rapp</i> m. (plante)	<i>rap</i>	<i>rapp</i> m.	
s/ss			
<i>bos</i> el. <i>boss</i> n.		<i>bos</i> el. <i>boss</i> n.	
<i>bus</i> el. <i>buss</i> m. (garn, not)		<i>bus</i> el. <i>buss</i> m.	
<i>flas</i> el. <i>flass</i> n.		<i>flas</i> el. <i>flass</i> n.	
<i>flasa</i> el. <i>flassa</i> v.		<i>flasa</i> el. <i>flassa</i> v.	

<i>gisen</i> el. <i>gissen</i> adj.		<i>gisen</i> el. <i>gissen</i> adj.	
<i>glisen</i> el. <i>glissen</i> adj.		<i>glisen</i> el. <i>glissen</i> adj.	
<i>grisen</i> el. <i>grissen</i> adj.		<i>grisen</i> el. <i>grissen</i> adj.	
<i>grisgrendt</i> el. <i>grissgrendt</i> adj.		<i>grisgrendt</i> el. <i>grissgrendt</i> adj.	
<i>jås</i> el. <i>jåss</i> n.	<i>jås</i>	<i>jåss</i> n.	
<i>kompas</i> el. <i>kompass</i> m. el. n.	<i>kompas</i>	<i>kompass</i> m. el. n.	
<i>visen</i> el. <i>vissen</i> adj.		<i>visen</i> el. <i>vissen</i> adj.	
t/tt			
<i>brot</i> el. <i>brott</i> n.		<i>brot</i> el. <i>brott</i> n.	
<i>flòt</i> el. <i>fløtt</i> adj. (flytande)		<i>flòt</i> el. <i>fløtt</i> adj.	
<i>gat</i> el. <i>gatt</i> n. (hol, opning)	<i>gat</i>	<i>gatt</i> n.	
<i>kjøt</i> el. <i>kjøtt</i> n.		<i>kjøt</i> el. <i>kjøtt</i> n.	
<i>kott</i> [kot] n.	[kot]	<i>kott</i> n.	
<i>krøter</i> el. <i>krøtter</i> n.		<i>krøter</i> el. <i>krøtter</i> n.	
<i>let</i> el. <i>lett</i> m. (farge)	<i>lett</i>	<i>let</i> m. (farge)	
<i>lut</i> el. <i>lott</i> m.		<i>lut</i> m. <i>lott</i> m.	To oppslag
<i>nett</i> [net] n.	[net]	<i>nett</i> n.	
<i>nøtt</i> [nòt] f., [nate-]	[nòt], [nate-]	<i>nøtt</i> f., <i>nøtte-</i>	
<i>set</i> [sett] n. (det å setja, noko som er sett; i eitt s.)		<i>set</i> el. <i>sett</i> n. (det å setja, noko som er sett; i eitt s.)	
<i>setja</i> el. <i>setta</i> , <i>set</i> [sett] v.	[sett]	<i>setja</i> el. <i>setta</i> , <i>set</i> v.	
<i>sitja</i> el. <i>sitta</i> , <i>sit</i> [sitt], <i>sat</i> [satt] v.	[sitt, satt]	<i>sitja</i> el. <i>sitta</i> , <i>sit</i> , <i>sat</i> v.	
<i>skit</i> el. <i>skitt</i> m.		<i>skit</i> el. <i>skitt</i> m.	
<i>skiten</i> el. <i>skitten</i> adj.		<i>skiten</i> el. <i>skitten</i> adj.	
<i>skot</i> el. <i>skott</i> n.		<i>skot</i> el. <i>skott</i> n.	
<i>skott</i> el. <i>skut</i> m. (rom i båt)		<i>skott</i> el. <i>skut</i> m. (rom i båt)	
<i>spygat</i> el. <i>spygatt</i> n. (opning i skipssida for overvatn)	<i>spygat</i>	<i>spygatt</i> n. (opning i skipssida for overvatn)	
<i>utbyte</i> el. <i>utbytte</i> n.		<i>utbyte</i> el. <i>utbytte</i> n.	
<i>vit</i> el. <i>vett</i> n.		<i>vit</i> el. <i>vett</i> n.	
<i>vita</i> el. <i>veta</i> v.		<i>vita</i> el. <i>veta</i> v.	
<i>vitug</i> el. <i>vettug</i> , <i>vitig</i> el. <i>vettig</i> adj.		<i>vitug</i> el. <i>vettug</i> , <i>vitig</i> el. <i>vettig</i> adj.	

Normhistorikk

I landsmålet råde stort sett enkel konsonant fram til 1917; då kom dobbel konsonant inn i ein del ord. Enkel *m* var hovudform og dobbel *m* «valfri form», seinare klammeform, fram til 1959. Då vart det i mange tilfelle motsett. Oversikta nedanfor gir eit bilete av endringane:

Aasen	1901	1917	1938	1959	Ca. 1980
<i>Kjøken</i>		<i>kjøken [kjøkken]</i>	<i>kjøken</i> el. <i>kjøkken</i>		
<i>Domen</i>		<i>domen</i> <i>[dommen]</i>	<i>domen</i> <i>[dommen]</i>	<i>dommen [domen]</i>	
<i>Ungdomen</i>		<i>ungdomen</i>	<i>ungdomen</i>	<i>ungdomen</i> el. <i>ungdommen</i>	
<i>drøyma</i>		<i>drøyma</i> <i>[drømme]</i>	<i>drøyma</i>	<i>drøyma [drømme]</i>	
<i>døma</i>			<i>døma [dømme]</i>	<i>dømme [døma]</i>	
<i>skyna</i>			<i>skjøna</i>		<i>skjøna</i> el. <i>skjønna</i>
<i>Vin</i>	<i>ven</i>	<i>ven</i> el. <i>venn</i>	<i>ven [venn]</i>	<i>ven</i> el. <i>venn</i>	
<i>visen</i>			<i>visen</i>	<i>visen</i> el. <i>vissen</i>	
<i>Skot</i>		<i>skot</i> el. <i>skott</i>	<i>skot [skott]</i>	<i>skot</i> el. <i>skott</i>	
<i>Net</i>			<i>net</i> el. <i>nett</i>	<i>nett [net]</i>	

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Forfattarar frå 1970-åra brukte hovudformene med dobbel *m*, viser Vikørs (1995b) undersøking, bortsett frå ved *koma*. Halvparten hadde valt den forma, som var jamstilt med *komma* etter 1959. Men i lokalavisene Wetås (2001a) undersøkte, var det dobbelt så mange førekomstar av [*gamal*] som av *gammal*.

Søk i nynorskkorpuset viser at både enkel og dobbel *m* står ganske sterkt. Det er ein klar dominans av dobbel *m* i suffikset *-døme/-dømme*. Søk på suffikset *-dom* i bunden form, dvs. *-domen/-dommen*, viser at det er om lag like mykje av kvar form.

Når det gjeld enkel og dobbel *n*, varierer det meir. Der står forma med enkel *n* stundom sterkare, eller dei to formene er nokså jamsterke.

I dei andre konsonantgruppene er det for nokre ord forma med enkel konsonant som er rådande, t.d. *brot*, *skot*, *kopar*, mens det for andre er forma med dobbel konsonant, t.d. *nett*, *nøtt*, *møkk*, *pappa*. Ein ting er klart: Det let seg ikkje gjera å laga ein allmenn regel om bruk av enkel eller dobbel konsonant for orda ovanfor.

Talemålsgrunnlag

Når det gjeld *m/mm*, er dialektgrunnlaget klart sterkast for skrivemåtar med *mm*, men *m* har òg eit bra grunnlag.

Ordgruppene *k/kk*, *n/nn* og *t/tt* høyrer med til ei gruppe einstavingsord som hadde kort staving i stammen, dvs. at både vokalen og konsonanten bak var korte. Hovudmønsteret for utviklinga i desse orda er at vestlandsk og midlandsk (utanom Gudbrandsdalen) har forlenget vokalen, mens resten av landet har fått forlenget konsonanten.

Vurdering

m/mm

Gjennomgåande er det formene med dobbel *m* som er mest i bruk i skrift. Eit viktig unntak er det frekvente verbet *koma*, der forma med enkel *m* er den klart mest brukte.

Når det gjeld orda der *m* og *mm* har vore valfrie til no, er det etter nemnda sitt syn klokt å halda på valfridommen i dei orda som er frekvente. I mindre frekvente ord bør det halda med ei form (jf. prinsipp 4 i pkt. 1.6.1).

n/nn

Nemnda har fått innspel på at ho bør behalda substantiva *drøn*, *døn* og *støn* dersom verba *drynja*, *dynja* og *stynja* blir ståande i rettskrivinga. Formene med *-ynj-* hadde eigentleg avleiingane *dryn*, *dyn* og *styn*, med open *y*. Desse vart seinare normerte til \emptyset : *drøn*, *døn* og *støn*. Tilsvarande bør ein sjå *drønn*, *dønn* og *stønn* som avleidde av *drønna*, *dønna*, *stønna*.

Det synest elles fornuftig å behalda valfridommen i ordpar der begge former står sterkt, til dømes *bøn/bønn*, *ven/venn*.

Andre konsonantar

Utbreiinga for både enkel og dobbel konsonant er så stor i både tale og skrift at det er rimeleg å halda på valfridommen. Å gå berre etter frekvensen i skrift ville ikkje ha gitt noko mønster som var til hjelp i dette tilfellet. Dersom ein held oppe valfridommen i heile gruppene, kan flest mogleg orientera seg ut frå talemålet sitt.

Nemnda har likevel ikkje funne grunn til å halda oppe former dersom det ikkje har vore mogleg å dokumentera at dei har vore i skriftleg bruk i prenta tekst.

2.2.2 Annan konsonantvariasjon

Status i dag

Saka gjeld ei rekkje ord som i dag har to valfrie former med ulike konsonantar, eventuelt ulike konsonantgrupper eller ei form med og ei form utan konsonant.

Framlegg til ny rettskriving

- Ord som i dag har to valfrie former med ulike konsonantar, blir ståande med to valfrie former dersom begge er vanlege i bruk. Døme: *trua* el. *truga*.
- Former som er lite brukte, kan takast ut av rettskrivinga. Døme: *speida* el. *speia*. Forma *speia* går ut.

Dagens rettskriving	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad
d/0			
<i>mo</i> el. <i>mod</i> adj. (trøytt)		<i>mo</i> el. <i>mod</i> adj. (trøytt)	
<i>speia</i> el. <i>speida</i> v.	<i>speia</i>	<i>speida</i> v.	
<i>speiar</i> el. <i>speidar</i> m.	<i>speiar</i>	<i>speidar</i> m.	
<i>skar</i> el. <i>skard</i> n. (fjell-, glas-)		<i>skar</i> el. <i>skard</i> n. (fjell-, glas-)	
<i>skur</i> el. <i>skurd</i> m. (det å skjera; skurdonn; trelast) <i>skurd</i> m. (treskurd)		<i>skur</i> el. <i>skurd</i> m. (det å skjera; skurdonn; trelast; treskurd)	<i>treskurd</i> har vore eineform.
<i>strid</i> f. (hardt strev)	<i>strid</i>	<i>stri</i> f. (hardt strev)	Ny form; jf. <i>strid</i> m.
<i>strid</i> [<i>stri</i>] adj.		<i>stri</i> el. <i>strid</i> adj.	
<i>trøde</i> f. (pedal)		<i>trøde</i> el. <i>trøe</i> f. (pedal)	Ny form inn
<i>trøde</i> n. (kve)		<i>trøde</i> el. <i>trøe</i> n. (kve)	
<i>vri</i> el. <i>vrid</i> m.	<i>vrid</i>	<i>vri</i> m.	
<i>vriar</i> el. <i>vridar</i> m.	<i>vriar</i>	<i>vridar</i> m.	
<i>vrien</i> el. <i>vriden</i> adj. (vrang)	<i>vriden</i>	<i>vrien</i> adj. (vrang)	
d/t			
<i>flid</i> el. <i>flit</i> m.	<i>flit</i>	<i>flid</i> m.	
<i>mod</i> el. <i>mot</i> n.	<i>mod</i>	<i>mot</i> n.	
<i>moda</i> el. <i>mota</i> v.	<i>moda</i>	<i>mota</i> v.	
<i>radt</i> [<i>ratt</i>] adv.	[<i>ratt</i>]	<i>radt</i> adv.	
<i>sludd</i> el. <i>slut</i> n.	<i>slut</i>	<i>sludd</i> n.	
<i>tidt</i> el. <i>titt</i> adv.		<i>tidt</i> el. <i>titt</i> adv.	
g/0			
<i>blei</i> el. <i>bleig</i> m. (hoven person)	<i>blei</i>	<i>bleig</i> m. (hoven person)	
<i>blei</i> el. <i>bleig</i> m. (kile)	<i>blei</i>	<i>bleig</i> m. (kile)	
<i>bøying</i> el. <i>bøygning</i> f.	<i>bøygning</i>	<i>bøying</i> f.	
<i>drya</i> el. <i>dryga</i> v.	<i>drya</i>	<i>dryga</i> v.	
<i>stig</i> [<i>sti</i>] m. (skog-)		<i>sti</i> el. <i>stig</i> m. (skog-)	
<i>trua</i> el. <i>truga</i> v.		<i>trua</i> el. <i>truga</i> v.	
<i>trugsel</i> el. <i>trussel</i> m.		<i>trugsel</i> el. <i>trussel</i> m.	
sl/tl			
<i>esla</i> el. <i>etla</i> v.		<i>esla</i> el. <i>etla</i> v.	
<i>fasle</i> el. <i>fatle</i> n.		<i>fasle</i> el. <i>fatle</i> n.	
<i>fesl</i> el. <i>fetl</i> n. (bandasje)		<i>fesl</i> el. <i>fetl</i> n. (bandasje)	
<i>firfisle</i> el. <i>firføsle</i> el. <i>firføtle</i> f.	<i>firføsle, firføtle</i>	<i>firfisle</i> f.	
<i>kislen</i> el. <i>kitlen</i> adj.	<i>kislen</i>	<i>kitlen</i> adj.	
<i>krisla</i> el. <i>kritla</i> v.		<i>krisla</i> el. <i>kritla</i> v.	
<i>lisle</i> el. <i>litle</i> adj.	<i>lisle</i>	<i>litle</i> adj.	

<i>pusla</i> el. <i>putla</i> v.		<i>pusla</i> el. <i>putla</i> v.	
<i>puslete</i> el. <i>putlete</i> adj.		<i>puslete</i> el. <i>putlete</i> adj.	
<i>rasla</i> el. <i>ratla</i> v.	<i>ratla</i>	<i>rasla</i> v.	
<i>skrasla</i> el. <i>skratla</i> v.		<i>skrasla</i> el. <i>skratla</i> v.	
<i>skusla</i> el. <i>skutla</i> v.	<i>skutla</i>	<i>skusla</i> v.	
<i>susla</i> el. <i>sutla</i> v.		<i>susla</i> el. <i>sutla</i> v.	
<i>tasla</i> el. <i>tatla</i> v.		<i>tasla</i> v. el. <i>tatla</i> v.	
<i>tusla</i> el. <i>tutla</i> v.		<i>tusla</i> v. <i>tutla</i> v.	To oppslag
v/0			
<i>hue</i> el. <i>huve</i> el. <i>lue</i> el. <i>luve</i> f.		<i>hue</i> el. <i>huve</i> f. <i>lue</i> el. <i>luve</i> f.	To oppslag
<i>skru</i> el. <i>skrua</i> el. <i>skruva</i> v.	<i>skruva</i>	<i>skru</i> el. <i>skrua</i> v.	
<i>skrue</i> el. <i>skruve</i> m.	<i>skruve</i>	<i>skrue</i> m.	
<i>tue</i> el. <i>tuve</i> f.		<i>tue</i> el. <i>tuve</i> f.	

Normhistorikk

Felles for orda ovanfor er at dei har hatt to jamstilte former iallfall dei siste 50 åra – ei tradisjonell form og ei form som anten er ei tilnæringsform, eller som er prega av talemålsvariasjon. Eit par trekk kan me peika på her:

- Aasen tok i stor grad med stumme konsonantar for å visa etymologien til orda, t.d. *Mod*, *bøygja* og *Bøygning*.
- Aasen skreiv *Fatl* og *fatla*, men hadde til dels med former med både *tl* og *sl*: *Hasl* og *Hatl*, *pusla* og *putla*.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Både bokmål og nynorsk har mange «stumme konsonantar», dvs. konsonantar som ikkje blir uttala – til dømes *d* og *t* i utlyd (*stod*, *det*). Slike stumme konsonantar vart tekne med i rettskrivinga for å visa etymologien til ordet, og eldre nynorsk hadde endå fleire stumme konsonantar enn dagens nynorsk.

Dei stumme konsonantane har utvikla seg ulikt: Nokre av dei kjennest i dag framande fordi me sjeldan ser dei i skrift, og fordi me er påverka av skriftbiletet i bokmål. Det gjeld til dømes den stumme *d*-en i *mod* i tydinga 'huglag', der dei fleste i dag vil velja forma *mot*. Andre stumme konsonantar blir i dag uttala, truleg etter påverknad frå skriftbiletet, og då skriv ein dei gjerne òg. Det gjeld til dømes *speida* og *speidar*, som i eldre nynorsk vart skrivne utan *d*, men som har vore skrivne med *d* i bokmål heile tida.

Formene ovanfor med stum *g* er dei tradisjonelle, mens dei fleste skribentar i dag sløyfar *g*-en.

I eldre nynorsk var *tl* vanleg skrivemåte i ord som *fatle*, mens forma *sl* er den vanlegaste i dag, sjølv om dei i mange tilfelle er jamstilte. I nokre tilfelle har formene fått litt ulik tyding, jf. under talemålsgrunnlag.

Talemålsgrunnlag

Den tradisjonelle uttalen i vestnorsk har vore *tl*: /fatle/, mens austnorsk har hatt *sl*: /fasle/. Uttalen med *sl* er i ferd med å spreia seg, etter mønster frå skriftmål og bymål. I dialektar der forma med *tl* er den vanlege, har forma med *sl* stundom kome inn med ei litt anna tyding. Eit døme på det er *tusla* (tassa) og *tutla* (vasa).

Vurdering

Fleire av formene det her er tale om, synest alderdommelege i dag. Det gjeld til dømes *speiar*, *flit* (og *husflit*) og *slut* (nedbør).

Når det gjeld dei nemnde orda med stum konsonant som blir skriven, varierer det frå ord til ord om det er forma med eller utan konsonant som blir brukt. Nemnda har vurdert bruken ut frå nynorskkorpuset.

Dei fleste formene med *sl* og *tl* har god utbreiing, men formene med *sl* er dei vanlegaste i dag. Det er rimeleg å ta bort former som er lite brukte, som *firføsle* og *firføtle*, men la to former stå der det er tvil om kva for form som står sterkast.

2.3 Former med og utan j etter g og k

2.3.1 Verb og svake hokjønnsord med stammeutgang på g eller k

Status i dag

Verb og svake hokjønnsord med stammeutgang på *g* eller *k* har i dag forma med *j* som hovudform og forma utan *j* som klammeform. Det gjeld desse verba og substantiva:

Verb:

bleggja, blengja, brengja, bryggja, byggja, deggja, dengja, dyngja, eggja, fengja, flengja, glyggja, hengja, hyggja, klengja, klyngja, kneggja, krenngja, kyngja, leggja, lengja, liggja, mengja, nyggja, ringja, ryggja, sengja, skjeggja, skyggja, sleggja, slengja, slyngja, sprengja, stengja, strengja, styggja, svengja, trengja, tryggja, tyggja, tyngja, (v)rengja, yngja

benkja, bleikja, blekkja, blenkja, brikja, bøkja, bøykja, dekkja, eikja, enkja, flekkja, flikja, føykja, hykja, kikja, klekkja, klykkja, kløkkja, knekkja, krenkja, krøkja, kveikja,

kvekkja, lekkja, lenkja, likjast, mykja, møykja, nykkja, rekkja, rikja, rykkja, røykja, skjekkja, skjenkja, skrykkja, skrækja, sleikja, slikja, sløkkja, smeikja, snikja, spekja, sprekkja, sprikja, spækja, spøkja, steikja, stekcja, strekkja, stykkja, støkkja, svekkja, søkja, søkkja, tekkja, tenkja, trekkja, trykkja, tykkja, veikja, vekkja, vikja

Svake hokjønnsord:

brenge, bryggje, dengje, fengje, flengje, hengje, hyggje, klengje, klyngje, lengje, ringje, slengje, slengje, slyngje, vengje, tyggje, (v)rengje

drykkje, enkje, krykkje (stav), lykkje, rekkje, skjøkje, skrikje, sløkje

I dei fleste av desse tilfella er forma utan *-j*- klammeform, men i nokre få tilfelle er det tale om jamstilte hovudformer, som t.d. i: *enkja/enka* v. (jamra), *ryggja/rygga* v.

Bikkje og *krykkje* i tydinga 'fugleart' er eineformer.

Framlegg til ny rettskriving:

Det skal vera valfridom mellom skrivemåtane *gj* og *kj* på den eine sida og *g* og *k* på den andre sida, i ord som i dag har former med *gj* eller *kj* som hovudform, og former utan *j* som klammeform.

Døme: *bygga/byggja, tenka/tenkja*
brygge/bryggje, rekke/rekkje

Normhistorikk

Skrivemåte med eller utan *j* etter *g* og *k* framfor endingsvokal har alltid vore eit vanskeleg spørsmål i nynorsk. Aasen vakla sjølv noko i skrivemåten av palatale lydar, og normeringa har variert, utan at det ligg noko klart mønster til grunn.

Orda som fekk *gj* eller *kj* hjå Aasen, var ord som i norrønt hadde *-a* etter *g* eller *k*. Aasen peika på at visse vokalar har den verknaden på førestilt *g* eller *k* at dei blir uttala *gj* eller *kj*. Desse vokalanane er *æ*, *e*, *i*, *ei*, *ø*, *y* og *øy*. Denne uttalen er gjennomført i framlyd, anten me skriv han eller ikkje: *kjær, kjenna, kinn, kjøra, køyra*. I utlyd er det annleis. Aasen skriv i *Norsk Grammatik*:

I en Endestavelse med 'e' er derimot Udtalen noget forskjellig; imidlertid have dog de bedste Bygdemaal ogsaa her for en stor Deel 'kj' og 'gj', f. Ex. Rike (udt. Rikje), Merke (Mærkje), Lykel (Lykjil), Læge (el. Lægje), Tygel (Tygjil). Med Hensyn til Skrivemaaden kunde dette 'j' kaldes et uvæsentligt j i Modsætning til det væsentlige j forved a og o, som nemlig ikke kan udelades i Skrivningen. (S. 27)

Aasen var oppteken av at den palatale uttalen skulle halda seg, og skreiv *g* og *k* framfor trykklett *-e* på ulikt vis. Når endestavinga var *-a*, som i *bryggja* og *tenkja*, var det derimot nødvendig å ha med *j* etter *k* og *g*, for å markera palatal uttale.

I 1917 vart det gjennomført ein meir konsekvent skrivemåte utan *j* i inkjekjønnsord på *-e* (*Ynskje* > *Ynske*), adjektiv på *-en* (*brikjen* > *briken*) og vidare i fleirtal av hankjønnsord (typen *sekker*, *vegger*, *venger*). Men framfor *-a* i bestemt form fleirtal av inkjekjønnsord kunne ein skriva *j*, slik at ein kunne få bøyginga *merke/merkja*. (2002-innstillinga s. 49)

Frå 1938 kunne ein skriva *-gg-* som klammeform, men *j-en* kunne ikkje takast bort etter *k*. Derfor kunne ein skriva *byggja* eller *bygga*, mens *tenkja* var eineform.

Substantiv som i ein del dialektar har skifte mellom palatal og ikkje-palatal uttale, som f.eks. *vegg* – *veggjer*, har ikkje vorte skrivne med *j* etter 1917. Dette er ordformer som i norrønt hadde endingsvokalen *-i* etter *g* eller *k*.

I verb blir *j-en* frå infinitiv teken med både i presens, framfor avleiingar med *-ar*, *-ende*, *-ande* og framfor bindevokalen *-e-*: *syngjande*, *tenkjeboks*. Framfor suffikset *-ing* fell derimot *j-en* bort, jf. punkt 2.3.2.

Den historiske utviklinga kan framstillast slik:

Aasen	1901	1917	1938	1959
<i>snik(j)en</i> adj.		<i>sniken</i>		
<i>Veggjer</i>		<i>vegger</i>		
<i>Yrk(j)e</i>		<i>yrke</i>		
<i>Fylgje</i> n.		<i>fylge</i>	<i>fylgje</i> [følgje]	<i>følgje</i> [fylgje]
<i>Bryggja</i> f.			<i>bryggje</i> [brygge]	
<i>byggja</i>			<i>byggja</i> [bygga]	
<i>byggjer</i>			<i>byggjer</i> [bygger]	
<i>Byggjing</i>			<i>bygging</i>	
<i>lege</i> pts.				

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

I dag er det tradisjon for å skriva *j* etter *g* og *k* framfor endestaving berre i verb og svake hokjønnsord. Men i eldre tider vart *j-en* til dels brukt også i andre ordklassar framfor trykklett *-e*.

Lars S. Vikør (1995b) har undersøkt korleis forfattarar skreiv den palatale lyden framfor trykklett ending. Blant forfattarane frå 1930-åra fann han at om lag halvparten skreiv med *gj* og *kj*, og halvparten utan. Det er interessant at så mange kutta ut *j-en* alt då, sidan han var obligatorisk i rettskrivinga fram til 1938.

I 1950-åra brukte fem av ni forfattarar *j-formene*, ein sløyfa *j-en*, og dei tre andre var inkonsekvante. I 1970-åra er det ei klar todeling mellom dei som bruker *j-en*, og dei som ikkje gjer det.

Wetås undersøkte former med eller utan *j* i lokalaviser på oppdrag frå Sandøy-nemnda, og ho fann at *leggja* og *byggja* skilde seg ut frå andre verb:

For dei fleste av verba står hovudformene med *j* sterkare enn klammeformene utan. Men dette ser ikkje ut til å gjelda tilhøvet mellom hovudformene *leggja/-e* (74 treff) og *byggja/-e* (75 treff), og dei tilhøyrande klammeformene [*legge*] (54 treff) og [*bygge*] (75 treff). Her må det kommenterast både at frekvensen av klammeformene er overraskande høg, og at det berre er klammeformene med *-e* dette gjeld. For desse søka er det også viktig å peika på at fordelinga i bruken av hovudformer og klammeformer er mykje jamnare enn fordelinga mellom hovud- og klammeformer innanfor andre kategoriar. (2001a:8)

Søk på desse to orda i nynorskkorpuset gir desse resultatata:

leggja/leggje 970
legga 950, *legge* 330 (til saman 1280)

byggja/byggje 950
bygga 140, *bygge* 750 (til saman 890)

Talemålsgrunnlag

Palatal uttale har vore vanleg over heile Vestlandet, på indre Agder og Telemark, i fjellbygdene på Austlandet, og i Trøndelag og Nord-Noreg. I bymåla er det lite palatal uttale.

Det varierer mykje kva for lyd- og ordgrupper som har palatal uttale. Uttalen *bikkje* er einerådande, og *ikkje* er vanleg mange stader der dei elles har lite palatal uttale framfor trykklett *-e* i utlyd. Ord med konsonantsambanda *lg* og *rg* held betre på den palatale uttalen enn dei fleste andre samband (*bølgje*, *følgje*, *svelgje* og *sørgje*).

Palatal uttale blir stadig mindre vanleg i talemåla. 2002-innstillinga forklarar denne utviklinga slik:

Gjennom 1900-talet har bruken av palatallyd framfor endingsvokal minka svært mykje, og ei årsak har truleg vore at eit skifte mellom palatal og ikkje-palatal uttale i same ordet gjev ein meir innvikla grammatikk som er vanskeleg å halda oppe i lite stabile samfunn. Det viser seg i tendensar til å halda på palataluttale lenger i ordgrupper som har denne uttalen i alle eller fleire bøyingsformer (*bryggje*-typen), enn i ordgrupper med palatal i berre éi bøyingsform (f.eks. *marka*). (S. 51)

Vurdering

Fleire søk i verb som kan ha *j* etter *k* og *g* framfor endestaving, kunne sikkert gi interessante resultat, men me kan iallfall slå fast at formene utan *j* står minst like sterkt som formene med *j*, og at dei truleg står sterkare i enkelte verb enn i andre. Dei *j*-lause formene ser ut til å vera dei som aukar i bruk i skrift.

Nemnda meiner det er rimeleg å halda fast ved prinsippet om at dei verba og substantiva som i dag kan ha valfri *j* etter *k* og *g* framfor endestaving, framleis skal ha det.

Det har vore stilt spørsmål ved om ein konsekvent må bruka former med *j*, ev. former utan, eller om ein kan blanda dei to mønstera. Nemnda meiner at ein ikkje kan stilla krav om gjennomført bruk av *j* i desse ordgruppene i ein tekst, ev. det motsette, men at språkbrukarane må kunna blanda dei to mønstera. Det må likevel kunna stillast krav om at dei er konsekvente innanfor eitt og same ord. Det inneber at ein må skriva *byggjer* viss ein har skriva *byggja*, men at ein i same tekst kan skriva *tenka – tenker* og *byggja – byggjer*.

2.3.2 Verbalsubstantiv med stammeutgang på *g* eller *k*

Status i dag

Når ein dannar verbalsubstantiv av verb med palatal skrivemåte *-gja* eller *-kja*, fell *j* bort framfor *-ing*, etter regelen om at *j* fell bort framfor *i* og *y*, og at *g* eller *k* framfor *i* kan uttalast palatalt. Døme: *legging*, *tenking*.

Framlegg til ny rettskriving

Verbalsubstantiv på *-ing* som er avleidde av stammar som endar på *g* eller *k* (t.d. *bygging*, *tenking*), skal framleis skrivast utan *j* framfor *-ing*.

Normhistorikk

Aasen skreiv *j* framfor *-ing* i verbalsubstantiv der stammen enda på *g* eller *k*, jf. oversikta i punkt 2.3.1.

Ny rettskriving 1938 gjennomførte som eineform *j*-bortfall føre *-ing*. Samtidig vart skrivemåten *-gg-* teken inn som klammeform, t.d. *bryggje [brygge]*. Etter *k* kunne ein likevel ikkje ta bort *j*-en. Dermed kunne ein skriva *bygga*, men måtte skriva *tenkja*. I verbalsubstantivet var *j*-en borte i både *bygging* og *tenking*. Verbalsubstantiv har sidan vore skrivne utan *j*.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Dei fleste rettar seg etter norma og skriv verbalsubstantiv med palatal uttale utan *j*. Men det er ikkje vanskeleg å finna døme på former med *j*, til dømes *tenkjing*.

Talemålsgrunnlag

Sjå punkt 2.3.1.

Vurdering

Mange har palatal uttale av verbalsubstantiv med stamme som endar på *g* eller *k*, og frå nynorskbrukarane har det kome fleire innspel om at me bør ta inn att *j*-en framfor *-ing*. Nemnda ønskjer likevel ikkje å gjera det, av to grunnar: For det fyrste har formene utan *j* vore gjeldande rettskriving i over sytti år og er godt innarbeidde. For det andre er palatal uttale på vikande front både i verb og verbalsubstantiv som har hatt det, og likeins palatal skrivemåte av verbet.

2.3.3 Ord med obligatorisk *j* etter *g* og *k*

Status i dag

J er obligatorisk i visse lydsamband: *lgj*, *rgj* og vokal + *gj* framfor endestavinga, og i verb med *skj*:

bølgja [bylgja], *elgja*, *følgja* [fylgja], *læggja*, *svelggja*, *sørgja* [syrgja], *telgja*,
ynskja/ønskja

Desse svake hokjønnsorda har berre *j*:

bikkje, *bølgje* [bylgje], *dørgje*, *følgje* [fylgje], *krykkje* (fugl), *kyrkje*, *tægje*, *øskje*

Inkjekjønnsord som kan ha palatal uttale, skal skrivast utan *j*, bortsett frå: *følgje* [fylgje] og *læggje*.

Framlegg til ny rettskriving

- Skrivemåten med eller utan *j* blir valfri i nokre ord som tidlegare har hatt obligatorisk *j* etter *lg* og *rg*. Døme: *følgja*/*følga*, *sørgja*/*sørga*.
- Nokre tradisjonelle former skal framleis ha obligatorisk *j*: *fylgja*, *syrgja*, *læggje*, *tægje*.
- Verbet *ynskja*/*ønskja* får valfri skrivemåte med eller utan *j*: å *ynska* el. *ynskja* el. *ønska* el. *ønskja*.
- Substantivet *ynske*/*ønske* skal framleis skrivast utan *j*.

Oversikta nedanfor viser kva for ord framlegget omfattar.

Dagens rettskriving	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad
[bylgja] v. (om <i>y/ø</i> sjå pkt. 2.1.1)		<i>bylgja</i> v.	
[bylgje] f. (om <i>y/ø</i> sjå pkt. 2.1.1)		<i>bylgje</i> f.	

<i>bølgja</i> v.		<i>bølgja</i> el. <i>bølga</i> v.	Ny form inn
<i>bølgje</i> f.		<i>bølgje</i> el. <i>bølge</i> f.	Ny form inn
<i>elgja</i> v. (bli kvalm; gjera kvalm)		<i>elgja</i> el. <i>elga</i> v. (bli kvalm; gjera kvalm)	Ny form inn
[<i>fylgja</i>] v.		<i>fylgja</i> v.	
[<i>fylgje</i>] f.		<i>fylgje</i> f.	
<i>fylgje</i> n.		<i>fylgje</i> n.	
<i>følgja</i> v.		<i>følgja</i> el. <i>følga</i> v.	Ny form inn
<i>følgje</i> f.		<i>følgje</i> el. <i>følge</i> f.	Ny form inn
<i>følgje</i> n.		<i>følgje</i> el. <i>følge</i> n.	Ny form inn
<i>lægja</i> v. (gjera lågare)		<i>lægja</i> v. (gjera lågare)	
<i>lægje</i> n. (leie)		<i>lægje</i> n. (leie)	
<i>svelgja</i> v.		<i>svelgja</i> el. <i>svelga</i> v.	Ny form inn
<i>sørgja</i> v.		<i>sørgja</i> el. <i>sørga</i> v.	Ny form inn
<i>telgja</i> v.		<i>telgja</i> el. <i>telga</i> v.	Ny form inn
<i>tægje</i> f. (teie, fletta korg)		<i>tægje</i> f. (teie, fletta korg)	
<i>ynske</i> el. <i>ønske</i> n.		<i>ynske</i> el. <i>ønske</i> n.	
<i>ynskja</i> el. <i>ønskja</i> v.		<i>ynskja</i> el. <i>ynska</i> el. <i>ønskja</i> el. <i>ønska</i> v.	Nye former inn

Normhistorikk

Skrivemåten med *j* har heile tida stått fast i visse lydsamband. I *-lgj-*, *-rgj-* og vokal + *gj* kan *j* såleis ikkje sløyfast (*følgja*, *sørgja*, *lægje*), og for verb gjeld det òg *-skj-* (*ønskja*). Om *lægje* n. skriv Aasen rett nok i Norsk Ordbog: «Kunde maaskee skrives Læge.»

Substantivet *ynske* har vore meir i endring:

Aasen	1901	1917	1938	1959
<i>Ynskje</i> n.		<i>ynske</i>		<i>ynske</i> el. <i>ønske</i>

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Etter hovudregelen skulle den palatale lyden ikkje skrivast framfor trykklett *-e*, men framfor *-a* måtte han vera med for å visa palatal uttale. *Eit ønske* og *å ønskja* følgjer såleis den tradisjonelle regelen, som ikkje fungerer som regel lenger, fordi svake hokjønnsord og infinitiv oftast blir skrivne med *-e*. Av den grunn er det heller ikkje lett for folk flest å skjønna kvifor det heiter *eit ønske*, men *å ønskje* (ev. *å ønskja*).

Eit søk på substantivet *ønske/ynske* i nynorskkorpset viser at *ønske* er brukt om lag tre gonger så mykje som *ønskje*, som òg er svært vanleg. Forma *ynskje* er brukt mykje meir enn *ynske*.

Stykke og *merke* er òg ord som ofte blir skrivne med *j*. Eit søk gir i nynorskkorpuset gir mange treff.

Talemålsgrunnlag

Ord med konsonantsambanda *lg* og *rg* held betre på den palatale uttalen enn dei fleste andre samband (*bølgje, følgje, svelgje og sørgje*). I austlandske målføre er den uttalen vanleg også når ordet ikkje endar på vokal: *elg* > /ælj/ og *arg* > /arj/.

Vurdering

Med dette framlegget innfører me ein del nye dobbelformer. Pedagogisk er det truleg ein fordel, fordi mange nynorskbrukarar går ut frå at *j*-en er valfri i alle ord med palatal uttale. Det kan verka kunstig å ha ulik skrivemåte av til dømes *fylgja* og *følgja/følga*, men dei som vel den tradisjonelle forma *fylgja*, vel truleg uansett å markera palatal uttale gjennom å skriva *-lgj-*. Derfor vurderer me forma **fylga* som ei form det neppe er behov for.

ynskja/ønskja

Det er òg gode grunnar for å tillata *ønska/ynska* som eit valfritt alternativ til *ynskja/ønskja*. Den palatale uttalen er mange stader borte i dette ordet som i andre, og det synest unødvendig at folk må læra seg at *j*-en er obligatorisk etter *k* i nett dette ordet. Svært mange gjer feil i denne gruppa og droppar *j*-en, fordi dei trur at *j*-en er valfri her som i andre verb med stammeutgang på *g* og *k*. Skrivemåten av substantivet, *ynske/ønske*, kan òg ha sitt å seia for at mange skriv verbet utan *j*.

Ynske/ønske, stykke ofl.

Tilsvarande er det mange som skriv substantivet med *j*, dvs. **ynskje/*ønskje*, truleg etter innverknad frå skrivemåten av verbet og frå talemålet. Nemnda har vurdert å gjera skrivemåten med *j* valfri med dagens skrivemåte. Men opnar ein for å skriva substantivet *ynskje/ønske* med *j*, verkar det rart at ikkje andre ord med stammeutgang på *g* eller *k* skal kunna ha *j*, som *stykke, merke* osv. Sidan *j*-en synest å vera på retur i andre ord med palatal skrivemåte, meiner me at det er lite grunnlag for å ta inn skrivemåten med *j* i inkjekjønnsord med *k* framfor trykklett *-e*.

2.4 Skrivemåten av ein del enkeltord

2.4.1 Substantiv med valfri utgang på *-e*

Status i dag

Ein god del substantiv har i dag ein valfri *-e* som utgangsvokal. Dei fleste er arveord, men det er òg nokre lånord. Dei fleste er hankjønnsord, men det er òg nokre hokjønns- og inkjekjønnsord.

Framlegg til ny rettskriving

- Arveord med valfri utgang på *-e*, t.d. *blom/blome*, blir ståande med to valfrie former.
- Nokre arveord som har hatt éi form, får no to valfrie former (t.d. *lengd/lengde*).
- Lite brukte variantar av nokre få importord går ut: *krønik*, *premi*, *pins* (høgtid), *sjapp* (liten butikk).

Dagens rettskriving	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad
<i>bakkels</i> el. <i>bakkelse</i> m. el. n		<i>bakkels</i> el. <i>bakkelse</i> m. el. n.	
<i>bard</i> el. <i>barde</i> m. (kant)		<i>bard</i> el. <i>barde</i> m. (kant)	
<i>berm</i> el. <i>berme</i> m.		<i>berm</i> el. <i>berme</i> m.	
<i>bing</i> el. <i>binge</i> m.		<i>bing</i> el. <i>binge</i> m.	
<i>blom</i> el. <i>blome</i> m.		<i>blom</i> el. <i>blome</i> m.	
<i>båk</i> el. <i>båke</i> m. (sjømerke)		<i>båk</i> el. <i>båke</i> m. (sjømerke)	
<i>bre</i> el. <i>brede</i> m. (ismasse)		<i>bre</i> el. <i>brede</i> m. (ismasse)	
<i>breidd</i> f.		<i>breidd</i> el. <i>breidde</i> f.	Ny form
<i>bår</i> el. <i>båre</i> f. (trille-)		<i>bår</i> el. <i>båre</i> f. (trille-)	
<i>egd</i> el. <i>egde</i> m.		<i>egd</i> el. <i>egde</i> m.	
<i>faut</i> el. <i>faute</i> f. el. m. (fuge, gjenge)		<i>faut</i> el. <i>faute</i> f. el. m. (fuge, gjenge)	
<i>fivrelde</i> el. <i>fivrelde</i> n.		<i>fivrelde</i> el. <i>fivrelde</i> n.	
<i>forkle</i> el. <i>forklede</i> n.		<i>forkle</i> el. <i>forklede</i> n.	
<i>frakk</i> el. <i>frakke</i> m.		<i>frakk</i> el. <i>frakke</i> m.	
<i>galt</i> el. <i>galte</i> m.		<i>galt</i> el. <i>galte</i> m.	
<i>geil</i> el. <i>geile</i> f. el. m.		<i>geil</i> el. <i>geile</i> f. el. m.	
<i>glugg</i> el. <i>glugge</i> m.		<i>glugg</i> el. <i>glugge</i> m.	
<i>hakkels</i> el. <i>hakkelse</i> m.		<i>hakkels</i> el. <i>hakkelse</i> m.	
<i>handkle</i> el. <i>handklede</i> n.		<i>handkle</i> el. <i>handklede</i> n.	
<i>hann</i> el. <i>hanne</i> m.		<i>hann</i> el. <i>hanne</i> m.	
<i>harm</i> el. <i>harme</i> m.		<i>harm</i> el. <i>harme</i> m.	
<i>harp</i> el. <i>harpe</i> f. (fiskereiskap)		<i>harp</i> el. <i>harpe</i> f. (fiskereiskap)	
<i>havfru</i> el. <i>havfrue</i> f.		<i>havfru</i> el. <i>havfrue</i> f.	
<i>hems</i> el. <i>hemse</i> m.		<i>hems</i> el. <i>hemse</i> m.	
<i>ho</i> el. <i>hoe</i> f.		<i>ho</i> el. <i>hoe</i> f.	
<i>hoft</i> el. <i>hoft</i> f.		<i>hoft</i> el. <i>hoft</i> f.	
<i>holm</i> el. <i>holme</i> m.		<i>holm</i> el. <i>holme</i> m.	

Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet

<i>høgd</i> f.		<i>høgd</i> el. <i>høgde</i> f.	Før: <i>høgde</i> tillate i 'hoppa høgde'
<i>håk</i> el. <i>håke</i> m. (tosk)		<i>håk</i> el. <i>håke</i> m. (tosk)	
<i>jar</i> el. <i>jare</i> m. (kant)		<i>jar</i> el. <i>jare</i> m. (kant)	
<i>kabyss</i> el. <i>kabysse</i> f.		<i>kabyss</i> el. <i>kabysse</i> f.	
<i>kagg</i> el. <i>kagge</i> m.		<i>kagg</i> el. <i>kagge</i> m.	
<i>kahytt</i> el. <i>kahytte</i> f.		<i>kahytt</i> el. <i>kahytte</i> f.	
<i>kal</i> el. <i>kale</i> m. (tau)		<i>kal</i> el. <i>kale</i> m. (tau)	
<i>kim</i> el. <i>kime</i> m.		<i>kim</i> el. <i>kime</i> m.	
<i>kip</i> el. <i>kipe</i> f. (korg)		<i>kip</i> el. <i>kipe</i> f. (korg)	
<i>kjel</i> el. <i>kjele</i> m.		<i>kjel</i> el. <i>kjele</i> m.	
<i>kjærast</i> el. <i>kjæraste</i> m.		<i>kjærast</i> el. <i>kjæraste</i> m.	
<i>klaff</i> el. <i>klaffe</i> m.		<i>klaff</i> el. <i>klaffe</i> m.	
<i>knagg</i> el. <i>knagge</i> m.		<i>knagg</i> el. <i>knagge</i> m.	
<i>knok</i> el. <i>knoke</i> m.		<i>knok</i> el. <i>knoke</i> m.	
<i>knut</i> el. <i>knute</i> m.		<i>knut</i> el. <i>knute</i> m.	
<i>kogg</i> el. <i>kogge</i> m.		<i>kogg</i> el. <i>kogge</i> m.	
<i>krik</i> el. <i>krike</i> m.		<i>krik</i> el. <i>krike</i> m.	
<i>krønik</i> el. <i>krønike</i> f.	<i>krønik</i>	<i>krønike</i> f.	
<i>køy</i> el. <i>køye</i> f.		<i>køy</i> el. <i>køye</i> f.	
<i>legd</i> el. <i>legde</i> f.		<i>legd</i> el. <i>legde</i> f.	
<i>lekt</i> el. <i>lekte</i> f.		<i>lekt</i> el. <i>lekte</i> f.	
<i>lengd</i> f.		<i>lengd</i> el. <i>lengde</i> f.	Før: <i>lengde</i> tillate i 'hoppa lengde'
<i>malm</i> el. <i>malme</i> m. (kjerneved)		<i>malm</i> el. <i>malme</i> m. (kjerneved)	
<i>marimess</i> el. <i>marimesse</i> f.		<i>marimess</i> el. <i>marimesse</i> f.	-mess berre i samansetningar
<i>matauk</i> el. <i>matauke</i> m.		<i>matauk</i> el. <i>matauke</i> m.	<i>Auk</i> i smn.setn.; elles helst <i>auke</i>
<i>meis</i> el. <i>meise</i> m. (fugl)		<i>meis</i> el. <i>meise</i> m. (fugl)	
<i>mengd</i> f.		<i>mengd</i> el. <i>mengde</i> f.	Ny form
<i>milt</i> el. <i>milte</i> m.		<i>milt</i> el. <i>milte</i> m.	
<i>mue</i> el. <i>muge</i> f. (dunge)		<i>mue</i> el. <i>muge</i> f. (dunge)	
<i>nabb</i> el. <i>nabbe</i> m.		<i>nabb</i> el. <i>nabbe</i> m.	
<i>nip</i> el. <i>nipe</i> m. (berghammar)		<i>nip</i> el. <i>nipe</i> m. (berghammar)	
<i>nokk</i> el. <i>nokke</i> m. (jernkrok)		<i>nokk</i> el. <i>nokke</i> m. (jernkrok)	
<i>peng</i> el. <i>penge</i> m.		<i>peng</i> el. <i>penge</i> m.	
<i>pinn</i> el. <i>pinne</i> m.		<i>pinn</i> el. <i>pinne</i> m.	
<i>pins</i> el. <i>pinse</i> f. el. m. (-helg)	<i>pins</i>	<i>pinse</i> f. el. m. (-helg)	

<i>premi</i> el. <i>premie</i> m.	<i>premi</i>	<i>premie</i> m.	
<i>rabb</i> el. <i>rabbe</i> m. (berg-)		<i>rabb</i> el. <i>rabbe</i> m. (berg-)	
<i>raudåt</i> el. <i>raudåte</i> f. (småkreps)		<i>raudåt</i> el. <i>raudåte</i> f. (småkreps)	
<i>rein</i> el. <i>reine</i> f. (åker-)		<i>rein</i> el. <i>reine</i> f. (åker-)	
<i>reis</i> el. <i>reise</i> f.		<i>reis</i> el. <i>reise</i> f.	
<i>rip</i> el. <i>ripe</i> f. (båt-)		<i>rip</i> el. <i>ripe</i> f. (båt-)	
<i>rue</i> el. <i>ruve</i> f. (dunge)		<i>rue</i> el. <i>ruve</i> f. (dunge)	
<i>runn</i> el. <i>runne</i> m. (kratt)		<i>runn</i> el. <i>runne</i> m. (kratt)	
<i>rånokk</i> el. <i>rånokke</i> m. (enden av ei rå)		<i>rånokk</i> el. <i>rånokke</i> m. (enden av ei rå)	
<i>sen</i> el. <i>sene</i> f.		<i>sen</i> el. <i>sene</i> f.	
<i>sjapp</i> el. <i>sjappe</i> f.	<i>sjapp</i>	<i>sjappe</i> f.	
<i>skantil</i> el. <i>skantile</i> n. (gjødselrenne i fjøs)		<i>skantil</i> el. <i>skantile</i> n. (gjødselrenne i fjøs)	
<i>skodd</i> el. <i>skodde</i> f.		<i>skodd</i> el. <i>skodde</i> f.	
<i>skår</i> el. <i>skåre</i> m. (ljådrag)		<i>skår</i> el. <i>skåre</i> m. (ljådrag)	
<i>skårung</i> el. <i>skårunge</i> m. (måkeunge; fyrstereisgut)		<i>skårung</i> el. <i>skårunge</i> m. (måkeunge; fyrstereisgut)	
<i>sleid</i> el. <i>sleide</i> m. (maskindel)		<i>sleid</i> el. <i>sleide</i> m. (maskindel)	
<i>slett</i> el. <i>slette</i> f.		<i>slett</i> el. <i>slette</i> f.	
<i>slir</i> el. <i>slire</i> f. (kniv og s.)		<i>slir</i> el. <i>slire</i> f. (kniv og s.)	
<i>slisk</i> el. <i>sliske</i> m. (planke)		<i>slisk</i> el. <i>sliske</i> m. (planke)	
<i>sliss</i> el. <i>slisse</i> m. (spalte)		<i>sliss</i> el. <i>slisse</i> m. (spalte)	
<i>slodd</i> el. <i>slodde</i> f. el. m. (reiskap)		<i>slodd</i> el. <i>slodde</i> f. el. m. (reiskap)	
<i>snerk</i> el. <i>snerke</i> m. (hinne)		<i>snerk</i> el. <i>snerke</i> m. (hinne)	
<i>snitt</i> el. <i>snitte</i> m. (smørbrød)		<i>snitt</i> el. <i>snitte</i> m. (smørbrød)	
<i>snurrebass</i> el. <i>snurrebasse</i> m.		<i>snurrebass</i> el. <i>snurrebasse</i> m.	
<i>snut</i> el. <i>snute</i> m.		<i>snut</i> el. <i>snute</i> m.	
<i>spyttebakk</i> el. <i>spyttebakke</i> m.		<i>spyttebakk</i> el. <i>spyttebakke</i> m.	
<i>stallar</i> el. <i>stallare</i> m. (hovmeister i norrøn tid)		<i>stallar</i> el. <i>stallare</i> m. (hovmeister i norrøn tid)	
<i>star</i> el. <i>stare</i> m. (fugl)		<i>star</i> el. <i>stare</i> m. (fugl)	
<i>stygg</i> el. <i>stygge</i> m. (mothug)		<i>stygg</i> el. <i>stygge</i> m. (mothug)	
<i>sve</i> el. <i>svede</i> f. (avsvidd mark)		<i>sve</i> el. <i>svede</i> f. (avsvidd mark)	
<i>sykn</i> el. <i>sykne</i> f.		<i>sykn</i> el. <i>sykne</i> f.	

<i>tagg</i> el. <i>tagge</i> m. (sinna-)		<i>tagg</i> el. <i>tagge</i> m. (sinna-)	
<i>tars</i> el. <i>tarse</i> m. (mellomfot på fugl)		<i>tars</i> el. <i>tarse</i> m. (mellomfot på fugl)	
<i>tass</i> el. <i>tasse</i> m.		<i>tass</i> el. <i>tasse</i> m.	
<i>teist</i> el. <i>teiste</i> m. (fugl)		<i>teist</i> el. <i>teiste</i> m. (fugl)	
<i>tenest</i> el. <i>teneste</i> f.		<i>tenest</i> el. <i>teneste</i> f.	
<i>testament</i> el. <i>testamente</i> n.		<i>testament</i> el. <i>testamente</i> n.	
<i>tørkle</i> el. <i>tørklede</i> n.		<i>tørkle</i> el. <i>tørklede</i> n.	
<i>tørst</i> el. <i>tørste</i> m.		<i>tørst</i> el. <i>tørste</i> m.	
<i>vidd</i> f.		<i>vidd</i> el. <i>vidde</i> f.	Før <i>skjørtevidd</i> , men <i>fjellvidd(e)</i>
<i>åkle</i> el. <i>åklede</i> n.		<i>åkle</i> el. <i>åklede</i> n.	

Normhistorikk

Aasen hadde kortforma *krønik* som oppslagsform, likeins *pins*. *Premi(e)* og *sjapp(e)* er ikkje med i *Norsk Ordbog*.

Arveord med valfri utgang på *-e* er ikkje undersøkte systematisk, men Aasen har til dømes med *tagg* m., med tilvising til *tagge*, og *tenesta* f., «forkortet Tenest» (Aasen, *Norsk Ordbog*).

Nynorsk ordliste frå 1958 har med *tagg* el. *tagge*, men berre *teneste*. Etter 1959-rettskrivinga har ordlista også fått med forma *tenest*. Det treng ikkje bety at forma *tenest* ikkje var godteken før 1959, men kan henga saman med at ordlisteforfattarane avgrensa ordtilfanget av plassomsyn.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Det er ikkje undersøkt.

Talemålsgrunnlag

Det er ikkje undersøkt.

Vurdering

Det er truleg med utgangspunkt i talemålet at desse orda har fått skrivemåtar med og utan utgang på *-e*. Under 3.1.14 «Substantiv med nesten lik form, men ulikt kjønn» er ein liknande kategori behandla: ord som ofte har ei form med og ei utan *-e* til slutt, men som òg har ulike kjønn.

Under dette emnet har nemnda hatt ein diskusjon om kva som skal reknast som eigne oppslagsord (lemma), og kva som er variantar av ord (jf. 1.6.4). Den grensegangen er vanskeleg, ikkje minst i denne ordgruppa. Kwart ordpar representerer ulike ordlagingar, i og med at det eine er sterkt (*rip*) og det andre svakt (*ripe*). Eit sterkt og eit svakt hokjønnsord får etter tradisjonell bøyning ulike bøyingsmønster. Frå stadnamnhald har nemnda fått innspel om at *holm* og *holme* har litt ulike tydingar, og det kan gjelda fleire verb i gruppa. Det talar for at me i mange tilfelle kan sjå på dei to variantane som eigne oppslagsformer.

Det ligg ikkje innanfor mandatet til nemnda å gjera noko med ordtilfanget, og nemnda har derfor valt å la arveorda som endar på *-e*, stå utan endringar. Derimot har nemnda teke ut den eine varianten av fire importord, fordi desse formene er svært sjeldsynte i skrift. I og med at dette gjeld former som knapt nok er moglege å dokumentera i skrift, ser nemnda det som uproblematisk å stryka dei.

2.4.2 Andre enkeltord

Status i dag

Denne kategorien femner om ei lang rekkje ord som har det til felles at dei har to valfrie former, eventuelt ei hovudform og ei klammeform.

Framlegg til ny rettskriving

- Ord med to variantar som begge er mykje i bruk, skal framleis ha to valfrie former. Døme: *augekast* eller *augnekast*.
- Variantar som viser seg å vera lite i bruk, går ut or rettskrivinga. Døme: *armbrøst* blir eineform, *armbøst* går ut or rettskrivinga.

Nedanfor følgjer ei liste over ord som er omfatta av framlegget.

Dagens rettskriving	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad
<i>akterdekk</i> el. <i>atterdekk</i> n.	<i>atterdekk</i>	<i>akterdekk</i> n.	
<i>akterut</i> el. <i>atterut</i> adv.	<i>atterut</i>	<i>akterut</i> adv.	
<i>andredag</i> el. <i>annandag</i> m.		<i>andredag</i> el. <i>annandag</i> m.	
<i>angest</i> el. <i>angst</i> m.	<i>angest</i>	<i>angst</i> m.	
<i>alsdyr</i> el. <i>avlsdyr</i> n.		<i>alsdyr</i> el. <i>avlsdyr</i> n.	
<i>armbrøst</i> el. <i>armbøst</i> m.	<i>armbøst</i>	<i>armbrøst</i> m.	
<i>audmjuka</i> el. <i>audmykja</i> [audmyka] v.	[audmyka]	<i>audmjuka</i> v. <i>audmykja</i> v.	To oppslag

<i>augekast</i> el. <i>augnekast</i> n.		<i>augekast</i> el. <i>augnekast</i> n.	
<i>augna</i> el. <i>øygna</i> v.		<i>augna</i> el. <i>øygna</i> v.	
<i>avgjerd</i> el. <i>avgjersle</i> f.		<i>avgjerd</i> el. <i>avgjersle</i> f.	
<i>avkom</i> el. <i>avkjøme</i> n.		<i>avkom</i> n. <i>avkjøme</i> n.	To oppslag
<i>babbel</i> el. <i>babl</i> n.	<i>babl</i>	<i>babbel</i> n.	
<i>begge</i> el. <i>båe</i> adv.		<i>begge</i> el. <i>båe</i> adv.	
<i>beksel</i> [beisel] n.		<i>beisel</i> el. <i>beksel</i> n.	
<i>beksla</i> [beisla] v.		<i>beisla</i> el. <i>beksla</i> v.	
<i>belar</i> el. <i>bele</i> m. (friar)		<i>belar</i> el. <i>bele</i> m. (friar)	
<i>belga</i> el. <i>belgja</i> v. (b. i seg)		<i>belga</i> el. <i>belgja</i> v. (b. i seg)	
<i>bilete</i> [bilde] n.		<i>bilete</i> el. <i>bilde</i> n.	
<i>billeg</i> el. <i>billig</i> adj.		<i>billeg</i> el. <i>billig</i> adj.	
<i>blidleg</i> el. <i>blidsleg</i> adj.		<i>blidleg</i> el. <i>blidsleg</i> adj.	
<i>blom</i> el. <i>blome</i> el. <i>blomster</i> m.		<i>blom</i> el. <i>blome</i> m. <i>blomster</i> m.	To oppslag
<i>bose</i> el. <i>boso</i> f. (halmseng)	<i>boso</i>	<i>bose</i> f. (halmseng)	
<i>breiddfull</i> el. <i>breiddfull</i> adj.	<i>breiddfull</i>	<i>breiddfull</i> adj.	
<i>briks</i> el. <i>brisk</i> m. (sovebenk)	<i>briks</i>	<i>brisk</i> m. (sovebenk)	
<i>brud</i> el. <i>brur</i> f.		<i>brud</i> el. <i>brur</i> f.	
<i>bye</i> el. <i>bøye</i> f.		<i>bye</i> el. <i>bøye</i> f.	
<i>bøle</i> el. <i>børe</i> f. (stor kiste)		<i>bøle</i> el. <i>børe</i> f. (stor kiste)	
<i>børse</i> el. <i>bøsse</i> f. (spare-)		<i>børse</i> el. <i>bøsse</i> f. (spare-)	
<i>derfor</i> el. <i>difor</i> adv.		<i>derfor</i> el. <i>difor</i> adv.	
<i>dermed</i> el. <i>dimed</i> adv.		<i>dermed</i> el. <i>dimed</i> adv.	
<i>dernest</i> el. <i>dinest</i> adv.		<i>dernest</i> el. <i>dinest</i> adv.	
<i>dess</i> el. <i>di</i> adv.		<i>dess</i> el. <i>di</i> adv.	
<i>dessverre</i> el. <i>diverre</i> adv.		<i>dessverre</i> el. <i>diverre</i> adv.	
<i>dobbel</i> el. <i>dobbelt</i> adj.		<i>dobbel</i> el. <i>dobbelt</i> adj.	
<i>doktera</i> el. <i>dokterera</i> v. (lækja)	<i>doktera</i>	<i>dokterera</i> v. (lækja)	<i>Dokterera</i> = ta doktorgrad
<i>drusta</i> el. <i>druste</i> adj.		<i>drusta</i> el. <i>druste</i> adj.	
<i>drysja</i> [dryssa] v.		<i>drysja</i> v. <i>dryssa</i> v.	To oppslag
<i>drøpel</i> el. <i>drøvel</i> m.	<i>drøpel</i>	<i>drøvel</i> m.	
<i>dvela</i> el. <i>dvelja</i> v.		<i>dvela</i> v. <i>dvelja</i> v.	To oppslag
<i>dødeleg</i> el. <i>døyeleg</i> adj.		<i>dødeleg</i> el. <i>døyeleg</i> adj.	

<i>døger</i> el. <i>døgn</i> n.		<i>døger</i> el. <i>døgn</i> n.	
<i>eigenleg</i> el. <i>eigentleg</i> adj.		<i>eigenleg</i> el. <i>eigentleg</i> adj.	
<i>eignelott</i> el. <i>eignelut</i> m.	<i>eignelott</i>	<i>eignelut</i> m.	
<i>ervelott</i> el. <i>ervelut</i> m.	<i>ervelott</i>	<i>ervelut</i> m.	
<i>einast</i> el. <i>einaste</i> adv.	<i>einaste</i>	<i>einast</i> adv.	
<i>eine</i> el. <i>einer</i> m. (plante)		<i>eine</i> el. <i>einer</i> m. (plante)	
<i>einøre</i> el. <i>eittøre</i> m.	<i>einøre</i>	<i>eittøre</i> m.	
<i>einøring</i> el. <i>eittøring</i> m.	<i>einøring</i>	<i>eittøring</i> m.	
<i>eksere</i> el. <i>eksersere</i> v.	<i>eksere</i>	<i>eksersere</i> v.	
<i>eksersis</i> el. <i>eksis</i> m.	<i>eksis</i>	<i>eksersis</i> m.	
<i>erga</i> el. <i>ergra</i> v.	<i>erga</i>	<i>ergra</i> v.	
<i>faen</i> el. <i>fan</i> m.		<i>faen</i> el. <i>fan</i> m.	
<i>faldar</i> el. <i>foldar</i> v.		<i>faldar</i> el. <i>foldar</i> v.	
<i>fennikel</i> el. <i>finkel</i> m. (plante)	<i>finkel</i>	<i>fennikel</i> m. (plante)	
<i>fiendsleg</i> el. <i>fiendtleg</i> adj.		<i>fiendsleg</i> el. <i>fiendtleg</i> adj.	
<i>flu</i> el. <i>flua</i> v. (strø lokkemat til fisk)		<i>flu</i> el. <i>flua</i> v. (strø lokkemat til fisk)	<i>Flu</i> er e-verb, <i>flua</i> er a-verb.
<i>før</i> f. (renne i åker; reise; spor)		<i>før</i> f. (renne i åker; reise; spor)	
<i>forbrødring</i> el. <i>forbrøring</i> f.	<i>forbrøring</i>	<i>forbrødring</i> f.	
<i>forfar</i> el. <i>forfader</i> m.		<i>forfader</i> el. <i>forfar</i> m.	
<i>forfæld</i> el. <i>forfærd</i> adj.		<i>forfæld</i> el. <i>forfærd</i> adj.	
<i>formor</i> el. <i>formoder</i> f.		<i>formoder</i> el. <i>formor</i> f.	
<i>forstua</i> el. <i>forstuva</i> v.		<i>forstua</i> el. <i>forstuva</i> v.	
<i>fortusta</i> el. <i>fortustra</i> adj.		<i>fortusta</i> el. <i>fortustra</i> adj.	
<i>fremja</i> el. <i>fremma</i> v.		<i>fremja</i> el. <i>fremma</i> v.	
<i>fryd</i> m. el. <i>frygd</i> f.		<i>fryd</i> m. el. <i>frygd</i> f.	
<i>fryda</i> el. <i>frygda</i> v.		<i>fryda</i> el. <i>frygda</i> v.	
<i>fråssa</i> v. (øydsla)	<i>fråssa</i>	<i>fråtsa</i> v. (øydsla)	Ny form
<i>fure</i> el. <i>furu</i> f.		<i>fure</i> el. <i>furu</i> f.	
<i>fyldig</i> el. <i>fyllug</i> adj.	<i>fyllug</i>	<i>fyldig</i> adj.	
<i>fyraben</i> el. <i>fyrabend</i> m. (fritid etter ferdig arbeidsdag)	<i>fyraben</i>	<i>fyrabend</i> m. (fritid etter ferdig arbeidsdag)	
<i>fyrverk</i> el. <i>fyrverkeri</i> n.	<i>fyrverk</i>	<i>fyrverkeri</i> n.	
<i>fødeflekk</i> el. <i>føflekk</i> m.	<i>fødeflekk</i>	<i>føflekk</i> m.	
<i>galehus</i> el. <i>galnehus</i> n.		<i>galehus</i> el. <i>galnehus</i> n.	
<i>galenheie</i> el. <i>galneheie</i> f.	<i>galenheie</i>	<i>galneheie</i> f.	

<i>galenmannsferd</i> el. <i>galmannsferd</i> m.		<i>galenmannsferd</i> el. <i>galmannsferd</i> m.	
<i>galenskap</i> el. <i>galskap</i> m.	<i>galenskap</i>	<i>galskap</i> m.	
<i>geisp</i> el. <i>gjesp</i> m.		<i>geisp</i> el. <i>gjesp</i> m.	
<i>gimber</i> el. <i>gimmer</i> f.	<i>gimber</i>	<i>gimmer</i> f.	
<i>gjennomtrengelig</i> el. <i>gjennomtrengjeleg</i> adj.		<i>gjennomtrengelig</i> el. <i>gjennomtrengjeleg</i> adj.	
<i>gjera</i> [<i>gjøra</i>] v.	[<i>gjøra</i>]	<i>gjera</i> v.	
<i>gjerrig</i> el. <i>gjerug</i> adj.	<i>gjerug</i>	<i>gjerrig</i> adj.	
<i>gjerst</i> [<i>gjers</i>] el. [<i>gjørs</i>] el. [<i>gjørst</i>] (på g.)	[<i>gjers</i>], [<i>gjørs</i>] og [<i>gjørst</i>]	<i>gjerst</i> (på g.)	
<i>glepp</i> m. (i tydinga 'mistak')		<i>glepp</i> el. <i>glipp</i> m. (i tydinga 'mistak')	Før <i>glipp</i> berre i «gå glipp av»
<i>gleppa</i> v.		<i>gleppa</i> v.	
<i>gremja</i> el. <i>gremma</i> v.		<i>gremja</i> el. <i>gremma</i> v.	
<i>hafelle</i> el. <i>hagfelle</i> f. (gjerde)	<i>hagfelle</i>	<i>hafelle</i> f. (gjerde)	
<i>hakupik</i> el. <i>hakepik</i> el. <i>hakepigg</i> m.	<i>hakepik</i> og <i>hakepigg</i>	<i>hakupik</i> m.	
<i>hankjønn</i> el. <i>hannkjønn</i> m.	<i>hannkjønn</i>	<i>hankjønn</i> m.	
<i>hanleg</i> el. <i>hannleg</i> m.	<i>hannleg</i>	<i>hanleg</i> m.	
<i>hegd</i> el. <i>hogd</i> f. (trebøyel)		<i>hegd</i> el. <i>hogd</i> f. (trebøyel)	
<i>heilskru</i> el. <i>heilskruv</i> m.		<i>heilskru</i> el. <i>heilskruv</i> m.	
<i>heimleg</i> el. <i>heimsleg</i> adj.		<i>heimleg</i> el. <i>heimsleg</i> adj.	
<i>hemja</i> el. <i>hemma</i> v.		<i>hemja</i> el. <i>hemma</i> v.	
<i>henta</i> el. <i>hente</i> adj. (sjeldan)		<i>henta</i> el. <i>hente</i> adj. (sjeldan)	
<i>herberge</i> el. <i>herbyrge</i> n.	<i>herbyrge</i>	<i>herberge</i> n.	
<i>hjá</i> el. <i>hos</i> prep.		<i>hjá</i> el. <i>hos</i> prep.	To oppslag
[<i>hokken</i>] pron (kva for ein)	[<i>hokken</i>]		
<i>hovel</i> el. <i>hovold</i> f.	<i>hovold</i>	<i>hovel</i> f.	
<i>huia</i> el. <i>huja</i> v.	<i>huja</i>	<i>huia</i> v.	
<i>hutaheiti</i> el. <i>huttaheiti</i> subst.	<i>huttaheiti</i>	<i>hutaheiti</i> subst.	
<i>hyggeleg</i> el. <i>hyggjeleg</i> adj.		<i>hyggeleg</i> el. <i>hyggjeleg</i> adj.	
<i>idrett</i> [<i>idrott</i>] m.	[<i>idrott</i>]	<i>idrett</i> m.	

<i>kaldleg</i> el. <i>kaldsleg</i> adj.	<i>kaldleg</i>	<i>kaldsleg</i> adj.	
<i>kanevas</i> el. <i>kanvas</i> m.	<i>kanevas</i>	<i>kanvas</i> m.	
<i>kei</i> el. <i>kjei</i> f. (jente)		<i>kei</i> el. <i>kjei</i> f. (jente)	
<i>kenning</i> el. <i>kjenning</i> m. (omskrivning i skaldekvad)		<i>kenning</i> el. <i>kjenning</i> m. (omskrivning i skaldekvad)	
<i>kjerald</i> el. <i>kjørel</i> n.		<i>kjerald</i> el. <i>kjørel</i> n.	
<i>kjukling</i> el. <i>kylling</i> m.		<i>kjukling</i> el. <i>kylling</i> m.	
<i>klode</i> el. <i>klote</i> m.		<i>klode</i> el. <i>klote</i> m.	
<i>knips</i> el. <i>knipsk</i> adj. (avvisande)	<i>knips</i>	<i>knipsk</i> adj. (avvisande)	
<i>knøtrande</i> el. <i>knøttande</i> adj.	<i>knøtrande</i>	<i>knøttande</i> adj.	
<i>korleis</i> [koss] el. [hoss] el. [hossen] adv.	[koss], [hoss] og [hossen]	<i>korleis</i> adv.	
<i>kòs</i> el. <i>koss</i> f.		<i>kòs</i> el. <i>koss</i> f.	
<i>kross</i> [kors] m.		<i>kross</i> m. <i>kors</i> n.	To oppslag
<i>kusma</i> m. el. <i>kusme</i> f.		<i>kusma</i> m. el. <i>kusme</i> f.	
<i>kvarg</i> el. <i>kvark</i> m. (fersk ostemasse)	<i>kvark</i>	<i>kvarg</i> m.	
<i>kvefs</i> el. <i>veps</i> m.		<i>kvefs</i> m. <i>veps</i> m.	To oppslag
<i>kvidesam</i> el. <i>kvisam</i> adj.		<i>kvidesam</i> el. <i>kvisam</i> adj.	
<i>kviksølv</i> [kviksyly] el. <i>kvikksølv</i> [kvikksyly] n.	<i>kviksølv</i> [kviksyly]	<i>kvikksølv</i> el. <i>kvikksyly</i> n.	
<i>lagom</i> el. <i>lugom</i> adj.		<i>lagom</i> el. <i>lugom</i> adj.	
<i>lea</i> el. <i>leda</i> v.		<i>lea</i> el. <i>leda</i> v.	
<i>lealaus</i> el. <i>ledlaus</i> el. <i>ledalaus</i> adj.	<i>ledlaus</i> el. <i>ledalaus</i>	<i>lealaus</i> adj.	
<i>led</i> m. el. <i>lekk</i> m. el. <i>ledd</i> n.		<i>led</i> m. <i>ledd</i> n. <i>lekk</i> m.	Tre oppslag
<i>lege</i> el. <i>lækjar</i> m.		<i>lege</i> m. el. <i>lækjar</i> m.	
<i>leie</i> [lægje] n.		<i>leie</i> el. <i>lægje</i> n.	
<i>leira</i> el. <i>læggra</i> v. (slå leir)		<i>leira</i> v. <i>læggra</i> v. (slå leir)	To oppslag
<i>lekkje</i> el. <i>lenkje</i> f.		<i>lekkje</i> f. <i>lenkje</i> f.	To oppslag
<i>lereft</i> el. <i>lerret</i> n.	<i>lereft</i>	<i>lerret</i> n.	
<i>line</i> el. <i>linje</i> f.		<i>line</i> el. <i>linje</i> f.	
<i>lynde</i> el. <i>lynne</i> n.		<i>lynde</i> el. <i>lynne</i> n.	

<i>makk</i> el. <i>mark</i> m.		<i>makk</i> el. <i>mark</i> m.	
<i>marianykleband</i> el. <i>marianøkleband</i> el. <i>marinykleband</i> el. <i>marinøkleband</i> n.	<i>marinykleband</i> og <i>marinøkleband</i>	<i>marianykleband</i> el. <i>marianøkleband</i> n.	
<i>marianykleblom</i> el. <i>marianøkleblom</i> el. <i>marinykleblom</i> el. <i>marinøkleblom</i> m.	<i>marinykleblom</i> og <i>marinøkleblom</i>	<i>marianykleblom</i> el. <i>marianøkleblom</i> m.	
<i>masta</i> el. <i>mastra</i> adj. (tre-)		<i>masta</i> el. <i>mastra</i> adj. (tre-)	
<i>medan</i> el. <i>mens</i> subjunk.		<i>medan</i> el. <i>mens</i> subjunk.	
<i>medel-</i> el. <i>middel-</i> (klasse)	<i>medel-</i>	<i>middel-</i> (klasse)	
<i>medels</i> el. <i>middels</i> adj.	<i>medels</i>	<i>middels</i> adj.	
<i>midd</i> el. <i>mit</i> m.	<i>mit</i>	<i>midd</i> m.	
<i>midt-</i> el. <i>mid-</i> prefiks (-gang)	<i>mid-</i>	<i>midt-</i> (-gang)	
<i>mikjelsbær</i> el. <i>mikkelsbær</i> n.	<i>mikjelsbær</i>	<i>mikkelsbær</i> n.	
<i>mildleg</i> el. <i>mildsleg</i> adj.	<i>mildleg</i>	<i>mildsleg</i> adj.	
<i>minder</i> el. <i>minders</i> adj.		<i>minder</i> el. <i>minders</i> adj.	
<i>miss</i> el. <i>mist</i> m. (ta i m.)		<i>miss</i> el. <i>mist</i> m. (ta i m.)	
<i>missa</i> el. <i>mista</i> v.		<i>missa</i> el. <i>mista</i> v.	
<i>mjell</i> el. <i>mjøll</i> m. (tørrsnø)		<i>mjell</i> el. <i>mjøll</i> m. (tørrsnø)	
<i>mjuka</i> el. <i>mykja</i> v.		<i>mjuka</i> v. <i>mykja</i> v.	To oppslag
<i>moden</i> el. <i>mogen</i> adj.		<i>moden</i> el. <i>mogen</i> adj.	
<i>modig</i> el. <i>motig</i> adj.	<i>motig</i>	<i>modig</i> adj.	
<i>modna</i> el. <i>mogna</i> v.		<i>modna</i> el. <i>mogna</i> v.	
<i>mora</i> el. <i>moraa</i> v. (m. seg)	<i>moraa</i>	<i>mora</i> v. (m. seg)	
<i>mudd</i> el. <i>mutt</i> m. (pelskufte)		<i>mudd</i> el. <i>mutt</i> m. (pelskufte)	
<i>mye</i> el. <i>mykje</i> adj.	<i>mye</i>	<i>mykje</i> adj.	
<i>mylse</i> el. <i>mylske</i> f. (gumme)		<i>mylse</i> el. <i>mylske</i> f. (gumme)	
<i>måke</i> f. el. m.; el. <i>måse</i> m.		<i>måke</i> f. el. m.; el. <i>måse</i> m.	
<i>måta</i> el. <i>måte</i> adv. (m. stor)		<i>måta</i> el. <i>måte</i> adv. (m. stor)	

<i>nashorn</i> n. el. <i>nashyrning</i> m.	<i>nashyrning</i> m.	<i>nashorn</i> n.	
<i>nyss</i> el. <i>nyst</i> adv. (nyleg)		<i>nyss</i> el. <i>nyst</i> adv. (nyleg)	
<i>nysn</i> el. <i>njos</i> el. <i>njosn</i> f.	<i>njos</i> og <i>njosn</i>	<i>nysn</i> f.	
<i>okle</i> f. el. n.		<i>okle</i> f. el. n. <i>ankel</i> m.	To oppslag. Ny form: <i>ankel</i>
<i>olboge</i> m.		<i>olboge</i> m.	Som før
<i>omrømma</i> [<i>omrøma</i>] v.	[<i>omrøma</i>]	<i>omrømma</i> v.	
<i>ongel</i> el. <i>ongul</i> m.	<i>ongul</i>	<i>angel</i> el. <i>ongel</i> m.	Ny form: <i>angel</i>
<i>ongla</i> v.		<i>angla</i> el. <i>ongla</i> v.	Ny form: <i>angla</i>
<i>openberra</i> [<i>openbara</i>] v.	[<i>openbara</i>]	<i>openberra</i> v.	Jf. <i>berr</i> .
<i>oppstylta</i> el. <i>oppstyltra</i> adj.	<i>oppstyltra</i>	<i>oppstylta</i> adj.	
<i>oske</i> f.		<i>oske</i> f.	Som før
<i>ostre</i> el. <i>østers</i> f.	<i>ostre</i>	<i>østers</i> f.	
<i>overtru</i> el. <i>ovtru</i> f.		<i>ovtru</i> el. <i>overtru</i> f.	
<i>poda</i> el. <i>pota</i> v.	<i>pota</i>	<i>poda</i> v.	
<i>pols</i> el. <i>polsk</i> m. (dans)	<i>polsk</i>	<i>pols</i> m. (dans)	
<i>publikumar</i> el. <i>publikummar</i> m.	<i>publikumar</i>	<i>publikummar</i> m.	
<i>rakkel</i> el. <i>rakl</i> n.	<i>rakl</i>	<i>rakkel</i> n.	
<i>ramnsvart</i> el. <i>ramsvart</i> adj.		<i>ramnsvart</i> adj. <i>ramnsvart</i> adj.	To oppslag
<i>rang</i> el. <i>vrang</i> adj.		<i>rang</i> adj. <i>vrang</i> adj.	To oppslag
<i>rekkevidd</i> el. <i>rekkjevidd</i> f.		<i>rekkevidd(e)</i> el. <i>rekkjevidd(e)</i> f.	Jf. <i>breidd</i> , <i>lengd</i> , <i>vidd</i> , pkt. 2.4.1.
<i>rengja</i> [<i>renga</i>] el. <i>vrengja</i> [<i>vrenga</i>] v.		<i>rengja</i> el. <i>renga</i> <i>vrengja</i> el. <i>vrenga</i> v.	To oppslag
<i>rinskvinn</i> el. <i>rhinskvinn</i> m.	<i>rinskvinn</i>	<i>rhinskvinn</i> m.	
<i>rode</i> el. <i>rote</i> f. (adm. eining)	<i>rote</i>	<i>rode</i> f. (adm. eining)	
<i>rosekål</i> el. <i>rosenkål</i> m.	<i>rosekål</i>	<i>rosenkål</i> m.	
<i>ròte</i> m.		<i>ròte</i> m.	Som før
<i>rotna</i> v.		<i>rotna</i> v.	Som før
<i>rydja</i> el. <i>rydda</i> v.		<i>rydja</i> v. <i>rydda</i> v.	To oppslag

<i>rygga</i> (-ar, -a) el. <i>ryggja</i> [<i>rygga</i>] (-er, rygde) v.		<i>rygga</i> el. <i>ryggja</i> v.	<i>Ryggja</i> framleis e-verb, <i>rygga</i> a- el. e-verb
<i>røye</i> el. <i>røyr</i> f. (fisk)		<i>røye</i> el. <i>røyr</i> f. (fisk)	
<i>sidan</i> el. <i>sia</i> adv.	<i>sia</i>	<i>sidan</i> adv.	
<i>sipet</i> el. <i>sipete</i> el. <i>siput</i> ; el. <i>sippet</i> el. <i>sippete</i> el. <i>sipput</i> adj.	<i>sipet/siput</i> og <i>sippet/sippete/ sipput</i>	<i>sipete</i> adj.	Adj.suffiks behandla i pkt. 3.2.4
<i>sjaga</i> el. <i>skjaga</i> v.	<i>skjaga</i>	<i>sjaga</i> v.	
<i>skir</i> el. <i>skjær</i> adj.		<i>skir</i> el. <i>skjær</i> adj.	
<i>skjeggjet</i> el. <i>skjeggjete</i> el. <i>skjeggjut</i> [<i>skjegget</i>] el. [<i>skjeggete</i>] el. [<i>skjeggut</i>]	<i>skjeggjet</i> , <i>skjeggjete</i> , <i>skjeggjut</i> , [<i>skjegget</i>] og [<i>skjeggut</i>]	<i>skjeggete</i> adj.	Adjektivsuffiks; sjå pkt. 3.2.4.
<i>skjærseld</i> [<i>skirseld</i>] m.		<i>skirseld</i> el. <i>skjærseld</i> m.	
<i>skjærtorsdag</i> [<i>skirtorsdag</i>] m.		<i>skirtorsdag</i> el. <i>skjærtorsdag</i> m.	
<i>skjørna</i> el. <i>skøyrna</i> v.		<i>skjørna</i> el. <i>skøyrna</i> v.	Jf. <i>skøyr</i> el. <i>skjør</i>
<i>skjøtta</i> el. <i>skøyta</i> v. (stella, passa)	<i>skøyta</i>	<i>skjøtta</i> v.	
<i>skramme</i> el. <i>skråme</i> f. (rispe)	<i>skråme</i>	<i>skramme</i> f.	
<i>skrog</i> el. <i>skrov</i> n. (fly-)	<i>skrov</i>	<i>skrog</i> n. (fly-)	
<i>skugge</i> m. el. <i>skygge</i> n.		<i>skugge</i> m. <i>skygge</i> n.	To oppslag
<i>skuls</i> el. <i>skult</i> adj.	<i>skult</i>	<i>skuls</i> adj.	
<i>slegel</i> el. <i>sliul</i> m. (tust)		<i>slegel</i> el. <i>sliul</i> m. (tust)	
<i>sli</i> el. <i>sly</i> n. (slim)		<i>sli</i> el. <i>sly</i> n. (slim)	
<i>slunta</i> el. <i>sluntra</i> v.	<i>slunta</i>	<i>sluntra</i> v.	
<i>slåstkjempe</i> [<i>slåsskjempe</i>] f.	[<i>slåsskjempe</i>]	<i>slåstkjempe</i> f.	
<i>snekke</i> el. <i>snekkje</i> f. (båt)		<i>snekke</i> el. <i>snekkje</i> f. (båt)	
<i>sno</i> el. <i>snoa</i> v.		<i>sno</i> el. <i>snoa</i> v.	
<i>snylta</i> el. <i>snyltra</i> v.	<i>snyltra</i>	<i>snylta</i> v.	
<i>snyt</i> el. <i>snyta</i> adv. (s. full)		<i>snyt</i> el. <i>snyta</i> adv. (s. full)	
<i>snø</i> el. <i>snøa</i> v.		<i>snø</i> el. <i>snøa</i> v.	
<i>sponsar</i> el. <i>sponsor</i> m.	<i>sponsar</i>	<i>sponsor</i> m.	
<i>sprel</i> el. <i>sprell</i> n.	<i>sprel</i>	<i>sprell</i> n.	
<i>sprela</i> el. <i>sprella</i> v.	<i>sprela</i>	<i>sprella</i> v.	

<i>spryd</i> el. <i>spryt</i> f. (baugspryd)	<i>spryt</i>	<i>spryd</i> f.	
<i>spøkeri</i> el. <i>spøkri</i> n.	<i>spøkri</i>	<i>spøkeri</i> n.	
<i>stapp</i> el. <i>stappa</i> adv. (s. mett)		<i>stapp</i> el. <i>stappa</i> adv. (s. mett)	
<i>stebarn</i> el. <i>stykbar</i> n.		<i>stebarn</i> n. <i>stykbar</i> n.	To oppslag
<i>steins</i> el. <i>steinsens</i> adv.	<i>steins</i>	<i>stein</i> el. <i>steinsens</i> adv.	Nytt: <i>stein</i>
<i>stiftelse</i> m. el. <i>stifting</i> f.		<i>stiftelse</i> m. el. <i>stifting</i> f.	
<i>still</i> el. <i>stille</i> adj.		<i>still</i> el. <i>stille</i> adj.	
<i>streta</i> el. <i>stritta</i> v.		<i>streta</i> v. <i>stritta</i> v.	To oppslag. <i>Stritta</i> ny form.
<i>stua</i> el. <i>stuva</i> v.		<i>stua</i> el. <i>stuva</i> v.	
<i>styggeleg</i> el. <i>styggeleg</i> adv.		<i>styggeleg</i> el. <i>styggeleg</i> adv.	
<i>stylte</i> el. <i>styltre</i> f.	<i>styltre</i>	<i>stylte</i> f.	
<i>styrkebelte</i> el. <i>styrkjebelte</i> n.		<i>styrkebelte</i> el. <i>styrkjebelte</i> n.	
<i>sul</i> el. <i>suvl</i> n. (kjøtmat)		<i>sul</i> el. <i>suvl</i> n. (kjøtmat)	
<i>sveia</i> el. <i>sveiga</i> v. (bøya)		<i>sveia</i> el. <i>sveiga</i> v. (bøya)	
<i>svevn</i> el. <i>søvn</i> m.		<i>svevn</i> el. <i>søvn</i> m.	
<i>svimla</i> el. <i>svimra</i> v.		<i>svimla</i> el. <i>svimra</i> v.	
<i>svor</i> el. <i>svord</i> m.		<i>svor</i> el. <i>svord</i> m.	
<i>tagg</i> el. <i>takk</i> m. (hjorte-)		<i>tagg</i> el. <i>takk</i> m. (hjorte-)	
<i>tallerk</i> el. <i>tallerken</i> m.		<i>tallerk</i> el. <i>tallerken</i> m.	
<i>teie</i> el. <i>tægje</i> f. (fletta korg)		<i>teie</i> el. <i>tægje</i> f. (fletta korg)	
<i>teiebær</i> el. <i>tågebær</i> n.		<i>teiebær</i> el. <i>tågebær</i> n.	
<i>terskel</i> el. <i>treskel</i> m.	<i>treskel</i>	<i>terskel</i> m.	
<i>tilfeldig</i> el. <i>tilfelleleg</i> adj.	<i>tilfelleleg</i>	<i>tilfeldig</i> adj.	
<i>tilhengar</i> el. <i>tilhengjar</i> m.		<i>tilhengar</i> el. <i>tilhengjar</i> m.	
<i>tipp</i> el. <i>tips</i> n.	<i>tipp</i>	<i>tips</i> n.	
<i>tiriltunge</i> el. <i>tiritunge</i> f.	<i>tiritunge</i>	<i>tiriltunge</i> f.	
<i>tistet</i> el. <i>tistete</i> el. <i>tistut</i> ; el. <i>tistret</i> el. <i>tistrete</i> el. <i>tistrut</i>	<i>tistet</i> , <i>tistut</i> , <i>tistret</i> og <i>tistrut</i>	<i>tistete</i> el. <i>tistrete</i>	Adjektivsuffiks; sjå pkt. 3.2.4.
<i>toddi</i> el. <i>toddy</i> m.		<i>toddi</i> el. <i>toddy</i> m.	
<i>tommelfinger</i> el. <i>tumarsfinger</i> m.	<i>tumarsfinger</i>	<i>tommelfinger</i> m.	

<i>tomreipa</i> el. <i>tomreipes</i> adj.		<i>tomreipa</i> el. <i>tomreipes</i> adj.	
<i>tora</i> el. <i>torna</i> v.		<i>tora</i> el. <i>torna</i> v.	
<i>torstug</i> el. <i>tørstig</i> adj.		<i>torstug</i> el. <i>tørstig</i> adj.	
<i>trakta</i> el. <i>trekta</i> v.		<i>trakta</i> el. <i>trekta</i> v.	
<i>trekt</i>		<i>trakt</i> el. <i>trekt</i> f.	Ny form inn
<i>trikk</i> el. <i>triks</i> n. (knep)	<i>trikk</i>	<i>triks</i> n. (knep)	
<i>trillebør</i> el. <i>trillebår</i> f.	<i>trillebør</i>	<i>trillebår</i> el. <i>trillebåre</i> f.	
<i>trøndersk</i> el. <i>trøndsk</i> adj.		<i>trøndersk</i> el. <i>trøndsk</i> adj.	
<i>tvore</i> [turu] f.		<i>tvore</i> el. <i>turu</i> f.	
<i>tyre</i> el. <i>tyri</i> m. el. n.	<i>tyre</i>	<i>tyri</i> m. el. n.	
<i>usturteleg</i> el. <i>ustyrteleg</i> adj.	<i>usturteleg</i>	<i>ustyrteleg</i> adj.	
<i>utstrakt</i> el. <i>utstrekt</i> adj.	<i>utstrakt</i>	<i>utstrekt</i> adj.	
<i>van</i> el. <i>vand</i> [vant] adj.	[vant]	<i>van</i> adj. <i>vand</i> adj.	To oppslag
<i>vatersott</i> el. <i>vattersott</i> f.	<i>vattersott</i>	<i>vatersott</i> f.	
<i>veikje</i> el. <i>vækje</i> f. (jente)	<i>vækje</i>	<i>veikje</i> f. (jente)	
<i>vel</i> el. <i>vell</i> n. (-foreining)	<i>vell</i>	<i>vel</i> n. (-foreining)	
<i>verdi</i> m. el. <i>verd</i> el. <i>verde</i> n.	<i>verde</i> n.	<i>verdi</i> m. <i>verd</i> n.	To oppslag
<i>øgle</i> el. <i>ødle</i> f.	<i>ødle</i>	<i>øgle</i> f.	
<i>ørsk</i> el. <i>ørskan</i> adj.	<i>ørsk</i>	<i>ørskan</i> adj.	

Normhistorikk

Sidan dette punktet handlar om så mange ulike slag ord, vil det føra for langt å gå inn i normhistorikken. Orda har ikkje andre fellestrekk enn at dei har to valfrie former.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Nynorskorpuset er brukt til å undersøkje utbreiinga av former når nemnda har vore i tvil om i kva grad dei er i bruk i skrift.

Talemålsgrunnlag

Det er ikkje undersøkt systematisk korleis dei ymse formene er utbreidde i talemålet.

Vurdering

Det er gjort søk i det nynorske tekstkorpuset på ein god del av orda ovanfor i sakspapira når nemnda har vore i tvil om utbreiing og bruk. Eit søk på *mye/mykje* gir ein god del treff på *mye*, sjølv om *mykje* klart dominerer. Det har kome fleire innspel om at me må behalda *mye* ved sida av *mykje*. Likeins har det kome innspel om at det er bra om me tek ut forma *mye*, sjølv om ho har vore hovudform fram til no.

Nemnda har vore inne på at ein i større grad skal kunna opna for valfridom i frekvente ord enn i dei som er lite frekvente. Også nemnda bak 2002-innstillinga var inne på det:

Eit moment som har vore framme i rettskrivingsdrøftingane, er at ein lettare skal kunna opna for valfridom i ord med stor frekvens i språket enn i ord med liten frekvens. [...] Det vil seia at desse orda er blant dei 1000 vanlegaste orda i norsk: *anten/enten*, *bar(e)/berr(e)*, *bilde/bilete*, *framand/fremmend*, *gjere/gjøre*, *haldning/holdning*, *hjarte/hjerte*, *idrett/idrott*, *mog(e)leg/muleg*, *mye/mykje*, *no/nå*, *sia/sidan*, *so/så*, *sommar/sumar*, *somme/sume*, *true/truge*, *verd/verdi*. Desse må reknast for frekvente og til dels svært frekvente ord. (S. 112)

Mye/mykje er eit av dei frekvente orda der ein kunne vurderer å opna for valfridom ut frå frekvens. Nemnda har likevel valt å halda på *mykje* som einaste form, fordi nemnda oppfattar *mye* som ei tilnærmingsform som no kan gå ut, etter prinsippet om å normera på eigen grunn.

Nemnda har ikkje berre sett på frekvensen av eit ord, men om dei to variantane av ordet er frekvente. *Gjera* er til dømes eit frekvent ord, men klammeforma [*gjøra*] er lite brukt. I slike tilfelle legg nemnda vekt på at den eine forma klart har slått gjennom i skriftleg praksis, og me ser det som eit argument for at forma bør bli eineform.

Ein del av orda som i ordbøkene har to valfrie former, har i praksis berre ei form som er i bruk i skrift. Ein del former kan såleis takast ut or rettskrivinga utan at brukarane vil merka det.

Mange av orda ovanfor har ei eldre form og ei form som kjennest meir moderne. Former som er svært alderdommelege eller svært sjeldsynte i bruk i skrift, har nemnda gått inn for å ta ut or rettskrivinga. Men i mange tilfelle er dei to variantane ikkje heilt synonyme, og då har nemnda sagt at dei bør ordlisteførast som ulike oppslagsord, og ikkje som to variantar av same ord.

Sjå elles reglane for når ord bør førast opp kvar for seg, i punkt 1.6.4.

2.5 Nokre prefiks og suffiks med valfridom

2.5.1 Fore- eller føre-

Status i dag

Nokre få ord har valfridom mellom prefiksa *fore-* og *føre-*, mens ei lang rekkje ord har valfritt *for-* eller *føre-*. Døme: *foredrag/føredrag*, *formiddag/føremiddag*.

Framlegg til ny rettskriving:

Fordelinga av *for-*, *fore-* og *føre-* blir som før. *Forbilde*, som før var klammeform, blir no jamstilt form.

Framlegget gjeld desse orda:

Ord med *fore-/føre-*

foredrag el. *føredrag* n.
forelesa el. *førelesa* v.
forelesing el. *førelesing* f.
foreslå el. *føreslå* v.

forprosjekt el. *føreprosjekt* n.
forprøve el. *føreprøve* f. el. m.
forrang el. *førerang* m.
forrett el. *førerett* m. (særrett)
forrett el. *førerett* m. (matrett)
forrom el. *førerom* n.
forslag el. *føreslag* n. (i musikk)
forsmak el. *føresmak* m.
forsommar el. *forsumar* el. *føresommar*
 el. *føresumar* m.
forsongar el. *føresongar* m.
forspel el. *førespel* n.
forspent el. *førespent* adj. (vere godt f.
 med)
forstaving el. *førestaving* f.
fortropp el. *føretropp* m.
forvarsel el. *førevarsel* n.
forvask el. *førevask* m. el. n.
forvern el. *førevern* n.

Ord med *for-/føre-*

forarbeid el. *førearbeid* n.
forbilde el. *førebilete* n.
forbokstav el. *førebokstav* m.
forgard el. *føregard* m.
forheng el. *føreheng* n.
forløpar el. *føreløpar* m.
forled el. *føreled* m.
forledd el. *føreledd* n.
formiddag el. *føremiddag* m.
formål el. *føremål* n.
fornamn el. *førenamn* n.
forord el. *føreord* n.

Normhistorikk

Nokre døme frå kvar gruppe ovanfor kan tena som døme på korleis utviklinga har vore:

Aasen	1938	1959	1984	1986	2000
	<i>foredrag</i>		<i>foredrag</i> el. <i>føredrag</i>		
<i>Fyresnad</i>	<i>førelesning</i>	<i>føres(n)ing</i> el. <i>foreles(n)ing</i>		<i>førelesing</i> el. <i>forelesing</i>	
		<i>føreslå</i> el. <i>foreslå</i>			
					<i>føregå</i>

<i>Fyremaal</i>	<i>føremål</i>	<i>føremål</i> el. <i>formål</i>			
<i>Fyreord</i>	<i>føreord</i>	<i>føreord</i> el. <i>forord</i>			

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

I tradisjonell nynorsk har det heitt *føre-*, mens *for-* og *fore-* har kome inn i stadig fleire ord sidan 1959.

Forma *foredrag* vart oppfatta som eit lånord, og var eineform fram til 1984, då forma *føredrag* vart teken inn og jamstilt med *foredrag*. *Føredrag* har slått gjennom og er mykje brukt i dag.

Talemålsgrunnlag

Me har inga undersøking på dette, men *føre-* er det tradisjonelle prefikset i norske dialektar, mens *for-* er på frammarsj i dag. *Fore-* er fyrst og fremst brukt i nokre avgrensa lånord.

Vurdering

Nemnda meiner det er lettast for språkbrukarane om *for-/føre-*, eventuelt *fore-/føre-* er valfritt som *før*. I tillegg til formene ovanfor har nemnda vurdert om forma *foregå* burde takast inn i tillegg til *føregå*, sidan ordet er ein klar parallell til *foreslå/føreslå*. Nemnda har kome fram til at ho ikkje vil gjera noko med dette spørsmålet no, fordi det lett får konsekvensar for fleire ord.

2.5.2 -stella eller -stilla

Status i dag

I dag er *-stella* og *-stilla* jamstilte etterledd i mange samansetningar. Det gjeld desse verba og verbalsubstantiva:

blottstella el. *blottstilla*
framstella el. *framstilla*
fristella el. *fristilla*
jamstella el. *jamstilla*
likestella el. *likestilla*
omstella el. *omstilla*
samstella el. *samstilla*
tilfredsstella el. *tilfredsstilla*

framstelling el. *framstilling*
jamstelling el. *jamstilling*
likestelling el. *likestilling*
omstelling el. *omstilling*
oppstelling el. *oppstilling*
ordstelling el. *ordstilling*
problemstelling el. *problemstilling*
tilfredsstelling el. *tilfredsstilling*
utstelling el. *utstilling*

Verbet *førestella* (visa; tenkja (seg)) er eineform, og likeins verbalsubstantivet som høyrer til: *førestelling* (tanke, idé).

Ord som markerer (kropp)s-haldning, har berre *-stilling*: *arbeidsstilling*, *forstilling*, *sitjestilling*.

Også desse orda har berre *-stilling*: *nøkkelling*, *innstilling* (oppfatning; tilråding).

Framlegg til ny rettskriving:

Forma *-stella* og avleiinga *-stelling* går ut or nynorsk rettskriving. Formene *-stilla* og *-stilling* blir eineformer. Det inneber at *førestella* og *førestelling* blir endra til *førestilla* og *førestilling* (i tydinga 'tanke, idé').

Normhistorikk

Aasen	1938	1959	1983	1993
				<i>førestella</i>
	<i>førestelling</i>			
			<i>innstilling</i>	
<i>stella</i>			<i>jamstella</i> el. <i>jamstilla</i>	
		<i>jamstelling</i>	<i>jamstelling</i> el. <i>jamstilling</i>	
				<i>likestella</i> el. <i>likestilla</i>
			<i>likestilling</i> el. <i>likestilling</i>	
			<i>utstelling</i> el. <i>utstilling</i>	

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Eit søk i nynorskkorpuset viser at forma *jamstella* og *jamstelling* dominerer framfor *jamstilla* og *jamstilling*. Tilsvarende blir *-stilla* brukt mest i dei nyare formene *likestilla* og *likestilling*.

Det er sjeldan å sjå feil i dei nemnde orda ovanfor som får berre *-stilling* (*innstilling* o.a.). Derimot er det mange som skriv *førestilla* og *førestilling*, sjølv om *førestella* og *førestelling* har vore eineformer heile tida. *Førestill-* utgjer om lag ein tredel av treffa når ein søker på *førestell-/førestill-* i nynorskkorpuset.

Talemålsgrunnlag

Det er ikkje undersøkt.

Vurdering

-stella og *-stelling* er heilt klart dei tradisjonelle formene, og er mest i bruk i samansetningar med *jam-*: *jamstella* og *jamstelling*.

Nemnda går inn for at formene *-stilla* og *-stilling* blir eineformer i heile gruppa av ord som er lista opp ovanfor. Formene med *-i-* er klart mest i bruk i dag, og nokre av formene med *-e-* verkar kunstige, t.d. *utstelling*.

Formene *førestella* og *førestelling* får òg *-i-* som eineform: *førestilla* og *førestilling*.

3 Formverket



3.1 Substantiv

3.1.1 Nokre grupper av hankjønnsord i fleirtal

Status i dag

Ei undergruppe av hankjønnsorda har hovudform med *-er/-ene* i fleirtal og klammeform med *-ar/-ane*. Dei fleste endar på konsonant + *-g, -gg, -ng, -nk* og *-kk*:

<i>bekk</i>	<i>sekk</i>
<i>belg</i>	<i>serk</i>
<i>benk</i>	<i>skjeng</i> (brei stripe)
<i>dreng</i>	<i>skjenk</i>
<i>drikk/drykk</i>	<i>sleng</i>
<i>flekk</i>	<i>stegg</i>
<i>gong</i>	<i>stilk</i>
<i>hegg</i>	<i>sting</i>
<i>klegg</i>	<i>streng</i>
<i>legg</i>	<i>svelg</i>
<i>nekk</i> (reinkalv)	<i>veik</i> (i lys)
<i>rygg</i>	<i>vegg</i>
<i>rykk</i>	<i>veng</i>

Ord som ikkje har slike særdrag, men som høyrer til denne gruppa, er:

<i>breſt</i>	<i>lut</i>
<i>byl/bøl</i> (vindkast)	<i>mon(n)</i>
<i>egd</i>	<i>rett</i> (matrett)
<i>gjeſt</i>	<i>sau</i>
<i>gris</i>	<i>ſed</i>
<i>kvist</i>	<i>ſtað</i>
<i>leð</i>	<i>ſtyl</i> (nedste delen av strå)
<i>lem</i>	<i>ven(n)</i>
<i>leſt</i> (gammalt rommål)	<i>vev</i>
<i>leſt(t)</i> (farge)	<i>øyk</i> (hest)
<i>lott</i>	

Ord som er laga med suffikset *-nad*, og ord som sluttar på trykklett *-a*, blir bøygde på same måten: *bunader* [*bunadar*], *søknader* [*søknadar*], *sofaer* [*sofaar*], *fukſiaer* [*fukſiaar*].

Framlegg til ny rettskriving

- Hankjønnsord som ut frå etymologisk opphav har hatt fleirtalsbøying *-er*, *-ene* som hovudform (typen *benk*, *vegg*), skal ha valfri fleirtalsbøying, dvs. *-ar*, *-ane* eller *-er*, *-ene*. Døme:
 - *benk*, *benken*, fl. *benker*, *benkene*, el. *benkar*, *benkane*
- Hankjønnsord på *-nad* og *-a* (typen *bunad*, *villa*) skal ha valfri fleirtalsbøying, dvs. *-ar*, *-ane* eller *-er*, *-ene*. Døme:
 - *bunad*, *bunaden*, fl. *bunader*, *bunadene*, el. *bunadar*, *bunadane*
 - *villa*, *villaen*, fl. *villaer*, *villaene*, el. *villaar*, *villaane*

Normhistorikk

I norrønt var det ei gruppe hankjønnsord som fekk *-ir* i fleirtal – dei såkalla *i*-stammane (t.d. *bekk*, *gjeſt*). Aasen tok dei inn i landsmålet som ein eigen bøyingsklasse: *bekker*, *bekkene*. Frå 1901 til 1917 var det òg mogleg å skriva *bekkir*, *bekkine*.

I 1938 fekk denne ordgruppa regelrett hankjønnsbøying som klammeform: *bekker*, *bekkene* [*bekkar*, *bekkane*]. Slik har det vore fram til i dag.

Nokre ord som opphavleg var *i*-stammar, har fått regelrett hankjønnsbøying alt hjå Aasen. Det gjeld til dømes *dal*, *veg*. Nokre ord som hjå Aasen fekk *-er*, *-ene*, har seinare fått regelrett hankjønnsbøying. Det gjeld til dømes *døl* og *høl* (Aasen: *Hyl*).

Hankjønnsord på *-a* hadde obligatorisk fleirtalsbøying med *-er* og *-ene* frå 1920, og orda på *-nad* fekk obligatorisk *-er* og *-ene* i 1959. Slik var det i dei to ordgruppene fram til 1995, då Norsk språkråd vedtok å la dei få vanleg hankjønnsbøying som klammeform.

Aasen seier ikkje noko særskilt om korleis orda på *-nad* skal bøyast, men i *Norsk Ordbog* fører han dei opp med «m.» bak, dvs. som ord med vanleg hankjønnsbøying. Ved gamle i-stammar, som altså får det uregelrette mønsteret *-er, -ene*, skriv han: «Gris m. (Fl. Griser)».

Grunnen til at hankjønnsord som *villa* og *buddha* har hatt fleirtal *-er* og *-ene* heile tida sidan 1920, kan vera at mange synest det er rart med to *a*-ar etter kvarandre (*buddaar, buddaane*). Skrivemåten *aa* var dessutan problematisk i den tida då *å* framleis ikkje var heilt innarbeidd for *aa*.

Denne oversikta viser korleis utviklinga har vore:

Aasen	1901	1917	1920	1938	1959	1995
<i>Bekker</i>	<i>bekker (bekkir)</i>	<i>bekker</i>		<i>bekker [bekkar]</i>		
<i>Døler</i>	<i>døler (dølr)</i>	<i>døler [dølar]</i>		<i>dølar</i>		
<i>Bunadar</i>					<i>bunader</i>	<i>bunader [bunadar]</i>
			<i>villaer</i>			<i>villaer [villaar]</i>

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Mange eldre språkbrukarar har hatt skiljet mellom hankjønnsord med *-er/-ene* og hankjønnsord med *-ar/-ane* i talemålet, og då har det vore naturleg å bruka det i skrift.

Hankjønnsord på *-a* og *-nad* har hatt *-er* og *-ene* i fleirtal som eineformer fram til nyare tid, men *[-ar]* og *[-ane]* kom inn som sideformer i 1995. Nynorskkorpuset inneheld mykje tekstar frå før 1995, men har òg store mengder tekst frå dei siste 15 åra.

Eit søk i nynorskkorpuset på nokre vanlege ord som har hatt *-er/-ene* som hovudform, gir desse resultatane:

<i>bekker, bekkene:</i>	155 treff	<i>bunader, bunadene:</i>	155 treff
<i>bekkar, bekkane:</i>	100 treff	<i>bunadar, bunadane:</i>	5 treff
<i>kvister, kvistene:</i>	105 treff	<i>månader, månadene:</i>	925 treff
<i>kvistar, kvistane:</i>	120 treff	<i>månadar, månadane:</i>	44 treff
<i>gonger, gongene:</i>	420 treff	<i>villaer, villaene:</i>	44 treff
<i>gongar, gongane:</i>	27 treff	<i>villaar, villaane:</i>	1 treff

Nynorskorpuset har truleg mest modne skribentar som har lært seg det tradisjonelle mønsteret. Søka seier såleis noko om korleis dei trygge språkbrukarane skriv, mens me manglar dokumentasjon på korleis mindre røynde språkbrukarar skriv, særleg når dei skriv under mindre normpress.

Talemålsgrunnlag

Den spesielle bøyinga som ordgruppa i-stammar fekk i norrøn tid, har halde seg godt i dialektane like til 1900-talet, men no endrar talemålet seg raskare enn før. 2002-innstillinga drøftar dette:

Er-klassen i hankjønn har halde seg nokså godt i svært mange norske dialektar opp til våre dagar. Men det har òg vore vanleg at ord av denne klassen har kunna hatt både *-er* og *-ar* hjå same språkbrukarane. Hjå yngre i dag på Vestlandet ser det ut til at denne bøyingsklassen går fullstendig opp i *ar*-klassen. Og det same har skjedd tidlegare i dialektane i Trøndelag og i Nord-Noreg. (S. 60)

Når det gjeld fleirtalsendinga i ord på *-nad* og *-a*, er det vanskeleg å finna dialektar som har endinga *-er* i desse substantiva. Ofte skil ikkje dialekten mellom *-er* og *-ar* i endingar, og i mange tilfelle blir dei to trykklette *a*-ane dregne saman: *fleire kostna(r)*.

Vurdering

Den særskilde bøyinga av ord som var i-stammar i norrønt, har vore ein del av den nynorske skrifttradisjonen frå Aasen til i dag. Mange veit ut frå talemålet sitt kva for ord som skal ha fleirtalsbøyinga *-er* og *-ene*. Men det finst ingen enkel regel for kva hankjønnsord som skal ha den uregelrette bøyinga *-er*, *-ene* i moderne nynorsk, med unntak av orda som endar på *-nad* og *-a*. For dei som ikkje har skiljet mellom regelrette og uregelrette hankjønnsord i talemålet, er det vanskeleg å gjennomføra den uregelrette bøyinga på riktig måte. Yngre språkbrukarar er i ferd med å mista dette skiljet, og mange bruker fleirtalsbøyinga *-ar*, *-ane* gjennomført, kanskje med unntak av fleirtal av *gong* og *stad*.

For dei språkbrukarane som er vane med å skilja mellom dei to bøyingsmønster, bør det vera høve til å halda på dette skiljet. Derfor meiner nemnda at dei to bøyingsmønster bør bli jamstilte.

I ord på *-nad* og *-a* bruker dei fleste mønsteret *-er*, *-ene*, både fordi det var eineform fram til 1995, og kanskje fordi dei opplever det som litt rart med to *a*-ar etter kvarandre (*månadar*, *villaar*).

Jamstiller me fleirtalsbøyingane både for gamle i-stammar, hankjønnsord på *-nad* og på *-a*, kan alle hankjønnsord bøyast etter hovudmønsteret for hankjønn: *-en*, *-ar*, *-ane*. Det er ei forenkling for dei som treng nokre faste reglar når dei skal læra seg nynorsk.

3.1.2 Nokre grupper av hokjønnsord i fleirtal

Status i dag

Desse hokjønnsorda har i dag hovudform i fleirtal på *-ar* og *-ane*, og klammeform på *[-er]* og *[-ene]*:

<i>brik</i>	<i>kleiv</i>	<i>røyr</i> (lyske)
<i>dys</i>	<i>kvern</i>	<i>røys</i>
<i>elv</i>	<i>lever</i>	<i>sild</i>
<i>erm</i>	<i>merr</i>	<i>spik</i>
<i>fit</i>	<i>mjødm</i>	<i>seter</i>
<i>gimmer/gimber</i>	<i>myr</i>	<i>vik</i>
<i>gyger</i>	<i>møy</i>	<i>øks</i>
<i>helg</i>	<i>never</i>	<i>ørn</i>
<i>hei</i>	<i>onder</i> (ski med skinn)	<i>øy</i>
<i>herd</i>	<i>reim</i>	<i>øyr</i>
<i>hes</i>	<i>rim</i> (fjøl)	<i>år</i> (blodår; år i båt)
<i>il</i>	<i>rip</i> (båtrip)	
	<i>røy</i>	

Framlegg til ny rettskriving

- Hokjønnsord som ut frå etymologisk opphav har hatt fleirtalsbøying *-ar*, *-ane* som hovudform (typen *elv*, *myr*), skal ha valfri fleirtalsbøying, dvs. *-ar*, *-ane* eller *-er*, *-ene*. Døme:
 - *elv*, *elva*, fl. *elvar*, *elvane*, el. *elver*, *elvene*
- Hokjønnsord som endar på *-ing*, skal framleis ha fleirtalsbøying *-ar*, *-ane*. Døme:
 - *dronning*, *dronninga*, *dronningar*, *dronningane*

Normhistorikk

Ei gruppe hokjønnsord hadde i norrønt eit anna bøyingsmønster enn hovudgruppa, nett som i-stammene skil seg frå hovudgruppa av hankjønnsord. Aasen førte opp desse orda som ei eiga gruppe med fleirtalsbøying *-ar*, *-ane*. Frå 1917 fekk ein del av desse orda valfritt *-ar* eller *-er*, og i 1938 regelrett bøyning *-er* (*eng*, *grind*). Ei anna gruppe vart ståande med *-ar* som hovudform, og fekk i 1938 *-er* som klammeform (*helg*, *myr*).

Hokjønnsorda som endar på *-(n)ing*, har heile tida hatt uregelrett bøyning *-ar*, *-ane*, og noko anna har aldri vore aktuelt. I ordboka skriv Aasen rett nok berre «f.», men i forordet viser han til *Norsk Grammatik* når det gjeld bøyingsformer. Der står det presisert at «alle de Hunkjønnsord, som ende paa 'ing', f. Ex. Føring», skal ha *-ar* i fleirtal.

Aasen	1917	1938	1959
<i>Myrar</i>		<i>myrar [myrer]</i>	
<i>Grindar</i>	<i>grindar [grinder]</i>	<i>grinder</i>	
<i>Engjar</i>	<i>engjar [enger]</i>	<i>enger</i>	
<i>Dronningar</i>			

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

I mange av desse orda står uregelrett bøyning stadig ganske sterkt i nynorsk rettskriving. Prosentdelen av uregelrett bøyning i forhold til regelrett varierer noko frå ord til ord. Mange språkbrukarar har ikkje lenger skiljet mellom hokjønnsorda med uregelrett bøyning og dei med regelrett bøyning, men bruker den regelrette bøyninga på alle.

Eit søk i nynorskkorpuset gir desse resultatane:

<i>myrar, myrane</i>	165 treff
<i>myrer, myrene</i>	30 treff
<i>helgar, helgane</i>	63 treff
<i>helger, helgene</i>	182 treff

Talemålsgrunnlag

Nett som med det uregelrette mønsteret i hankjønnsord er det uregelrette mønsteret i hokjønnsord på vikande front. 2002-innstillinga seier det slik:

Det vanlege er at *ing*-klassen har *ar*-bøyning i dei norske dialektane som skil mellom *-ar* og *-er* i fleirtal. (Visse unntak finst, som f.eks. i Nord-Gudbrandsdalen der slike ord får *-o* i fleirtal.) Dei andre orda, som nynorsk altså har valfritt *-er/-ar* i, er det meir variasjon i, og ein finn mange overgangar til *er*-klassen. Men hovudinstrykket er at *ar*-klassen i hokjønn er meir stabil enn *er*-klassen i hankjønn. (S. 63)

Vurdering

Hokjønnsorda som ut frå etymologisk opphav får *-ar* og *-ane* i fleirtal, har hatt det bøyingsmønsteret frå Aasens tid, nett som dei maskuline *i*-stammene har hatt uregelrett fleirtal. Den uregelrette fleirtalsbøyninga har truleg halde seg noko betre i hokjønnsord enn i hankjønnsord, både i skrift og tale. Mange yngre språkbrukarar har likevel regelrett fleirtalsbøyning *-er, -ene* i ord av typen *helg, myr, øks*. Dei har såleis ikkje noka støtte i talemålet for å halda på skiljet mellom *-er/-ene* og *-ar/-ane* i fleirtal.

Samtidig er det viktig at dei som følgjer skiljet mellom uregelrett og regelrett fleirtalsbøyning, får høve til å bruka det også i framtida.

Blir fleirtalsbøyningane for denne gruppa hokjønnsord jamstilte, kan alle hokjønnsord bortsett frå dei som endar på *-ing*, bøyast etter hovudmønsteret for hokjønn: *-a, -er, -ene*. Det er ei forenkling for dei som treng nokre faste reglar når dei skal læra seg nynorsk.

3.1.3 Bunden form eintal av sterke hokjønnsord og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord

Status i dag

Bunden form eintal av sterke hokjønnsord har i dag *-a* som hovudform og *[-i]* som klammeform: *bygda* [*bygdi*].

Dei same bøyingsendingane har bunden form fleirtal av inkjekjønnsord: *husa* [*husi*].

Framlegg til ny rettskriving

Bunden form eintal av sterke hokjønnsord og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord får *-a* som eineform: *bygda*; *husa*. Formene [*bygdi*] og [*husi*] går ut or rettskrivinga.

Normhistorikk

Aasen skilde mellom sterke og svake hokjønnsord i grammatikken sin, slik at dei sterke fekk endinga *-i* i bunden form: *Soli*, *Bygdi*.

I bunden form fleirtal fekk inkjekjønnsorda (bortsett frå *Auga*, *Hjarta*, *Øyra*) same mønster som hokjønnsorda hadde i bunden form eintal. Slik har det vore heile tida seinare.

I 2002-innstillinga står det:

I 1917 vart bøyingssuffikset i sterke hokjønnsord *-a* jamstilt med *-i*. Men dei fleste skulebøkene heldt på den tradisjonelle *i*-forma. Dei fleste nynorskskulane på Austlandet, i Trøndelag og i Nordland tok i undervisninga opp *a*-forma, medan skular vest og sør i landet for det meste heldt på *i*-forma – dels fordi ho samsvara med målføret, dels fordi det var tradisjon for å bruka denne forma. (S. 64)

I arbeidet med 1938-rettskrivinga kom det framlegg om å gjera *a*-endinga til eineform, fordi det var den einaste hokjønnsendinga som kunne bli sams for nynorsk og bokmål. Det vekte store protestar, og *i*-endingane vart klammeform i 1938-rettskrivinga. Det har dei vore sidan.

Denne oversikta viser endringane i bøying av sterke hokjønnsord i nynorsk:

Aasen	1917	1938	1959
<i>Soli</i>	<i>sola/soli</i>	<i>sola</i> [<i>soli</i>]	
<i>Bordi</i>	<i>borda/bordi</i>	<i>borda</i> [<i>bordi</i>]	

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Då det vart opna for forma *-a* i 1917, var det mange forfattarar som gjekk over til *a*-mål. Endå fleire vart det då 1938-rettskrivinga kom. Avisene i område med *i*-mål i talemålet

heldt fram med å bruka i-mål lenge, men i dag er formene svært lite brukte, også i kjerneområda for i-mål. 2002-innstillinga viser til tal i *Nynorsk frekvensordbok*:

I skrift står i-formene svært svakt. Av *Nynorsk frekvensordbok* går det fram at i-ending finst i 1,3 % i dei aktuelle bøyingsformene, og endinga *-a* står då i resten, dvs. i 98,7 %. (Dette er utrekna på grunnlag av opplysningar for dei nokså frekvente orda *bok, hand, sak, sol* og *tid.*) (S. 66)

Vikør (1995b) legg fram tal for det han fann då han undersøkte rettskrivinga hjå forfattarar i 1930-åra, 1950-åra og 1970-åra. Sju av dei ti forfattarane frå 1930-åra brukte *-a* i bunden form eintal sterkt hokjønn og bunden form fleirtal inkjekjønn. I 1950-åra brukte ni av ti undersøkte forfattarar *a*-endingar, og i 1970-åra brukte alle dei ti forfattarane i materialet *a*-endingar.

Eit søk i det nynorske tekstkorpuset gir desse resultatata:

boka	925 treff	sola	970 treff
boki	1 treff	solli	140 treff
handa	950 treff	tida	920 treff
handi	105 treff	tidi	350 treff
saka	960 treff		
saki	115 treff		

Søka er baserte på «stikkprøve»-funksjonen i nynorskkorpuset, og med ordklasse-markering. Då får ein tilslag berre i tekstar frå 1938 eller seinare.

I-formene i materialet finst særleg i eldre tekstar av Tarjei Vesaas og Johannes Heggland, og i tekstar av Andreas Bjørkum. Både Vesaas og Heggland gjekk over til *a*-endingar i 1950-åra.

Talemålsgrunnlag

Skiljet mellom sterk og svak bøyning av hokjønnord har tradisjonelt stått ganske sterkt i norske dialektar, og finst over store delar av Vestlandet, i fjellbygdene på Austlandet og i område i Nordland. Men formene varierer mykje, og dialektuttalen av den sterke hokjønnendinga kan tolkast som både *-a, -e, -æ, -i/-ei* og *-o/-å*.

«I-målsområdet» blir til dels definert som område med *-i* eller ein lyd nær *-i* (*-ei* eller *-e*), og dekkjer då Setesdal, Vest-Telemark, Hallingdal, Valdres, Gudbrandsdalen, Hardanger, Voss og Sogn. Reknar ein heile området med delt hokjønnbøyning som i-målsområdet, blir det noko større.

Skiljet mellom sterk og svak bøyning er på vikande front mange stader, og går i retning av ei sams ending, oftast *-a*.

Vurdering

I-målet har ikkje så stor talemålsutbreiing, særleg viss me ikkje reknar med dei områda som har ulike endingar i sterkt og svakt hokjønn, men som har ein annan vokal enn *i/e/ei* i sterkt hokjønn. Dei færreste som har i-mål i talemålet sitt, bruker det i skrift. Mange oppfattar *i*-formene som markør for ein tradisjonalistisk nynorsk.

Stadnamn i bunden form hokjønn har i dag normert skriftform med *-i* i dei områda som har i-mål. Det kan dei ha også i framtida, fordi stadnamnlova opnar for skrivemåtar utanom den vedtekne rettskrivinga når lokal uttale tilseier det.

Ut frå skriftleg utbreiing er det i dag lite grunnlag for å halda på *-i* som eit valfritt alternativ til *-a* i bunden form av sterke hokjønnsord og i bunden form av inkjekjønn fleirtal.

3.1.4 Eintalsbøying av svake hokjønnsord

Status i dag

Svake hokjønnsord, dvs. hokjønnsord som har meir enn ei staving og endar på trykklett vokal, har i dag endinga *[-a]* som klammeform i ubunden form eintal: *(ei) vise [visa]*.

Framlegg til ny rettskriving

Ubunden form eintal av svake hokjønnsord *[(ei) visa]* går ut or rettskrivinga. *(Ei) vise* blir eineform.

Normhistorikk

Aasen hadde *a*-ending på svake hokjønnsord i ubunden form: *ei Visa*. Frå 1917 hadde ubunden form eintal av svake hokjønnsord valfridom mellom endingane *-a* og *-e* (*(ei) visa/vise*), mens *-e* vart eineform i 1938-rettskrivinga. Etter framlegg frå Norsk Måldyrkingslag kom *a*-endinga inn att i nynorsknorma som klammeform i 1983.

Utviklinga kan visast slik:

Aasen	1917	1938	1959	1983
<i>Visa</i>	<i>visa</i> el. <i>vise</i>	<i>vise</i>		<i>vise [visa]</i>

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Vikørs (1995b) undersøking av språket hjå nynorskforfattarar viser at det berre var Ragnvald Vaage av dei ti 1930-talsforfattarane som brukte forma med *-a* i ubunde eintal av svake hokjønnsord. Dei ni forfattarane frå 1950-åra brukte alle *e*-endinga. Også dei ti forfattarane frå 1970-åra valde *e*-forma i ubunden form eintal.

Eit stikkprøvesøk i nynorskkorpuset på «ei jenta» gir 18 treff. Dei fleste er frå dei siste 30 åra (Ernst Berge Drange, Johannes Heggland og Sogns Avis).

Talemålsgrunnlag

Ei vanleg inndeling i målførelitteraturen er *e-mål*, *a-mål* og *e/a-mål*. Inndelinga går ikkje berre på infinitivsendingane, men også på svake hokjønnsord i ubunde eintal: (*ei vise/visa*, (*ei*) *jente/jenta*). I e-målet endar både infinitiv og svake hokjønnsord i ubunde eintal på *-e*. På same vis får a-målet *-a*: (*å*) *kasta*, (*ei*) *jenta*. A-målet er utbreidd på Vestlandet frå og med Indre Sogn til og med det meste av Vest-Agder. I *e/a-målet* endar infinitiven på *-e*, mens dei svake hokjønnsorda har *-a* i ubunden form eintal. Dette finn me i Sør-Troms og delvis i Finnmark, og dessutan i nokre bygder heilt sør i landet.

Vurdering

Ubunde svakt hokjønnsord på *-a* finn me stort sett i dei områda som har a-infinitiv, og altså i delar av Nord-Noreg. Sidan *-a* er jamstilt form i infinitiv i skriftspråket, kan det tala for at *-a* og *-e* bør vera jamstilte former i ubunde eintal av svake hokjønnsord. Men i skrift er *-a* brukt svært lite i denne posisjonen. Forma var ute av nynorsk rettskriving frå 1938 til 1983, og ho er ikkje teken i bruk att i skrift etter 1983. Mange oppfattar ho som ein markør for tradisjonalistisk nynorsk.

Ut frå den skriftspråkspraksisen me ser, er *a*-endinga i ubunden form eintal av svake hokjønnsord så lite brukt at det ikkje er grunnlag for å behalda henne i nynorsknorma.

3.1.5 Fleirtalsbøying av svake hokjønnsord

Status i dag

I dag har svake hokjønnsord klammeform på *[-or]* og *[-one]* (*[visor, visone]*) i fleirtal attåt vanleg hokjønnsbøying.

Framlegg til ny rettskriving

Fleirtalsformene *[visor]*, *[visone]* av svake hokjønnsord går ut or rettskrivinga. Bøyingsmønsteret *viser, visene* blir eineform i fleirtalsbøyinga av svake hokjønnsord.

Normhistorikk

Aasen bøygde svake hokjønnsord slik i fleirtal: *Visor, Visorna*. I 1917 kom *viser* inn ved sida av *visor*. Formene *-er* og *-ene* slo fort gjennom, og i 1938 vart dei hovudformer, mens *-or* og *-one* etter framlegg frå Arne Bergsgård skulle kunna brukast i skuleslag som

ikkje førebudde for offentlig teneste, dvs. dei vart klammeformer. Det har dei vore sidan.

I 1982 kom Måldyrkingslaget med framlegg om at svake hokjønnsord burde få jamstilling mellom *-or* og *-one* og *-er* og *-ene* i fleirtal, men det vann ikkje fram i nynorskdelen av fagnemnda i Norsk språkråd.

Aasen	1917	1938	1959
<i>Visor, Visorna</i>	<i>visor, visone</i> el. <i>viser, visene</i>	<i>viser, visene</i> [<i>visor, visone</i>]	

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

I undersøkinga av skjønnlitterære forfattarar finn Vikør (1995b) at tre av forfattarane frå 1930-åra brukte *-or* og *-one* i fleirtal av dei svake hokjønnsorda. Det var Per Hilleren, Tarjei Vesaas og Ragnvald Vaage. Dei andre sju forfattarane i Vikørs undersøking hadde valt dei nyinnførte klammeformene på *-er* frå 1917. Blant forfattarane frå 1950-åra var det berre Olav Berkaak (Sør-Trøndelag) som heldt på *-or* og *-one*. Når det gjeld dei ti forfattarane frå 1970-åra, er biletet heilt eintydig: Alle har teke i bruk *-er* og *-ene* i fleirtal av svake hokjønnsord.

Wetås skriv i undersøkinga si av publisert materiale på nynorsk:

Samtlege undersøkingar av substantivformer viser at det stort sett berre er hovudformene som er i bruk. Eitt og anna innslag kan det vera av klammeformene, men det er heilt marginalt. (2001a:22)

Eit søk i nynorskkorpuset på materialet etter 1938 gir desse resultatata:

<i>jenter</i>	950 treff	<i>gjenter</i>	100 treff	<i>viser</i>	66 treff
<i>jentor</i>	5 treff	<i>gjentor</i>	25 treff	<i>visor</i>	13 treff

Blant treffa på *visor* viser tre til svenske tekstar, og fleire er sitat eller metaspråklege kommentarar (handlar om bøyning av svake hokjønnsord).

Talemålsgrunnlag

Dialektgrunnlaget for *-or* og *-one* (*gator, gatone*) er ikkje heilt det same som for *-i* i bunde eintal av sterke hokjønnsord (jf. *sol*). Ei eiga svak fleirtalsbøyning av hokjønnsord finst i fjellbygdene på Austlandet, i delar av Trøndelag og Helgeland, på Nordmøre, i Romsdal og i delar av Voss og Hardanger. Uttalen varierer mellom /visu(r)/, /viso/ og /viså(r)/.

Vurdering

Fleirtalsbøyinga *-or* og *-one* av svake hokjønnsord er svært lite i bruk i skrift, sjølv om ho heile tida har vore tillaten i skriftmålet. Heller ikkje i område der forma finst i talemålet, blir ho teken i bruk.

Formene *-or* og *-one* har svakare talemålsgrunnlag enn *i*-målet, som det òg er framlegg om å ta ut av rettskrivinga. Kombinasjonen av svakt talemålsgrunnlag og marginal bruk i skrift gjer at det såleis er liten grunn til å halda på endingane *-or* og *-one* i svake hokjønnsord i fleirtal.

3.1.6 Regelrett bøying av nokre inkjekjønnsord

Status i dag

Desse tre orda *auge/auga*, *hjarthe/hjarta* og *øyre/øyra* har denne bøyinga i dag:

auge – *auget* – *auge* – *auga* [*augi*], el. *auga* – *auga* – *augo* – *augo*

hjarthe [*hjerte*] – *hjartet* [*hjertet*] – *hjarthe* [*hjerte*] – *hjarta* [*harti*] [*hjerta* el. *hjerti*], el. *hjarta* – *hjarta* – *hjartho* – *hjartho*

øyre [*øre*] – *øyret* [*øret*] – *øyre* [*øre*] – *øyra* [*øyri*] [*øra* el. *øri*], el. *øyra* – *øyra* – *øyro* – *øyro*

Framlegg til ny rettskriving

Orda *auge/auga*, *hjarthe/hjarta* og *øyre/øyra* skal ha desse bøyingmønster:

auge – *auget* – *auge* – *auga*, el. *auga* – *auga* – *augo* – *augo*

hjarthe – *hjartet* – *hjarthe* – *hjarta*, el. *hjarta* – *hjarta* – *hjartho* – *hjartho*

øyre – *øyret* – *øyre* – *øyra*, el. *øyra* – *øyra* – *øyro* – *øyro*

Normhistorikk

Aasen bøygde desse orda slik: *auga* – *auga* – *augo* – *augo*. Han hadde fleire ord i gruppa som fekk ei særskild bøying, ofte kalla svak (eller linn) inkjekjønnsbøying. 2002-innstillinga seier om det:

Hjå Aasen (1864) gjaldt det desse orda: *auga*, *øyra*, *nyra*, *hjartha*, *okla*, *noda*, *nysta*, *eista*. Seinare vart også *hyrna* rekna hit, medan Aasen reknar det som hokjønnsord. Etter kvart er fleire av orda flytte ut av denne spesialgruppa og over til anten den vanlege inkjekjønnsbøyinga (*node*, *nyste* [*nøste*]) eller til valfri ho- eller vanleg inkjekjønnsbøying (*eiste*, *nyre*, *okle*), slik at gruppa etter 1959 har hatt berre dei tre: *auga*, *hjartha*, *øyra*. (S. 68)

I 1917 kom det mønsteret som i dag er den vanlege inkjekjønnsbøyinga, altså *auge – auget – auge – auga*. Orda *auga*, *nysta* og *øyra* er i *Nynorsk ordbok* av Matias Skard i 1920 førte opp som klammeformer. 1935-tilrådinga argumenterte for at det dialektgeografisk ikkje var tvil om at det er fleirtalsformene *auger – augene* som går vidast ut over landet: «de fins i nord og sør, i øst og vest, i 'høgnorske' mål likeså vel som i flatnorske. Det må da være god grunn til å gi dem rum i skriftmålet òg, ...». Men 1938-rettskrivinga jamstilte det tradisjonelle bøyingmønsteret for dei svake inkjekjønnsorda med regelrett inkjekjønnsbøying. Det var status også etter 1959.

Aasen	1917	1938	1959
<i>Auga</i>	<i>auga</i> el. <i>auge</i>	<i>auga</i> el. <i>auge</i>	<i>auga</i> el. <i>auge</i>
<i>Hjarta</i>	<i>hjarta</i> el. <i>hjarde</i>	<i>hjarta</i> el. <i>hjarde</i> [<i>hjerte</i>]	<i>hjarta</i> el. <i>hjarde</i> [<i>hjerte</i>]
<i>Øyra</i>	<i>øyra</i> el. <i>øyre</i>	<i>øyra</i> el. <i>øyre</i>	<i>øyra</i> el. <i>øyre</i> [<i>øre</i>]
<i>Eista</i>	<i>eista</i> el. <i>eiste</i>	<i>eiste</i>	<i>eiste</i>
	<i>hyrna</i> el. <i>hyrne</i>	<i>hyrne</i>	<i>hjørne</i> el. <i>hyrne</i>
<i>Noda</i>	<i>noda</i> el. <i>node</i>	<i>noda</i> el. <i>node</i>	<i>node</i>
<i>Nyra</i>	<i>nyra</i> el. <i>nyre</i>	<i>nyre</i>	<i>nyre</i>
<i>Nysta</i>	<i>nysta</i> el. <i>nyste</i>	<i>nysta</i> el. <i>nyste</i>	<i>nyste</i> [<i>nøste</i>]
<i>Okla</i>	<i>okla</i> el. <i>okle</i>	<i>okle</i>	<i>okle</i>

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Eit søk i nynorskkorpuset (etter 1938) gir mange treff på både *auge/auga*, *hjarde/hjarta* og *øyre/øyra*. Treffa på formene med *-a* kan vera både ubunden form eintal og bunden form fleirtal, og det er derfor vanskeleg å lesa noko klart ut av treffa.

Dei tradisjonelle formene er godt representerte i både eldre og nyare tekstar, mens formene *auge*, *hjarde* og *øyre* er særleg godt representerte i nyare materiale (etter 1980). Vesaas brukte forma *auget* alt i 1960-åra.

Talemålsgrunnlag

Det er fyrst og fremst fjellbygdene på Austlandet, Indre Agder og dei indre bygdene på Vestlandet som har halde på den tradisjonelle bøyinga *auga*, *augo*. Men svært mange stader har dei tre orda *auge*, *hjarde* og *øyre* fått vanleg inkjekjønnsbøying. Nokre stader blir dei bøygde som hokjønnsord. På Sør-Vestlandet har *auga* og *øyra* tradisjonell form i eintal, men blir bøygde som hokjønnsord i fleirtal: /*aua – aua – aue – auene*/

Vurdering

Nemnda har fått innspel om at ho bør fjerna formene *auge*, *hjarde* og *øyre*, og behalda formene med *-a*. Eitt framlegg er at *hjørna/hyrna*, *noda*, *nyra*, *nysta*, *okla* skal bøyst

etter same mønster. Desse orda endar i dag på *-e* og har regelrett inkjekjønnsbøying, jf. ovanfor under normhistorikk.

Dei tre orda *auge*, *hjarde* og *øyre* er frekvente ord og utgjør ei semantisk nærskyld gruppe. Det er truleg grunnen til at dei har behalde den tradisjonelle bøyinga ved sida av det regelrette bøyingsmønsteret, mens dei andre orda av same gruppa gradvis er flytte over i det regelrette mønsteret. Truleg er det regelrette mønsteret i frammarsj i skriftlege tekstar, men det tradisjonelle står såpass sterkt at det kan synast å vera i tidlegaste laget å ta det bort når det gjeld desse tre orda. Derimot bør ikkje den tradisjonelle bøyinga innførast for dei andre orda som tidlegare tilhørde same gruppe.

I eitt innspel til nemnda blir det peika på at fleirtalsbøyinga *-er*, *-ene* er ein vanleg bøyingsfeil når det gjeld desse orda. Nemnda er merksam på problemstillinga, men meiner det er ein fordel om dei tre orda går regelrett i det eine bøyingsmønsteret, dersom dei skal ha to bøyingsmønster. Det er ikkje uvanleg at også andre inkjekjønnsord som endar *-e*, blir bøyde feil i fleirtal og får *-er*, *-ene*, t.d. *eple*. Derfor bør det ikkje innførast noko nytt bøyingsmønster for dei tre orda.

3.1.7 Fleirtalsbøying av nokre enkeltord

Status i dag

Dei åtte orda nedanfor vart tekne opp til vurdering både i 2000-framlegget og i 2002-framlegget. Orda blir bøyde slik i dag:

ein mann – mannen – fl. menn/menner – mennene

ein feil – feilen – fl. feilar – feilane, el. feil – feila [feili]

ein sko – skoen – fl. skor – skorne, el. sko – skoa [skoi]

ei lus – lusa [lusi] – fl. lus – lusene, el. lyser – lysene

ei mus – musa [musi] – fl. mus – musene, el. myser – mysene

ei vom – vomma [vommi] – fl. vommer – vommene, el. vemmer – vemmene

mil – mila [mili] – fl. mil/miler – milene

møbel – møbelet/møblet – fl. møblar – møblane, el. møbel – møbla [møbli]

I tillegg har nemnda vurdert bøyinga av substantivet *barn*, som blir bøygd slik i dag:

barn – barnet – fl. barn – barna [barni], el. born – borna [borni]

Nemnda har òg vurdert fleirtal av hokjønnsorda *fit*⁶ (grasslette), *hes* (hesje), *il* (fotssole) og *vid* (vidje), som har slik bøying i dag:

fit – *fita* [fiti] – *fitjar* [fiter] – *fitjane* [fitene]

hes – *hesa* [hesi] – *hesjar* [heser] – *hesjane* [hesene]

il – *ila* [ili] – *iljar* [iler] – *iljane* [ilene]

vid – *vida* [vidi] – *vidjar* [vider] – *vidjane* [videne]

Framlegg til ny rettskriving

- Fleirtalsformene *menner*, *feilar* – *feilane*, *vemmer* – *vemmene* og *miler* har såpass lita støtte i skriftmålet at dei går ut.
- *Sko*, *lus*, *mus*, *møbel* og *barn* blir ståande med to fleirtalsbøyingar også i den nye rettskrivinga.
- Orda *fet*, *hes*, *il* og *vid* får regelrett hokjønnsbøying i fleirtal: *feter* – *fetene*.

Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Desse formene går ut:
<i>mann</i> – <i>mannen</i> – <i>menn</i> – <i>mennene</i>	<i>menner</i>
<i>feil</i> – <i>feilen</i> – <i>feil</i> – <i>feila</i>	<i>feilar</i> – <i>feilane</i>
<i>sko</i> – <i>skoen</i> – <i>sko</i> – <i>skoa</i> ; el. fl. <i>skor</i> – <i>skorne</i>	[<i>skoi</i>]
<i>lus</i> – <i>lusa</i> – <i>lus</i> – <i>lusene</i> ; el. fl. <i>lyser</i> – <i>lysene</i>	[<i>lusi</i>]
<i>mus</i> – <i>musa</i> – <i>mus</i> – <i>musene</i> ; el. fl. <i>myser</i> – <i>mysene</i>	[<i>musi</i>]
<i>vom</i> – <i>vomma</i> – <i>vommer</i> – <i>vommene</i>	[<i>vommi</i>] – <i>vemmer</i> – <i>vemmene</i>
<i>mil</i> – <i>mila</i> – <i>mil</i> – <i>milene</i>	[<i>mili</i>] – <i>miler</i>
<i>møbel</i> – <i>møbelet</i> – <i>møbel</i> – <i>møbla</i> ; el. fl. <i>møblar</i> – <i>møblane</i>	<i>møblet</i> – [<i>møbli</i>]
<i>barn</i> – <i>barnet</i> – <i>barn</i> – <i>barna</i> , el. fl. <i>born</i> – <i>borna</i>	[<i>barni</i>], [<i>borni</i>]
<i>fet</i> – <i>feta</i> – <i>feter</i> – <i>fetene</i>	[<i>fiti</i>] – <i>fitjar</i> – <i>fitjane</i>
<i>hes</i> – <i>hesa</i> – <i>heser</i> – <i>hesene</i>	[<i>hesi</i>] – <i>hesjar</i> – <i>hesjane</i>
<i>il</i> – <i>ila</i> – <i>iler</i> – <i>ilene</i>	[<i>ili</i>] – <i>iljar</i> – <i>iljane</i>
<i>vid</i> – <i>vida</i> – <i>vider</i> – <i>videne</i>	[<i>vidi</i>] – <i>vidjar</i> – <i>vidjane</i>

⁶ Nemnda har gått inn for at det tidlegare *fit* (grasslette) skal skrivast *fet*.

Normhistorikk

Denne oversikta gir eit bilete av korleis ubunden form fleirtal av dei tretten orda har utvikla seg i nynorsk rettskriving:

Aasen	1920	Skard 1945-1954	1959	1961-1965	1977
<i>Menner</i>	<i>menn/menner</i>				
<i>Feilar</i>		<i>feil/feilar</i>			
<i>Skor – Skorne</i>					<i>sko – skoa</i> el. <i>skor – skorne</i>
<i>Vemmer</i>				<i>vemmer/vommer</i>	
<i>Myser</i>				<i>mus/myser</i>	
<i>Lyser</i>				<i>lus/lyser</i>	
<i>Mil/Miler</i>					
	<i>Møbel</i>	<i>møbel/møblar</i>			
<i>Born</i>			<i>barn</i> el. <i>born</i>		
<i>Fitjar</i>			<i>fitjar [fiter]</i>		
<i>Hesjar</i>			<i>hesjar [heser]</i>		
<i>Iljar</i>			<i>iljar [iler]</i>		
<i>Vidjar</i>			<i>vidjar [vider]</i>		

Fit, hes, il og *vid* er norrøne jo-stammar. Tidlegare høyrde også *egg, eng, fles, kløv* og *skjel* til denne gruppa, men dei har fått regelrett bøyning tidlegare.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

2002-innstillinga seier på s. 120: «Forma *menn* er mest utbreidd i skrift, og slik er det òg med *lus* og *mus*. Det er vidare vanlegast å bøya *vom* som eit regelrett hokjønnsord.»

Søk i nynorskorpuset gir desse resultatane:

menn 640 treff
menner 1 treff

feil – feila 28 treff på *feila*; svært mange på *feil*, men mange er eintal el. mengdeordet.
feilar – feilane 1 treff på *feilane*, ingen på *feilar*

skor – skorne 140 + ca. 290 treff
sko – skoa Ca. 900 + 240 treff; *sko* gir òg treff på eintal, men ordet er mest brukt i fleirtal.

lus – lusene Svært mange + 3 treff; *lus* gir treff på eintal og på mengdeordet.
lyser – lysene Ingen

mus – musene Svært mange + 25 treff; *mus* gir treff på eintal og på mengdeordet.
myser – mysene 11 + 17 treff

vommer – *vommene* 5 + 7 treff
vemmer – *vemmene* 2 + 1 treff (alle metaspråk)

mil Svært mange treff
miler 1 treff

møbel – *møbla* 4 + 5 treff
møblar – *møblane* 380 + 100 treff

Fleirtalsforma *fitjar* finst i mange stadnamn: *Fitjar*, *Feten*, *Fekjan*. Som samnamn er ho sjeldsynt i dag.

Talemålsgrunnlag

Hausten 1999 gjennomførte Norsk språkråd ei språkgeografisk talemålsundersøking (TALE99), der informantane vart spurde om kva for fleirtalsformer dei brukte av substantiva *mann* og *sko*. Resultatet vart slik:

Menn(er):

40 % av informantane ville sagt *menn*, 37,5 % *menner*, og 11 % ville brukt forma *manna*.

Skorne/skoa/skoene:

44 % av dei spurde ville sagt *sko(e)n(e)*, 27 % *scoa/skoi*, 14,5 % *skorne*, 6,5 % *skonå* og 5 % *skonan*.

(2002-innstillinga, s. 119)

Talemålsgrunnlaget for dei andre orda er ikkje undersøkt.

Vurdering

I skrift er det lite som talar for formene *menner*, *feilar*, *lyser* og *vemmer*. Derimot er det gode belegg både for bøyingsmønsteret *sko* – *scoa* og for *skor* – *skorne*, og då synest det rimeleg å halda på begge mønstera.

Ubunden form fleirtal *miler* finst så å seia ikkje i nynorskkorpuset, og kan gå ut or rettskrivinga.

Ordet *møbel* er eit inkjekjønnsord i skriftmålet, og fleire *møbel* – alle *møbla* er dei systemrette formene. Hankjønnsbøyinga er dominerande, men eit argument for valfri bøyning er at alle andre inkjekjønnsord kan bøyast regelrett i fleirtal.

Begge fleirtalsbøyingane av *barn* (*barn* el. *born*) er såpass vanlege at dei bør vera jamstilte framleis.

Dei fire hokjønnsorda *fet, hes, il* og *vid* er alle sjeldsynte, og derfor er det vanskeleg å halda på ei særskild fleirtalsbøying berre for dei fire orda.

3.1.8 Fleirtalsformene av nokre historiske folkenamn

Status i dag

Nokre historiske folkenamn har i dag valfri kortform i fleirtal:
ein anglar – fleire anglar/anglarar – anglane/anglarane

Det gjeld desse orda:

anglar, baglar, dorar, fønkar, jonar, kimbrar, normannar, punar, skytar

Framlegg til ny rettskriving

Folkenamn på *-ar* skal bøyast regelrett i fleirtal, også dei som før hadde valfri *-ar* i fleirtal: *ein anglar – anglaren – fleire anglarar – anglarane*.

Normhistorikk

Ikkje undersøkt.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

I nynorskorpuset er det ingen døme på *anglar*, og det er heller ikkje mange treff på fleirtalsformer av innbyggjarnamn som har same bøying som *anglar*. Alle treffa på ubunden form fleirtal har regelrett fleirtalsbøying:

<i>baglar</i>	0 treff	<i>fønkar</i>	0 treff	<i>normannar</i>	0 treff
<i>baglarar</i>	2 treff	<i>fønkarar</i>	1 treff	<i>normannarar</i>	1 treff

Kortformene var truleg meir vanlege i eldre tekstar.

Talemålsgrunnlag

Ikkje undersøkt.

Vurdering

Det ser ut til å vera svært lite grunnlag for at dei historiske folkenamna som er nemnde ovanfor, skal ha kortform i fleirtal (*anglar/anglane* ved sida av *anglarar/anglarane*).

3.1.9 Innbyggjarnemningar

Status i dag

Desse innbyggjarnemningane har i dag valfri ending (-ar):

afghan(ar), afrikan(ar), alban(ar), andorran(ar), angoln(ar), antiguan(ar), bahaman(ar), biafran(ar), bolivian(ar), botswan(ar), bulgar(ar), chilen(ar), colombian(ar)/kolombian(ar), costarican(ar)/kostarikan(ar), cuban(ar)/kuban(ar), dominikan(ar), ecuadorian(ar), ekvatorialguinean(ar), fijian(ar), guatemalan(ar), guinean(ar), hellen(ar), honduran(ar), ivorian(ar), jamaican(ar)/jamaikan(ar), kambodsjan(ar), kenyan(ar), korean(ar), maldiv(ar), mallorcan(ar)/mallorkan(ar), marokkan(ar), meksikan(ar)/mexican(ar), monegask(ar), nicaraguan(ar), nigerian(ar), nordafrikan(ar), (nord)korean(ar), panaman(ar), papuan(ar), paraguayen(ar), peruan(ar), portugis(ar), puertorican(ar)/puertorikan(ar), rumen(ar), salvadoran(ar), sentralafrikan(ar), slav(ar), sloven(ar), sørafrikan(ar), (sør)korean(ar), teksan(ar)/texan(ar), tibetan(ar), tongan(ar), tsjekk(ar), turkmen(ar), tyrk(ar), ungar(ar), uruguayen(ar), venezuelan(ar), (vest)samoan(ar)

Framlegg til ny rettskriving

Innbyggjarnemningar som før hadde valfri ending (-ar) i grunnforma, får no obligatorisk ending -ar, t.d. *afghanar, afrikanar* osv.

Normhistorikk

Ikkje undersøkt.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Det er svært få døme på kortforma av innbyggjarnamn som i dag kan ha kort eller lang form i eintal, som *afghan(ar)*:

<i>afghan</i>	3 treff	<i>afrikan</i>	0 treff	<i>chilen</i>	0 treff
<i>afghanar</i>	77 treff	<i>afrikanar</i>	160 treff	<i>chilenar</i>	2 treff

Talemålsgrunnlag

Ikkje undersøkt.

Vurdering

I svensk er det gjennomført kortformer i innbyggjarnemningar av typen *afghan/afghanar*: *afghan, alban, bulgar, portugis, turk*. Det ser ut til å vera tynt grunnlag for desse kortformene i norsk .

3.1.10 Vekedagane

Status i dag

Vekedagane heiter i dag *sundag* el. *søndag*, *måndag*, *tysdag*, *onsdag*, *torsdag*, *fredag*, *laurdag*.

Framlegg til ny rettskriving

Vekedagane skal framleis ha dei same namna som før:

sundag el. *søndag*, *måndag*, *tysdag*, *onsdag*, *torsdag*, *fredag*, *laurdag*

Normhistorikk

Vekedagane har hatt same namn heilt sidan Aasens tid, bortsett frå *søndag*, som kom inn som klammeform i 1938 og vart jamstilt form i 1959.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Dei fleste forfattarar skriv vekedagane som ovanfor, men ein vanleg feil blant skuleelevar og andre er at dei skriv *mandag*, *tirsdag* og *lørdag*. Det var årsaka til at rettskrivingsnemnda reiste spørsmålet om det ikkje òg burde vera lov å skriva *mandag*, *tirsdag* og *lørdag* ved sida av *måndag*, *tysdag* og *laurdag*.

Opphavet til dei aktuelle namna:

Namn i dag	Opphav og tyding	Merknad
<i>sundag</i> el. <i>søndag</i>	Norr. <i>sunnudagr</i> , etter latin <i>dies solis</i> 'soldag'	Nynorskkorpuset har svært mange døme på både <i>sundag</i> og <i>søndag</i> .
<i>måndag</i>	Norr. <i>mánadagr</i> , eigl. 'månedag' etter latin <i>dies lunae</i>	<i>Måndag</i> er klart mest brukt, men det er òg ca. 100 døme på <i>mandag</i> . Dag og Tid, Hallingdølen og Firda har ein god del <i>mandag</i> , men nokre treff kan vera frå bokmålstekstar.
<i>tysdag</i>	Norr. <i>týsdagr</i> , eigl. 'dag for guden Ty', etter latin <i>dies Martis</i> 'dag for guden Mars'	Nynorskkorpuset har ca. 70 døme på <i>tirsdag</i> , mykje frå Firda. <i>Tysdag</i> er i svært klar overvekt.
<i>onsdag</i>	Norr. <i>oðinsdagr</i> 'Odins dag' etter lat. <i>dies Mercurii</i> 'Merkurs dag'	

<i>torsdag</i>	Norr. <i>þórsdagr</i> , eigl. 'guden Tors dag' etter lat. <i>dies Jovis</i> 'Jupiters dag'	
<i>fredag</i>	Norr. <i>frjádagr</i> , smh. med gudinnene Frigg el. Frøya, frå gammalengelsk eller gammalhøgtysk etter lat. <i>dies Veneris</i> 'Venus-dagen'	
<i>laurdag</i>	Norr. <i>laugardagr</i> , eigl. 'vaskedag'; av <i>laug</i> ; namnet kanskje pga. kyrkjelege reinsingsskikkar	Når me ser bort frå tv-programmet, er det ikkje så mange treff på <i>lørdag</i> , men på <i>laurdag</i> er det svært mange.

Talemålsgrunnlag

Ikkje undersøkt.

Vurdering

Det er klart ein del feilskrivning når det gjeld namna på vekedagane *måndag*, *tysdag* og *laurdag*. På den andre sida er dei nynorske namna godt innarbeidde i område der nynorsken står sterkt. Dei nynorske formene samsvarar dessutan best med det norrøne opphavet og viser det etymologiske sambandet.

Mange av dei som har skrive e-post til nemnda eller skriv på bloggen vår, er opptekne av den nynorske dåmen i språket. Det å bevare «den nynorske identiteten» er eit argument for ikkje å ta inn nye valfrie former som fell saman med bokmål, der nynorsk har godt innarbeidde ord.

3.1.11 Inkjekjønnsord på trykklett *-el*, *-en* og *-er*

Status i dag

- Inkjekjønnsord på *-el* og *-er* kan med få unntak ha samandraging i bunden form eintal: *fengslet*, *hindret*, *teatret*. Men ein kan òg gjennomføra full form i eintal av alle inkjekjønnsord: *fengselet*, *hinderet*, *teateret*.
- Orda på trykklett *-el* får samandraging i bunden form fleirtal.
- Orda på trykklett *-en* har full form i bunden form eintal og fleirtal (bortsett frå *våpen*).
- Dei fleste orda på trykklett *-er* får valfritt samandraging eller full form i bunden form fleirtal.

Framlegg til ny rettskriving

- Inkjekjønnsord på trykklett *-el* får full form i bunden form eintal og samandregen form i bunden form fleirtal (med unntak av *kvartel*, som skal ha full form, og *barsel* og *kjørel*, som får valfri samandraging).
- Inkjekjønnsord på trykklett *-en* og *-er* får full form i bunden form eintal og bunden form fleirtal.

Oversikta nedanfor viser døme på kva følgjer framlegget får for kvar ordgruppe:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
<i>middel – middelet</i> el. <i>midlet – middel – midla</i> [<i>midli</i>]	<i>midlet</i> og [<i>midli</i>]	<i>middel – middelet – midlet – midla</i>	Unntaket er <i>kvartel</i> , som skal ha full form i fleirtal, som før, og <i>barsel</i> og <i>kjørel</i> , som skal ha valfri samandraging.
<i>senter – senteret</i> el. <i>sentret – senter – sentera</i> [<i>senteri</i>] el. <i>sentra</i> [<i>sentri</i>]	<i>sentret, sentra, [senteri]</i> og [<i>senteri</i>]	<i>senter – senteret – senter – sentera</i>	
<i>laken – lakenet – laken – lakena</i> [<i>lakeni</i>]	[<i>lakeni</i>]	<i>laken – lakenet – laken – lakena</i>	Bøying som før, bortsett frå <i>våpen</i> , som har hatt samandraging i bfl.

Konsekvensar av reglane som er føreslått, blir:

Eintal:

Inkjekjønnsord på trykklett *-el*, *-en* og *-er* skal ha full form i bunden form eintal.

Dei fleste orda på *-el* får endring frå valfri samandraging til obligatorisk full form (*midlet/middelet* > *middelet*), f.eks. *esel*, *hengsel*, *rektangel*, *sommel*, *stempel*, *spetakk*, *tempel*, *varsel*. Tre ord hadde full form før og får dermed inga endring: *fløyel*, *kvartel*, *svovel*.

Dei fleste orda på *-er* får òg endring frå valfri samandraging til obligatorisk full form, f.eks. *mylder*, *mørker*, *senter* og orda på *-meter*, f.eks. *barometer*. Nokre av orda hadde full form før og får dermed inga endring. Det gjeld ord på berre *-er* som *døger*, *lager*, *nummer og siffer*, orda på *-dder* og enkeltorda *krøtter*, *paternoster*, *vørter* og *water*.

For ord på *-en* blir det inga endring.

Fleirtal

Ord på *-el* får samandraging i bunden form fleirtal. For dei fleste ord på *-el* blir det dermed inga endring (dvs. bunde fleirtal *esla*), f.eks. *esel, hengsel, rektangel, sommel, stempel, spetakkel, tempel, varsel*.

Orda *barsel, kjørel, kvartel* skal ha dei same formene i bunden form fleirtal som før:

barsel – *barsela* el. *barsla*

kjørel – *kjørela* el. *kjørta*

kvartel – *kvartela*

Ord på trykklett *-er* får obligatorisk full form også i bunden form fleirtal.

Dei fleste orda på *-ter* får same endring som *senter*, f.eks. *filter, gitter, helikopter*, ord på *-meter*, f.eks. *barometer, monster, mønster, senter*. Nokre ord på berre *-er* og orda på *-der* hadde også valfri samandraging før og får dermed same endring: *døger, lager, læger, siffer; hinder, under* ofl. Orda på *-dder* hadde full form i fleirtal og får dermed inga endring, det same gjeld orda *korter, krøt(t)er, water*.

Ord på *-en* har full form (*lakena*) som før. *Våpen* har hatt obligatorisk samandraging i fleirtal, men får no full form som dei andre orda i same gruppe.

Normhistorikk

Aasen	1938	1959	1981/1983
	<i>midlet – midla [midli]</i>	<i>middelet – midla [midli]</i>	<i>mid(de)let – midla [midli]</i>
	<i>svovelet</i>		
	<i>teatret – teatra [teatri]</i>	<i>teat(e)ret – teatra [teatri]</i>	<i>teat(e)ret – teat(e)ra [teat(e)ri]</i>
		<i>sent(e)ret – sentra [senti]</i>	<i>sent(e)ret – sent(e)ra [sent(e)ri]</i>
<i>Myrkret</i>	<i>mørkret</i>	<i>mørk(e)ret</i>	
	<i>døgeret – døgra [døgri]</i>	<i>døg(e)ret – døgra [døgri]</i>	<i>døgeret – døg(e)ra [døg(e)ri]</i>
	<i>krøteret – krøtera [krøteri]</i>		
	<i>våpenet – våpna [våpni]</i>		

Som det går fram av tabellen ovanfor, er det særleg i orda som endar på *-er*, det har vore mange endringar. Sidan nokre ord har hatt fullform heile tida, har det heller ikkje vore ein fast regel for heile gruppa.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Søk i nynorskorpuset seier noko om kor utbreidde dei samandregne formene er samanlikna med fullformene:

<i>middelet:</i>	95 treff	<i>mønsteret:</i>	420 treff
<i>midlet:</i>	31 treff	<i>mønstret:</i>	44 treff
<i>*middela:</i>	3 treff	<i>mønstera:</i>	23 treff
<i>midla:</i>	110 treff	<i>mønstra:</i>	13 treff
<i>teateret:</i>	355 treff	<i>mørkeret:</i>	1 treff
<i>teatret:</i>	630 treff	<i>mørkret:</i>	960 treff
<i>teatera:</i>	16 treff	<i>døgeret:</i>	230 treff
<i>teatra:</i>	62 treff	<i>døgret:</i>	37 treff
<i>senteret:</i>	955 treff	<i>døgera:</i>	6 treff
<i>sentret:</i>	43 treff	<i>døgra:</i>	8 treff
<i>sentera:</i>	22 treff	<i>*våpena:</i>	7 treff
<i>sentra:</i>	130 treff	<i>våpna:</i>	240 treff

Det er særleg blant orda som endar på *-er*, det synest å vera vakling mellom fullform og samandregen form. I eintal er det nokre ord som har klart mest treff på fullform (t.d. *senteret* og *døgeret*), mens *teatret* og *mørkret* skil seg ut med mest treff på den samandregne forma. I fleirtal ser det ut til at det er dei samandregne formene som står sterkast i dei døma som er valde her.

Talemålsgrunnlag

Ikkje undersøkt.

Vurdering

Orda på *-el*, *-en* og *-er* har valda mykje hovudbry fordi det er ulike reglar for dei forskjellige variantane, og fordi det er så mange unntak frå reglane. Oppryddinga ovanfor vart føreslått i 2000. Ho verkar fornuftig og oversiktleg, og reglane er lette å læra seg.

Det kan rett nok innvendast mot dei at dei går på tvers av det som synest å vera allmenn bøyning av enkelte ord, fyrst og fremst eintalsformene *teatret* og *mørkret*, og samandregne fleirtalsformer av enkelte ord på *-er* (*teatra*, *sentra*).

Inkjekjønnsord som endar på *-el*, *-er* eller *-en*, har hatt kompliserte bøyingsmønster som er vanskelege å hugsa fordi det har vore mange unntak. Dei får no ein klar regel som kan følgjast fullt ut.

3.1.12 Framandord (importord) på *-um*, *-on*, *-us* og *-a*

Status i dag

Ei rekkje substantiv på *-on*, *-um*, *-us* og *-a* har eit innlånt bøyingsmønster som valfritt alternativ til tradisjonell norsk substantivbøying: *leksikon* – *leksikonet* – *leksikon* – *leksikona* [leksikoni]; el. *leksika* – *leksika/leksikaa* [leksikai].

Framlegg til ny rettskriving

- I Inkjekjønnsord av gresk og latinsk opphav på *-on* og *-um* får bøyning i samsvar med hovudmønsteret for inkjekjønnsord i norsk: *leksikon* – *leksikonet* – *leksikon* – *leksikona*.
- II Inkjekjønnsord på *-eum* og *-ium* skal ha same bøyning som før, dvs. at *-um*- fell bort i bunden form eintal og fleirtal: *museum* – *museet* – *museum* – *musea*. Stoffnamn skal ha regelrett bøyning, som før: *opium* – *opiumet*.
- III Dei to orda *antibiotikum* og *faktum* skal framleis ha dei innlånte fleirtalsformene som eit alternativ: *faktum* – *faktuma*; el. *fakta* – *faktaa*.
- IV Inkjekjønnsord på trykklett *-us* får regelrett fleirtalsbøyning: *genus* – *genusa*.
- V Inkjekjønnsord som endar på *-a*, får regelrett bøyning i fleirtal: *skjema* – *skjemaa*.
- VI Importerte hokjønnsord på *-a*, t.d. *geisha*, blir bøyde regelrett: *geisha* – *geishaa* – *geishaer* – *geishaene*.
- VII Importerte hankjønnsord på *-ium* og *-ius* skal bøyast regelrett: *radius* – *radiusen* – *radiusar* – *radiusane*.

Listene nedanfor viser kva for ord framlegget gjeld.

I Inkjekjønnsord på *-on* og *-um* (med unntak av ord på *-eum* og *-ium*)

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:
<i>leksikon</i> – <i>leksikonet</i> – <i>leksikon</i> – <i>leksikona</i> [leksikoni]; el. fl. <i>leksika</i> – <i>leksika/leksikaa</i> [leksikai]	[leksikoni]; <i>leksika</i> – <i>leksika/leksikaa</i> [leksikai]	<i>leksikon</i> – <i>leksikonet</i> – <i>leksikon</i> – <i>leksikona</i>
<i>akrostikon</i> – <i>akrostikonet</i> – <i>akrostikon</i> – <i>akrostikona</i> [akrostikoni]; el. fl. <i>akrostika</i> – <i>akrostika/akrostikaa</i> [akrostikai]	[akrostikoni]; <i>akrostika</i> – <i>akrostika/akrostikaa</i> [akrostikai]	<i>akrostikon</i> – <i>akrostikonet</i> – <i>akrostikon</i> – <i>akrostikona</i>

<i>depositum – depositumet – depositum – deposituma</i> [<i>depositumi</i>]; el. fl. <i>deposita – deposita/depositaa</i> [<i>deposital</i>]	[<i>depositumi</i>]; <i>deposita – deposita/depositaa</i> [<i>deposital</i>]	<i>depositum – depositumet – depositum – deposituma</i>
<i>spektrum – spektrumet – spektrum – spektruma</i> [<i>spektrumi</i>]; el. <i>spektret – spektra – spektra/spektraa</i> [<i>spektrai</i>]	[<i>spektrumi</i>]; <i>spektret – spektra – spektra</i> / <i>spektraa</i> [<i>spektrai</i>]	<i>spektrum – spektrumet – spektrum – spektruma</i>
<i>forum – forumet – forum – foruma</i> [<i>forumi</i>]; el. <i>fora – fora/foraa</i> [<i>forai</i>]	[<i>forumi</i>]; <i>fora – fora/foraa</i> [<i>forai</i>]	<i>forum – forumet – forum – foruma</i>

- Same endring som *leksikon* får *metronymikon* og *patronymikon*, og dessutan ord på *-ksikum* og *-tikon/-tikum*, dvs. *akrostikon*, *antipyretikum*, *antiseptikum*, *ataraksikum*, *cytostatikum*, *diuretikum*, *enklitikum*, *karakteristikum*, *karakteristikum*, *kosmetikum*, *narkotikum*, *onomatopoetikon*, *onomatopoetikum*.
- Same endring som *depositum* får *aktivum*, *annuum*, *diktum* (endra skrivemåte frå *dictum*), *falsum*, *fluidum*, *futurum*, *imperfektum*, *infimum*, *kontinuum*, *kuriosum*, *maksimum*, *memorandum*, *minimum*, *multiplum*, *optimum*, *passivum*, *pensum*, *perfektum*, *postskriptum*, *preteritum*, *referendum*, *residuum*, *responsum*, *supinum*, *ultimatum*, *visum*, *votum*.
- *Aktiva* og *passiva* i rekneskapssamanheng skal førast opp som eigne ord.
- Same endring som *spektrum* får *femininum*, *interregnum*, *maskulinum*, *metrum*, *minimum*, *nøytrum*, *sentrum*.
- Same endring som for *forum* gjeld orda *datum*, *kvantum*.

II Innkjønnsord på *-eum* og *-ium*

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:
<i>jubileum – jubileet – jubileum – jubilea</i> [<i>jubilei</i>]	[<i>jubilei</i>]	<i>jubileum – jubileet – jubileum – jubilea</i>
<i>atrium – atriet – atrium – atria</i> [<i>atrii</i>]	[<i>atrii</i>]	<i>atrium – atriet – atrium – atria</i>

- Dette bøyingsmønsteret gjeld for mange ord, t.d. *akvarium*, *amfibium*, *evangelium*, *kollegium*, *laboratorium*, *medium*, *museum*, *preludium*, *studium*.
- Stoffnamn skal bøyast regelrett, som før: *aluminium – aluminiumet*, *natrium – natriumet*, *opium – opiumet*.

III Antibiotikum og faktum

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:
<i>antibiotikum – antibiotikumet – antibiotikum – antibiotikuma [antibiotikumi]; el. fl. antibiotika – antibiotika/antibiotikaa [antibiotikai]</i>	<i>[antibiotikumi]; b.fl. antibiotika [antibiotikai]</i>	<i>antibiotikum – antibiotikumet – antibiotikum – antibiotikuma; el. fl. antibiotika – antibiotikaa</i>
<i>faktum – faktumet – faktum – faktuma [faktumi]; el. fl. fakta – fakta/faktaa [faktai]</i>	<i>[faktumi]; b.fl. fakta [faktai]</i>	<i>faktum – faktumet – faktum – faktuma; el. fl. fakta – faktaa</i>

IV Inkjekjønnsord på -us

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:
<i>genus – genuset – genus – genusa [genusi]; el. genera – genera/generaa [generai]</i>	<i>[genusi]; genera – genera/generaa [generai]</i>	<i>genus – genuset – genus – genusa</i>
<i>tempus – tempuset – tempus – tempusa [tempusi]; el. tempora – tempora/temporaa [temporai]</i>	<i>[tempusi]; tempora – tempora/temporaa [temporai]</i>	<i>tempus – tempuset – tempus – tempusa</i>

V Inkjekjønnsord på -a

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:
<i>skjema – skjemaet – skjema – skjema/skjemaa [skjemai]</i>	<i>B.fl. skjema [skjemai]</i>	<i>skjema – skjemaet – skjema – skjemaa</i>

- Same endring som for *skjema* gjeld orda *delta, diafragma, dilemma, drama, fatamorgana, firma, kamera, klima, komma, kopula, mantra, panorama, paradigma, promemoria, skisma, stigma, trauma, trema, zeugma*.

VI Hokjønnsord på -a

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:
<i>donna – donna el. donnaa [donnai] – donnaer – donnaene</i>	<i>Bf. eint. donna [donnai]</i>	<i>donna – donnaa – donnaer – donnaene</i>

- Same endring som for *donna* gjeld orda *ballerina*, *belladonna*, *dadda*, *diva*, *eva*, *madonna*, *mamma*. *Geisha* og *saga* høyrer ikkje med i gruppa greske og latinske importord, men følgjer same mønster. (*Saga* kan òg vera hankjønnsord.)

VII Hankjønnsord på *-ium* og *-ius*

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:
<i>geranium</i> – <i>geranien/geraniumen</i> – <i>geraniar</i> – <i>geraniane</i>	<i>geranien</i> – <i>geraniar</i> – <i>geraniane</i>	<i>geranium</i> – <i>geraniumen</i> – <i>geraniumar</i> – <i>geraniumane</i>
<i>radius</i> – <i>radien/radiusen</i> – <i>radiar</i> – <i>radiane</i>	<i>radien</i> – <i>radiar</i> – <i>radiane</i>	<i>radius</i> – <i>radiusen</i> – <i>radiusar</i> – <i>radiusane</i>
<i>justitarius</i> – <i>justitarien</i> – <i>justitiarar</i> – <i>justitiariane</i>	<i>justitarien</i> – <i>justitiarar</i> – <i>justitiariane</i>	<i>justitarius</i> – <i>justitariusen</i> – <i>justitariusar</i> – <i>justitariusane</i>

- Same endring som for *geranium* gjeld orda *kaprifolium*, *pelargonium*.
- Same endring som for *radius* gjeld orda *auksjonarius*, *genius*, *nuntius*.

Normhistorikk

Ikkje registrert.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Framandord av latinsk og gresk opphav som endar på *-on*, *-um*, *-us* og *-a*, har tradisjonelt hatt restar av bøyingsverket i språket dei kjem frå. Etter kvart har dei fått inn regelrett norsk bøyning ved sida, og den har vorte gradvis meir vanleg. I 2000 låg det føre framlegg om at dei fleste av desse orda berre skulle ha regelrett bøyning.

Talemålsgrunnlag

Ikkje vurdert.

Vurdering

Rettskrivingsnemnda frå 2000 gjorde eit grundig arbeid med å vurdere desse orda. Formene som er tekne ut, er heller lite i bruk i skrift. Dessutan blir det mykje lettare å

bøya desse orda når ein kan seia at dei blir bøygde i samsvar med vanleg nynorsk bøyingsmønster.

3.1.13 Kjønn på substantiv på *-ing* og *-ning*

Status i dag

Mange substantiv på *-ing* og *-ning* er hokjønnsord i nynorsk i dag, ut frå den allmenne regelen at verbalsubstantiv⁷ på *-(n)ing* er hokjønnsord. Tvilen om kva kjønn orda skal ha, oppstår særleg ved ein del ord på *-ing* eller *-ning* som er nemningar for konkrete gjenstandar, og ord som har fjerna seg frå den verbale handlinga. Dei har varierende kjønn, og det har vore vanskeleg å laga greie reglar for kva kjønn orda har, ut frå bruken.

Framlegg til ny rettskriving

Reglar for kjønn på ord som endar på *-ing/-ning*

- 1 Suffiksa *-ing* og *-ning* er i prinsippet hokjønnsuffiks. Verbalsubstantiv med *-(n)ing* som står for ei handling, er utan unntak hokjønnsord (t.d. *skrivning*, *modning/mogning*, *utbygging*, *forvalt(n)ing*).
- 2 Dei orda på *-ing* som er avleidde av substantiv og adjektiv, er hankjønnsord (m.a. innbyggjarnamn som *sørlending*, *totning* og *riking*, *raring*).
- 3 Person- og dyrenemningar på *-(n)ing* er hankjønnsord (t.d. *villstyring*, *flyktning*, *slektning*, *grevling*, *einhyrning*), unnateke når det biologiske kjønnet tilseier hokjønn (t.d. *dronning*, *kjerring*).
- 4 Nemningar for omgrep som har fått konkret innhald, blir ofte hankjønnsord (t.d. *lusing*, *smurning*) eller får valfri bøyning (t.d. *binding*, *krysning*, *pakning*).

Tabellen nedanfor viser kva for ord som får endra genus frå anten hankjønn eller hokjønn til valfritt hankjønn eller hokjønn som konsekvens av framlegget:

Denne bøyinga gjeld i dag:	Framlegg i 2010:	Merknad
<i>bedding</i> f. (slipp)	<i>bedding</i> m. el. f.	
<i>bygning</i> m.	<i>bygning</i> m. el. f.	
<i>demning</i> f. (stengsel for vatn)	<i>demning</i> m. el. f.	
<i>festning</i> f.	<i>festning</i> m. el. f.	
<i>forlegning</i> m. (militær-)	<i>forlegning</i> m. el. f.	
<i>frysning</i> m.	<i>frysning</i> m. el. f.	

⁷ Her definerer me verbalsubstantiv som «handlingsnemnande substantiv», jf. Leira 1992 s. 30.

<i>gjødning</i> m.	<i>gjødning</i> m. el. f.	
<i>kledning</i> m.	<i>kledning</i> m. el. f.	
<i>kokning</i> m.	<i>kokning</i> m. el. f.	
<i>krusning</i> m.	<i>krusning</i> m. el. f.	
<i>ladning</i> m.	<i>ladning</i> m. el. f.	
<i>leidning</i> m.	<i>leidning</i> m. el. f.	
<i>lysning</i> m.	<i>lysning</i> m. el. f.	
<i>munning</i> m.	<i>munning</i> m. el. f.	
<i>rivning</i> m.	<i>rivning</i> m. el. f.	
<i>rydning</i> m.	<i>rydning</i> m. el. f.	
<i>spenning</i> m.	<i>spenning</i> m. el. f.	
<i>strekning</i> f.	<i>strekning</i> m. el. f.	

Vedlegg 1 gir ei oversikt over ein god del ord på *-ing* og *-ning* som ikkje er reine verbalsubstantiv.

Normhistorikk

Norsk språkråd gjorde fleire forsøk på å skapa mest mogleg samsvar mellom tale og skrift når det galdt orda som enda på *-ing* og *-ning*. To problemstillingar har vore oppe: Skal orda skrivast med *-ning* eller ikkje, og kva for kjønn har dei? Mellom anna hadde fagnemnda ein grundig gjennomgang av emnet i 1986, jf. årsmeldinga s. 17–18. Då tok dei for seg både om endinga skulle vera *-ing* eller *-ning* i ein del tvilstilfelle, og kjønn på ein del *-ing/-ning*-ord.

Saka om kjønn på ord som endar på *-ing* og *-ning*, var oppe i rettskrivingsnemndene både i 2000 og 2002. I 2002-innstillinga står det mellom anna:

Av dei ordgruppene som har valda litt problem, er ord laga med suffiksa *-ing* og *-ning*. Aasen let svært mange *ning*-ord vera hokjønnsord (f.eks. *ei bygning* og *ei ladning*), men ordlistene på 1900-talet gjorde desse substantiva meir og meir til hankjønnsord. Største omlegginga skjedde med nytgåva frå 1931 av *Norsk grammatikk* ved Leiv Heggstad, som òg får følgjer for normeringa i 1938. Heggstad knyter både *ning*-suffikset og hankjønn til konkret tyding, medan Aasen lét tendensen til konkret tyding liggja i suffikset *-ning* uavhengig av kjønn. Frå 1938 vart altså tendensen til hankjønn i desse orda forsterka i nynorsk, og dermed oppstod ein del avvik frå både talemålet og praktisert nynorsk. (S. 55)

Fagnemnda i Norsk språkråd arbeidde med saka att i 1997 og prøvde då både å få til betre samsvar med genusbruken i talemålet og å etablera ordgrupper etter innhaldet.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Det er ikkje undersøkt.

Talemålsgrunnlag

Reine verbalsubstantiv på *-ing* og *-ning* er hokjønnsord i dei fleste norske dialektar. Ord på *-ing* og *-ning* med konkret innhald har ein sterk tendens til å vera hokjønnsord i nordvestlandsk, trøndersk og nordnorsk (jf. /ei bygning/, /ei gjødning/), men også Vest-Agder og Østfold er to mindre sentrum for hokjønn i slike ord. I Hordaland og Rogaland står derimot hankjønn sterkt i ord med desse suffiksa.

Helge Sandøy (1997) har laga ei utgreiing om kva for *-ing-* og *-ning-*ord som får varierende bøyning i dialektane. Framlegga til endringar i rettskrivinga byggjer i stor grad på hans registreringar.

Vurdering

Substantiv på *-ing* og *-ning* har vore oppe til behandling fleire gonger gjennom normeringshistoria. Dels er det skrivemåten (*-ing* eller *-ning*) som har vore tema, dels kva kjønn orda skal ha. Denne saka gjeld berre kjønn på substantiv på *-ing* og *-ning*.

Den generelle tendensen i dei seinare tiåra har vore styrking av *-ing* kontra *-ning* og av hokjønn for ord på *-ing*, i samsvar med talemålet og nynorsk skrifttradisjon. Omgrep som har fjerna seg langt frå det verbale, er ofte hankjønnsord.

Målet må vera å koma fram til nokre reglar som dekkjer storparten av desse orda, som samsvarar med måten orda blir bøygd på, og som er greie å hugsa. Nemnda har kome fram til fire reglar for kjønn på *-ing-* og *-ning-*ord. Når det er uklart kva for regel som passar på eit ord, er det naturleg at ordet har valfritt hankjønn eller hokjønn.

3.1.14 Substantiv med nesten lik form, men ulikt kjønn

Status i dag

Orda i denne kategorien har det til felles at dei har to valfrie former som blir skrivne nesten likt, men som har ulikt kjønn. Døme: *ei kran* eller *ein krane*.

Framlegg til ny rettskriving

- Dei fleste orda som er førte opp i saksutgreiinga under pkt. 3.1.14, må reknast som ulike oppslagsord fordi dei har ulikt kjønn og tydingsnyansar.
- Nokre få former går ut fordi dei har same tyding som forma som blir ståande, og samstundes er svært lite i bruk i dag. Det gjeld:

ei blekksprute, ei krydde / eit krydd, ei muskedundre, ei trikine, ein trug

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad
<i>blekksprut</i> m. el. <i>blekksprute</i> f.	<i>blekksprute</i> f.	<i>blekksprut</i> m.	
<i>gall</i> n. el. <i>galle</i> m.		<i>gall</i> n. <i>galle</i> m.	To oppslag
<i>hasp</i> m. el. <i>haspe</i> f.		<i>hasp</i> m. <i>haspe</i> f.	To oppslag
<i>kran</i> f. el. <i>krane</i> m.		<i>kran</i> f. <i>krane</i> m.	To oppslag
<i>krydde</i> f.; el. <i>krydd</i> el. <i>krydder</i> n.	<i>krydde</i> f. el. <i>krydd</i> n.	<i>krydder</i> n.	
<i>muskedunder</i> m. el. <i>muskedundre</i> f.	<i>muskedundre</i> f.	<i>muskedunder</i> m.	
<i>rip</i> n. el. <i>ripe</i> f. (strek)		<i>rip</i> n. <i>ripe</i> f. (strek)	To oppslag
<i>ryft</i> f. el. <i>ryfte</i> n. (vevbreidd; del av veg, stund)		<i>ryft</i> f. <i>ryfte</i> n. (vevbreidd; del av veg, stund)	To oppslag
<i>sausenebb</i> m. el. n.; el. <i>sausenebbe</i> f.		<i>sausenebb</i> m. el. n. <i>sausenebbe</i> f.	To oppslag
<i>tit</i> m. el. <i>tite</i> f. (fugl)		<i>tit</i> m. <i>tite</i> f. (fugl)	To oppslag
<i>trikin</i> m. el. <i>trikine</i> f.	<i>trikine</i> f.	<i>trikin</i> m.	
<i>trug</i> m. el. <i>truge</i> f.	<i>trug</i> m.	<i>truge</i> f.	

Normhistorikk

Oppsettet nedanfor viser utviklinga for nokre av orda ovanfor. Aasen hadde stort sett ei form av kvart ord, mens det kom til fleire valfrie former i 1959. Det er til dels dei siste me oppfattar som dei vanlegaste i dag.

Aasen	1917	1938	1959
<i>Blekkspruta</i> f.		<i>blekksprute</i> f.	<i>blekksprut</i> m. el. <i>blekksprute</i> f.
<i>Krydda</i> f. el. <i>Krydd</i> n.	<i>krydd</i> n.	<i>krydde</i> f. el. <i>krydd</i> n.	<i>krydde</i> f.; el. <i>krydd</i> el. <i>krydder</i> n.
		<i>muskedunder</i> m.	<i>muskedunder</i> m. el. <i>muskedundre</i> f.
<i>Trikin</i> f.		<i>trikine</i> f.	<i>trikin</i> m. el. <i>trikine</i> f.
<i>Truga</i> f.; «Mere afvig. <i>Trjug/Trug</i> m.»		<i>truge</i> m. el. f.	<i>trug</i> m. el. <i>truge</i> f.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Nokre søk i nynorskkorpuset gir desse resultatata:

<i>blekksprut:</i>	46 treff	<i>trikin:</i>	6 treff
<i>blekksprute:</i>	0 treff	<i>trikine:</i>	1 treff
<i>krydder:</i>	290 treff	<i>truge:</i>	18 treff
<i>krydde:</i>	49 treff	<i>trug:</i>	0 treff
<i>krydd:</i>	10 treff		
<i>muskedunder:</i>	3 treff		
<i>muskedundre:</i>	1 treff		

Det er søkt i heile materialet i nynorskkorpuset, og dei få treffa me får på dei sjeldnaste formene, er til dels nokså gamle.

Talemålsgrunnlag

Det er ikkje undersøkt.

Vurdering

Desse substantiva har to nesten identiske former av oppslagsordet, men ulikt kjønn. Dei utgjer ein liknande problematikk som substantiva som valfritt kan ha ein *-e* til slutt (punkt 2.4.1). Til dei fekk me innspel om at me må sjå på ord av typen *holm/holme* som ulike ord, og ikkje som ulike former av same ord. Slik kan ein sjå på mange av orda i denne saka òg. Spørsmålet er om det er nok i seg sjølv at orda har ulik ordlaging (dvs. ulikt kjønn), eller om kriteriet om tyding bør koma i tillegg, for at begge skal bli ståande.

For fleire av orda ovanfor (*blekksprut* m. / *blekksprute* f.; *krydder* n. / *krydde* f. / *krydd* n.; *muskedunder* m. / *muskedundre* f.; *trikin* m. / *trikine* f. og *truge* f. / *trug* m.) må ein kunna seia at dei to formene har same tyding, sjølv om dei har ulik bøyning. Det inneber at dei skal førast opp som alternative oppslagsformer til same ordartikkelen i ordbøker. Når det er tydingsskilnader mellom dei to ulike formene, er det derimot høve til å føra dei opp som to ulike oppslagsord på alfabetisk plass.

Den eine varianten av dei fem orda ovanfor er svært sjeldsynt i skrift, og har same tydingsinnhald som forma som står att. Nemnda meiner derfor at desse fem formene kan gå ut or rettskrivinga.

3.1.15 Substantiv på *-sel/-sle*

Status i dag

I dag er dei fleste substantiv med suffikset *-sel* hokjønnsord, men nokre er hankjønns- eller hokjønnsord, og nokre jamvel hokjønns- eller inkjekjønnsord. Mange av dei har dessutan ei parallell form med suffikset *-sle [-sla]*, som har hokjønnsbøying.

Framlegg til ny rettskriving

Substantiv med suffikset *-sel* får hankjønnsbøying (i nokre tilfelle inkjekjønnsbøying), mens substantiv på *-sle* får hokjønnsbøying. Døme:

ein ferdsel – ferdselen; ei ferdslle – ferdsla

Lista nedanfor viser kva for ord framlegget gjeld:

Gjeldande rettskriving	Desse formene går ut	Framlegg til ny rettskriving	Merknad
Hokjønnsord i dag			
<i>blygsel</i> el. <i>blygsle, blygsla</i>		<i>blygsel, blygselen; el. blygsle, blygsla</i>	
<i>drygsel</i> el. <i>drygsle, drygsla</i>		<i>drygsel, drygselen; el. drygsle, drygsla</i>	
<i>ferdsel</i> el. <i>ferdsle, ferdsla</i>		<i>ferdsel, ferdselen; el. ferdslle, ferdsla</i>	
<i>gløymsle [glømsle], gløymsla [glømsla]</i>	<i>[glømsle, glømsla]</i>	<i>gløymtsel, gløymtselen; el. gløymsle, gløymsla</i>	Ny form inn
<i>gøymsle [gjømsle], gøymsla [gjømsla]</i>	<i>[gjømsle, gjømsla]</i>	<i>gøymsel, gøymselen; el. gøymsle, gøymsla</i>	Ny form inn
<i>hørsel</i> el. <i>hørsle, hørsla; el. høyrtsel el. høyrtsle, høyrtsla</i>	<i>hørsel el. hørsle, hørsla</i>	<i>høyrtsel, høyrtselen; el. høyrtsle, høyrtsla</i>	<i>Høra</i> går ut or rettskrivinga.
<i>kveiksel</i> el. <i>kveiksle, kveiksla</i>		<i>kveiksel, kveikselen; el. kveiksle, kveiksla</i>	
<i>pløgsel</i> el. <i>pløgsle, pløgsla</i>		<i>pløgsel, pløgselen; el. pløgsle, pløgsla</i>	
<i>skirsel</i> el. <i>skirsle, skirsla, skirslar, skirslane</i>		<i>skirsel, skirselen, skirslar, skirslane; el. skirsle, skirsla, skirslar, skirslane</i>	
<i>trengsel</i> el. <i>trengsle, trengsla, trengsler, trengslene</i>		<i>trengsel, trengselen, trengslar, trengslane; el. trengsle, trengsla, trengsler, trengslene</i>	

<i>tyngsel</i> el. <i>tyngsle, tyngsla, tyngsler, tyngslene</i>		<i>tyngsel, tyngselen, tyngslar, tyngslane;</i> el. <i>tyngsle, tyngsla, tyngsler, tyngslene</i>	
Hokjønns- el. hankjønnsord i dag			
<i>førsel, førselen, førslar, førslane;</i> el. <i>førsle, førsla, førsler, førslene</i>		<i>førsel, førselen, førslar, førslane;</i> el. <i>førsle, førsla, førsler, førslene</i>	Som før
<i>kjørstel, kjørselen, kjørslar, kjørslane;</i> el. <i>køyrstel, køyrselen, køyrslar, køyrslane;</i> el. <i>kjørstel/kjørsle, kjørsla, kjørsler, kjørslene;</i> el. <i>køyrstel/køyrsele, køyrsla, køyrsler, køyrslene</i>	<i>kjørstel, kjørselen, kjørslar, kjørslane;</i> el. <i>kjørstel/kjørsle, kjørsla, kjørsler, kjørslene</i>	<i>køyrstel, køyrselen, køyrslar, køyrslane;</i> el. <i>køyrsele, køyrsla, køyrsler, køyrslene</i>	<i>Kjøra</i> går ut av rettskrivinga.
<i>lengsel, lengselen, lengslar, lengslane;</i> el. <i>lengsle, lengsla, lengsler, lengslene</i>		<i>lengsel, lengselen, lengslar, lengslane;</i> el. <i>lengsle, lengsla, lengsler, lengslene</i>	Som før
<i>redsel, redselen, redslar, redslane;</i> el. <i>redsle, redsla, redsler, redslene</i>		<i>redsel, redselen, redslar, redslane;</i> el. <i>redsle, redsla, redsler, redslene</i>	Som før
<i>vigsel, vigselen, vigslar, vigslane;</i> el. <i>vigsle, vigsla, vigsler, vigslene</i>		<i>vigsel, vigselen, vigslar, vigslane;</i> el. <i>vigsle, vigsla, vigsler, vigslene</i>	Som før
Hokjønns- el. inkjekjønnsord			
<i>hengsel, hengsla, hengsler, hengslene;</i> el. <i>hengelet</i> el. <i>hengslet, hengsel, hengsla;</i> el. <i>hengsle, hengsla, hengsler, hengslene;</i> el. <i>hengslet, hengsel, hengsla</i>	<i>hengslet</i>	<i>hengsel, hengelet, hengsel, hengsla;</i> el. <i>hengsle, hengsla, hengsler, hengslene</i>	Inkjekjønnsord på <i>-el</i> skal no ha fullform i eintal, jf. 3.1.11.
<i>skremsel, skremselet</i> el. <i>skremset, skremsel, skremsla</i> [<i>skræmsel, skræmselet</i> el. <i>skræmslet, skræmsel, skræmsla</i>]; el. <i>skremsele, skremsla,</i>	[<i>skræmsel, skræmselet</i> el. <i>skræmslet, skræmsel, skræmsla</i>]; [<i>skræmsle,</i>	<i>skremsel, skremselet, skremsel, skremsla;</i> el. <i>skremsele, skremsla, skremser, skremslene</i>	

<i>skremsler, skremslene</i> ; el. <i>[skræmsle, skræmsla, skræmsler, skræmslene]</i>	<i>skræmsla, skræmsler, skræmslene]</i>		
<i>stengsel, stengselet</i> el. <i>stengslet, stengsel, stengsla</i> ; el. <i>stengsle, stengsla, stengsler, stengslene</i>		<i>stengsel, stengselet, stengsel, stengsla</i> ; el. <i>stengsle, stengsla, stengsler, stengslene</i>	

Normhistorikk

Aasen	1938	1959	Merknad
<i>Ferdsla -a</i> (afvig. <i>Ferdset</i>)	<i>ferdsle -a / ferdsel, ferdsla</i>	<i>ferdsel -sla / ferdsle -a</i>	
<i>Førsla -a</i> (afvig. <i>Førsel</i> m.)	<i>førsle -a</i>	<i>førsle -a</i> <i>førsel -en</i>	To oppslagsord i <i>Nynorskordboka</i>
<i>Stengsla -a</i>	<i>stengsle -a</i>	<i>stengsel -et / stengsle -a</i>	

Som oversikta viser, hadde alle desse orda suffikset *-sle* hjå Aasen, og dei var hokjønnsord. Suffikset *-sel* kjem inn frå 1938, men vart då bøygd som eit hokjønnsuffiks.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

<i>ferdsle</i>	965 treff	<i>-førsle</i>	250 treff	<i>stengsle</i>	96 treff
<i>ferdsel</i>	850 treff	<i>-førsel</i>	370 treff	<i>stengsel</i>	67 treff

Både variantane *-sle* og *-sel* står rimeleg sterkt i rettskrivinga. Det er ikkje uvanleg å oppfatta *-sel* som eit maskulint suffiks; eit søk på **ferdselen* gir 36 treff, og **hørselen* gir 10 treff.

Talemålsgrunnlag

Ikkje undersøkt.

Vurdering

Både suffikset *-sle* og suffikset *-sel* er mykje brukte i skrift. Nokre av orda ovanfor har svært kompliserte bøyingsmønster, t.d. *kjørsetl/køyrsetl/kjørsetl/køyrsetl* og *hengsetl/hengsetl*.

Suffikset *-sle* er heilt klart eit hokjønnsuffiks. I dag er det ganske vanleg å oppfatta suffikset *-sel* som eit hankjønnsuffiks (inkjekjønnsuffiks i nokre ord), sjølv om det

tradisjonelt har vore hokjønnsuffiks i mange dialektar. Fleire av orda ovanfor som i dag har berre hokjønnsbøying, blir i tilgjengeleg tekstmateriale bøygd som hankjønnsord. Nynorskorpuset gir mange treff på til dømes *høyrse*, men det går sjeldan fram av setninga om det blir oppfatta som hankjønns- eller hokjønnsord, fordi det ofte står utan artikkel eller andre bestemmarord.

Det trengst ei opprydding i substantiv som endar på *-sle* eller *-sel*. Det er ei forenkling om *-sel* i framtida markerer hankjønnsbøying (ev. nøytrumsbøying), og *-sle* hokjønnsbøying.

3.1.16 Substantiv på *-0/-er*

Status i dag

Ein del substantiv kan i dag ha ei lang form på *-er* og alternativt ei kortform utan *-er*, til dømes *blåst/blåster*.

Framlegg til ny rettskriving

Dei fleste substantiva som før har hatt både ei kortform og ei alternativ form med *-er*, skal no berre ha kortform. Unntaka er *jest/jester* og *ert/erter*.

Framlegget omfattar desse orda:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad
<i>bakst</i> el. <i>bakster</i> m.	<i>bakster</i>	<i>bakst</i> m.	
<i>blomster</i> m.		<i>blomster</i> m.	Som før
<i>blåst</i> el. <i>blåster</i> m. (vind)	<i>blåster</i>	<i>blåst</i> m. (vind)	
<i>ert</i> el. <i>erter</i> f.		<i>ert</i> el. <i>erter</i> f.	Som før
<i>fest</i> el. <i>fester</i> f. (fangline)	<i>fester</i>	<i>fest</i> f. (fangline)	
<i>hogst</i> el. <i>hogster</i> m.	<i>hogster</i>	<i>hogst</i> m.	
<i>jest</i> el. <i>jester</i> m. (gjær)		<i>jest</i> el. <i>jester</i> m. (gjær)	Som før
<i>mast</i> el. <i>master</i> f.	<i>master</i>	<i>mast</i> f.	
<i>rakst</i> el. <i>rakster</i> m.	<i>rakster</i>	<i>rakst</i> m.	

Normhistorikk

Formene med *-er* var tidlegare eineformer, men har fått konkurranse frå kortformene:

Aasen	1917	1938	1959	Merknad
<i>Bakster</i> m.			<i>bakst</i> el. <i>bakster</i> m.	
<i>Blomster</i> m.				
<i>Blaaster</i> m.		<i>blåster</i> m.	<i>blåst</i> el. <i>blåster</i> m.	
<i>Erter</i> f.		<i>ert</i> el. <i>erter</i> f.	<i>ert</i> el. <i>erter</i> f.	
<i>Fester</i> f. (fangline)			<i>fest</i> el. <i>fester</i> f.	
<i>Hogster</i> m.		<i>hogster</i> m.	<i>hogst</i> el. <i>hogster</i> m.	
<i>Gjester</i> m. (gjær)		<i>jester</i> m.	<i>jest</i> el. <i>jester</i> m.	
<i>Master</i> f.	<i>mast</i> f.			<i>Mast/master</i> står i <i>Nynorskordboka</i> .
<i>Rakster</i> m.		<i>rakster</i> m.	<i>rakst</i> el. <i>rakster</i> m.	

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

<i>bakst</i>	80 treff			<i>jest</i>	0 treff
<i>bakster</i>	4 treff	<i>ert</i>	6 treff	<i>jester</i>	0 treff
		<i>erter</i>	7 treff		
* <i>blomst</i>	80 treff			<i>mast</i>	130 treff
<i>blomster</i> s.	3 treff	<i>fest</i>	0 treff	<i>master</i>	3 treff
<i>blomster</i> pl.	200 treff	<i>fester</i>	0 treff		
<i>blomstrar</i>	40 treff			<i>rakst</i>	10 treff
		<i>hogst</i>	280 treff	<i>rakster</i>	1 treff
<i>blåst</i>	37 treff	<i>hogster</i>	5 treff		
<i>blåster</i>	6 treff				

Det er søkt i materialet frå 1938 til i dag. Desse søka viser ganske eintydig at formene som endar på *-er*, er på veg ut av skriftspråket.

Talemålsgrunnlag

I område der *gjær* ikkje er dominerande, er det forma *jester* som gjeld.

Vurdering

Søka viser at formene som endar på *-er*, i liten grad er i bruk i skrift. Dei få treffa me får i nynorskorpuset, er helst i eldre tekstar. Det er likevel ikkje alle orda ein kan vurdera likt.

Ert/erter høyrer truleg ikkje til same kategori som dei andre orda her, som har det til felles at dei endar på *-st/-ster*. Sjølv om søka ikkje gir mange treff, er inntrykket at både *ert* og *erter* er i levande bruk.

Jest/jester er eit såpass sjeldsynt ord i dag at langforma truleg er vel så kjend som kortforma, i den grad ordet blir brukt. Det er eit argument for å behalda begge formene.

Nemnda har òg vurdert ordet *blomster*, som er eineform i nynorsk i dag (i tillegg til *blome*). Treffa tyder på at *blomst* er mykje meir i bruk enn *blomster*. Derfor har me vore inne på å ta *blomst* inn i rettskrivinga, og eventuelt ta ut forma *blomster*. Problemet er fleirtalsforma, som lett blir *blomster*, etter mønster frå bokmål. Det høver ikkje inn i mønsteret for bøyning av hankjønnsord, og *blomster* blir ståande i ubunden form eintal som eineform (ved sida av *blome*).

3.1.17 Nokre substantiv på *-vere/-vær(e)*

Status i dag

Dei fleste orda det her er tale om, har valfritt endinga *-vere*, som har hokjønnsbøyning, eller endinga *-vær*, eventuelt *-være*, som har inkjekjønnsbøyning.

Framlegg til ny rettskriving

Hokjønnsuffikset *-vere* går ut av rettskrivinga.

Alle orda saka gjeld, kan ha forma *-være*. *Fråvære*, *nærvære* og *samvære* kan òg skrivast utan utgangsvokalen *-e*: *fråvær*, *nærvær*, *samvær*.

Framlegget omfattar desse orda:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
<i>bortevere</i> f. el. <i>bortevære</i> n.	<i>bortevere</i> f.	<i>bortevære</i> n.	
<i>einvere</i> f. el. <i>einvære</i> n.	<i>einvere</i> f.	<i>einvære</i> n.	
<i>fråvere</i> f. el. <i>fråvær</i> n. el. <i>fråvære</i> n.	<i>fråvere</i> f.	<i>fråvær</i> el. <i>fråvære</i> n.	
<i>gladvære</i> n.		<i>gladvære</i> n.	
<i>husvære</i> n.		<i>husvære</i> n.	
<i>mellomvere</i> f. el. <i>mellomvære</i> n.	<i>mellomvere</i> f.	<i>mellomvære</i> n.	
<i>nærvære</i> f. el. <i>nærvær</i> n. el. <i>nærvære</i> n.	<i>nærvære</i> f.	<i>nærvær</i> el. <i>nærvære</i> n.	
<i>omvere</i> f. el. <i>omvære</i> n. (omgivnad)	<i>omvere</i> f.	<i>omvære</i> n. (omgivnad)	

<i>samvere</i> f. el. <i>samvær</i> n. el. <i>samvære</i> n.	<i>samvere</i> f.	<i>samvær</i> el. <i>samvære</i> n.	
<i>tilvere</i> f. el. <i>tilvære</i> n.	<i>tilvere</i> f.	<i>tilvære</i> n.	
<i>velvere</i> f. el. <i>velvære</i> n.	<i>velvere</i> f.	<i>velvære</i> n.	

Normhistorikk

Aasen valde inkjekjønnsforma *-være* for desse orda, men viser til at *samvera* var hokjønnsord i norrønt. Etter kvart har hokjønnsvarianten *-vere* kome inn i fleire tydingar.

Aasen	1917	1938	1959	Merknad
<i>Være</i> n.	<i>-vere</i> [- <i>være</i>] f.	<i>vere</i> f. <i>være</i> n.		
<i>Fråvære</i> n.			<i>fråvere</i> f. <i>fråvære</i> n.	Seinare også <i>fråvær</i>
<i>Nærvære</i> n.		<i>nærvære</i> n.	<i>nærvere</i> f. <i>nærvære</i> n.	Seinare også <i>nærvær</i>
<i>Samvære</i> n. <i>Samvera</i> f. (G.N.)		<i>samvere</i> f. <i>samvære</i> n.	<i>samvere</i> f. <i>samvære</i> n.	Seinare også <i>samvær</i>
<i>Tilvære</i> n.		<i>tilvære</i> n.	<i>tilvere</i> f. <i>tilvære</i> n.	
		<i>velvære</i> n.	<i>velvære</i> n.	

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Søk på variantar av dei tre orda *fråvere/fråvær/fråvære*, *samvere/samvær/samvære* og *tilvere/tilvære* gir desse resultatata:

<i>fråvere</i>	33 treff	<i>samvere</i>	38 treff	<i>tilvere</i>	78 treff
<i>fråvære</i>	30 treff	<i>samvære</i>	56 treff	<i>tilvære</i>	200 treff
<i>fråvær</i>	275 treff	<i>samvær</i>	340 treff	<i>tilvera</i>	8 treff
<i>fråvera</i>	0 treff	<i>samvera</i>	0 treff		

Det er klart vanlegast å bruka formene med *-æ*. Dessutan er inkjekjønnsforma den absolutt dominerande. Også dei som skriv *-vere*, bøyer ofte substantivet som eit inkjekjønnsord, og skriv til dømes «fråveret». Søka på bunden form *-vera* viser at hokjønnsforma er svært lite brukt.

Talemålsgrunnlag

Det er ikkje undersøkt.

Vurdering

Som me såg under normhistorikken, er *-være* n. den forma Aasen stort sett brukte, mens *-vere* f. kom inn som eit allment suffiks i 1917. I skriftmålet i dag får desse orda oftast inkjekjønnsbøying, men mange har problem med å skilja mellom inkjekjønnsforma med *-æ-* og hokjønnsforma med *-e-* i stammen.

Det er svært forvirrande med alle dei variantane som er tillatne i dag, innanfor dei elleve orda det her er tale om. Søk viser at formene *-vær* og *-være* er klart mest i bruk i skrift. Dei har noko ulik fordeling, ved at nokre av orda kan ha *-vær* eller *-være*, mens alle kan ha *-være*.

Det er ei forenkling om ein tek bort hokjønnsvarianten *-vere* og seier at alle kan ha suffikset *-være*, mens *fråvær*, *nærvær* og *samvær* i tillegg kan ha forma *-vær*.

3.1.18 Kjønn på substantiv med suffikset *-skap*

Status i dag

Dei fleste ord på *-skap* er i dag hankjønnsord. 15 ord har inkjekjønnsbøying, og 10 har valfri hankjønns- eller inkjekjønnsbøying. Sjå vedlegg 2.

Fem ord kan ha både hankjønns- og inkjekjønnsbøying, men hankjønns- og inkjekjønnsformene har ulik tyding. Det gjeld *adelskap*, *formannskap*, *mannskap*, *presidentskap* og *riddarskap*. Også *borgarskap* kunne kanskje ha vore med her.

Framlegg til ny rettskriving

- *-skap*-ord som er laga av eit adjektiv eller verb, er hankjønnsord. Det er ofte ord for ein tilstand eller ein eigenskap: *edruskap*, *gjev mildskap*, *vrangskap*.
- Ord som beskriv eit organ eller ein institusjon, er inkjekjønnsord: *ekteskap*, *forstandarskap*, *presteskap*, *selskap*.
- Ord som er laga av substantiv og beskriv ei rolle eller eit fenomen, er hankjønns- eller inkjekjønnsord: *farskap*, *felleskap*, *naboskap*.
- Tre ord med eit substantiv som føreledd skal vera berre hankjønnsord: *buskap*, *donskap* (doning) og *vitskap*.

Framlegget fører til at ein del god ord som i dag har berre hankjønnsbøying, får valfritt hankjønns- eller inkjekjønnsbøying. Desse orda får endra bøying som følgje av framlegget:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:
<i>bodskap</i> m.		<i>bodskap</i> m. el. n.
<i>børnskap</i> m. (fangstutstyr)		<i>børnskap</i> m. el. n. (fangstutstyr)
<i>bøvelskap</i> m. (djevleskap)		<i>bøvelskap</i> m. el. n. (djevleskap)
<i>djevleskap</i> m.		<i>djevleskap</i> m. el. n.
<i>donskap</i> m.		<i>donskap</i> m. el. n.
<i>eigarskap</i> m.		<i>eigarskap</i> m. el. n.
<i>endskap</i> m.		<i>endskap</i> m. el. n.
<i>entreprenørskap</i> m.		<i>entreprenørskap</i> m. el. n.
<i>faenskap</i> m.		<i>faenskap</i> m. el. n.
<i>fandenskap</i> m.		<i>fandenskap</i> m. el. n.
<i>fantenskap</i> m.		<i>fantenskap</i> m. el. n.
<i>farisearskap</i> m.		<i>farisearskap</i> m. el. n.
<i>farkeskap</i> m.		<i>farkeskap</i> m. el. n.
<i>felagskap</i> m.		<i>felagskap</i> m. el. n.
<i>fiendskap</i> m.		<i>fiendskap</i> m. el. n.
<i>filleskap</i> m.		<i>filleskap</i> m. el. n.
<i>fordingskap</i> m. (skyss)		<i>fordingskap</i> m. el. n. (skyss)
<i>forfattarskap</i> m.		<i>forfattarskap</i> m. el. n.
<i>formyndarskap</i> m.		<i>formyndarskap</i> m. el. n.
<i>frendskap</i> m.		<i>frendskap</i> m. el. n.
<i>frimurarskap</i> m.		<i>frimurarskap</i> m. el. n.
<i>fritenkjarskap</i> [fritenkarskap] m.		<i>fritenkjarskap/fritenkarskap</i> m. el. n.
<i>følgjeskap</i> [fylgjeskap] m.		<i>følgjeskap/fylgjeskap</i> m. el. n.
<i>førarskap</i> m.		<i>førarskap</i> m. el. n.
<i>galningskap</i> m.		<i>galningskap</i> m. el. n.
<i>gledskap</i> m.		<i>gledskap</i> m. el. n.
<i>grendskap</i> m.		<i>grendskap</i> m. el. n.
<i>heimfødingskap</i> m.		<i>heimfødingskap</i> m. el. n.
<i>hjonskap</i> m.		<i>hjonskap</i> m. el. n.
<i>hovdingskap/høvdingskap</i> m.		<i>hovdingskap/høvdingskap</i> m. el. n.
<i>husbondskap</i> m.		<i>husbondskap</i> m. el. n.
<i>hyklarskap</i> m.		<i>hyklarskap</i> m. el. n.
<i>kameratskap</i> m.		<i>kameratskap</i> m. el. n.
<i>leiarskap</i> m.		<i>leiarskap</i> m. el. n.
<i>medlemskap</i> m.		<i>medlemskap</i> m. el. n.
<i>meisterskap</i> m.		<i>meisterskap</i> m. el. n.
<i>mågskap</i> m.		<i>mågskap</i> m. el. n.
<i>operatørskap</i> m.		<i>operatørskap</i> m. el. n.
<i>partnarskap</i> m.		<i>partnarskap</i> m. el. n.
<i>prakkarskap</i> m.		<i>prakkarskap</i> m. el. n.

<i>sedskap</i> m.		<i>sedskap</i> m. el. n.
<i>sjømannskap</i> m.		<i>sjømannskap</i> m. el. n.
<i>skaldskap</i> m.		<i>skaldskap</i> m. el. n.
<i>slektskap</i> m.		<i>slektskap</i> m. el. n.
<i>syskenskap</i> [<i>søskenskap</i>] m.		<i>syskenskap/søskenskap</i> m. el. n.
<i>systerskap</i> [<i>søsterskap</i>] m.		<i>systerskap/søsterskap</i> m. el. n.
<i>tjodskap</i> m. (nasjonalitet)		<i>tjodskap</i> m. el. n. (nasjonalitet)
<i>traveskap</i> m.		<i>traveskap</i> m. el. n.
<i>trollskap</i> m.		<i>trollskap</i> m. el. n.
<i>tusseskap</i> m.		<i>tusseskap</i> m. el. n.
<i>uvettingskap/uvitingskap</i> m.		<i>uvettingskap/uvitingskap</i> m. el. n.
<i>vennskap/venskap</i> m.		<i>vennskap/venskap</i> m. el. n.
<i>villmannskap</i> m.		<i>villmannskap</i> m. el. n.
<i>våenskap</i> m. (det å vera ein våe, dvs. ein våghals)		<i>våenskap</i> m. el. n. (det å vera ein våe, dvs. ein våghals)

Normhistorikk

Hjå Aasen hadde suffikset *-skap* hankjønnsbøying. Han skriv om ordet:

Kun i S sammensætning og som en Endelse for afledede Ord, f. Ex. Blidskap, Truskap, Skyldskap; Fiendskap, Daarskap, Gledskap, Rekneskap, Vinneskap o. s. v. I nogle Ord har det Begrebet af en Hob eller Samling, saasom: Buskap, Reidskap, Veideskap. I nogle hertil hørende nyere Ord er Kjønnen sædvanlig Neutrum; saaledes i Borgarskap, Formannskap, Sellskap og fl. (*Norsk Ordbog* s. 661)

Gradvis fleire ord har fått valfri bøying, eller berre inkjekjønnsbøying.

Aasen	1917	1938	1959	1983
<i>Skap</i> m.			<i>-skap</i> m. (bror-, lik-)	
<i>Vinskap</i> m.		<i>venskap</i> [<i>vennskap</i>] m.	<i>ven(n)skap</i> m.	
<i>Borgarskap</i> m. (n.)		<i>borgarskap</i> n.	<i>borgarskap</i> m. el. n.	
<i>Formannskap</i> m. (n.)		<i>formannskap</i> n.		

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Mange av orda som det her er føreslått skal få valfri bøying, får ofte inkjekjønnsbøying i staden for hankjønnsbøying i nynorsk. Det gjeld dei orda som er danna av substantiv, mens ord som har adjektiv som fyrsteledd, blir bøygde som hankjønnsord.

Eit søk i nynorskkorpuset på materialet etter 1938 gir desse resultatane:

<i>medlemskapen</i>	230 treff	<i>rekneskapen</i>	990 treff
<i>*medlemskapet</i>	44 treff	<i>*rekneskapet</i>	27 treff
<i>meisterskapen</i>	400 treff	<i>vennskapen</i>	120 treff
<i>*meisterskapet</i>	47 treff	<i>*vennskapet</i>	50 treff

Talemålsgrunnlag

Det er ikkje undersøkt.

Vurdering

Suffikset *-skap* er tradisjonelt eit hankjønnsuffiks, sjølv om Aasen førte opp enkelte ord med valfritt hankjønn eller inkjekjønn. Men det er ikkje uvanleg å sjå ein del av desse orda bli bøygd som inkjekjønnsord i dag.

Prinsippet om at ord på *-skap* med substantiv som fyrsteledd skal ha valfri hankjønns- eller inkjekjønnsbøying, omfattar ganske mange ord. Dei fleste orda er rett nok lite frekvente, og framlegget vil fyrst og fremst koma til syne ved orda *bodskap*, *forfattarskap*, *kameratskap*, *leiarskap*, *medlemskap*, *meisterskap*, *partnarskap*, *slektskap* og *ven(n)skap*.

På den andre sida er suffikset *-skap* produktivt og kan fort føra til nye avleiingar. Nettopp produktiviteten er eit argument for å formulera ein tydeleg regel for nynorskbrukarane. *Eigarskap* er døme på eit ord som har kome inn i nynorske ordlister etter 2000, og som Språkrådet avgjorde skulle vera hankjønnsord fordi det er sterkast tradisjon for det.

Ut frå definisjonen «ord som beskriv organ eller institusjonar» kan *meisterskap* og *partnarskap* gå inn under ord som skal ha berre inkjekjønnsbøying. Det er ein noko drastisk overgang, sidan dei er hankjønnsord i dag.

Rekneskap er òg eit ord som ofte blir bøygd som inkjekjønnsord, og som kunne få valfri bøying. For å få ein mest mogleg vasstett regel for kjønn på ord på *-skap* er det ikkje framlegg om å endra kjønn på ordet *rekneskap*.

3.1.19 Kjønn på *dialekt* og nokre andre ord

Status i dag

Nokså mange ord har valfritt kjønn i nynorsk i dag, og denne valfridommen kan brukast innanfor læreboknormalen. Dei fleste importord som endar på *-e*, er i dag hankjønnsord i nynorsk. Det gjeld også mange andre importord.

Framlegg til ny rettskriving

Dialekt og andre ord som endar på *-lekt*, skal ha valfri hankjønns- eller hokjønnsbøying:

dialekt – *dialekten* – *dialektar* – *dialektane*; el. *dialekta* – *dialekter* – *dialektene*

Importordet *bise* (pyntesaum) har ikkje vore normert i nynorsk før. Det skal bøyst slik: *bise* – *bisen* – *bisar* – *bisane*.

Normhistorikk

Mange substantiv i nynorsk har jamstilte skriftformer med to kjønn. Nokre få ord har jamvel tre kjønn, t.d. *ei vis* / *ein vis* / *eit vis*. I mange tilfelle er det sterkt grunnlag for to bøyingsmønster både i skrift og tale. Om veksling mellom to kjønn står det i 2002-innstillinga:

Dei fleste genusvala står mellom hokjønn og hankjønn. Dei normeringsvedtaka som Norsk språkråd har gjort i substantiv etter 1959, har ført til at særleg gruppa med valfri hankjønns- og inkjekjønnsbøying har vakse. Ord for nokre kjemiske sambindingar og ymse nemningar for musikkuttrykk har kome i denne gruppa, dessutan ein god del verbalabstrakt og ord for ting med same form som stamma i verba, t.d. *hark*, *glis*, *nys*. (S. 55)

Særleg ved importord som endar på trykklett *-e*, kan folk kjenna seg usikre på kva kjønn dei skal ha. Fretland og Vikør skriv om kjønn på importord:

Ein bør merkje seg dei suffiksa som endar på trykklett *-e*, og som i mange dialektar, særleg austnorske, har ein tendens til å få hokjønnsbøying. I nynorsk skal dei for det aller meste ha hankjønn. Det gjeld m.a. *-ade* (*ambassaden*), *-anse* (*konkurransen*), *-esse* (*delikatessen*, *finessen* (...)), *-ette*. (*På godt norsk*, s. 181)

Bise var oppe i 2000, fordi det ikkje hadde vore normert i nynorsk før. Ordet har hankjønnsbøying i bokmål, men 2000-nemnda gjekk inn for at det skulle vera hokjønn i nynorsk.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Nedanfor er det søkt i nynorskorpuset på ein del importord som ofte får feil kjønn. Alle bortsett frå *uniform* har hankjønnsbøying i nynorsk i dag:

<i>dialekten</i>	170 treff	<i>annonsen</i>	140 treff	<i>kommunen</i>	950 treff
* <i>dialekta</i>	47 treff	* <i>annonsa</i>	13 treff	* <i>kommuna</i>	16 treff
<i>kontrakten</i>	970 treff	<i>brosjyren</i>	95 treff	<i>nerven</i>	30 treff
* <i>kontrakta</i>	130 treff	* <i>brosjyra</i>	19 treff	* <i>nerva</i>	8 treff
<i>uniforma</i>	54 treff	<i>fasen</i>	480 treff	<i>skulen</i>	975 treff
* <i>uniformen</i>	36 treff	* <i>fasa</i>	5 treff	* <i>skula</i>	28 treff

Uniform er hokjønnsord, men blir ofte bøygd som eit hankjønnsord, kan det sjå ut til. Blant dei andre orda ser det ut til at det er *dialekt* som oftast får feil bøyging.

Talemålsgrunnlag

Det er ein tendens til at folk på Sør-Vestlandet vil ha meir hankjønnsbøyging både av importord og arveord enn det folk på Austlandet og Nord-Vestlandet vil ha.

Olav T. Beito (1970) skriv om kjønn på importord:

Her er mange overgangar frå lint hankjønn til lint hokjønn, som er ei sterkare gruppe (jf. § 103). Lånorda av denne typen er innkomne med utlyds-*e* og slo såleis lettast lag med linne hokjønnsord i e-mål og jamvektsmål, men med linne hankjønnsord i a-mål.

I a-mål har som kjent linne hokjønnsord (og infinitiv av verb) *-a*, og dermed var det linne hankjønnsord (*hane, blome*) som var den naturlege parallellen til importord som *kommune* og *skule*. I e-mål kunne dei derimot slå lag med anten linne hankjønnsord eller linne hokjønnsord. (S. 163)

Vurdering

Sandøy-nemnda nemner ord på *-ing/-ning* og importord som grupper med skiftande kjønn. Nemnda har ei eiga sak om kjønn på *-ing/-ning*-ord, ord med suffikset *-sel/-sle*, ord med suffiksa *-vere/vær(e)*, og ord som endar på *-skap*. Dessutan drøfta nemnda kjønn på *dialekt* og andre importord, men bestemte seg for å ta stilling berre til orda som endar på *-lekt*. Med den tida nemnda har til rådvelde, er det ikkje aktuelt å sjå på valfridommen i kjønn på substantiv generelt.

Argumentet for å vurdera kjønn på ord som endar på *-lekt*, er at det er sterkt talemålsgrunnlag for å bøya dei som hokjønnsord, og det er ikkje uvanleg å sjå *ei dialekt* og *dialekta* i skrift.

Av søka på ein del importord er det ikkje slåande mykje feil bøyging, men det er prosentvis mest feil bøyging av *uniform*, *dialekt* og *brosjyre* (samanlikna med rettskrivinga). Det kan sjå ut til at skribentane veit at dei fleste importord har hankjønnsbøyging i skriftmålet, sjølv om desse orda har varierende bøyging i dialektane. Det ville sjølvsagt vera mogleg å vurdera valfri bøyging for nokre av orda som her er oppe til vurdering, utan å ta heile gruppa.

Sjølv om ordet *bise* er eit importord, fell det lydleg godt saman med norske arveord. Likevel bør det truleg behandlast på same måte som andre importord på *-e*.

Nemnda har diskutert kjønn på *dialekt* og på ein del andre importord, og ser at det er gode grunnar for å innføra valfritt hankjønn eller hokjønn på mange av dei. Av tidsomsyn går nemnda ikkje inn i spørsmålet om kjønn på andre einskildord enn dei som endar på *-lekt*. Valfridommen i kjønn på substantiv er eit stort emne som bør gjerast til gjenstand for ei eiga utgreiing ved eit seinare høve.

3.2 Adjektiv og adverb



3.2.1 Adjektiv på *-en*

Status i dag

Alle adjektiv på *-en* skal i dag bøyast med endingane *-en* [-i] i hokjønn og *-e/-i* [-ent] i inkjekjønn. Perfektum partisipp av sterke verb får ikkje endinga [-ent] i inkjekjønn.

Framlegg til ny rettskriving

Hokjønnsbøyinga [-i] (*ei opi dør*) heng saman med i-mål og går ut or rettskrivinga saman med i-målet. Inkjekjønnforma *-i* går òg ut or rettskrivinga, mens *-ent* blir jamstilt med *-e*: *ope* eller *opent*.

Døme på korleis ny bøying ser ut:

Denne bøyinga gjeld i dag:	Desse formene går ut:	Denne bøyinga blir gjeldande i ny rettskriving:
<i>open</i> – <i>open</i> [opi] – <i>ope/opi</i> [opent] – <i>opne</i>	[opi] f. – <i>opi</i> n.	<i>open</i> – <i>open</i> – <i>ope</i> el. <i>opent</i> – <i>opne</i>

<i>gebrokken – gebrokken [gebrokki] – gebrokke/gebrokki [gebrokkent] – gebrokne</i>	<i>[gebrokki] f. – gebrokki n.</i>	<i>gebrokken – gebrokken – gebrokke el. gebrokkent – gebrokne</i>
<i>liten – lita [liti] – lite – små(e)</i>	<i>[liti] f.</i>	<i>liten – lita – lite – små(e)</i>

Normhistorikk

Det er særleg inkjekjønnsforma *-ent* som har vore diskutert når adjektiv på *-en* skulle normerast. Denne endinga kjennest for mange som den einaste moglege i lånord som *kristen* og *gebrokken*, men er produktiv i nokre målføre. Aasen skriv om det:

[I]midlertid findes dog ogsaa i nogle Fjeldbygder (Hall., Vald.) en afvigende Form med «ent» eller «int», især i Adj., som dannes af et Substantiv, f. Ex. sandint (dvs. sandigt), vassint (vandagtigt). Jf. Linint (Lintøi), Ullint (Uldtøi). (*Norsk Grammatik*, § 185 Anm.)

Frå 1938 vart det valfri *-e/-i* i inkjekjønnsforma av desse adjektiva, og *-ent* kom inn som klammeform. Det vart vurdert om *-ent* skulle bli jamstilt form, men nemnda meinte at tre jamstilte former vart i meste laget. Inkjekjønnsforma *opi* heng saman med supinum av sterke verb: *funni* (ved sida av *funne*).

I 1985 vart det vedteke at ord som *gebrokken* skulle ha regelrett inkjekjønnsbøying: *gebrokke* el. *gebrokki [gebrokkent]*. Før den tid var dei førte opp på ulike måtar i ordlistene. Hellevik hadde obligatorisk *-ent* i til dømes *gebrokken: gebrokkent*.

I 1983 vedtok Norsk språkråd at adjektiv på *-en* som er danna til eller avleidde av partisipp, ikkje kan ha klammeforma *-ent*: eit *kjærkome* el. *kjærkomi* framlegg.

Aasen hadde *-i* som eineform i hokjønn av adjektiv av typen *open: ei opi dør*. Etter kvart kom forma *open* inn som hokjønnsform. Derimot har aldri forma med *-a* vore gjeldande rettskriving, sjølv om det har vore diskutert i samband med at *-a* kom inn i sterke hokjønnsord, og i-målet vart klammeform.

Nedanfor følgjer ei oversikt over korleis endringane i bøyinga av adjektiv på *-en* har vore.

Aasen	1901	1917	1938	1959	1983/1985
<i>opi f.</i>		<i>opi [open]</i>	<i>open [opi]</i>		
<i>opet n.</i>	<i>ope</i>		<i>ope/opi [opent]</i>		
<i>kristet n.</i>	<i>kriste</i>		<i>kriste/kristi [kristent]</i>		
				<i>gebrokkent</i>	<i>gebrokke/ gebrokki [gebrokkent]</i>
<i>halvetet n.</i>	<i>halvete</i>		<i>halvete/ halvete [halvetent]</i>		<i>halvete/ halveti</i>

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Nedanfor er det søkt i nynorskorpuset på inkjekjønnsformene av *open*, *kristen* og *gebrokken*:

<i>ope</i>	970 treff	<i>kriste</i>	17 treff	<i>gebrokke</i>	3 treff
<i>opi</i>	22 treff	<i>kristi</i>	0 treff	<i>gebrokki</i>	0 treff
<i>opent</i>	195 treff	<i>kristent</i>	130 treff	<i>gebrokkent</i>	27 treff

Søka viser at inkjekjønnsforma med *-i* er svært lite brukt, mens forma *-ent* er ganske mykje brukt. Ho står særleg sterkt ved nokre innlånnte adjektiv som *kristen*, *gebrokken*, *gedigen*, mens den tradisjonelle bøyinga står sterkast i arveord som *open*.

Det har tydeleg vore ei utvikling i språkkjensla når det gjeld endinga *-ent*:

Hjå dei undersøkte 30-årsforfattarane dominerer inkjekjønnsforma på *-e*, ho var då òg eineform i rettskrivinga den gongen. Åsmund Sveen brukte *-in* i grunnforma og *-i* i inkjekjønnsforma. Det finst eitt belegg på formene *kristent* (Sigurd Kvåle), *nakent* (Tarjei Vesaas) og *åpent* (Lars Berg), samstundes som Vesaas brukte *nake*, *ope* og *vake*, og det var to belegg på *åpe* hjå Berg. Sjølv om *-ent*-forma var tillaten som klammeform for dei ni 50-årsforfattarane, fann Vikør berre eitt døme på den forma, *nakent* (hjá Vegard Vigerust, som dessutan har *ope*). Først hjå dei ti forfattarane i 70-åra viser klammeformene på *-ent* seg for fullt. Brodal, Forfang, Hoem, Obrestad og Solheim ser ut til å føretrekkja *opent/åpent*, medan Sande og Sagen har einskildinnslag av *-ent*-former. Ingen av dei undersøkte forfattarane frå 50- og 70-åra brukte inkjekjønnsform på *-i*. (2002-innstillinga, s. 72)

Talemålsgrunnlag

Inkjekjønnsforma *ope* er utbreidd på Vestlandet og delar av Austlandet, *opi* er vanleg på delar av Austlandet og i Trøndelag, og *opent* er vanleg både på Austlandet, til dels på Vestlandet, i Trøndelag og Nord-Noreg. *Opent* er òg vanleg i dei fleste bymål, og ser ut til å vera på frammarsj i talemålet over store delar av landet.

Talemålsundersøkinga som Språkrådet gjennomførte i 1999, viste at eit klart fleirtal ville ha endinga *-ent* i inkjekjønnsform av ord som *guffen* og *gebrokken*.

I hokjønnsform er det fyrst og fremst vestlandsk og midlandsk som har eiga ending. På Sør-Vestlandet er det no vanleg at hokjønnsforma fell saman med hankjønnsforma på *-en*: *ei open dør*. I dei områda der adjektiv på *-en* har eiga hokjønnsform, følgjer ho endinga i sterke hokjønnsst substantiv, altså *boko ligg opo*, *boki ligg opi*, *boka ligg opa*, osv.

Vurdering

Sidan nemnda har gått inn for å fjerna *i*-endingane i sterke hokjønnsst substantiv, fell hokjønnsforma *liti*, *opi* i adjektiv naturleg bort. Det har kome innspel om å ta inn forma *opa*, som har eit visst grunnlag på Vestlandet, men nemnda har ikkje gått inn for det, sidan forma aldri har vore inne i rettskrivinga før.

Når det gjeld inkjekjønnsendinga, peikar Sandøy-nemnda på at dei ulike formene synest å høyra til ulike stilnivå:

Former som *opent* blir kanskje oppfatta som moderne eller 'urban' nynorsk; i alle fall unngår dei som markerer seg med tradisjonell stil, å bruka slike *-ent*-former. Nøytrale i ein slik samanheng i dag er *-en* i hokjønn og *-e* i inkjekjønn. (2002-innstillinga, s. 73)

I inkjekjønn er endinga *-e* den tradisjonelle, og den naturlege i mange vanlege adjektiv på *-en*. Men denne bøyinga ser ikkje ut til å vera produktiv lenger, og nye ord som kjem inn i nynorsk, ser ut til å bli tekne i bruk med *-ent*, sjølv om denne endinga hittil har hatt klammeformstatus. Denne forma står svært sterkt i talemålet.

Nemnda meiner derfor at endingane *-e* og *-ent* begge bør tillatast i inkjekjønn i desse to adjektivtypene – den tradisjonelle (*open – ope/[opent]*) og den nyare (*guffen – guffe/[guffent]*).

Det må presiserast at ein språkbrukar ikkje treng vera konsekvent i bruken av *-e* og *-ent* frå eitt ord til eit anna, men berre innanfor kvart ord. For mange vil det kjennast naturleg å bruka *-e* i dei fleste tilfelle: *huset er ope, det er hustre*. Ved visse ord vil dei fleste likevel velja *-ent*: *eit gebrokkent språk, eit kristent land, eit ullent vedtak*.

Adjektiv som klart er avleidde av eller samansette med sterke partisipp (t.d. *kjærkomen, halveten*), følgjer som før bøyinga for partisippa. Det vil seia at dei ikkje kan ha *-ent*-forma i inkjekjønn.

3.2.2 Komparativ og superlativ av visse stadadverb

Status i dag

Mange stadadverb har i dag valfrie former i komparativ og superlativ. Fleire har ei langform og ei samandregen form i komparativ og/eller superlativ. Døme: *att – attare/attre – attarst/attast*.

Framlegg til ny rettskriving

Langformene i komparativ og superlativ av nokre stadadverb går ut or rettskrivinga, t.d. former som *attare – attast, innarst* og *yttarst*.

Framlegget får følgjer for desse orda:

Denne bøyinga gjeld i dag:	Desse formene går ut:	Denne bøyinga blir gjeldande i ny rettskriving:
<i>att – attare/attre – attarst/attast</i>	<i>attare – attast</i>	<i>att – attre – attarst</i>
<i>bak – bakare/bakre – bakarst/bakast</i>	<i>bakare – bakast</i>	<i>bak – bakre – bakarst</i>

<i>bort(e) – bortare/bortre – bortast</i>	<i>bortare</i>	<i>bort(e) – bortre – bortast</i>
<i>hit – hitare/hitre – hitast</i>	<i>hitare</i>	<i>hit – hitre – hitast</i>
<i>inn(e) – indre – innarst/inst</i>	<i>innarst</i>	<i>inn(e) – indre – inst</i>
<i>nord – nordre/nørdre – nørdst</i>		<i>nord – nordre el. nørdre – nørdst</i>
<i>sør – syndre/søre – synst</i>		<i>sør – syndre el. søre – synst</i>
<i>under – undre – underst/undst</i>	<i>underst</i>	<i>under – undre – undst</i>
<i>ytre – ytst/yttarst</i>	<i>yttarst</i>	<i>ytre – ytst</i>

Normhistorikk

Oversikta viser utviklinga for nokre av dei vanlegaste av desse orda:

Aasen	Skard 1903	Skard 1920	1938	1959	Ca. 1980
<i>attarste</i>			<i>attarst</i>	<i>attarst/attast</i>	
<i>bakaste</i>				<i>bakarst/bakast</i>	
<i>inst</i>	<i>inst/innarst</i>				
<i>ytst</i>	<i>ytst/yttarst</i>				
<i>underst</i>	<i>underst</i>				<i>underst/undst</i>
<i>nørdre</i>	<i>nørdre</i>	<i>nordre/nørdre</i>			
<i>syndre</i>		<i>syndre</i>	<i>syndre/søre</i>		

I 2002-innstillinga står det om desse stadadverba:

I *Landsmaals-ordlista* til Matias Skard frå 1903 finn me formene *nørdre*, *inst* og *innarst*, *underst*, *ytst* og *yttarst*. I ordboka si frå 1920 har han teke med forma *syndre* og dessutan *nordre*, som vart jamstilt med *nørdre* i 1917. I 1945-utgåva har Skard med *attarst* og *bakarst*. Norsk språknemnd jamstilte så *attarst* og *attast* og *bakarst* og *bakast* i 1961. (S. 144)

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

<i>attre</i>	4 treff	<i>bortre</i>	10 treff	<i>søre</i>	535 treff
<i>attare</i>	4 treff	<i>bortare</i>	0 treff	<i>syndre</i>	17 treff
<i>attarst</i>	80 treff	<i>hitre</i>	2 treff	<i>undst</i>	8 treff
<i>attast</i>	11 treff	<i>hitare</i>	0 treff	<i>underst</i>	5 treff
<i>bakre</i>	335 treff	<i>inst</i>	955 treff	<i>ytst</i>	760 treff
<i>bakare</i>	0 treff	<i>innarst</i>	97 treff	<i>yttarst</i>	390 treff
<i>bakarst</i>	175 treff	<i>nordre</i>	420 treff		
<i>bakast</i>	7 treff	<i>nørdre</i>	110 treff		

Det ser ut til at dei samandregne komparativformene står sterkast. Det same kan ein seia om dei samandregne superlativformene *inst* og *ytst*.

Talemålsgrunnlag

Det er ikkje undersøkt.

Vurdering

Nemnda meiner det må gå an å redusera talet på dobbeltformer i komparativ og superlativ og nokre stadadverb. Også Sandøy-nemnda meinte det: «Kortformene *inst*, *ytst* og *undst* samsvarar med andre kortformer me har av tilsvarande adverb, som *nedst* og *øvst*, dei er allereie eineformer i skrift.» (2002-innstillinga, s. 144)

Når det gjeld formene *undst* og *underst*, er det få treff og vanskeleg å vita kva for former språkbrukarane oppfattar som umarkerte. Det som talar for *underst*, er at den forma har vore eineform frå Aasens tid til ca. 1980. Nemnda har likevel gått inn for *undst*, sidan dei fleste andre nærskylde ord har samandregne former. Slik prøver me å etablere eit mest mogleg tydeleg mønster.

Komparativformene *attare*, *bakare*, *bortare* og *hitare* får svært få treff og ser ikkje ut til å vera aktuelle val for språkbrukarane.

Nemnda har vurdert å ta ut formene *nørdre* og *syndre*, men har fått innspel på at me bør behalda dei, både fordi dei har god dialektforankring i delar av landet, og på grunn av parallellen med *nørdst* og *synst*. Slike topografiske ord(former) har dessutan ein lokal identifiseringsfunksjon fordi dei ofte utgjer ledd i namn.

3.2.3 Skrivemåten av ein del preposisjonar og adverb

Status i dag

Retningsadverba har valfritt *-a-* eller *-an-* i samansetningar bortsett frå når sisteledet byrjar på vokal, altså *utafor/utanfor*, *utapå/utanpå*, *utatil/utantil*, men *utanom*, *utanåt*.

Når retningsadverbet er eit ord for ei himmelretning, skal samansetjingsfuga *-a-* brukast framfor konsonant og *-an-* framfor vokal. Framfor *-til* er det likevel valfritt, altså: *austafor*, *austapå*, og *austanetter* og *austanom*, men *austatil/austantil*.

Adverb som har *-mellom* som sisteledd, har valfritt *-e-* eller *-i-* som samansetjingsfuge.

Framlegg til ny rettskriving

- Alle retningsadverb får *-an-* som samansetjingsfuge: *utanfor*, *austanfor*. Samansetjingsfuga *-a-* i preposisjonar og adverb går ut or rettskrivinga.
- Adverb som har *-mellom* som sisteledd, skal ha berre *-i-* som samansetjingsfuge: *veggimellom*. Forma *veggemellom* går ut.

Denne bøyinga gjeld i dag:	Desse formene går ut:	Denne bøyinga blir gjeldande i ny rettskriving:
<i>attafor</i> el. <i>attanfor</i> prep.	<i>attafor</i>	<i>attanfor</i> prep.
<i>attafrå</i> el. <i>attanfrå</i> adv.	<i>attafrå</i>	<i>attanfrå</i> adv.
<i>austafrå</i> el. <i>austfrå</i> prep., adv.	<i>austafrå</i>	<i>austanfrå</i> el. <i>austfrå</i> prep., adv.
<i>austatil</i> el. <i>austantil</i> prep., adv.	<i>austatil</i>	<i>austantil</i> prep., adv.
<i>bakafor</i> el. <i>bakanfor</i> prep., adv.	<i>bakafor</i>	<i>bakanfor</i> prep., adv.
<i>bakafrå</i> el. <i>bakanfrå</i> el. <i>bakanifrå</i> adv.	<i>bakafrå</i>	<i>bakanfrå</i> el. <i>bakanifrå</i> adv.
<i>bergemellom</i> el. <i>bergimellom</i> adv.	<i>bergemellom</i>	<i>bergimellom</i> adv.
<i>bortafør</i> el. <i>bortanfor</i> prep.	<i>bortafør</i>	<i>bortanfor</i> prep.
<i>bortafør</i> el. <i>bortanfrå</i> prep.	<i>bortafør</i>	<i>bortanfrå</i> prep.
<i>bygdemellom</i> el. <i>bygdimellom</i> adv.	<i>bygdemellom</i>	<i>bygdimellom</i> adv.
<i>derfrå</i> el. <i>derifrå</i> adv.		<i>derfrå</i> el. <i>derifrå</i> adv.
<i>framafor</i> el. <i>framanfor</i> prep.	<i>framafor</i>	<i>framanfor</i> prep.
<i>framafrå</i> el. <i>framanfrå</i> prep.	<i>framafrå</i>	<i>framanfrå</i> prep.
<i>framaføre</i> el. <i>framanføre</i> prep.	<i>framaføre</i>	<i>framanføre</i> prep.
<i>framatil</i> el. <i>framantil</i> prep., adv.	<i>framatil</i>	<i>framantil</i> prep., adv.
<i>framgjennom</i> el. <i>framigjennom</i> prep.		<i>framgjennom</i> el. <i>framigjennom</i> prep.
<i>frami</i> el. <i>frammi</i> prep.	<i>frammi</i>	<i>frami</i> prep.
<i>fyrstundes</i> el. <i>førstundes</i> adv. (dativ av <i>fyrstunni</i>)	<i>fyrstundes</i>	<i>førstundes</i> adv.
<i>gardemellom</i> el. <i>gardimellom</i> adv.	<i>gardemellom</i>	<i>gardimellom</i> adv.
<i>halvveges</i> el. <i>halvvegs</i> adv.		<i>halvveges</i> el. <i>halvvegs</i> adv.
<i>heimafor</i> el. <i>heimanfor</i> prep.	<i>heimafor</i>	<i>heimanfor</i> prep.
<i>heimafrå</i> el. <i>heimanfrå</i> adv.	<i>heimafrå</i>	<i>heimanfrå</i> adv.
<i>heimatil</i> el. <i>heimantil</i> adv.	<i>heimatil</i>	<i>heimantil</i> adv.
<i>herfrå</i> el. <i>herifrå</i> adv.	<i>herfrå</i>	<i>herifrå</i> adv.
<i>hitafor</i> el. <i>hitanfor</i> prep., adv.	<i>hitafor</i>	<i>hitanfor</i> prep., adv.

<i>hovudstup</i> el. <i>hovudstupes</i> el. <i>hovudstups</i> adv.	<i>hovudstup</i> el. <i>hovudstupes</i>	<i>hovudstups</i> adv.
<i>husemellom</i> el. <i>husimellom</i> adv.	<i>husemellom</i>	<i>husimellom</i> adv.
<i>innafor</i> el. <i>innanfor</i> prep., adv.	<i>innafor</i>	<i>innanfor</i> prep., adv.
<i>innafrå</i> el. <i>innanfrå</i> prep., adv.	<i>innafrå</i>	<i>innanfrå</i> prep., adv.
<i>innaføre</i> el. <i>innanføre</i> prep.	<i>innaføre</i>	<i>innanføre</i> prep.
<i>innatil</i> el. <i>innantil</i> prep.	<i>innatil</i>	<i>innantil</i> prep.
<i>landemellom</i> el. <i>landimellom</i> adv.	<i>landemellom</i>	<i>landimellom</i> adv.
<i>langveges</i> el. <i>langvegs</i> adv.		<i>langveges</i> el. <i>langvegs</i> adv.
<i>longe</i> el. <i>longo</i> adv.	<i>longo</i>	<i>longe</i> adv.
<i>nedafor</i> el. <i>nedanfor</i> prep., adv.	<i>nedafor</i>	<i>nedanfor</i> prep., adv.
<i>nedafrå</i> el. <i>nedanfrå</i> prep., adv.	<i>nedafrå</i>	<i>nedanfrå</i> prep., adv.
<i>nedatil</i> el. <i>nedantil</i> prep., adv.	<i>nedatil</i>	<i>nedantil</i> prep., adv.
<i>nordafrå</i> el. <i>nordfrå</i> prep., adv.	<i>nordafrå</i>	<i>nordanfrå</i> el. <i>nordfrå</i> prep., adv.
<i>nordatil</i> el. <i>nordantil</i> prep., adv.	<i>nordatil</i>	<i>nordantil</i> prep., adv.
<i>ovafor</i> el. <i>ovanfor</i> prep., adv.	<i>ovafor</i>	<i>ovanfor</i> prep., adv.
<i>ovafrå</i> el. <i>ovanfrå</i> el. <i>ovanifrå</i> prep.	<i>ovafrå</i>	<i>ovanfrå</i> el. <i>ovanifrå</i> prep.
<i>ovapå</i> el. <i>ovanpå</i> prep., adv.	<i>ovapå</i>	<i>ovanpå</i> prep., adv.
<i>ovatil</i> el. <i>ovantil</i> prep., adv.	<i>ovatil</i>	<i>ovantil</i> prep., adv.
<i>stundemellom</i> el. <i>stundimellom</i> adv.	<i>stundemellom</i> adv.	<i>stundimellom</i> adv.
<i>sønnatil</i> el. <i>sønnantil</i> prep., adv.	<i>sønnatil</i>	<i>sønnantil</i> prep., adv.
<i>sørafrå</i> el. <i>sørfrå</i> prep., adv.	<i>sørafrå</i>	<i>søranfrå</i> el. <i>sørfrå</i> prep., adv.
<i>utaboks</i> el. <i>utanboks</i> adv.	<i>utaboks</i>	<i>utanboks</i> adv.
<i>utafor</i> el. <i>utanfor</i> prep.	<i>utafor</i>	<i>utanfor</i> prep.
<i>utafrå</i> el. <i>utanfrå</i> prep.	<i>utafrå</i>	<i>utanfrå</i> prep.
<i>utalands</i> el. <i>utanlands</i> adv.	<i>utalands</i>	<i>utanlands</i> adv.
<i>utapå</i> el. <i>utanpå</i> prep.	<i>utapå</i>	<i>utanpå</i> prep.
<i>utatil</i> el. <i>utantil</i> prep.	<i>utatil</i>	<i>utantil</i> prep.
<i>veggemellom</i> el. <i>veggimellom</i> adv.	<i>veggemellom</i> adv.	<i>veggimellom</i> adv.
<i>vestafrå</i> el. <i>vestfrå</i> prep., adv.	<i>vestafrå</i>	<i>vestanfrå</i> el. <i>vestfrå</i> prep., adv.
<i>vonom</i> el. <i>vonoms</i> adv.		<i>vonom</i> el. <i>vonoms</i> adv.

Normhistorikk

Endringane i samansetjingsfugene *-a/-an-* og *-e/-i-* går fram av denne tabellen:

Aasen	1917	1938	1959
<i>austanfraa</i>	<i>austan [austa]</i>	<i>austafrå</i>	<i>austafrå</i>
<i>austantil</i>	<i>austan [austa]</i>	<i>austatil</i>	<i>austantil/austatil</i>
<i>utanfyre</i>		<i>utafor/utanfor</i>	
<i>utantil</i>		<i>utatil/utantil</i>	
<i>veggjemillom</i>		<i>veggemellom</i>	<i>veggemellom</i> el. <i>veggimellom</i>

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Sandøy-nemnda skriv om utbreiinga av samansetjingsfugene *-a-* og *-an-*: «I skrift blir *-a-* brukt i 21 % og *-an-* i 79 % av tilfella der det er valfridom (*austa(n)til, inna(n)for* osv.)» (2002-innstillinga, s. 110)

Søk i nynorskorpuset på nokre av orda som er nemnde ovanfor, gir desse resultatata:

<i>austafrå</i>	9 treff				
<i>austanfrå</i>	23 treff	<i>hovudstups</i>	48 treff	<i>veggimellom</i>	11 treff
<i>austfrå</i>	39 treff	<i>hovudstupes</i>	0 treff	<i>veggemellom</i>	0 treff
<i>austatil</i>	0 treff	<i>innafor</i>	155 treff	<i>vonom</i>	43 treff
<i>austantil</i>	13 treff	<i>innanfor</i>	840 treff	<i>vonoms</i>	41 treff
<i>frami</i>	270 treff	<i>longe</i>	195 treff		
<i>frammi</i>	20 treff	<i>longo</i>	82 treff		
<i>fyrstundes</i>	28 treff	<i>utafor</i>	44 treff		
<i>førstundes</i>	1 treff	<i>utanfor</i>	970 treff		

Når det gjeld *innafor/innanfor* og *utafor/utanfor*, ser me at resultatet stemmer med funnet det er referert til i 2002-innstillinga.

Alle treff på *fyrstundes* er frå før 1926, og treffet på *førstundes* er frå 1930-åra (Åsmund Sveen). Treffa på *longo* er òg gamle – eldre enn treffa på *longe*. Også *frami* og *frammi* ser ut til å vera meir i bruk i eldre tekstar enn i nyare.

Talemålsgrunnlag

Sandøy-nemnda gir desse opplysningane i si utgreiing:

Dialektgrunnlaget for *-an-* er nokså lite, først og fremst sørvestlandsk. Resten av landet har *-a-* eller *-å-*: *nordatil, heimafrå* osv. Av 164 informantar i TALE99 svara 82 % at dei bruker forma *nordafor*, 11,5 % seier *nordanfor*, og nokre få seier at dei blandar desse to eller sløyfer suffikset i *nordfør*. (...) Av dei spurde svara 89 % frå Vest-Agder og 80 % frå Rogaland at dei brukte *-an-*suffikset, 50 % av svara frå Hordaland sa det same. 30 % av

informantane frå Nordland meinte dei sa *nordafor* men *bortanfor*. (2002-innstillinga, s. 110)

Vurdering

Talemålsgrunnlaget er best for *-a-* i ord av typen *innafor*, *nordafor*, men i skriftleg nynorsk står *-an-* klart sterkast.

Slik systemet er no, er det stort sett valfridom mellom *-a-* og *-an-* der andreleddet byrjar på konsonant. Eit forvirrande element er adverb med himmelretningane som fyrsteledd. Dei har *-a-* som eineform i samansetningar der andre leddet byrjar på konsonant, bortsett frå framfor *-til*: *austafrå*, *vestafor*, *austa(n)til*.

Sidan mandatet vårt er innstramming, og *-an-* er klart mest utbreidd, går nemnda inn for at samansetjingsfuga *-an-* skal vera eineform i retningsadverba.

Det inneber ei klar forenkling samanlikna med dagens rettskriving, fordi brukarane kan nytta *-an-* overalt, i staden for å måtta veksla.

3.2.4 Suffiks i adjektiv og adverb

Status i dag

Felles for adjektiv- og adverbsuffiksa i saka er at dei har to eller fleire variantar i dag, t.d. *-et/-ete/-ut*: *steinet* el. *steinete* el. *steinut*.

Framlegg til ny rettskriving

- Adjektiv- og adverbsuffiks som har to variantar, får berre ein variant. Suffikset *-et/-ete/-ut* blir redusert frå tre til ein variant: *-ete*.
- Formene *-ig* og *-ug* blir ståande, fordi dei ikkje alltid kan brukast synonymt. Døme: *lystig*; *gridug* (tidleg i gang om morgonen).

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:
<i>-ande</i> el. <i>-ende</i> adv.	<i>-ende</i>	<i>-ande</i>
<i>-beina</i> el. <i>-beint</i> adj.		<i>-beina</i> el. <i>-beint</i>
<i>-egga</i> el. <i>eggja</i> adj.	<i>-eggja</i>	<i>-egga</i>
<i>-et</i> el. <i>-ete</i> el. <i>-ut</i> adj.	<i>-et</i> el. <i>-ut</i>	<i>-ete</i>
<i>-ig</i> el. <i>-ug</i> adj.		<i>-ig</i> el. <i>-ug</i>
<i>-høgda</i> el. <i>-høgdes</i> adj.	<i>-høgdes</i>	<i>-høgda</i>

<i>-leg [-lig]</i> adj.	<i>[-lig]</i>	<i>-leg</i>
<i>-lenges</i> el. <i>-lengs</i> adj.	<i>-lenges</i>	<i>-lengs</i>
<i>-lyndt</i> el. <i>-lynt</i> adj.		<i>-lyndt</i> el. <i>-lynt</i>
<i>-rygga</i> el. <i>-ryggja</i> adj.	<i>-ryggja</i>	<i>-rygga</i>
<i>-skjeggja [-skjeggja]</i> adj.	<i>-skjeggja</i>	<i>-skjeggja</i>
<i>-veges</i> el. <i>-vegs</i> adv.		<i>-veges</i> el. <i>-vegs</i>
<i>-vend [-vendt]</i> adj.	<i>-vendt</i>	<i>-vend</i>
<i>-vertes</i> el. <i>-vortes</i> adj.	<i>-vertes</i>	<i>-vortes</i>
<i>-vinn</i> el. <i>-vint</i> adj.		<i>-vinn</i> el. <i>-vint</i>
<i>-viljug</i> el. <i>-villig</i> adj.		<i>-viljug</i> el. <i>-villig</i>
<i>-værig</i> el. <i>-værug</i> adj.		<i>-værig</i> el. <i>-værug</i>
<i>-øyra [-øra]</i> el. <i>-øyrd [-ørt]</i> adj.	<i>[-øra]</i> el. <i>[-ørt]</i>	<i>-øyra</i> el. <i>-øyrd</i>

Normhistorikk

Som me ser av oversikta ovanfor, hadde Aasen stort sett ei form av kvart suffiks, mens det no er to eller tre former av kvart av dei. Her følgjer ei oversikt over normstatusen til alle orda ovanfor:

Aasen	1917	1938	1959
<i>-ende</i> ⁸			<i>-ande</i> el. <i>-ende</i>
			<i>-beina</i> el. <i>-beint</i>
<i>-eggjad</i>		<i>-eggja</i>	<i>-egga</i> el. <i>eggja</i>
<i>-ut</i>		<i>-ut [-et]</i>	<i>-et</i> el. <i>-ete</i> el. <i>-ut</i>
<i>-ug (-ig)</i> ⁹	<i>ledig; ledug</i>	<i>lystig; viljug</i>	<i>-ig</i> el. <i>-ug</i>
<i>-høg (-høgdad)</i> ¹⁰		<i>-høgda</i>	<i>-høgda</i> el. <i>-høgdes</i>
<i>-leg</i>			<i>-leg [-lig]</i>
<i>-lengjes</i>		<i>-lenges</i>	<i>-lenges</i> el. <i>-lengs</i>
<i>-lynd (-lyndt)</i>		<i>-lyndt</i>	<i>-lyndt</i> el. <i>-lynt</i>
<i>-ryggjad</i>		<i>-ryggja</i>	<i>-rygga</i> el. <i>-ryggja</i>
		<i>-skjeggja</i>	<i>-skjeggja [-skjeggja]</i>
<i>-veges</i>			<i>-veges</i> el. <i>-vegs</i>
<i>-vend</i>		<i>-vend [-vendt]</i>	<i>-vend [-vendt]</i>
<i>-vertes</i>	<i>-vertes</i> el. <i>-vortes</i>		
<i>-vinn (-vind, -vint)</i>		<i>-vinn</i>	<i>-vinn</i> el. <i>-vint</i>
<i>-viljug</i>			<i>-viljug</i> el. <i>-villig</i>
<i>-vær (-værug)</i>		<i>-værug</i>	<i>-værig</i> el. <i>-værug</i>
<i>-øyrd</i>		<i>-øyrd</i>	<i>-øyra [-øra]</i> el. <i>-øyrd [-ørt]</i>

⁸ Det er altså adverbet som får endinga *-ende* eller *-ande*, mens suffikset som blir brukt til å laga adjektiv av verb, er *-ande*.

⁹ Aasen nemner former som *lystig* i *Norsk Grammatik*, men i ordboka står *lystug*, og i artikkelen står det «Nogle St. *lystig*».

¹⁰ Dette er former som Aasen òg nemner i ordartiklane: *-høgdad*, *-lyndt*, *-vint*, *-værug*.

Suffiksa *-ig* og *-ug* er ikkje heilt synonyme i dag, jf. vedlegg 3, og har tydelegvis ikkje vore det før heller. Forma *-ug* har vore den tradisjonelle, og så har *-ig* kome inn i gradvis fleire ord, men ikkje i alle.

I 2002- innstillinga står det om suffikset *-leg [-lig]*:

Den opphavlege vokalen i dette suffikset var *i*, men alt i gammalnorsk fanst både *i* og *e*. Suffikset *-leg* var eineform frå 1917 fram til 1959. I 1957 konkluderte *Framlegg til læreboknormal* med at det både historisk og dialektgeografisk var gode grunnar for å ta opp *-lig* som klammeform i nynorsk, og tilrådde det. Adjektiv på *-lig* har etter den tid hatt klammeformstatus. (S. 123)

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Søk i nynorskkorpuset gir desse resultatata for ein del av suffiksa ovanfor:

<i>eitrande</i>	62 treff	<i>trehøgda</i>	1 treff	<i>langveges</i>	39 treff
<i>eitrende</i>	3 treff	<i>trehøgdes</i>	0 treff	<i>langvegs</i>	47 treff
<i>likebeina</i>	4 treff	<i>baklengs</i>	350 treff	<i>innvortes</i>	87 treff
<i>likebeint</i>	5 treff	<i>baklenges</i>	26 treff	<i>innvertes</i>	56 treff
<i>tvieggja</i>	6 treff	<i>frilyndt</i>	125 treff	<i>godvillig</i>	27 treff
<i>tvieggja</i>	23 treff	<i>frilynt</i>	48 treff	<i>godviljug</i>	60 treff
		<i>*frilynd</i>	115 treff		
<i>steinete</i>	47 treff			<i>gladværig</i>	1 treff
<i>steinet</i>	8 treff	<i>krokryggja</i>	39 treff	<i>gladværug</i>	17 treff
<i>steinut</i>	11 treff	<i>krokrygga</i>	4 treff		
				<i>langøyra</i>	0 treff
<i>-villig</i>	770 treff	<i>-skjeggja</i>	9 treff	<i>langøyrd</i>	1 treff
<i>-viljug</i>	220 treff	<i>-skjeggja</i>	15 treff		

2002-innstillinga seier om suffikset *-et/-ete/-ut* på s. 125: «... inntrykket er at *-ete*-forma er nokså utbreidd. Den klårt tradisjonelle forma er *-ut*.»

Om suffikset *-leg [-lig]* står det:

I undersøkinga *Rettskriving hos nynorskforfattarar* fann Vikør at åtte av ti 1930-årsforfattarar brukte den tradisjonelle *-leg*-forma. I 1950-åra gjorde åtte av dei ni undersøkte også det (*-lig*-forma kom inn som klammeform i 1959, som nemnt ovanfor). I 1970-åra var det oppslutnad om *-leg*-forma frå alle ti forfattarane, med det unntaket at somme av dei brukte *-lig* i somme adjektiv, som Fløgstad i *mulig* og *mulighet*. (S. 123)

Det er ikkje søkt systematisk på *-leg [-lig]* i nynorskkorpuset fordi det framstår som heilt opplagt at *-leg* er den dominerande forma. 2002-innstillinga hadde med nokre tal frå *Nynorsk frekvensordbok* på tilfeldige adjektiv på *-leg*:

dårleg (287) [dårlig] (8)	farleg (82) *fårleg (21) [farlig] (3) *fali (2)
fredeleg (33) [fredelig] (1)	herleg (5) [herlig] (2)
hygg(j)eleg (36)	livleg (19) [livlig] (2)
lukkeleg el. lykkeleg (27)	merkeleg (68) [merkelig] (1)
rimeleg (122) [rimelig] (1)	tidleg (673) [tidlig] (7)

Oppslaga under *mog(e)leg* og *mog(e)legheit* bør nemnast særskilt. Dette er svært frekvente ord med mange skrivemåtar:

mog(e)leg (276) [*muleg*] (25) *mog(e)legheit* (10) / **muligheiter* (4) / **muligheter* (13) (S. 124)

Talemålsgrunnlag

2002-innstillinga seier om suffikset *-et/-ete/-ut*: «Talemålsundersøkinga Norsk språkråd fekk gjort i 1999, viser at 47,5 % av dei spurde ville sagt *steinete/-ite*, 38,5 % ville brukt forma *steinut/-åt*, medan 11 % ville sagt *steinet*.» (S. 125)

I *Framlegg til læreboknormal 1957* heiter det om suffikset *-leg [-lig]*: «Det må vera over halvparten av folket som har *-i* i suffikset.» (S. 77)

Me har ikkje talemålsundersøkingar som systematisk tek for seg dei andre suffiksa.

Vurdering

Søka i nynorskkorpuset viser at det er godt grunnlag for å ta ut det adverbiale suffikset *-ende*, fordi bruken er marginal. Av same grunn synest det å vera grunnlag for å ta ut suffiksa *-lenges*, *-lynt* og *-vertes*. Den noverande klammeforma *[-vendt]* går ut som følge av at verbet *venda* ikkje lenger skal ha preteritumsforma *vendte*. Også klammeformene *[-øra]* og *[-ørt]* går ut, fordi forma *[øre]* n. går ut.

Alt i 2000 var det fleirtal for å ta ut forma *-et*. 2002-innstillinga sa om endinga *-ut*:

Når det gjeld suffikset *-ut*, kan me ikkje byggja på noka skriftleg undersøking, men talemålsbelegg talar eintydig for at *-ete*-suffikset har det beste grunnlaget. Når ein skal skjera ned på valfridomen, er det naturleg at *-ete* blir det rådande i norma.» (S. 126)

Forma *-lig* er brukt ein god del i talemålet, men svært lite i skrift. Det er derfor godt grunnlag for å gjera *-leg* til eineform.

Når det gjeld *-beina/-beint*, *-egga/-eggja*, *-høgda/-høgdes*, *-rygga/-ryggja* og *-skjeggja/-skjeggja*, er det for tynt skriftspråkleg materiale til at ein kan seia kva som blir brukt mest. Av søka verkar det elles som at formene *-veges/-vegs* står ganske så jamsterkt. Det er eit generelt inntrykk at også *-vinn/-vint* står ganske jamsterkt.

Søk på formene på *villig/viljug*, *godvillig/godviljug* og *gladværig/gladværug* viser så stor spreining i bruken at det er god grunn til å halda på både *-ig* og *-ug*. Dei to endingane

overlappar ikkje kvarandre heilt. Enkelte ord frå det eldre ordtilfanget kan berre ha endinga *-ug*, t.d. *gladværug*, mens ord som er innlånte frå lågtysk, t.d. *lystig*, berre kan ha *-ig* i nynorsk rettskriving i dag. Sjå vedlegg 3.

3.2.5 Adjektiv med og utan binde-e

Status i dag

Ein del adjektiv har valfritt bindemorfem *-e* framfor *-leg*, til dømes:

(alder)domleg/(alder)dommeleg, argleg/argeleg, bevisleg/beviseleg, bokstavleg/bokstaveleg, dugleg/dugeleg, gladleg/gladeleg, gudleg/gudeleg, herskapeleg/herskapeleg, høgtidleg/høgtideleg, lidenskapleg/lidenskapeleg, mogleg/mogeleg, selskapeleg/selskapeleg, vitskapeleg/vitskapeleg

Ved nokre adjektiv kan ein vera i tvil om det skal vera binde-*e*:

appetittleg, opphavleg, sjukleg

Det same gjeld ved adjektivet *makeleg*, som i dag berre står med binde-*e* i norma.

Framlegg til ny rettskriving

- Adjektiv som i dag har valfri binde-*e*, blir ståande som før.
- Også desse adjekta får valfri binde-*e*:

appetitt(e)leg, mak(e)leg, opphav(e)leg, sjuk(e)leg

Normhistorikk

Aasen	1938	1959	Merknad
	<i>appetitt; appetittleg?</i>	<i>appetittleg</i>	
<i>makleg</i>	<i>makleg</i>	<i>makeleg</i>	
<i>Upphav; opphavleg?</i>	<i>opphavleg</i>		
<i>sjukleg</i>	<i>sjukleg</i>		

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Eit søk i nynorskkorpuset gir desse resultata:

<i>appetittleg</i>	6 treff	<i>opphavleg</i>	950 treff
<i>*appetitteleg</i>	1 treff	<i>*opphaveleg</i>	195 treff
<i>*makleg</i>	58 treff	<i>sjukleg</i>	160 treff
<i>makeleg</i>	70 treff	<i>*sjukeleg</i>	34 treff

Her kan me særleg merka oss forma *makeleg*, som fram til 1938 var skriven *makleg*, men som frå 1959 er oppført som *makeleg* i ordlistene. *Norsk Ordbok* har *makeleg* el. *makleg*.

Talemålsgrunnlag

Frå målføredøma i *Norsk Ordbok* ser det ut til at *makleg* fyrst og fremst er brukt i vestnorsk, mens *makeleg* er ei austnorsk form som òg er brukt i midlandsmåla.

Talemålsgrunnlag er elles ikkje undersøkt, men det er truleg talemålspåverknad som fører til at folk skriv *appetitteleg*, *opphaveleg* og *sjukeleg* – former som aldri har vore tillatne i nynorsk rettskriving.

Vurdering

I tillegg til talemålspåverknad kan det vera ein viss påverknad frå bokmålsforma *sjukelig* som gjer at folk skriv *opphaveleg* og *sjukeleg* på nynorsk. I andre adjektiv på *-leg* som kan ha uttale med eller utan binde-*e*, er det valfritt om ein vil skriva *e*-en eller ikkje. Slik bør det òg vera for dei adjektiva det her er tale om:

appetittleg, makeleg, opphavleg, sjukleg

Det vil vera ei forenkling for språkbrukarane om dei kan skriva dei omtala orda valfritt med eller utan binde-*e*.

3.3 Pronomen og determinativ

3.3.1 Pronomen

Status i dag

I dag har nynorsk skilje mellom subjekts- og objektsform i 1., og 2. person eintal, og i 1. og 2. person fleirtal. I 3. person eintal er det valfritt om ein vil skilja mellom subjekts- og objektsform eller ikkje (*han – han* eller *han – honom, ho – ho* eller *ho – henne*). I 3. person fleirtal er subjekts- og objektsform samanfallande.

Framlegg til ny rettskriving

- Objektsforma *honom* går ut or rettskrivinga, og subjekts- og objektsforma blir samanfallande: *han – han*.
- I 2. person fleirtal blir det to alternativ. Anten kan ein skilja mellom subjekts- og objektsform som før: *de – dykk*, eller ein kan bruka *dokker* som både subjekts- og objektsform.

Dei personlege pronomena ser slik ut i framlegget:

Denne bøyinga gjeld i dag:	Desse formene går ut:	Denne bøyinga blir gjeldande i ny rettskriving:	Merknad
<i>eg – meg</i>		<i>eg – meg</i>	
<i>du – deg</i>		<i>du – deg</i>	
<i>han – han</i> el. <i>honom</i>	<i>honom</i>	<i>han – han</i>	Objektsforma <i>honom</i> går ut.
<i>ho – ho</i> el. <i>henne</i>		<i>ho – ho</i> el. <i>henne</i>	
<i>det – det</i>		<i>det – det</i>	
<i>me</i> el. <i>vi – oss</i>		<i>me</i> el. <i>vi – oss</i>	
<i>de – dykk</i>		1 <i>de – dykk</i> 2 <i>dokker – dokker</i>	Nr. 2 er nytt valfritt mønster
<i>dei – dei</i>		<i>dei – dei</i>	

Normhistorikk

Dette oversynet viser kva for status ulike pronomenformer har hatt til ulike tider:

Aasen	1917	1938	1959	1983
<i>eg – meg</i>	<i>eg [je]</i>	<i>eg</i>		
<i>du – deg</i>				
<i>han – honom</i>	<i>han – han</i> el. <i>honom</i>			
<i>ho – henne</i>	<i>ho – henne [ho]</i>		<i>ho – henne</i> el. <i>ho</i>	
<i>det – det</i>				
<i>me (vi) – oss</i>		<i>vi [me] – oss</i>		<i>me</i> el. <i>vi</i>
<i>de – dykk</i>				
<i>dei – deim</i>		<i>dei – dei</i>		

Han – han/honom

Tilråding om ny rettskrivning 1935 rådde til at *honom* skulle gå ut:

Vel er dette en form som ikke er lite utbredt i dialektene, til og med i østnorsk; men den har vist merkelig liten evne til å hevde sig i skrift, og synes i det hele også å gjøre sig mindre og mindre gjeldende tid for tid. (S. 46)

Eigentleg var framlegget å ta ut *honom* i nynorsk og *ham* i bokmål, slik at begge målformene skulle få *han* som einaste objektsform. Rettskrivinga frå 1938 følgde ikkje tilrådinga på dette punktet, og *honom* har vore jamstilt form fram til i dag.

Me/vi – oss

I *Norsk Ordbog* førte Ivar Aasen opp begge formene, men forklaringar om utbreiing osv. står under *me*. Ved *vi* står berre tilvising til *me*.

Rettskrivingsnemda som kom med tilråding i 1935, føreslo å ta *me* heilt ut or rettskrivinga og gjera *vi* til obligatorisk form:

Når én av disse formene skal oppgis, kan det ikke være tvilsomt at det er *me* som bør vike. Og dersom det først er klart at det er *vi* som vil komme til å vinne i det lange løp, er det lite gagn i å holde oppe en klammeform enda et tiår eller to. Her òg vil det da bli fullt samsvar mellom nno. og bm. i et vanlig og viktig ord. (*Tilråding om ny rettskrivning 1935*, s. 46)

Me fekk klammeformstatus etter 1938, og 1957-framlegget føreslo inga endring i det.

I 1976 drøfta Norsk språkråd på ny om *me* skulle gjerast til jamstilt form i nynorsk. Det vart vedteke å ikkje gjera noka endring. Men i 1983 vart *me* teke inn att som jamstilt hovudform.

De – dykk

I *Norsk Grammatik* peikar Aasen på at det er mange forskjellige former for andre person fleirtal i norske talemål. Ei årsak til det er at norrønt talemål hadde total og eigentleg fleirtal. Dagens talemålsformer har dels utvikla seg frå totalsformene *þit/ið* og *ykk*, dels frå *þér* og *yðr*. Aasen skriv:

En mærkelig Afvigelse er det, at Formen *ykk* og *ykkar* nu overalt begynder med 'd' (*dykk*, *dykkar*). I G. N. var det kun Nominativ, som havde 'þ', (*þit*, *þid*), men selv dette ansees som en yngre Form i Stedet for 'it', ligedan som Fleertalsformen *þér* for *ér* (...) Formerne 'me' og 'de' synes fremkomne ved en Tillempning efter Eentallet, hvor man allerede havde et Par Former med 'm' i første og 'd' i anden Person; desuden kunde de ogsaa bestyrkes ved den tilsvarende Endelse i Verberne, f. Ex. *erum vér* (ere vi) og *eruð ér* (ere I). (S. 169)

Han valde å bruka *de – dykk – dykkar* i landsmålet, og grunngir det slik:

Af de forskjellige Former for Objektet i anden Person synes Formen 'dykk', uagtet den er sjeldnere, nu at være den, som bør sættes øverst, baade fordi den mest ligner den gamle Form (*ykk*), og fordi de øvrige Vokal-Overgange (paa een Side til 'i' og 'e', og paa en anden til 'ø' og 'o') kunne lettest forklares af en Form med 'y'. (Sst. s. 179)

I norma har *de – dykk* stått uendra heilt sidan Aasens tid.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Han – han/honom

Eit søk i nynorskorpuset på *honom* gir over 700 tilslag. Det er for tidkrevjande å søkja på *han* som objektsform, fordi forma fell saman med subjektsforma. Men bortsett frå nokre treff i Dag og Tid frå 2000-talet er det svært få døme på *honom* i tekstar etter 1971.

Ho – ho/henne

Det er ikkje granska i detalj, men inntrykket er at *ho* blir brukt stadig meir som objektsform, sjølv om *henne* heilt klart er den dominerande forma.

Me/vi – oss

Dei som brukte den såkalla midlandsnormalen, skreiv *me*. Det same gjorde landsmålsforfattarane på 1800- og fyrstninga av 1900-talet. *Me* er brukt både av dei som vil skriva ein tradisjonell nynorsk, og av mange som har den forma i talemålet.

Rettskrivingsundersøkinga av nynorskforfattarar viser at seks av dei ti forfattarane frå 1930-åra valde *vi*. Vikør peikar på at tre av dei (Kvåle, Mælandsmo og Rongen) har *me* i talemålet, «så *vi* ser ut til å ha vore ekspansiv i skriftspråket alt på denne tida, før *me* vart degradert til klammeform» (Vikør 1995b:21). I 1950-åra valde seks forfattarar *vi*, to valde *me*, og ein vakla, men hadde mest *me*. Alle dei ti forfattarane frå 1970-åra valde *vi*. Obrestad og Sagen brukte begge delar, men mest *vi*.

Me har stått relativt sterkt i pressa i område der det er talemålsforma. Sjølv om *me* var klammeform frå 1938 til 1983, og såleis ikkje brukt i lærebøker, har forma halde seg godt i skrift.

De – dykk

Når det gjeld andre person fleirtal, har dei fleste skribentar vore lojale mot norma, og skrive *de/dykk*. Men etter som talemåla endrar seg, og stadig fleire dialektar har same form i subjekt og objekt, er det mange nynorskbrukarar som ikkje meistrar skiljet mellom desse formene i skrift. Objektsforma *dykk* er stadig meir i bruk som subjekt. Dette kjem mest til uttrykk i upublisert tekst, men tendensen slår også så smått inn i nyare avistekst.

Talemålsgrunnlag

Han – han/honom

Som 2002-innstillinga peikar på, er objektsforma *honom* relativt utbreidd i dialektane, men kjem svært sjeldan til uttrykk i skrift.

Ho – ho/henne

Å skilja mellom ei subjektsform og ei objektsform i dette pronomenet er utbreidd både på Vestlandet, Austlandet og i Nord-Noreg.

Me/vi – oss

I målføra i dag er *me* (eller andre former med *m*) vanlege i midlandsmåla og på Sør- og Vestlandet. Forma *vi* (eller *ve*) finst på Austlandet, på Nord-Vestlandet frå og med Sunnfjord, i mykje av Trøndelag og i Nord-Noreg. *Vi* er dessutan vanleg i bymål, også der *me* er den vanlege forma i omlandet.

De – dykk

I dialektane finn me svært mange variantar av pronomenet i andre person fleirtal. Forma *dykke* fann Aasen berre «ved Mandal», som han skriv, men ho finst fleire stader i Telemark og Agder.

Nokre dialektar held stadig på skiljet mellom subjekts- og objektsform, og ein del stader i landet høyrer ein variantar som */slo di dere/* eller */slo de dikka/* (for normalisert nynorsk *Slo de dykk?*). Men i mange dialektar er objektsforma den einaste forma som er att. Tidlegare fann ein særleg éi felles form i dialektar frå bynære strok, men tendensen til at objektsforma tek over også subjektsplass, er stadig aukande. Dermed blir variantar av */slo dokke(r) dokke(r)/* (på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg) eller */slo dere dere/* (på Sør- og Austlandet) stadig meir dominerande.

Vurdering

Han – han/honom

Nemnda har fått nokre innspel på at me bør behalda forma *honom*, for å gi folk høve til å halda på skiljet mellom subjektsform og objektsform i dette pronomenet nett som i tredje person eintal hokjønn.

Talemålsutbreiinga av forma *honom* er ikkje svært stor, og ho går nedover der dativsystemet går ut or bruk. Forma *honom* i skrift er ei tydeleg markering av tradisjonell nynorsk. Likevel viser studiane våre at *honom* er lite i bruk i materialet i nynorskkorpuset. Det talar òg for å ta forma ut av rettskrivinga, og la *han* vera einaste objektsform i tredje person eintal hankjønn.

Ho – ho/henne

I talemåla er det vanleg både med eit skilje mellom subjekts- og objektsform og med samanfall. I hokjønn står objektsforma *henne* (eller variantar) relativt sterkt, men forma *ho*, som fell saman med subjektsforma, ser ut til å breia seg.

Me/vi – oss

Det er tydeleg at det har lege ei sterk markering av regional identitet i å bruka pronomenet *me*. Det hadde klammeformstatus i nær 50 år, og var mindre i bruk i den perioden. Etter at det vart jamstilt form att, er ordet i større grad teke i bruk att.

De – dykk

Andre person fleirtal, *de – dykk*, er dei pronomenformene som valdar mest problem for språkbrukarane. Formene er vanskelege å læra både for hovudmåls- og sidemålselevar fordi mange ikkje har ei slik deling i talemålet sitt. Mange etablerte nynorskbrukarar

seier òg at *de/dykk* er mellom dei ordformene som kjennest mest framande i den gjeldande rettskrivinga, og at dei prøver å omgå formene ved å skriva om setninga eller bruka dialektformer som *dokke(r)* i skrift.

Nemnda har drøfta både om ein skal fjerna skiljet mellom subjekts- og objektsforma, og om objektsforma bør endrast, eventuelt få ei alternativ form.

Nemnda bad om innspel om saka på *Nynorsk 2011*, og fekk mange tilbakemeldingar om at det var bra me tok opp dette spørsmålet. Fleire støtta tanken om å ha ei sams form som både subjekts- og objektsform. Nokre meinte at me då bør ha *dykk* som subjekts- og objektsform, mens andre meinte me burde velja ei anna form. Det kom framlegg om *dokk, dokke, dokker, dåkk, dåkker, deko* som alternative former til *dykk*.

Problemet med å velja ei av dei nemnde formene er at dei alle er regionale former. Dei som seier *deko*, vil venteleg ikkje oppleva det som betre å kunna skriva *dokker* enn å kunna skriva *dykk*. I innstillinga som var ute på høyring, gjekk nemnda derfor inn for at *dykk* skulle vera eit alternativ til *de* som subjektsform.

Det kom svært mange negative tilbakemeldingar på *dykk* som alternativ subjektsform. Mange tok til orde for at me burde halda på *de* og *dykk*, men det var òg mange som ønskte å oppheva skiljet mellom subjekts- og objektsforma, og som tilrådde forma *dokker*. Eit av argumenta som går att, er at *dykk* er ei form dei opplever som framand, og at skiljet mellom subjekts- og objektsforma er vanskeleg for mange. Dei personlege pronomena i fyrste og andre person er ord som blir brukte mykje i privat samanheng, og dei kjennest såleis viktige for folk.

Vurdert opp mot prinsippet vårt om å normera på eigen grunn må det vera grunnlag for å ta inn ei ny form med godt grunnlag i talemålet. Ei ny form har rett nok ingen skriftspråkleg tradisjon og praksis, som det andre prinsippet seier, men dersom det er ei form mange vil ta i bruk, kan ho fungera godt i ei nasjonal norm. Vidare tek nemnda omsyn til utbreidde talemålsformer ved å opna for eit alternativ til *de – dykk*.

Ut frå ei totalvurdering der me òg har lagt stor vekt på innspel gjennom prosessen, ønskjer nemnda at det bør givast høve til å bruka same form som subjekts- og objektsform i 2. person fleirtal. Som valfritt alternativ til *de – dykk* som subjekts- og objektsform i pronomen andre person fleirtal har nemnda valt den forma som samlar flest talemålsvariantar i seg (/dåkk, dåkke, dåke, dåkker, døkk/), og går inn for *dokker – dokker* som alternativ til *de – dykk*. Det skal ikkje vera høve til å blanda dei to mønstera.

3.3.2 Determinativ

Status i dag

Determinativa omfattar fleire grupper. Nemnda har vurdert dei som har klammeformer i dag, og som derfor må endrast. Det gjeld:

- possessiva *hennar* [*hennes*] og *deira* [*deires*], og dessutan possessivet *dykkar*, som er vurdert i samsvar med pronomena *de* – *dykk*.
- demonstrativa *annan* [*annen*] og *såvoren* [*sovoren*].
- kvantorane *ingen*, *nokon* [*noen*] og *som* [*sum*].
- forsterkarane *eigen* og *sjølv*.

Framlegg til ny rettskriving

- Determinativa *hennar*, *deira*, *annan* og *nokon* blir eineformer. Klammeformene [*hennes*], [*deires*], [*annen*] og [*noen*] går ut or nynorsk rettskriving.
- Possessivet *dykkar* får ei jamstilt form *dokkar*, i samsvar med pronomenet *dokker*.
- *Nokon* får forenkla reglar for fleirtalsbøyinga.
- Klammeforma [*eigi*] heng saman med i-målet og går ut or rettskrivinga.
- Determinativet *sjølv* kan framleis heita *sjølv* eller *sjølv*e i fleirtal.

Denne bøyinga gjeld i dag:	Desse formene går ut:	Denne bøyinga blir gjeldande i ny rettskriving:
Possessiv		
<i>hennar</i> [<i>hennes</i>]	[<i>hennes</i>]	<i>hennar</i>
<i>dykkar</i>		<i>dykkar</i> el. <i>dokkar</i>
<i>deira</i> [<i>deires</i>]	[<i>deires</i>]	<i>deira</i>
Demonstrativ		
<i>annan</i> [<i>annen</i>] – <i>anna</i> [<i>onnor</i>] – <i>anna</i> – <i>andre</i>	[<i>annen</i>] [<i>onnor</i>]	<i>annan</i> – <i>anna</i> – <i>anna</i> – <i>andre</i>
<i>såvoren</i> – <i>såvoren</i> [<i>såvori</i>] – <i>såvore/såvori</i> – <i>såvorne</i> el. [<i>sovoren</i> – <i>sovoren/sovori</i> – <i>sovore/sovori</i> – <i>sovorne</i>]	[<i>såvori</i>] f. – <i>såvori</i> n. el. [<i>sovori</i> f. – <i>sovori</i> n.]	<i>såvoren</i> – <i>såvoren</i> – <i>såvore</i> – <i>såvorne</i> el. <i>sovoren</i> – <i>sovoren</i> – <i>sovore</i> – <i>sovorne</i>
Kvantorar		
<i>ingen</i> – <i>inga</i> [<i>ingi</i>] – <i>inkje</i> – <i>ingen</i> [<i>ingi</i>]	[<i>ingi</i>] n. – [<i>ingi</i>] fl.	<i>ingen</i> – <i>inga</i> – <i>inkje</i> – <i>ingen</i>

<i>nokon – noka [nokor] – noko – nokon/nokre</i> <i>[noen – noen – noe – noen]</i>	<i>[nokor]; noen – noen – noe – noen</i>	<i>nokon – noka– noko – nokon/nokre</i>
<i>som – som – somt – somme [sum – sum – sumt – summe]</i>	<i>[sum – sum – sumt – summe]</i>	<i>som – som – somt – somme</i>
Forsterkarar		
<i>eigen – eiga [eigi] – eige – eigne</i>	<i>[eigi]</i>	<i>eigen – eiga – eige – eigne</i>
<i>sjølv – sjølv – sjølv – sjølv/sjølve</i>		<i>sjølv – sjølv – sjølv – sjølv/sjølve</i>

Normhistorikk

Oversynet nedanfor seier noko om korleis desse determinativa har utvikla seg i nynorsk gjennom nesten 150 år:

Aasen	1938	1959	1985
<i>hennar</i>	<i>hennar [hennes]</i>	<i>hennar el. hennes</i>	<i>hennar [hennes]</i>
<i>dykkar</i>			
<i>deira</i>	<i>deira [deires]</i>		
<i>annan – onnor – annat – andre</i>	<i>annan – anna/onnor – anna – andre</i>	<i>annan/annen – anna [onnor] – anna – andre</i>	<i>annan [annen] – anna [onnor] – anna – andre</i>
<i>nokon – nokor – nokot – nokre</i>	<i>nokon – noka (nokor) – noko – nokre [noen]</i>	<i>nokon – noka [nokor] – noko – nokon/nokre [noen, noe, noen]</i>	
<i>eigen – eigi – eget – eigne</i>	<i>eigen – eiga [eigi] – eige – eigne</i>		
<i>sjølv – sjølve</i>	<i>sjølv – sjølve</i>	<i>sjølv – sjølv(e)</i>	

Hennar [hennes]

Eigeforma *hennar* er den tradisjonelle i nynorsk. Forma *[hennes]* kom inn som tilnærmingsform i 1938, men hadde òg godt grunnlag i dialektane. Av den grunn vart ho jamstilt i 1959. Då ho igjen vart klammeform, var det fordi ho hadde hatt lite gjennomslag i skrift.

Dykkar

Forma *dykkar* har vore uendra sidan Aasen la fram si norm.

Deira [deires]

Eigeforma *[deires]* kom inn i nynorsknorma som klammeform til *deira* i 1938, og har vore klammeform sidan.

Annan [annen]

Annan og *annen* vart jamstilte i 1959, men i 1985 behandla Norsk språkråd eit framlegg om å ta *annen* ut or rettskrivinga. Forma vart ståande, men fekk klammeformstatus.

Anna [onnor], noka [nokor]

I 2002-innstillinga står det om hokjønnsbøying av *annan* og *nokon*:

Den vanlege hokjønnsforma av pronomenet *nokon* var i gammalnorsk *nokkur*. I norske dialektar er dels den gamle forma på *-r* bevart, dels har pronomenet fått nye former som finst i adjektiv eller i andre pronomen, dels har hokjønnsforma falle saman med hankjønnsforma.

For pronomenet *annan* var hokjønnsforma *onnor*. Hokjønnsformene *anna* og *noka* kom inn i 1917-rettskrivinga og vart då jamstilte med *onnor* og *nokor*. Dette var uendra fram til 1959, då vart *onnor* og *nokor* gjorde til klammeformer, og den statusen har dei hatt sidan. (S. 130)

Eiga [eigi]

Eigen er tradisjonelt rekna som adjektiv, men høyrer i dag med i ordklassen determinativ. I samsvar med i-målet har *eigen* tradisjonelt hatt hokjønnsforma *eigi*, etter kvart som klammeform til *eiga*.

Sjølv

Den ubøygde fleirtalsforma *sjølv* kom inn i rettskrivinga i 1959.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

På oppdrag frå Sandøy-nemnda granska Wetås publisert og upublisert materiale for å sjå på formval. Ho fann at hovudforma *hennar* var heilt dominerande i det publiserte materialet. Også i det upubliserte materialet var det *hennar* som var brukt (Wetås 2001a og 2001b).

Av dei ti forfattarane frå 1930-åra som Lars S. Vikør (1995b) undersøkte, brukte fem *hennes* og dei andre fem *hennar*. I 1950-åra skreiv sju forfattarar *hennar* og to *hennes*. Blant dei ti 1970-talsforfattarane var det ni som valde forma *hennar*.

Dykkar

Eigedspronomenet *dykkar* blir brukt av dei fleste nynorskskribentar, sjølv om dei som synest *dykk* er framandt, truleg òg reagerer på *dykkar*.

Deira [deires]

I dei ti skjønnlitterære verka frå 1930-åra som Vikør (1995b) undersøkte, fann han at sju forfattarar skreiv hovudforma *deira*, mens tre valde *deires* eller liknande former. Alle dei ni forfattarane frå 1950-åra valde forma *deira*. Ni av dei ti forfattarane frå 1970-åra valde *deira*, mens Åsmund Forfang valde skrivemåten *deires*.

Også Wetås (2001a og b) fann at hovudforma *deira* var heilt dominerande. *Nynorsk frekvensordbok* har 235 belegg på *deira*, ingen på [*deires*].

Annan [annen]

Nynorsk frekvensordbok fører opp 306 belegg på *annan*, mens [annen] er funne i 11 tilfelle.

Wetås (2001a og b) fann så å seia ingen døme på forma [annen]. Vikør (1995b) fann at to av forfattarane frå 1930-åra, Åsmund Sveen og Tarjei Vesaas, skriv *annen*, som ikkje var del av norma på den tida. To av forfattarane frå 1950-åra og to av dei ti frå 1970-åra brukte *annen*.

Anna [onnor], noka [nokor]

Wetås (2001a og b) fann så å seia ingen belegg på klammeformene [nokor] og [onnor] i materialet ho undersøkte.

Vikør (1995b) fann at hokjønnsforma *onnor* vart brukt av fire forfattarar frå 1930-åra. Berre éin brukte forma *nokor*. I forfattarskapane frå 1950-åra fann han *onnor* hjå to forfattarar. Blant forfattarane frå 1970-åra var det ingen som brukte *onnor* og *nokor*.

Eiga [eigi]

Eit søk på [eigi] i nynorskkorpuset gir mange treff, men viser at forma finst nesten berre i eldre materiale som Garborg, Fedraheimen, Bibelen frå 1921 og eldre Vesaas-tekstar.

Sjølv

Det er vanskeleg å søkja på *sjølv* brukt i fleirtal, fordi forma fell saman med eintalsforma. Men inntrykket er at både *sjølv* og *sjølve* er i bruk som fleirtalsformer.

Talemålsgrunnlag

Hennar [hennes]

2002-innstillinga seier om utbreiinga av talemålsformene *hennar* og *hennes*:

Ut frå talemålsundersøkinga 1999 ville 59 % av dei spurde sagt *hennes/hinnas*, 30,5 % ville brukt *henna(r)/hinna*, og *hennærs* var talemålsforma for 3,5 %. (S. 126)

Dykkar

Som nemnt ovanfor til pronomenet *dykk* finst det variantar av pronomenforma med -y- i Agder og Telemark. Derimot seier Kinn (2011) om possessivet *dykkar*: «Forma *dykkar* finst knapt i eitt einaste talemål.»

Deira [deires]

Om talemålsformene *deira* og *deires* seier 2002-innstillinga:

Deira blir i rapporten omtala som vestlandsforma, brukt av 83 % av dei spurde frå Sogn og Fjordane, av 72 % frå Møre og Romsdal og av 54–56 % frå Hordaland og Rogaland. (...) Men *deres/deires* er, saman med *demes*, *demme(r)s*, *doms* og *dems*, den dominerande austlands- og nordnoregsforma, går det fram av undersøkinga. Saman med nokre tilfelle av *deira*, *dies* og *deises* dominerer forma *deires/deres* også på Sørlandet. (S. 128)

Annan [annen]

2002-innstillinga har òg tal for utbreiing av talemålsformene *annen* og *annan*:

Informantane i TALE99 skulle ta stilling til kva talemålsvariant dei ville bruka av det ubundne pronomenet *annan* i setninga 'Dei måtte til sist kjøpa ein annan'. Utfallet av det vart: *annen* (61 %), *anna* (17,5 %), *annan* (15,5 %), *ann* (1,5 %), *onnor* (1 %). (S. 129)

Om *anna* [onnor], *noka* [nokor] har 2002-innstillinga berre tal frå *Framlegg til læreboknormal 1957*. Dei er ikkje tekne med her.

Eiga [eigi]

Det er ikkje undersøkt.

Sjølv

2002-innstillinga seier om *sjølv* og *sjølvve* som fleirtalsform: «Resultatet frå talemålsundersøkinga TALE99 er at fleirtalsforma *sjølv* er brukt av 56,5 % av informantane, medan 39,5 % rapporterer at dei seier *sjølvve*.» (S. 132)

Vurdering

Hennar [hennes]

Hennes har ikkje slått gjennom i skriftspråket, sjølv om forma står sterkt i talemålet. Ho bør derfor takast ut av norma.

Dykkar

Dykkar er eineform i dagens rettskriving, og heng saman med objektsforma av pronomenet: *dykk*. Sidan *dokker* no blir tillaten pronomenform ved sida av *dykk*, går nemnda inn for *dokkar* som jamstelt form av possessivet. Andre variantar har vore drøfta, m.a. *dokkers*, men nemnda har valt den forma som ligg nærast dagens skriftform. Forma *dokkar* er dessutan analog til *hennar*.

Deira [deires]

Ser ein på den geografiske fordelinga, er *deires* (*deres/deires*) mest utbreidd i område der nynorsk ikkje står sterkt. Sjølv om ho er frekvent i talemålet, er forma [deires] lite brukt i skrift. For dei som bruker forma, er ho eit typisk identitetsuttrykk.

Annan [annen]

Forma *annen* dominerer i talemålet. Derimot ser det ikkje ut til at [annen] har særleg nedslag i skrift. Det same gjeld hokjønnsforma [onnor].

Anna [onnor], noka [nokor]

Formene [onnor] og [nokor] står nokså svakt i dialektane i dag. Også i skriftspråket er dei lite i bruk, og det er liten grunn til å halda på dei to formene i nynorsk rettskriving.

Nokon/nokre

Mange har vanskar med å skilja mellom *nokon* og *nokre* i fleirtal. Det er lite talemålsgrunnlag for eit slikt skilje, og mange lærarar viser til engelsk *some* og *any* når

dei skal læra elevane skilnaden på *nokre* og *nokon*. Det synest unødvendig komplisert, og nemnda meiner at ein bør lempa på reglane om fordelinga av *nokre* og *nokon*.

Dei som ønskjer det, kan i fleirtal av *nokon* bruka *nokre/nokon* etter same mønster som før: *nokre* i utsegnsetningar, og *nokon* i spørjesetningar og nektingar:

- *Eg møtte nokre venner i byen.*
- *Møtte du nokon venner i byen?*
- *Eg møtte ikkje nokon venner i byen.*

Nokre kan òg brukast i spørjesetningar dersom ein ventar å få positivt svar:

- *Kan eg låna nokre kroner av deg?*

Dei som synest det blir for komplisert å skilja mellom *nokon* og *nokre* i fleirtal i utsegnsetningar, kan gjennomføra *nokon* som fleirtalsform:

- *Eg møtte nokon venner i byen.*
- *Kan eg låna nokon kroner av deg?*

Eiga [eigi]

Forma [*eigi*] heng saman med i-målet, og må behandlast på same måte som i-endinga i sterkt hokjønn bunden form eintal og inkjekjønn bunde fleirtal.

Sjølv

Ut frå talemålsundersøkinga er det grunnlag for å halda på fleirtalsforma *sjølv*. For dei som ikkje har fleirtalsbøying av dette ordet i talemålet, vil det vera framandt å bruka forma *sjølve*.

Konklusjonen er at klammeformene [*hennes*], [*deires*], [*annen*], [*onnor*], [*nokor*] er så lite brukte i skrift at dei bør takast ut or rettskrivinga. Granskingane våre av den faktiske nynorskbruken tyder på at brukarane ikkje i særleg grad ønskjer å uttrykkja identitet gjennom å bruka formene.

3.4 Verb



3.4.1 Infinitiv

Status i dag

I gjeldande rettskriving kan ein velja mellom a-infinitiv, e-infinitiv og kløyvd infinitiv. Kløyvd infinitiv er klammeform.

Framlegg til ny rettskriving

Innanfor nynorsk rettskriving skal ein kunna bruka a-infinitiv eller e-infinitiv. Kløyvd infinitiv skal framleis vera tillate, men skal då praktiserast etter systemet som er oppført i vedlegg 4. Det er ikkje høve til å bruka kløyvd infinitiv fritt etter talemålet.

Normhistorikk

2002-innstillinga gjer greie for kva slags status ulike infinitivsendingar har hatt til ulike tider:

Midlandsnormalen fekk ein slags klammeformstatus i 1901, og dermed fekk kløyvd infinitiv det òg som del av den normalen (*Framlegg til læreboknormal 1957*). Grunnregelen for kløyvd infinitiv er at verb med opphavleg kort rotstaving endar på *-a*, og verb med

opphavleg lang rotstaving har endinga *-e*. 1917-rettskrivinga inneheldt eigentleg berre *-a* og *-e* i infinitiv, men eit rundskriv i 1919 kunngjorde at kløyvd infinitiv skulle vera tillaten i skriftlege elevarbeid (Jahr 1992). 1938-rettskrivinga førte med seg jamstilling for *a*-infinitiv og *kløyvd* infinitiv, og *Ny rettskriving 1938* legg til: '[I skriftlege arbeid i skulen kan og nyttast inf. på *-e* i alle verb: *fare, kaste*.]' (S. 83)

Læreboknormalen 1959 gjennomførte *a*- eller *e*-infinitiv som lærebok-/hovudformer, og kløyvd infinitiv vart gjord til klammeform.

Rettskrivingsendringane kan oppsummerast slik:

Aasen	1901	1917(-19)	1938	1959
<i>-a</i>	<i>-a / (kløyvd infinitiv i midlandsnormalen)</i>	<i>-a / -e (kløyvd infinitiv)</i>	<i>-a / kløyvd infinitiv / [-e]</i>	<i>-a / -e / [kløyvd infinitiv]</i>

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

I granskinga av forfattartekstar fann Vikør (1995b) at berre to av dei ti forfattarane frå 1930-åra bruker *a*-infinitiv. Fem av dei bruker *e*-infinitiv, tre kløyvd infinitiv. Etter 1938 var *e*-infinitiv klammeform, og kløyvd infinitiv jamstilt hovudform. Fire av dei ni forfattarane frå 1950-åra nytta *a*-infinitiv, to brukte den kløyvde forma, og tre *e*-infinitiv.

Etter 1959-normalen har *a*- og *e*-infinitiv vore hovudformer. Fire av 1970-talsforfattarane valde *-e*, tre brukte *-a*, og to kløyvd infinitiv, som då var vorten klammeform.

2002-innstillinga seier om utbreiinga av dei tre variantane:

På grunnlag av *Nynorsk frekvensordbok* er det mogleg å berekna at i materialet frå kring 1980 var *e*-infinitiv gjennomført i 53,1 % av tekstane, *a*-infinitiv i 30,1 % og kløyvd infinitiv i 16,8 % (Sandøy 1999:215). (2002-innstillinga s. 85)

I nynorsk litteraturspråk står kløyvd infinitiv sterkt hos sentrale forfattarar som Garborg, Duun, Vesaas, Aukrust, Jonsson, Ørjasæter, Moren, Uppdal, Krokann og Sletto frå den eldre generasjonen. Hoem, Forfang, Magnhild Bruheim, Løvåsen og systrene Sørungård Botheim er blant dei nolevande forfattarane som bruker kløyvd infinitiv.

Talemålsgrunnlag

2002-innstillinga seier om utbreiinga av dei ulike infinitivsvariantane:

I målføra er *kløyvd infinitiv* nytta over heile Austlandet (så nær som i ein liten del av Østfold og Vestfold), Telemark (bortsett frå den sørvestre delen), Nordmøre og Trøndelag, og dessutan Målselv og Bardu i Troms. *A-infinitiv* er brukt i storparten av Vest-Agder, i Rogaland, Hordaland og Sogn (bortsett frå den ytre delen) og i bygder på Helgeland. *E-infinitiv* er brukt i den sørlegaste delen av Østfold, i Larvik og i den søre og sørvestre delen av Telemark, vidare i Aust-Agder og delar av Vest-Agder, Bergen, Ytre Sogn, Sunn- og

Nordfjord, Sunnmøre og Romsdal og mest heile Troms og Finnmark. Ein god del folk i byane bruker dessutan *e*-infinitiv etter påverknad frå skriftspråket, i strid med den opphavlege dialekten på staden. Nokre bygder i Nord-Noreg, Lofoten, Salten, har *inga* ending i infinitiv. (2002-innstillinga s. 84)

Vurdering

A- og e-infinitiv har ikkje vore noko tema i denne rettskrivingsnemnda; det er semje om at begge desse jamstilte infinitivsendingane skal kunna brukast i den nye norma. Annleis er det med kløyvd infinitiv, som har vore diskutert mykje.

Kløyvd infinitiv har halde seg godt i talemålet, sjølv om dei fleste dialektar ikkje lenger har skiljet mellom langstava og stuttstava rotstavingar. Denne infinitivstypen blir òg brukt ein god del i skrift lokalt i dei områda av austnorsk som har nynorsk som skriftmål. Noko av grunnen til at kløyvd infinitiv ikkje er så synleg i samfunnet, er at bokmål er det dominerande skriftmålet i store delar av det området som har kløyvd infinitiv i talemålet. Sjølv om kløyvd infinitiv var sideform også i bokmål frå 1938 til 2005, har systemet vore svært sjeldsynt i bokmålstekstar. Ernst Håkon Jahr gir eit historisk oversyn i ein artikkel som ligg på nettsidene til nemnda (2010). Han viser òg til at han har funne mykje infinitivsformer på *-a* gjennom Google-søk.

Ingunn Ims (2007) har skrivne hovudoppgåve om kva som er språknormative prinsipp og praksis i norske aviser. Det ser ut til at kløyvd infinitiv er eit av dei talemålsdraga som slår gjennom i nynorske lokalaviser i det austnorske området. Avisa Valdres har kløyvd infinitiv i husnorma si. Hallingdølen har ikkje det, men oppmodar dei journalistane som meistrar kløyvd infinitiv, om å bruka det.

I *Nynorsk ordliste* er det sagt i innleiinga til lista over ord som kan få *-a*: «Målføra med kløyvd infinitiv følgjer litt ulike reglar når det gjeld kva verb som får endinga *-a*. Kvar enkelt kan følgje målføret sitt i skrift.» Til dømes brukte Tarjei Vesaas kløyvd infinitiv, men hadde *-e* i *telja*-klassen, i samsvar med vesttelemålet.

Nettopp det at folk skal kunna bruka kløyvd infinitiv etter talemålet sitt, er med på å komplisera gjennomføringa av denne varianten. Dei som skal rettleia, til dømes lærarar, har lite å gå etter dersom den som blir rettleidd, bruker kløyvd infinitiv på ein annan måte enn det ordlista set opp som det tradisjonelle mønsteret.

I prosessen med ny rettskriving har det kome fram ulike syn på infinitivsforma frå mange hald – frå dei som gjerne vil ha kløyvd infinitiv, til dei som vil ha berre a-infinitiv. Dei fleste innspela nemnda har fått på dette punktet, går ut på at nynorskrettskrivinga i alle fall bør innehalda både a- og e-infinitiv.

I høyringsinnspela tek svært mange til orde for å behalda også kløyvd infinitiv. Argumenta for kløyvd infinitiv er oftast talemålsbaserte: Dette systemet gir austlendingar og trønderar høve til å uttrykkja identiteten sin i skrift.

Nemnda legg vekt på at det har vore eit stort engasjement for å halda på kløyvd infinitiv i nynorsk rettskriving, og går derfor inn for at det framleis skal vera tillate i rettskrivinga, etter visse reglar.

Alle dei tre infinitivsvariantane har etter kvart lang tradisjon i nynorsk, og nemnda er innanfor prinsippet om å normera på eigen grunn når ho tek med kløyvd infinitiv i den nye norma. Skriftradisjonen er eit viktig argument for å halda på kløyvd infinitiv i tillegg til a- og e-infinitiv. Også talemålsutbreiinga talar for at kløyvd infinitiv blir ståande i nynorsk – inntil vidare. På dialektkarta omfattar den kløyvde infinitiven heile Austlandet bortsett frå Grenland og søre Østfold. I det praktiske livet er systemet likevel ustabil over store delar av dette området, særleg i byane. Oppløysinga artar seg slik at dei aller mest frekvente verba får *-a* (*værra, gjørra*), mens *-e* er brukt i alle andre verb. I bygdene er meir av det gamle systemet intakt.

Kløyvd infinitiv har vore praktisert slik at kvar enkelt kan følgja målføret sitt. Det er ingen god regel i dag, sidan systemet ikkje lenger er så fast som det var. Me kan heller ikkje innføra eit slikt prinsipp i ei norm for offentleg språkbruk. Nemnda meiner derfor at dei som ønskjer å bruka kløyvd infinitiv, må halda seg til dei tradisjonelle reglane for dette systemet. I ordlistene er dei verba som skal ha *-a* ved kløyvd infinitiv, markerte anten ved at dei er utheva i sjølve ordlista, eller ved at dei er sette opp i ei særskild liste bak i boka. Dei som ønskjer å bruka den kløyvde infinitiven, må velja *-a* i dei orda som er førte opp der, og ikkje berre i dei orda der eigen dialekt har *-a*.

3.4.2 Verb med e- og a-bøying

Status i dag

I læreboknormalen kan ein i dag velja mellom e-bøying og a-bøying av ein del verb. Det mønsteret ein vel å bruka, skal gjennomførast konsekvent. I den vide rettskrivinga har ein kunna bruka såkalla blanda bøying i desse verba. Det er nemnt berre i føreordet i ordlister.

Bøyingsmønsteret som blir kalla blanda bøying, ser slik ut:

brukar – brukte – brukt

talor – talte – talt

Framlegg til ny rettskriving

I verb som etter rettskrivinga har både a- og e-bøying, kan ein gjennomføra full a- eller e-bøying:

bruka – brukar – bruka – bruka eller

bruka – bruker – brukte – brukt

Alternativt kan ein nytta såkalla «blanda bøyning», som er vanleg over store delar av landet. Det vil seia at verba som har både a- og e-bøyning, kan få *-ar* i presens og *-de* eller *-te* i preteritum. Døme:

bruka – brukar – brukte – brukt

Normhistorikk

2002-innstillinga (s. 98) viser til at blanda bøyning er tema alt i 1917-innstillinga:

Verb som på denne måten skifter ut *-a* i pret. med *-te*, bør også skifte ut *-ar* i pres. med *-er*, enda om det er så at i nutid er bøyningen med *-er* ikke gjennomført i disse verber i de bygdemaal som har faat *-te (-de)* i fortid. (Indst. 1917, s. 67)

I *Tilråding om ny rettskriving 1935* vart det peika på at fortidsendinga *-te* i svake verb vann meir og meir fram i begge målformene. Derfor føreslo nemnda å gjera *-te* obligatorisk i verb som *aka, baka, bruka, knusa, koka, lika, ropa, rosa, rusa, skapa, smaka, stola* og *tina*. Men *Tilleggstilråding om ny rettskrivning 1936* la til at i så fall måtte endinga *-ar* vera tillaten i presens av desse verba, fordi denne endinga «synes å stå mye sterkere i mange bygdemål enn *-er*» (s. 11). Det vart valfritt preteritum ved verb som *bruka/brukte, koka/kokte, skapa/skapte*.

I *Ny læreboknormal 1959* (s. 66) står det om verb med bryting mellom a- og e-klassen:

Frå 1938 har vi hatt ei gruppe linne verb som i preteritum kunne ha skifte mellom *-a* og *-de/-te* og tilsvarande *-a* eller *-d/-t* i preteritum partisipp, men i presens skulle desse verba alltid ha *-ar*. Denne blanda bøyninga går no ut. Dei verba som kan bøyast både etter a-klassa og e-klassa, får no anten a-bøyning eller e-bøyning fullt ut, t.d.

baka – bakar – baka – baka eller
baka – baker – bakte – bakt [...]

I skulen bør elevar ikkje få feil om dei nyttar blanda bøyning i samsvar med talemålet sitt.

Fagnemnda i Norsk språkråd drøfta denne bøyningstypen fleire gonger, utan å koma til semje om noka ny løysing.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

2002-innstillinga (s. 100) inneheld tal for kor mykje blanda bøyning er brukt i skrift:

I nynorsk skriftpraksis dominerer den blanda bøyninga; ho utgjer om lag 65 %. Rein e-bøyning av dei same verba er på 25 %, medan rein a-bøyning berre har 10 %. (Denne utrekninga er gjord på grunnlag av opplysningar om 10 verb frå 'den blanda klassen' jamførte med frekvensane for den generelle tempusfordelinga av verbformer.)

Det er altså eit mindretal som vel a- eller e-bøyning innanfor kvart av desse verba. «Dei som har lært at ein innanfor læreboknormalen skal vera konsekvent, vel nok ofte

systemet *braker – brukte*», står det same staden. Det samsvarar med det inntrykket nemnda har.

Talemålsgrunnlag

2002-innstillinga (s. 99) refererer til talemålsundersøkinga frå 1999 (TALE99), der informantane vart bedde om å svara på spørsmål om samsvaret mellom presens- og supinumforma av verba som kan bøyast både som a- og e-verb. Utgangspunktet var verbet *bruka*.

Når ein held utanfor dei informantane som ikkje skil mellom *er-* og *ar-*endingar i det heile i presens, blir prosentfordelinga mellom dei ymse bøyingsmåtene slik:

e-bøying (<i>er – te</i>):	12 %
a-bøying (<i>ar – a</i>):	25 %
blanda bøying I (<i>ar – te</i>):	60 %
blanda bøying II (<i>er – a</i>):	3 %

Ikkje uventa er det full oppslutning om e-bøyinga i Oslo, Akershus, Hedmark, og vel 90 % i Nord-Trøndelag, Troms og Finnmark står dette formvalet.¹¹ Dette er fylke der alle eller dei fleste dialektane ikkje har motsetning mellom *-er* og *-ar* i presens.

Også i Aust- og Vest-Agder, Buskerud, Oppland og Sør-Trøndelag oppgav halvparten av informantane at dei hadde rein e-bøying. Årsaka er at mange av dialektane i desse fylka ikkje har motsetning mellom *-er* og *-ar* i presens.

I Sogn og Fjordane brukte alle informantane den blanda bøyinga, altså typen *braker – brukte*, og i Rogaland og Hordaland brukte høvesvis 67 % og 90 % dette bøyingsmønsteret. Elles var denne bøyinga brukt av 45 % i Møre og Romsdal, 39 % i Oppland, 36 % i Buskerud, og av nokre enkeltinformantar frå Agder, Telemark og Nord-Noreg.

Rein a-bøying dominerte i Telemark, med 70 %. I Møre og Romsdal hadde 55 % a-bøying, og i Aust-Agder 30 %.

Vurdering

På grunn av knappe tidsfristar bestemte nemnda seg tidleg for ikkje å gå djupt inn i problematikken med verb som har to valfrie bøyingsmønster, men la det stort sett vera som i dag. Verb med to bøyingsmønster er fyrst og fremst dei svake verba som kan vera både e- og a-verb.

Om ein hadde gått gjennom desse verba og valt det eine av dei to mønstera, er det heller ikkje sikkert at ein hadde gjort rettskrivinga enklare. Det ville ha ført til at

¹¹ Rapporten har den merknaden at om ein tek vekk dei informantane som ikkje «kan» ha *-ar* i presens, blir det til dømes ingen informantar att i Oslo, Akershus, Hedmark, Nord-Trøndelag og Aust-Agder.

språkbrukarar flest måtte pugga bøyingsmønsteret for kvart enkelt ord, og det er neppe i samsvar med målsetjinga om å gjera «det lettare å vera nynorskbrukar».

I verb som kan ha anten a- eller e-bøying, har blanda bøyning vore lov i elevarbeid til no, og har hatt ein slags klammeformstatus. Dei som har blanda bøyning i talemålet, bruker det ofte automatisk. For dei som ikkje har det i talemålet, kan det vera ein pedagogisk regel at det skal vera samsvar mellom *-er* i presens og *-de/-te* i preteritum innanfor eitt og same verb.

2002-innstillinga peikar på at det kan bli forvirrande om ordlistene skal ha tre oppføringar av moglege bøyingar av desse verba. Det blir tilrådd at ein presiserer i innleinga i ordbøker at det er mogleg å blanda a- og e-bøying etter dette mønsteret: *brukar – brukte – brukt*.

Mange av dei som har kome med innspel anten gjennom Nynorsk 2011, e-post, møte eller i høringsprosessen, meiner at blanda bøyning må tillatast i nynorsk. Sidan blanda bøyning står så sterkt både i skriftmål og talemål, meiner nemnda at det bør godtakast i nynorsk rettskriving.

3.4.3 Bøyning av verba *bli* og *verta*

Status i dag

Verba *bli* og *verta* har vore rekna som to alternative verb, der ein har måtta halda seg til eitt av tre bøyingsmønster:

verta – vert – vart – vorte

bli – blir – blei – blitt

bli – blir – vart – vorte

I 1998 gjorde fagnemnda i Norsk språkråd dette vedtaket: «*Bli* og *verte* blir sett på som to forskjellige verb, og det kan veksles fritt mellom dem.» Regelen er ikkje omtala i årsmeldinga, men i 2002-innstillinga er han nemnd (s. 86–87). Fordi regelen ikkje har vore kjend, har dei fleste språkrettarar følgd mønsteret ovanfor.

Framlegg til ny rettskriving

Bli og *verta* skal reknast som to sjølvstendige verb som ein kan veksla mellom i ein og same tekst.

Verbet *verta* skal førast opp med eitt bøyingsmønster i ordbøkene:

verta – vert – vart – vorte

Verbet *bli* skal førast opp med tre bøyingsmønster:

bli – blir – blei – blitt

bli – blir – vart – vorte

bli – blir – vart – blitt

Normhistorikk

Aasen	1917	1938	1959
<i>verda</i> – <i>verd</i> – <i>vardt</i> – <i>vordet</i>	<i>verta</i> – <i>vert</i> – <i>vart</i> – <i>vorte</i>	<i>verta</i> – <i>vert</i> – <i>vart</i> – <i>vorti</i>	<i>verta</i> – <i>vert</i> – <i>vart</i> – <i>vorte/vorti</i>
<i>bli</i> – <i>blir</i> – <i>blei</i> – <i>blitt</i> , alt. <i>bli</i> – <i>blir</i> – <i>vardt</i> – <i>vorte</i>	<i>bli</i> – <i>blir</i> – <i>blei</i> – <i>blitt</i> , alt. <i>bli</i> – <i>blir</i> – <i>vart</i> – <i>vorte</i>	<i>bli</i> – <i>blir</i> – <i>blei</i> – <i>blitt</i> , (el. <i>bli</i> – <i>blir</i> – <i>vart</i> – <i>vorti</i>)	<i>bli</i> – <i>blir</i> – <i>blei</i> – <i>blitt</i> , (el. <i>bli</i> – <i>blir</i> – <i>vart</i> – <i>vorte/vorti</i>)

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

I dei tidlege landsmålstekstane var nok *verda/verta* mykje brukt, men varianten *bli* – *blir* – *vart* – *vorte* var ein del av midlandsnormalen og vart teken i bruk av mellom andre Garborg, som skreiv alle bøkene sine om til midlandsnormalen.

Varianten *bli* – *blir* – *blei* – *blitt* er teken i bruk dei siste tiåra i større grad enn før, men *bli* – *blir* – *vart* – *vorte* og *verta* – *vert* – *vart* – *vorte* er like vanlege. Ein del vestlandsforfattarar blandar formene på ein måte som tradisjonelt ikkje har vore rekna som korrekt: *blir* – *blir* – *vart* – *blitt*.

I offisielt skriftmål har det vore vanleg å retta til eitt av dei tre mønstera som er nemnde ovanfor. I unormerte tekstar er det ikkje uvanleg å sjå *bli* og *verta* om kvarandre. Fagnemnda i Norsk språkråd uttala seg om det i 1998 og sa at det måtte godtakast. Sjølv om dette vedtaket er lite kjent, har lærarar truleg ikkje stilt særleg strenge konsekvenskrav til bruken av *bli* og *verta* når dei har retta elevtekstar.

Talemålsgrunnlag

Verta har tradisjonelt stor utbreiing på Vestlandet, men *bli* er i ferd med å trengja unna *verta* i mange dialektar. Til dels er det mønsteret *bli* – *blir* – *blei* – *blitt* som kjem inn, men like vanleg er det å seia (og skriva) *bli* – *blir* – *vart* – *blitt*.

Mønsteret *bli* – *blir* – *vart* – *vorte* har bakgrunn i talemåla på Austlandet, der den vekslinga er den tradisjonelle. Aasen skriv i *Norsk Ordbog*: «Paa nogle Steder ombyttes Ordet gjerne med 'bli' (s. bliva); i det Søndenfjeldske bruges tildeels kun 'bli' i Præsens, men dog 'vardt' i Imperfektum.»

Vurdering

I dag er det vanleg å blanda *bli* og *verta* i vestnorske dialektar, og dermed oppfattar mange språkbrukarar det som at *bli* og *verta* er to sjølvstendige verb som kan brukast om kvarandre også i skrift. Norsk språkråd opna som nemnt for at det skal vera mogleg.

Rettskrivingsnemnda vil støtta det framlegget, fordi me meiner det er grunnlag for å sjå *bli* og *verta* som to sjølvstendige verb som kan gi stilistisk variasjon i ein tekst.

Det inneber at dersom ein tekst inneheld både *bli* og *verta*, så kan ein ikkje stilla noko krav om konsekvens i bruken av bøyingsformer, fordi alle kombinasjonar av dei fire tradisjonelle mønstera er moglege.

Rettskrivingsnemnda meiner at ordbokoppføringar av verbet *bli* må ha med bøyingsmønsteret *bli – blir – vart – blitt* i tillegg til dei to tradisjonelle bøyingane av verbet *bli*.

3.4.4 Presens på [-er] av sterke verb

Status i dag

Presens av sterke verb kan i dag ha klammeform på [-er]: *bit* [*biter*], *kjem* [*kjemer*].

Framlegg til ny rettskriving

Klammeforma [-er] går ut, slik at kortforma i presens blir eineform: *bit*, *kjem*, *dreg*.

Normhistorikk

Presens [-er] av sterke verb kom inn som klammeform i 1917-rettskrivinga, og har sidan hatt den statusen.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Ingen av dei 29 skjønnlitterære forfattarskapane frå 1930-, 1950- og 1970-åra som Vikør (1995b) granska, hadde [-er] i presens av sterke verb. Av frekvensordboka går det fram at [-er]-former er brukte i berre 0,4 % av dei aktuelle tilfella.

Talemålsgrunnlag

Tostavingsformer som *biter* og *kjemer* i presens av sterke verb er gjennomført på nesten heile Vestlandet og dessutan i Ytre Agder, Sør-Austlandet og mykje av Telemark. Store delar av desse områda manglar rett nok utlyds-r-en, og har utgang på svarabhaktivokal: /bi'de/ eller /bi'te/. Det er berre eit område på Hadeland, Romerike og Solør som har full bøyingsending og samtidig omlyd i presens: /bi'ter/ og /kje'mer/.

Områda rundt Oslofjorden og dei fleste bymål har tostavingsformer i presens, men dei manglar oftast omlyd frå infinitiv til presens: /komma – kommer/.

Vurdering

Viss ein ser på skrivemåten *biter* som uttrykk for uttalen med svarabhaktivokal, /bi'te/, så står desse formene svært sterkt i talemålet, men er borte frå skriftmålet.

Tostavingsformene av sterke verb er ikkje tekne i bruk i skrift, og nemnda rår derfor til å ta presensformene med [-er] ut or norma.

3.4.5 Supinum på -i av sterke verb

Status i dag

I supinum av sterke verb er forma -i jamstilt med forma -e (*lese/lesi, funne/funni*).

Framlegg til ny rettskriving

Supinumsforma på -i av sterke verb går ut or nynorsk rettskriving, og forma med -e blir eineform: *lese, funne*.

Normhistorikk

Aasen hadde med den stumme *t*-en i inkjekjønnsforma av partisippet, men den vart borte i 1917. I 1938 var det usemje om kva for ei form som skulle veljast. Knut Liestøl ville ha forma med -i: t.d. *funni*, fordi ho var drøfta som ei mogleg felles form for nynorsk og bokmål. Departementet valde å følgja hans råd, og forma *funni* vart eineform.

Supinum på -i, t.d. *funni*, vart aldri teke inn i bokmål. I 1959 vart formene med -e og -i jamstilte i nynorsk.

Aasen	1901	1917	1938	1959
<i>funnet</i>	<i>funne</i>		<i>funni</i>	<i>funne</i> el. <i>funni</i>

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Av *Framlegg til læreboknormal 1957* går det fram at perfektum partisipp på -e er det som har vore mest brukt i nynorsk presse og litteratur etter 1938:

Vestnorske og nordnorske forfattarar nyttar jamt over den forma, det same gjer Vestlands-blada. Alt i alt er det likevel ikkje så få bøker som har gjennomført supinum på -i. Såleis er -i-ending gjennomført i dei aller fleste bøkene som Det norske Samlaget har gjevi ut etter 1938. Tarjei Vesaas, Halldis Moren Vesaas, Inge Krokann og Halvdan Koht nyttar no denne forma. I Norsk allkunnebok skifter -i og -e med artikkel-forfattarane, like eins i «Syn og Segn». I lærebøker og i det aller meste av lesebok-stoffet på nynorsk er det etter 1938 gjennomført supinum på -i. I bm.-litteratur er *i*-supinum brukt berre i dialektreplikkar og anna sterkt målføremerkt framstilling. (S. 109–110)

Frå Vikørs (1995b) forfattarundersøking kan me sjå at ni av ti forfattarskapar frå 1930-åra har stor overvekt av perfektum partisipp på *-e*, som då var hovudforma. Sjølv om *-i*-forma vart hovudform etter 1938, vart supinum på *-e* føretrekt av åtte av dei ni forfattarane frå 1950-åra. Berre Aslaug Høydal valde *-i*-forma. Alle dei ti forfattarane frå 1970-åra valde perfektum partisipp på *-e* av sterke verb. I redaksjonsmålet til *Norsk Ordbok* bruker dei 1938-rettskrivinga, og mellom anna supinumsforma *-i*.

Då Wetås (2001b) undersøkte barne- og ungdomstekst i upublisert tekstmateriale, fann ho ein eintydig tendens til at *-e* vart brukt i supinum av sterke verb.

Eit søk i nynorskkorpuset gir 17 treff på *biti*, men berre fem av dei er frå tida etter 1970. Det er godt og vel 200 treff på *fari*, men her er berre eit par treff frå etter 1970. Tarjei Vesaas er ein av dei forfattarane som heldt på *-i* i supinum gjennom heile forfattarskapen.

Talemålsgrunnlag

2002-innstillinga seier om talemålsutbreiinga av *funni* kontra *funne*:

Perfektum partisipp på *-i* finn ein i talemåla i eit søraustleg område (Grenland – Indre Østfold til Trysil), Setesdal og Vest-Telemark, mykje av Trøndelag (ikkje i søraust) og sør på Helgeland. I eit område i Nord-Trøndelag har ein både *-i* og *-e* etter eit system som heng saman med konsonantismen i rota. Eit midlandsk område har vokalharmonisk skifte med *i* etter *i* i rota og *e* etter andre vokalar: *biti*, *drivi*, men *brøte*, *fare*. Resten av landet (Vestlandet, Nord-Noreg og andre stader) har utlydsvokalen *-e*. (S. 135)

Vurdering

Supinumsforma *-e* står klart sterkare i nynorsk rettskriving enn supinum *-i*, sjølv om talemålsgrunnlaget for *-i* er ganske stort. Mykje av området der supinumsforma *-i* er vanleg i talemålet, ligg i område som ikkje har nynorsk som hovudmål, og det kan vera noko av forklaringa på at forma *-i* aldri har slått gjennom i nynorsk.

Supinumsforma *-i* bør takast ut or skriftmålet sidan ho er såpass sjeldsynt i skrift. Det ser i liten grad ut til at brukarane som har forma i talemålet, nyttar seg av tilbodet om å føra forma over i skrift.

3.4.6 Refleksiv- og passivformer på [-s]

Status i dag

Verb som endar på *-st*, har denne bøyinga:

minnast [*minnas*] – *minnest* [*minnes*] – *mintest* [*mintes*] – *minst* [*mins*]

Framlegg til ny rettskriving

Refleksiv- og passivforma [-s] går ut av nynorsk rettskriving, og forma med -st blir eineform:

minnast – minnest – mintest – minst

Normhistorikk

Aasen	1917	1938	1959
<i>finnast</i>	<i>finnast [finnas]</i>	<i>finnast [finnas]</i>	
<i>slåst</i>	<i>slåst [slåss]</i>	<i>slåst [slåss]</i>	

I reglane som den departementale rettskrivingskomiteen laga om landsmål i 1918, står det: «[Refleksivformi kann enda på s ved sida av st: *finnast, finst – finnas, fins; slåst – slåss.*]» (*Den nye rettskrivning* 1918, s. 14)

I *Ny rettskrivning* 1938 heiter det: «Refleksiv infinitiv endar på -ast [-as].» Etter den tid har refleksivformer på [-s] vore klammeformer.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Wetås (2001b) fann ein god del innslag av passiv- og refleksivformer med [-s] i det upubliserte materialet ho granska, mens forma -st vart brukt nesten gjennomført i refleksiv og passiv i det publiserte materialet (2001a).

Blant forfattarane som Vikør (1995b) undersøkte, brukte fem av forfattarane frå 1930-åra passiv-/refleksivformer på -ast, to brukte [-as], ein [-es] og ein kløyvd ([-as/-es]). Alle dei ni forfattarane frå 1950-åra brukte -ast-forma, og det same gjorde dei ti 1970-talsforfattarane.

Talemålsgrunnlag

2002-innstillinga seier om talemålsgrunnlaget for -st og -s: «Refleksivforma -st er først og fremst eit vestlandsk og til dels eit midlandsk drag. Forma er òg litt brukt i trøndersk. Nordafjells og på resten av Austlandet dominerer -s.» (S. 137)

Vurdering

Mange dialektar har former med -s, men i skrift er desse formene meir sjeldsynte. Det gjeld i alle høve formelle nynorske tekstar. Wetås' funn (2001b) tyder på at -as kan vera noko meir brukt i uformelle samanhengar.

Det er ikkje vanskeleg å læra seg at refleksivforma er *-st* i nynorsk, og det verkar unødvendig å halda på to variantar av refleksivbøyinga når den eine er så lite brukt. Klammeforma på *[-s]* har vore tillaten i skrift sidan 1938 utan å slå gjennom, og bør derfor takast ut or rettskrivinga.

3.4.7 Sterke og svake verb med kort og lang form i infinitiv og andre dobbelformer

Verba som er behandla her, inneheld fleire problemstillingar, og saka er derfor delt opp i underpunkt.

Vedlegg 5 inneheld ei oversikt over verba som blir behandla her, med dagens rettskriving og framlegg til ny rettskriving.

3.4.7.a Kort eller lang form i infinitiv av ein del sterke og svake verb

Status i dag

Nynorsk har i dag kort- og langformer som jamstilte hovudformer i ei lang rekkje verb:

be(da), bla(da), blø(da), bre(da), by(da) [bjoda], dra(ga), fly(ga), flø(da), fø(da), gje(va), gjø(da), gla(da), gle(da), gli(da), glø(da), gni(da), grø(da), ha(va), kle(da), kvi(da), la(da), la(ta), li(da), lø(da), ri(da), rå(da), ska(da), skli(da), skri(da), skru(a) el. skruva, spa(da), ste(da), stri(da), sva(da), svi(da), ta(ka), tre(da), træ(da), va(da), vri(da)

Framlegg til ny rettskriving

- Dei fleste verba som har både langform og kortform i dag, skal framleis ha valfridom mellom den lange og den korte forma. Døme: *be* el. *beda*, *gni* el. *gnida*.
- Verbet *treda* skal ha berre kortform heretter, jf. pkt. 3.4.8.c.
- Varianten *skruva* går ut or rettskrivinga, jf. pkt. 2.2.2.

Normhistorikk

Aasen brukte langforma av alle dei nemnde verba. 2002-innstillinga seier om utviklinga frå langformer til valfridom mellom korte og lange former:

Matias Skard fører opp valfrie infinitivsformer av t.d. *ha* og *hava*, *gli* og *glida*, *gle* og *gleda* i *Nynorsk ordbok* frå 1924. Elles kom kortformer som *[dra]*, *[la]* og *[ta]* inn som klammeformer med 1917-rettskrivinga. *Tilråding om ny rettskriving* 1935 peikte på at sidan bokmål hadde gjennomført kortformene *ha* og *ta*, måtte også nynorsk kunna gjera det i aktiv, og tilrådinga føreslo «å gjera dei stutte infinitivsformene av verb som *be(da)*, *bla(da)*, *fø(da)* obligatoriske, til liks med substantiv som (ein) *bre(de)*». Tilrådinga føreslo

vidare at kortformene av t.d. *draga* og *lata* (når *lata* blir brukt som hjelpeverb) skulle bli obligatoriske. Men 1938-rettskrivinga gjekk inn for valfridom i kort- og langformer i infinitiv av verb som *dra(ga)*, *la(ta)*, *ta(ka)*. (S. 87)

I 2002-framlegget gjekk nemnda inn for å halda på valfridomen mellom kort- og langformer i infinitiv som gjeld i dag, med unntak av *treda* og [*bjoda*].

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Blant dei ti forfattarskapane frå 1930-åra som Vikør (1995b) undersøkte, fann han at ni av forfatarane brukte kortformene. Berre Ragnvald Vaage heldt stort sett på langformer. Åtte av dei ni forfatarane frå 1950-åra brukte kortformer. Her var det Aslaug Høydal som heldt på langformene. Dei ti forfatarane frå 1970-åra brukte alle kortformene.

Eit søk i nynorskorpuset på *tre/treda* og *fly/flyga* gir desse treffa:

	Infinitiv	Treff	Presens	Treff	Preteritum	Treff	Treff i alt
Kortform	<i>tre</i>	0	<i>Trer</i>	200	<i>tredde</i>	13	213
Langform	<i>treda/trede</i>	0	<i>Tred</i>	0	<i>trod</i>	0	0
Kortform	<i>fly</i>	90	<i>Flyr</i>	65			155
Langform	<i>flyga/flyge</i>	200	<i>Flyg</i>	330			530

Det svake verbet *flø* i tydinga 'floleggja' har langforma *fløa*, men *fløa* blir bøygd som eit a-verb. 2000-framlegget gjekk ut på å ta vekk langforma *fløa*.

Likeins har det svake verbet *skru(a)* ei parallell langform *skruva*, som er a-verb. Framlegget i 2000 var at også den forma gjekk ut av rettskrivinga.

	Infinitiv	Treff	Presens	Treff	Preteritum	Treff	Treff i alt
Kortform	<i>skru</i>	210	<i>skrur</i>	130	<i>skrudde</i>	160	500
Langform	<i>skruva/-e</i>	18	<i>skruvar</i>	7	<i>skruva</i>	2	27

Eit søk på *gli/glida* og *by/byda* gir dette resultatet:

Verb langf. inf.		Verb kortf. inf.		Verb pres. -d		Verb pres. -r	
<i>glida/glide</i> ¹²	72	<i>gli</i>	370	<i>glid</i>	166	<i>glir</i>	414
<i>byda/byde</i>	7	<i>by</i>	250	<i>byd</i> ¹³	180	<i>byr</i>	670

Ved nokre av dei svake verba blir langforma rett nok brukt meir enn det som er vanleg for heile gruppa. Eit søk i nynorskorpuset på desse orda gir dette resultatet:

¹² Dei aller fleste treffa på *glide* – *glid* er frå Tarjei Vesaas' bøker.

¹³ Mange av treffa på *byd* er frå Tarjei Vesaas, Aslaug Høydal og Edvard Hoem.

Verb langf. inf.		Verb kortf. inf.		Verb pres. -d		Verb pres. -r	
<i>føda/føde</i> ¹	115	<i>fø</i> ¹⁴	115	<i>føder</i>	95	<i>før</i> ¹⁵	–
<i>gleda/glede</i>	190	<i>gle</i>	335	<i>gleder</i>	0	<i>gler</i>	860
<i>gløda/gløde</i>	25	<i>glø</i>	1	<i>gløder</i>	70	<i>glør</i>	7
<i>råda/råde</i>	230	<i>rå</i>	1075	<i>råder</i>	75	<i>rår</i>	1000
<i>skada/skade</i>	330	<i>ska</i>	–	<i>skader</i>	20	<i>skar</i>	–

Talemålsgrunnlag

I 2002-innstillinga stod det om kortformer og langformer av infinitiv:

I TALE99 vart informantane spurde om dei ville seia *gli* eller *glide*. 87 % stilte seg bak kortforma, 7 % valde *glide*, og 3,5 % hevda at dei brukte begge formene. 33 % av informantane frå Agder-fylka og 25 % frå Hordaland valde langforma, elles var det berre få frå vestlandsfylka og frå Buskerud og Telemark som brukte dei. Mykje same utfallet gav spørsmålet om bruken av *by* og *byde*. (2002-innstillinga s. 87)

Vurdering

I mange av rettskrivingsspørsmåla me har oppe, må me gjera ei vurdering av ei tradisjonell form og ei nyare form. Samtidig skal me ta vare på det som mange kallar «kjernen til nynorsken». I kvart tilfelle må me stilla oss spørsmålet kor langt utviklinga er gått. Er ei form så å seia ute av bruk i dagens skriftbilette, talar det for at me kan ta henne ut. Blir ho enno brukt ein god del i nyare nynorsk tekstproduksjon, kan det henda at forma bør bli ståande.

Av materialet det er vist til i 2002-innstillinga, kunne det sjå ut til å vera på tide å ta dei fleste lange formene av sterke verb ut av rettskrivinga. 2000-nemnda ville som nemnt gjera langformene av sterke verb til klammeformer, og utviklinga bort frå langformene er truleg komen endå lenger på dei ti åra som er gått. Sjølv om det i søket ovanfor var ein del treff på langformer som *glida*, og presens *glid*, er dei fleste av treffa frå Vesaas-bøker.

Også langformene av verb med svak bøyning er på retur, men det er nokre unntak som *føda* og *skada*, jf. tabellen ovanfor. Når det gjeld *fø* og *føda*, tilseier bruken av dei to formene at dei har litt ulike tydingar: *Ho hadde mange barn å fø på*, men *Det var ikkje lenge til ho skulle føda*.

Mange av langformene står såpass svakt i skrift at dei ikkje lenger har nokon opplagd plass i norma. Fleire av høyringsinnspela argumenterer likevel for at me bør behalda både langforma og kortforma, dels fordi begge er i levande bruk, dels fordi langforma inneheld den stumme konsonanten som kjem til syne i avleiingar: *ri(da)* – *ridande*, *har ride*, *ridefølge*. I nokre tilfelle har langforma og kortforma dessutan litt ulike tydingar.

¹⁴ Det ser ut til å vera ein tydingsnyanse her: *fø* blir oftast brukt om å gi eller skaffa mat til nokon, mens *føda* blir brukt om å bera fram barn.

¹⁵ Mange feilkjelder fordi orda fell saman med preposisjonen *før* og preteritumsforma *skar*.

Langformene er ein del av den nynorske skriftmålstradisjonen, og nemnda ser at det kan vera verdifullt å visa samanhengen mellom desse langformene og avleiingar av dei aktuelle verba. Dei har òg ei viss utbreiing i dagens nynorsk, og i talemålet i nynorske kjerneområde. Derfor har nemnda gått inn for å la dei stå.

3.4.7.b Sterk og svak form i presens og perfektum partisipp av sterke verb som i infinitiv kan ha kort eller lang form

Status i dag

Saka gjeld desse orda:

be(da), by(da), dra(ga), gli(da), gni(da), la(ta), li(da), ri(da), skli(da), skri(da), stri(da), svi(da), ta(ka), vri(da)

Desse verba kan i dag få sterk eller svak bøyning i presens og i perfektum partisipp: *glid* el. *glir* og *glide* el. *glidd/glidt*

Storparten av verba ovanfor har berre sterk form i preteritum, men fem av dei har i dag valfritt svakt eller sterkt bøyingsmønster fullt ut. Det gjeld desse orda:

by/byda [bjoda]¹⁶ – byr/byd [byder] – baud – bode/bodi; el. byr/byder – bydde – bydd/bydt

gni/gnida – gnir/gnid [gnider] – gnei/gneid – gnide/gnidi; el. gnir/gnider – gnidde – gnidd/gnidt

skli/sklida – skli/sklid [sklider] – sklei/skleid – sklidle/sklidi; el. skli/sklider – sklidde – sklidd/sklidt

stri/strida – strir/strid [strider] – strei/streid – stride/stridi; el. strir/strider – stridde – stridd/stridt

vri/vrida – vrir/vrid [vrider] – vrei/vreid – vride/vridi; el. vrir/vrider – vridde – vridd/vridt

Framlegg til ny rettskriving

- Sterke verb som i infinitiv kan ha kort eller lang form (t.d. *gli(da)*), kan ha svakt presens og svakt perfektum partisipp ved sida av dei sterke formene:
glir – glidd ved sida av *glid – glide*
- Når det gjeld verba *dra(ga)*, *la(ta)* og *ta(ka)*, blir den svake bøyinga (som tidlegare var klammeform) jamstilt med den sterke:

¹⁶ Det er foreslått i punkt 2.1.1 at forma [bjoda] skal ut av rettskrivinga.

drar – dradd/dratt el. dreg – drege

lar – latt el. lèt – late

tar – tatt el. tek – teke

- Det skal framleis vera valfritt å bruka sterkt eller svakt bøyingsmønster av verba *by(da)*, *gni(da)*, *skli(da)*, *stri(da)* og *vri(da)* i alle tider.

Normhistorikk

2002-innstillinga presiserer at presensformene med *-d* går saman med langformene i infinitiv, og formene med *-r* saman med kortformene: *glide – glid*, eller *gli – glir*.

Det blir stadfesta av framlegget frå 2000, der det var føreslått at langformene og formene med *-d* skulle bli klammeformer.

Om *gni(da)*, *skli(da)*, *stri(da)* og *vri(da)* står det i 2002-innstillinga: «For *gni(de)*, *skli(de)*, *stri(de)* og *vri(de)* gjeld 'nå-bøyinga' òg preteritum, altså *gnidde* osv., og dermed kan dei bøyast heilt ut etter *nå*-klassen.» (S. 88)

Om *dra*, *la* og *ta* seier 2002-innstillinga:

Kortformene i infinitiv med svakt presens som *dra – drar* og *ta – tar* kom inn som klammeformer med 1917-rettskrivinga. *Lar* som hjelpeverb var jamstilt form, og ein kunne velja frå ordboka mellom presenskortformene *byr* (av *by*), *glir* (av *gli*) og *gler* (av *gle*) t.d., som var jamstilte med langformene. Perfektum partisipp-formene [*dradd*], [*dratt*], [*latt*] og [*tatt*] kom inn i 1959, og i 1981 kom [*ladd*] og [*tadd*] med i norma som hankjønns-/hokjønnsform ved samsvarbøying. Fleirtalsformene [*ladde*] og [*tadde*] vart òg godkjende då. (S. 95)

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Søk på *gli* og *by* ovanfor tyder på at formene *glir* og *byr* er meir i bruk i skrift enn formene *glid* og *byd*. Tilsvarende står dei svake formene *glidd* og *bydd* sterkast i perfektum partisipp.

Verb langf. inf.		Verb kortf. inf.		Verb pres. -d		Verb pres. -r		Verb perf. part. -de		Verb perf. part. -dd	
<i>glida/glide</i>	72	<i>gli</i>	370	<i>glid</i>	166	<i>glir</i>	414	<i>glide</i>	27	<i>glidd/glidt</i>	63
<i>byda/byde</i>	7	<i>by</i>	250	<i>byd</i>	180	<i>byr</i>	670	<i>bode</i>	2	<i>bydd/bydt</i>	103

Når det gjeld *drar*, *lar* og *tar*, så er dei klammeformer i dag.

Blant forfattarskapane som Vikør (1995b) undersøkte, hadde éin forfattar i 1930-åra teke i bruk formene *drar*, *dradd*, *lar* og *tar*, mens to (Engvald Bakkan og Lars Berg)

skreiv *tatt*. Formene *dradd*, *latt* og *tatt* vart ikkje tillatne i nynorsk før i 1959. Blant forfattarane frå 1950-åra bruker Halldor Holsvik *drar*, *tar* og *tatt*, Vegard Vigerust vekslar mellom *tar* og *tek*, og Ragnar Ulstein og Alfred Hauge vekslar mellom *drar* og *dreg*. Berre Hauge bruker forma *dratt*. Forfattarane frå 1970-åra tek i større grad i bruk dei svake bøyingsformene *drar*, *tar* og *lar*.

2002-innstillinga opplyser: «I denne partisipptypen finn me i *Nynorsk frekvensordbok* at dei sterke partisippa blir brukte i 45,5 % av tilfella, dei svake i 54,4 %.» (S. 95)

Talemålsgrunnlag

2002-innstillinga (s. 95) seier om talemålsutbreiinga av sterkt partisipp kontra svakt: «Sterkt partisipp finst delvis på Vestlandet og i Trøndelag, svakt partisipp er einerådande i Nord-Noreg og på stordelen av Austlandet, og også vanleg på Vestlandet og i Trøndelag.»

Vurdering

Språkbrukarane har tydelegvis ikkje den oppfatninga at langforma i infinitiv heng saman med sterk bøying av verba. Av tabellen ovanfor med det vesle søket på *gli* og *by* ser me at presensformene *glid* og *byd* prosentvis står sterkare i forhold til *glir* og *byr* enn det infinitivane *glida* og *byda* gjer i forhold til *gli* og *by*. Det skulle tyda på at ein del forfattarar skriv *by – byd*, og *gli – glid*.

Derimot må ein rekna med at dei fleste som bruker den sterke bøyingsforma *glid* i presens, òg bruker den sterke partisippforma (*har*) *glide*. Spørsmålet blir dermed om me skal halda på både svak og sterk bøying av desse verba i presens og perfektum partisipp.

Ut frå tabellen ovanfor og undersøkingar det er vist til i 2002-innstillinga, ser det ut til at sterk bøying i presens står såpass sterkt at ho må vera med vidare, jamstilt med svak bøying.

Dei svake formene [*drar – dradd/dratt*], [*lar – latt*] og [*tar – tatt*] er svært mykje i bruk i skrift, og dei bør framleis ha ein plass i rettskrivinga.

Både talemålet og skriftmålet gir eit godt grunnlag for valfridom mellom sterkt og svakt presens og perfektum partisipp av dei nemnde verba som valfritt kan ha éi eller to stavingar i infinitiv. For systematikken sin del bør ein behandla alle desse verba mest mogleg som samla gruppe med alternativ bøying i presens og preteritum. Det kan gi gode pedagogiske reglar.

Når det gjeld *by(da)*, *gni*, *skli*, *stri(da)* og *vri*, har dei svake preteritumsformene av desse verba vore i nynorskrettskrivinga iallfall sidan 1959, og både den svake og den sterke forma er i bruk i skrift. Dei bør framleis ha valfridom mellom eit svakt og eit sterkt bøyingsmønster.

3.4.7.c Sluttkonsonant i preteritum av ein del sterke verb

Status i dag

Desse verba har i dag obligatorisk sluttkonsonant i preteritum:

be(da), dra(ga), gi/gje(va), stå [standa]

Preteritumsformene er i dag: *bad, drog, gav, stod [sto]*

Dessutan er det nokre verb som i dag har valfri sluttkonsonant etter diftongen *ei* i preteritum:

gli(da), gni(da), li(da), ri(da), skli(da), skri(da), stri(da), svi(da), vri(da)

Preteritum:

glei(d), gnei(d), lei(d), rei(d), sklei(d), skrei(d), strei(d), svei(d), vrei(d)

Framlegg til ny rettskriving

- Preteritumsformene *bad, drog* og *gav* skal framleis vera eineformer i nynorsk-rettskrivinga. Preteritumsforma *[sto]* fell bort, og *stod* blir eineform.
- Verba med valfri sluttkonsonant etter diftongen *ei* i preteritum skal framleis ha valfrie former med eller utan sluttkonsonant: *glei/gleid*.

Normhistorikk

Denne tabellen viser utviklinga av stum sluttkonsonant i preteritum av sterke verb:

Aasen	1917	1938	1959
<i>bad</i>			
<i>drog</i>			
<i>gav</i>			
<i>stod</i>		<i>stod [sto]</i>	
<i>gleid</i>			<i>glei el. gleid</i>

I 1917-rettskrivinga vart det gjort ein god del for å få mest mogleg samsvar mellom nynorsk og bokmål når det galdt former med og utan stum *d*. I førearbeidet til 1938-rettskrivinga vart dette arbeidet følgt opp. Det vart peika på at *d* mellom vokalar eller i utlyd etter vokal og diftong er eit vanskeleg punkt.

[...] i mange stutte rotord og verb i infinitiv er det naturleg å stryke *d*, men i mange avleidingar og samansetningar er det bruk for han, anten av di han høyrer i uttalen, eller av di han er nyttig for forståing og samanheng. Snart å skriva *d* og snart å stryka han, synest då samanhengslaust og upedagogisk. (*Tilråding om ny rettskrivning* 1935, s. 28–29)

Framlegg til læreboknormal 1957 seier om bad, drog, gav og stod:

For nyno. er det ikkje lett å gå over til formene *ba, ga, dro*. Det skulle ikkje vera noko i vegen for å halda oppe ei fortidsform med *d* enda om ein i infinitiv og presens har kortform. Som nemnt kjem konsonanten inn att i mange avleiingar. Det kan òg nemnast at sv. [svensk] som kortform til *bedja* har *be*, til *giva*: *ge*, til *draga*: *dra*, men fortid berre *bad, gav, drog*. (S. 58)

Vidare sa nemnda bak læreboknormalen:

det kan vera forsvarleg å stryke *d*'en i *stod* for di det no ikkje er *d* i noko av måla i infinitiv og partisipp; *sto* er òg den einaste av desse fortidsformene der det er tillati å sløyfe konsonanten i nyno. (Sst. s. 58)

I brev frå departementet 5.12.2000 vart det spurt særskilt om nynorskseksjonen kunne vurdera å jamstilla former som *ba, dro, ga* og *sto* med *bad, drog, gav* og *stod*. Det er grunnen til at spørsmålet vart reist i 2002-innstillinga og i denne utgreiinga.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

I alle dei ti forfattarskapane frå 1930-åra som Vikør (1995b) undersøkte, er forma *stod* skriven med *-d*. I 1950-åra har Ulstein og Vigerust *sto*. Hauge og Vigerust brukte dessutan forma *ga*. Blant 1970-talsforfattarane bruker halvparten *-d*-lause former.

Nynorsk frekvensordbok (1978–84) viser denne fordelinga i bruken: *stod* 84 %, *gav* 81 %, *bad* 77 % og formene utan sluttikonsonant: *sto* 16 %, *ga* 19 %, *ba* 23 %.

Søk i nynorskkorpuset på desse preteritumsformene gav desse resultatata:

stod	Ca. 3000	[sto]	970
bad	Ca. 350	*ba ¹⁷	55
gav	Ca. 2900	*ga	185
drog	Ca. 4000	*dro	2

Eit søk i nynorskkorpuset gav 300 treff på *glei* og 280 på *gleid*. *Gleid* står naturleg nok litt sterkare i eldre tekstar enn *glei* gjer, men begge står stadig sterkt i moderne norsk.

Talemålsgrunnlag

2002-innstillinga seier om talemålsgrunnlaget for å skriva desse «stumme konsonantane»:

Det er ikkje vanleg å uttala *d*-en i *bad* og *stod*. På Sør-Austlandet og Sørlandet især blir *drog* uttala utan *g*, men *g*-lyden er vanleg elles i landet. *Ga* er den vanlegaste

¹⁷ Formene *ba, ga* og *dro* er ikkje tillatne i nynorsk i dag.

talemålsforma over heile landet, men *gav* finst i ein del bygder, til dels skiftande med *ga*. (S. 93)

Vurdering

Isolert sett kan det synast enklast for folk flest å læra seg formene utan stum *-d*: *ba*, *sto*. Men *g*-en i *drog* blir uttala i mange dialektar i tradisjonelle nynorskstrøk. Også *v*-en i *gav* blir uttala i somme område. Formene med sluttkonsonant dominerer dessutan i nynorsk rettskriving, og denne konsonanten kjem att i andre former av same ord, t.d. *givar*, *givast* og *gjev*, *gjeve* til *gje(va)*.

Stumme konsonantar er elles ikkje framande i rettskrivinga på andre område, jf. *land*, *tid*, *brød*.

Skrivemåten med stumme konsonantar synest å vera i godt samsvar med etablert nynorsk språkbruk. Skal me velja eit gjennomført system som samtidig ikkje krev at språkbrukarane må læra seg mykje nytt, verkar det fornuftig å gå inn for formene med konsonant: *bad*, *drog*, *gav*. Det gjeld òg preteritumsforma *stod*, som har hatt klammeforma [*sto*].

Når det gjeld preteritumsformene med valfri sluttkonsonant etter diftongen *ei*, ser det ut til at formene med og utan sluttkonsonant står om lag like sterkt i nynorsk skriftmål i dag, og det er vanskeleg å kutta ut den eine framfor den andre.

3.4.7.d Verbet *gi/gje(va)*

Status i dag

Formene *gi*, *gje* og *gjeva* er i dag jamstilte.

Framlegg til ny rettskriving

- *Gi* og *gje* og *gjeva* skal vera jamstilte verbbøyingar framleis. Bøyinga blir som før, bortsett frå at partisippforma *gjevi* går ut:
gi – gir – gav – gitt eller *gje/gjeva – gjev – gav – gjeve*

Normhistorikk

Statusen til dei tradisjonelle og dei «nye» formene gjennom tidene kan lettast framstillast i ein tabell:

Aasen	1917	1938	1959
<i>gjeva – gjev gav – gjeve</i>	<i>gjeva [gi] – gjev [gir] – gav – gjeve</i>	<i>gje/gjeva – gjev – gav – gjevi [gjeve] [gi – gir – gav – gitt]</i>	<i>gje/gjeva – gjev – gav – gjeve/gjevi el. gi – gir – gav – gitt</i>

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Forfattarundersøkinga til Vikør (1995b) viser at fire av 30-talsforfattarane brukte bøyinga *gi – gir – gitt*, ein brukte *gje – gjev – gjeve*. Vaage, som også elles valde langformene, hadde *gjeva*. Fire brukte kortforma *gje*. Tre av dei ni forfattarane frå 1950-åra brukte *gi*, og langforma *gjeva* finst berre hjå Høydal. I 1970-åra kunne forfattarane velja mellom tre valfrie hovudformer: *gi/gje/gjeva*. I dei undersøkte tekstane frå desse åra dominerer *gi* (brukt av åtte–ni av forfattarane) over *gje*. Langforma er ikkje brukt.

Talemålsgrunnlag

«Talemålsgrunnlaget for tostavingsformene er svært svakt, men det er ikkje undersøkt nøyaktig», står det i 2002-innstillinga s. 90.

Vidare står det på s. 91: «Talemålsgrunnlaget er godt for begge formene av *gi* og *gav* [truleg meint *gje*].»

Vurdering

Både *gi* og *gje* blir brukte i skrift så mykje at det talar for at dei begge får plass i norma. Også langforma *gjeva* er noko i bruk i skrift og bør takast med i norma vidare.

3.4.8 Nokre tradisjonelle verbformer

3.4.8.a Verba få, gå [ganga], slå, slåst, stå [standa]

Status i dag

I dag har verba *få, gå [ganga], slå, slåst* og *stå [standa]* denne bøyinga:

få – får [fær] – fekk [fikk] – fått [fenge/fengi]
gå – går – gjekk [gikk] – gått [ganga – gjeng/gjenger – gjekk – gjenge/gjengi, imp. gakk]
slå – slår [slær] – slo – slått/slege/slegi
slåst – slåst [slæst] – slost – slåst/slegest/slegist
stå – står – stod [sto] – stått [standa – stend/stender – stod/sto – stade/stadi, imp. statt]

Framlegg til ny rettskriving

For verba *få, gå, slå, slåst* og *stå* går klammeformene [fikk] – [fær – fenge/-i], [gikk] – [ganga – gjeng/gjenger – gjenge/gjengi] – [gakk], [slær] og [slæst], [sto], [standa – stend/stender – stade/stadi] og [statt] ut or norma. Verba skal bøyast slik etter ny rettskriving:

få – får – fekk – fått
gå – går – gjekk – gått
slå – slår – slo – slått/slege
slåst – slåst – slost – slåst/slegest
stå – står – stod – stått

Normhistorikk

Denne tabellen viser når dei tradisjonelle og dei «nye» formene kom inn:

Aasen	1917	1938	1959	1983
<i>få – fær – fekk – fenget</i>	<i>få – fær/får – fekk – fenge/fått</i>	<i>få – får – fekk – fått – [fengi/fenge] (i poetisk stil)</i>	<i>få – får – fekk [fikk] – fått</i>	<i>få – får [fær] – fekk [fikk] – fått [fenge/fengi]</i>
<i>ganga – gjeng – gjekk – gjenget</i>	<i>ganga/gå – gjeng/går – gjekk [gikk] – gjenge/gått</i>	<i>ganga – gjeng – gjekk – gjengi [gjenge] (i poetisk stil) el. gå – går – gjekk [gikk] – gått</i>	<i>ganga – gjeng – gjekk – gjenge/gjengi (i poetisk stil) el. gå – går – gjekk [gikk] – gått</i>	<i>ganga – gjeng – gjekk – gjenge/gjengi el. gå – går – gjekk [gikk] – gått</i>
<i>slå – slær – slo – sleget</i>	<i>slå – slær [slår] – slo – slege [slått]</i>	<i>slå – slær/slår – slo – slegi [slege]/slått</i>	<i>slå – slår [slær] – slo – slege/slegi/slått</i>	
<i>standa – stend – stod – stadet</i>	<i>standa/stå – stend/står – stod – stade</i>	<i>standa – stend – stod [sto] – stadi [stade] (i poetisk stil) el. stå – står – stod [sto] – stått</i>	<i>standa – stend – stod [sto] – stade/stadi (i poetisk stil) el. stå – står – stod [sto] – stått</i>	<i>standa – stend – stod [sto] – stade/stadi el. stå – står – stod [sto] – stått</i>

I årsmeldinga for Norsk språkråd frå 1981 står det:

Opplysningen «poetisk» om ordene *gange*, *stande* og formen *fengen* (av *få*) i ordlister utgår. Ordene får denne oppføringen:

[gange – gjeng – gjekk – gjenge]
 [stande – stend – sto(d) – stade]
 få – får – fekk [fikk] – fått [fenge]

[fær] [fenge]

Etter 1917 kom dei svake presens- og perfektum partisipp-formene *får* og *fått* inn jamsides med *fær* og *fenge*. Etter 1938-rettskrivinga var både *fær* og *fenge* borte frå ordlistene, og om *fengi* står det i Skards *Nynorsk ordbok* frå 1945 at det kan brukast «i poesi». Presensforma *fær* kom fyrst inn att i rettskrivinga, og då som klammeform, etter eit vedtak i Norsk språkråd i 1983.

Forma [gikk] kom inn som klammeform i 1917, [fikk] fyrst i 1959.

[slær]

Formene *[slår]* og *[slått]* kom inn i rettskrivinga i 1917, men då som klammeformer til *slær* og *slege*. *Tilleggstilråding om ny rettskriving 1936* (s. 10) rådde til at *slær* vart klammeform i nynorsk, men *Ny rettskriving 1938* jamstilte *slær* med *slår*. Med *Ny læreboknormal 1959* fekk *[slær]* klammeformstatus, og det har forma hatt sidan den tid.

[slæst]

Nynorsk ordbok frå 1920 har denne bøyinga: *slåst – slæst [slåst] – slost – slegest*. Etter 1938 var presensformene *slæst/slåst* jamstilte, mens 1959-normalen gjorde *[slæst]* til klammeform.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Vikør (1995b) har i undersøkinga si funne at det berre er Vesaas av forfattarane frå 1930-åra som bruker formene *fær – fenge*. Han skriv dessutan *slær*, som tre andre òg gjer. Av 1950-talsforfattarane er det berre Høydal som skriv *fenge*. Ingen av forfattarane frå 1970-åra bruker desse verbformene lenger.

Nynorsk frekvensordbok, som byggjer på dei vanlegaste orda i skriftleg nynorsk henta frå aviser, sakprosa og romanar i tida 1978–1984, har 14 belegg på *fær*, mot 1424 på *får*.

Ingen av dei undersøkte forfattarane frå 1930-åra har brukt formene *ganga* og *gjeng*, men partisippforma *gjenge* er nytta av éin. Heller ikkje *standa* og *stend* var brukte, men tre av forfattarane brukte *stade*. Ingen av dei undersøkte 1950-talsforfattarane har brukt nokon av desse formene, og dei vart heller ikkje funne hjå forfattarane frå 1970-åra.

Talemålsgrunnlag

Me har inga talemålsundersøking å visa til her.

Vurdering

Formene *[fikk]*, *[fær – fenge/fengi]*, *[gikk]*, *[ganga – gjeng/gjenger – gjenge/gjengi]* – *[gakk]*, *[slær]* og *[slæst]*, *[sto]*, *[standa – stend/stender – stade/stadi]* og *[statt]* har vore tilgjengelege som klammeformer lenge, utan at dei har vore brukte mykje. Det same gjeld dei tradisjonelle formene *ganga* og *standa* med formene som høyrer med. Berre sporadisk ser me dei i skrift. Nemnda gjer derfor framlegg om at desse formene kan gå ut or rettskrivinga.

3.4.8.b Preteritumsformene lagde og sagde

Status i dag

Verba *seia* og *legga* *[legga]* har i dag denne bøyinga:

leggja [legga] – legg – la/lagde – lagt og seia – seier – sa/sagde – sagt

Framlegg

For verba *leggja* og *seia* går preteritumsformene *lagde* og *sagde* ut or rettskrivinga.

Normhistorikk

Om desse orda står det i 2002-innstillinga (s. 130):

Oppføringa for *seie* var i *Den nye rettskrivning II. Landsmål* frå 1918 *segja [seia] – sa(gde) – sagt*. Verbet *leggje* var ikkje teke med der, men i *Landsmaals-ordlista* til Matias Skard frå 1903 finn ein *leggja – legg – lagde/la – lagt*. Preteritumsformene *la/lagde* og *sa/sagde* har sidan vore jamstilte.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

2002-innstillinga (s. 139) opplyser at *Nynorsk frekvensordbok* har 1589 belegg på forma *sa*, ingen på *sagde*, 289 på *la*, ingen på *lagde*.

Talemålsgrunnlag

Her har me inga nyare undersøking å visa til.

Vurdering/konklusjon

Som nemnt gjekk 2000-framlegget inn for å ta ut forma *sagde*. At *lagde* ikkje vart teke med i same vedtaket, er ein opplagd mangel og blir retta opp no. Preteritum på *lagde* og *sagde* er så å seia heilt ute av bruk.

3.4.8.c Bøying av tre(da) og trå

Status i dag

Verbet *tre(da)* ('trø', tre fram) har i dag denne bøyinga:

tre(da) – trer/tred [treder] – tro(d) – trede/tredi el. *tre(de) – tre(de)r – tredde – tredd/tredt*

Verbet *trå* (gå, stiga) har i dag denne bøyinga:

trå – trår [trær] – trådde/tro(d) – trådd/trått/trede/tredi

Framlegg til ny rettskriving

Det sterke bøyingsmønsteret og langforma i infinitiv og presens av verbet *tre(da)*: *treda* – *tred(er)* – *tro(d)* – *trede/tredi/tredt* går ut or rettskrivinga. Ny bøyning blir:

tre – *trer* – *tredde* – *tredd/trett*

Dei sterke bøyingsformene til verbet *trå*: [*trær*] – *tro(d)* – *trede/tredi* går ut or rettskrivinga. Ny bøyning blir:

trå – *trår* – *trådde* – *trådd/trått*

Normhistorikk

Utviklinga desse to verba har vore gjennom, kan lettast framstillast slik:

Aasen	1917	1938	1959	1985	1991
<i>traa</i> og <i>traada</i> s. <i>treda</i>	<i>trå</i> – <i>trådde</i>	<i>trå</i> – <i>trår</i> – <i>trådde</i> – <i>trått</i>	<i>trå</i> – <i>trår</i> – <i>trådde/tro(d)</i> – <i>trådd/trått</i>	<i>trå</i> – <i>trår</i> [<i>trær</i>] – <i>trådde/tro(d)</i> – <i>trådd/trått/trede/</i> <i>tredi</i>	
<i>treda</i> – <i>tred</i> – <i>trod</i> – <i>tradet</i>	<i>treda</i> – <i>tred</i> – <i>trod</i> – <i>trode</i>	<i>treda</i> – <i>tred</i> – <i>trod</i> – <i>tradi</i>	<i>tre(da)</i> – <i>tred/trer</i> – <i>tro(d)</i> – <i>trådd</i>	<i>tre(da)</i> – <i>tred[er]/trer</i> – <i>tro(d)/trådde</i> – <i>trede/trådd/trådt</i>	<i>tre(da)</i> – <i>tre(de)r/tred</i> – <i>tredde/tro(d)</i> – <i>tredd/tredt/</i> <i>trede/tredi</i>

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Eit søk i nynorskorpuset gir 60 treff på *trod* – dei aller fleste frå Fedraheimen. Søk på *tredde* gir ca. 190 treff – svært mykje frå odelstingsproposisjonar og stortingsmeldingar. Det same gjeld *trådde*, der det òg er ca. 190 treff, mest i offentlege dokument. Begge verba blir brukte mykje i uttrykk som «trådde i kraft».

Talemålsgrunnlag

Her har me inga undersøking å visa til.

Vurdering

Det er unødvendig med så mange alternative bøyingsformer for desse to verba, som er heller sjeldne i bruk. Nemnda rår til at dei svake bøyingsmønstera av begge verb blir eineformer.

3.4.9 Verb med preteritum på *-de* eller *-te*

Status i dag

Dei fleste j-verb og e-verb har i dag valfridom mellom *-de* og *-te*, men normstatusen åt dei to endingane skiftar noko. Endinga *-de* er hovudform i e-verb som tradisjonelt hadde berre *-de*, og *-te* er klammeform. Verba med stammeutgang på vokal eller på *d, g* eller *v* har *-de* som eineform.

Framlegg til ny rettskriving

- 1 Dei fleste j-verb skal ha endinga *-de* som eineform i preteritum: *talde, vande, varde*. J-verb med stammeutgang på ustemd konsonant (*k, p, s, t*) skal ha *-te* i preteritum: *sette, druste*.
- 2 E-verb med stammeutgang på vokal eller på *d, g* eller *v* (konsonantane i V-DAG) får endinga *-de* i preteritum og *-d* eller *-t* i supinum:
 - *byggde – har bygd* el. *bygt*
 - *trudde – har trudd* el. *trutt*
- 3 E-verb med stammeutgang på *f, l, s, k, p, t* eller *r* (konsonantane i FLASKEPOSTAR) har endinga *-te* i preteritum. Unntak er *neglde, siglde, høyrde, kørde* (jf. pkt. 4).
 - *kjøpte – har kjøpt*
 - *lærte – har lært*
- 4 E-verb som ikkje høyrer inn i punkt 2 eller 3 ovanfor, kan delast inn i fire grupper:
 - Verb med diftongen *øy* i rota får *-de*: *drøymde, høyrde*.
 - Verb med stammeutgang på konsonantgruppene *-gl, -gn, -mn, -rd, -ld, -nd* og *-ng* får *-de*: *siglde, femnde, hende, ringde*.
 - Verb med stammeutgang på *-m(m)* og *-enn* får valfritt *-de* eller *-te*: *skremde, brende*.
 - Verb med stammeutgang på vokal + *-n* får *-te*: *ante, synte*.

Felles for alle verba i punkt 4 er at dei får *-t* i supinum, også når preteritum har *-de*.

Vedlegg 6 inneheld ei liste over e-verb som høyrer inn i punkt 4 ovanfor.

Normhistorikk

Preteritumsformene av j-verb og e-verb kan lettast framstillast slik:

Aasen	1917	1938	1959	1986
<i>talde</i>				<i>talde [talte]</i>
<i>dømde</i>	<i>dømde/dømte</i>	<i>dømde [dømte]</i>		
<i>melde</i>		<i>melde [meldte]</i>		
<i>kvilde</i>	<i>kvilde/kvilte</i>	<i>kvilde [kvilte]</i>	<i>kvilte</i>	
<i>tolde</i>	<i>tolde/tolte</i>	<i>tolde [tolte]</i>	<i>tolde el. tolte</i>	
<i>laante</i>	<i>lånte</i>			
<i>kjende</i>	<i>kjende/kjente</i>	<i>kjende [kjente]</i>		
<i>lærde</i>		<i>lærde [lærte]</i>	<i>lærte¹⁸</i>	<i>lærde/lærte</i>
<i>køyrde</i>				<i>køyrde [køyrte]</i>

Det er særleg etter *l*, *n* og *r* det har vore varierende formval. Grunnen er at det er vanskeleg å finna ein sams regel for kvar av dei tre gruppene.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Vikørs (1995b) studie av forfattarskapar viste at *-de* i preteritum av e-verb på *l*, *n*, *mm* og *r* dominerte hjå åtte av forfatarane frå 1930-åra.

Av forfatarane frå 1950-åra har fem valt preteritum på *-de* og tre *-te*-endinga i verb på *r*. Etter 1959 var preteritum på *-te* eineform i verb på *r*, og ingen av 1970-talsforfatarane gjennomførte preteritumsformer på *-de* i slike verb. Fire veksla likevel mellom *-de* og *-te* frå verb til verb (Brodal, Fløgstad, Obrestad og Sande), dei andre valde *-te*-endinga.

2002-innstillinga henta inn opplysningar frå *Nynorsk frekvensordbok*:

Frekvensordboka viser at *-te* er nærast einerådande etter *l* og *n* (med unntaket *kjende*), og same endinga dominerer etter *m*. Men etter *ld*, *nd* og *ng* dominerer *-de*. Ved utgang på *-r* er frekvensane jamnare fordelte på *-te* og *-de*. (S. 105)

Talemålsgrunnlag

2002-innstillinga seier om bruken av *-de* og *-te* i preteritum av e-verb:

Spørjeundersøkinga som Språkrådet gjennomførte hausten 1999, viste at 47 % av dei spurde valde preteritum på *-te* av verb av *brenne*-typen (transitivt), 30,5 % ville ha *-de*-forma. (...)

Etter *l* er endinga *-te* mest einerådande eller fullstendig dominerande i alle landsdelane. (...) Etter *m*, *nn*, *ng*, *ld* og *nd* står *-de* sterkt i midlandsmålet, og i dialektane i Sogn og Fjordane og på Sunnmøre. Elles dominerer *-te*.

¹⁸ I *Ny læreboknormal* 1959 vart det slått fast at alle verb frå *dømme*-klassen med rotutlyd på *-l* og *-r* skulle ha *-te* i preteritum (*kvilte*, *tolte*, *førte*, *lærte*). Unntaka var *høyrde*, *køyrde*, *gjorde*, *torde*.

Når det gjeld endinga etter *r*, kan ein i kortform seia at endinga *-te* dominerer i Ryfylke, Hordaland, Romsdal, Sør-Trøndelag og er einerådande i Nord-Noreg. Endinga *-de* rår i midlandsområdet, og står nokså sterkt i Nord-Trøndelag og på Helgeland, medan begge endingane blir brukte på Aust- og Sørlandet, Jæren, i Sogn og Fjordane og på Sunnmøre. (S. 104)

Vurdering

Då klammeformene med *[-te]* fyrste gongen kom inn i nynorsk, dvs. til dels i 1917 og i større grad med 1938-rettskrivinga, var det både som tilnæringsformer og på grunn av ei dialektutvikling som var i gang alt den gongen. Det er viktig å hugsa på at tidlegare normerarar har kunna spela på systemet med hovudformer og sideformer. Med det kunne dei forma «midtlinjenorma», dvs. lærebokspråket og statsspråket, samtidig med at norma tok omsyn til språkbrukarar som valde former som plasserte seg meir i ytterkanten av nynorsken.

Spørsmålet er om det har vore nokon pedagogisk lette å få lov til å skriva formene med *[-te]*. Bøyinga av *j*- og *e*-verb har iallfall vorte svært uoversiktleg, og mange lærarar har tykt det var vanskeleg å retta, fordi dei stadig må slå opp former som er uvande for dei.

Dei formene rettskrivingsnemnda vel no, skal kunna stå i lærebøker og brukast i statsspråk. Når me no skal finna fram til den slitesterke midtlinjenynorsken, synest det fornuftig å velja dei formene som har prega nynorsk sakprosa fram til i dag. Då er det viktig å læra nokre temmeleg eintydige reglar som kan brukast på store grupper av ord. Å stramma inn her er såleis mindre problematisk enn å stramma inn i skrivemåten av enkeltord. Ei innstramming inneber at me går tilbake til den tradisjonelle bøyinga av *j*-verb og *e*-verb.

Ulempa med reglane i framlegget er:

- Språkbrukarane må greia kjenna att eit *j*-verb, dersom dei skal kunna følgja regel 1. Mange vil lett blanda dei saman med *e*-verb som har palatal skrivemåte, t.d. *byggja*.
- Verb med stammeutgang på *-n* kan ikkje passast inn i desse reglane. Nokre av dei får i dag *-de [-te]* i preteritum, andre *-te*.
- Ingen regel utan unntak; fire ord kan ikkje passast inn i gruppa med *e*-verb som har stammeutgang på *-r*: *gjera – gjorde, høyra – høyrde, køyra – kørde, tora – torde*.

Fordelen er:

- Reglane er få og gjeld store grupper av verb.
- Dei kan følgjast så å seia fullt ut, fordi det berre er få unntak.
- Dei sikrar at det ikkje blir eit press på dei tradisjonelle formene med *-de*.

Nokre j-verb har fått ei parallell form som blir bøygd som e-verb, til dømes *drynja*, som har den parallelle forma *drønna*. Desse «nye» formene blir bøygde som a-verb eller e-verb, jf. punkt 3.4.11.

E-verb med stammeutgang på *-l* får så å seia gjennomført stammeutgang på *-te*, men det er eit par unntak: *neglde*, *seglde* og *siglde*. Dei skal no ha *-de* som eineform.

Under e-verb med stammeutgang på *-n* er det nokre som får *-de* [*-te*], og mange som får *-te*, slik rettskrivinga er i dag. Framlegget går ut på at dei verba som har stammeutgang på *-gn*, *-mn* og *-enn*, no får *-de* som eineform: *regnde*¹⁹, *nemnde*, *brende*. Andre verb med stammeutgang på *-n* får *-te* i preteritum som før: *lånte*, *meinte*.

Også e-verb med diftongen *øy* i rota får endinga *-de* i preteritum: *høyilde*, *gløymde*.

Verb med stammeutgang på *-m(m)* som i dag får *-de* [*-te*], får valfritt *-de* eller *-te* i den nye rettskrivinga: *kjemde/kjemte*, *rømde/rømte*.

Oversikta i vedlegg 6 viser kva for følgjer framlegget har for e-verb i punkt 4 ovanfor.

3.4.10 Supinumsformer av nokre verb

3.4.10.a Valfritt supinum av verb på *-o*, *-d*, *-g*, *-v*

Status i dag

Saka gjeld svake verb der stammen endar på vokal (*nå*, *sy*) eller på *-d*, *-g* eller *-v* etter vokal (*arbeida*, *byggja*, *leva*). Dessutan femner saka om sterke verb som kan ha kortform eller langforma *-da* i infinitiv, og som får svak bøyning i partisipp (*be(da)*, *ri(da)*).

Verb som berre har kortform i infinitiv og endar på vokal, får i dag *-dd* eller *-tt* i inkjekjønnsforma av partisippet (supinum):

nå – *nådd/nått*
sy – *sydd/sytt*

Verb med stamme som endar på *-d*, *-g* eller *-v* etter vokal, får *-dd/-dt*, *-gd/-gt* og *-vd/-vt*:

arbeida – *arbeidd/arbeidt*
byggja – *byggd/bygt*
leva – *levd/levt*

Verb som har stammeutgang på *-d*, og som kan ha kort eller lang form i infinitiv, får *-dd* eller *-dt* i inkjekjønnsforma av partisippet:

blø/bløda – *blødd/blødt*
li/lida – *lidd/lidt*

¹⁹ *Regna* kan òg vera a-verb. Det gjeld fleire verb i punkt 4 ovanfor, jf. vedlegg 6.

Framlegg til ny rettskriving

- Verb med stamme som endar på vokal, får *-dd/-tt* som ending i supinum, slik som før: *sydd/sytt*.
- Verb med stamme som endar på *-d, -g, -v*, får *-dd/-dt, -gd/-gt* og *-vd/-vt* som ending i supinum, slik som før: *arbeidd/arbeidt, bygd/bygt, levd/levt*.
- Verb som har stammeutgang på *-d*, og som kan ha kort eller lang form i infinitiv, får *-dd* eller *-dt* i supinum: *blødd/blødt*.
- Partisippformene av *seia, legg(j)a, ha* og dei svake partisippformene av *ta* og *la* får *-t(t)* i supinum: *sagt, lagt, hatt, tatt, latt*.
- Den svake partisippforma av *dra* kan ha *-dd* eller *-tt* i supinum: *dradd* eller *dratt*.

Normhistorikk

Tabellen viser utviklinga i partisippet etter *har* av verb med stamme som endar på *-0, -d, -g* eller *-v*:

Aasen	1917	1938	1959
<i>sytt</i>	<i>sytt [sydd]</i>	<i>sytt</i> el. <i>sydd</i>	
<i>bygt</i>	<i>bygt [bygd]</i>	<i>bygt</i> el. <i>bygd</i>	
<i>levt</i>	<i>levt [levd]</i>	<i>levt</i> el. <i>levd</i>	
<i>ridet</i>	<i>ride</i>		<i>ridt</i> el. <i>ridd</i>

Svake verb med obligatorisk *-(d)de* i preteritum fekk altså valfridom mellom partisippbøyinga med *-(d)d* og *-(t)t* alt i 1917. Det same gjorde dei med *-gde* og *-vde* i preteritum. Sterke verb som alternativt kan få svak supinumsform i dag, hadde berre sterkt supinum fram til 1959.

I 2002-innstillinga står det:

Tilråding om ny rettskrivning 1935 råde til at *nådd* vart oppført som normalform for det verbet, og viste til at Hans Ross allereie for ein mannsalder sidan skreiv at denne bøyingsforma såg ut til å vilja breia seg lenger sør- og vestetter slik som ho før hadde lagt under seg 'de østlandske mål, de nordenfjelske mål og bymålene, og er blitt helt enerådende i bokmål'. Dessutan brukte nynorskforfattarar som Duun, Krokann og Koht desse formene. Tilrådinga råde like eins til at partisippformene *bygd* og *levd* vart valde som normalformer. (S. 96)

Framlegg til læreboknormal 1957 peika på at partisippformene *nådd/nått, vågd/vågt* og *levd/levt* hadde ei dialektgeografisk fordeling som tilsa at dei framleis måtte vera valfrie.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Vikørs forfattarundersøking (1995b) viser at fire av forfattarane frå 1930-åra brukte *-t(t)*, (*bygt, levt, nått, trutt*), ein var konsekvent i *-d(d)*-bruken, og dei fem andre

valde ulike kombinasjonar av *d(d)* og *t(t)*, mellom anna det mønsteret at *-t* vart brukt etter konsonant og *-dd* etter vokal (*bygt, levt*, men *nådd*). I 1950-åra valde fem av forfattarane *-d(d)*, to valde *-t(t)*, og to veksla mellom *-d* og *-t*. I forfattarskapane frå 1970-åra finn ein supinumsformer på *-d(d)* hjå sju (*bygd, levd, nådd*), ingen brukte *-t(t)*-endinga (*nått*), mens tre brukte både *-d* og *-t* (*bygt, levt, nådd*).

Mønsteret med *-t* etter konsonant og *-dd* etter vokal, dvs. *bygt* og *levt*, men *nådd, lidd*, er kjent frå fleire forfattarar. Det er eit mønster som er godkjent i gjeldande rettskriving.

Eit søk i nynorskorpuset på *nå, by, byggja, via* og *leva* gir desse treffa:

Verb inf. -0	Verb inf. -0 el. -d-	Verb inf. -g-	Verb inf. -v-	Verb p.p. -dd		Verb p.p. -dt/-tt	
<i>nå</i>				<i>nådd</i>	1000	<i>nått</i>	12
		<i>byggja</i>		<i>bygd</i> ²⁰	800	<i>bygt</i>	1125
		<i>vigja</i>		<i>vigd</i>	125	<i>vigt</i>	10
			<i>leva</i>	<i>levd</i>	850	<i>levt</i>	120
	<i>by/byda</i>			<i>bydd</i>	103	<i>bydt</i>	0

Talemålsgrunnlag

Inkjekjønnsforma av perfektum partisipp (supinum) av verb med utgang på *-d*, *-g* og *-v* endar stort sett på *-t* i midlandsområdet, i Ryfylke, Hordaland, Sogn og Fjordane og på Sunnmøre. Endinga *-d* dominerer på Austlandet (unnateke midlandsområdet og noko av flatbygdmåla) og Sørlandet, er einerådande i Romsdal, Trøndelag og i Nord-Noreg, mens begge er brukte på Jæren.

I *Framlegg til læreboknormal 1957* blir det opplyst at partisippformene av typen *bygd/bygt* og *levd/levt* har om lag same utbreiing som *nådd/nått*.

Vurdering

Ifølgje 2002-innstillinga breier supinumsforma *-d* seg i skrift og i tale, men framleis er formene med *-t* i bruk ein god del, særleg etter *-g* og *-v*. Når det gjeld verb som har kortform i infinitiv (*sy, be*), og verb som kan ha langform på *-da* (*li(da), by(da)*), må ein vita om verbet òg har ei lang form i infinitiv, for å vita om det skal vera *-tt* eller *-dt* i partisippet (*sy – sytt*, men *li(da) – lidt*).

Supinumsformene med *-t* er dei tradisjonelle formene som gjer det mogleg å ha samsvarbøying av partisippet også i inkjekjønn. Sidan desse formene enno står såpass sterkt i nynorsk skriftradisjon, og i talemålet i store delar av dei nynorske kjerneområda, synest det riktig å la formene med *-d* og *-t* vera valfrie.

Supinum av verba *seia, leggja, ha, ta* og *la* kan ikkje ha *-d*: *sagt, lagt, hatt, tatt* og *latt*.

²⁰ Partisippet *bygd* er ikkje tagga som partisipp i nynorskorpuset, men kjem opp saman med substantiv. Det er derfor mykje arbeid å telja opp døma på partisippet *bygd*, og dette er eit grovt overslag.

Før 1986 kunne heller ikkje verbet *teia* få *-d*. Det har i dag valfri bøyning *tagd* eller *tagt*.

3.4.10.b [-d]-bortfall i supinum av verb med -de i preteritum

Status i dag

Verb med *-de* i preteritum (dvs. j-verb og e-verb) som ikkje høyrer til gruppene under 3.4.10.a, har klammeform på [-d] i supinum etter *har*: *har kjent* [kjend], det er *kjent* [kjend].

Framlegg til ny rettskriving

- Svake verb med preteritum på *-de* skal ha *-t* i supinum: *har kjent, det er kjent*. Klammeforma på [-d] fell bort.
- Unntak er verb med *-dde, -gde* og *-vde* etter vokal i preteritum; dei skal etter framlegget i punkt 3.4.10.a ha *-d* eller *-t* i supinum som i dag (typen *nådd, arbeid, bygd, kravd, blødd*).

Normhistorikk

Klammeformer av typen [*har kjent*] kom inn i nynorsk rettskriving i 1986. I årsmeldinga frå Norsk språkråd for det året står det:

3 Verb frå dømme- og telje-klassen på l, ld, m, n, nd, r og rd og preteritum på *-de* får tillaten sideform på *-d* i supinum og inkjekjønn eintal av perfektum partisipp, t.d. *brende har brent* [brend], *torde – har tort* [tord], *burde – har burt* [burd]. Unntak er *gjorde – har gjort*.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Det er ikkje systematisk undersøkt.

Talemålsgrunnlag

Det er grunnlag for supinumsformer som *brend* og *tord* etter *har* i mange dialektar, særleg nordpå.

Vurdering

Eit argument for å innføra supinumsformer med *-d* var at mange i talemålet har samsvar mellom preteritums- og partisippformene. Formene med *-t* var godt innarbeidde før, og det viser seg at formene med *-d* ikkje er tekne i bruk i skrift i særleg grad. Det synest derfor å vera lite behov for supinumsformene med *-d* som vart innførte i 1986.

3.4.11 Bøying av nokre enkeltverb

Status i dag

Nynorsk har ein del verb som blir bøygde som e-verb, men som er a-verb i bokmål, og til dels i mange dialektar. Verba av den typen som er vurderte her, er:

arbeida, brøyta, byta, dekkja, drønna, dønna, gremma, knyta, lada, leia, lengja, lønna, merkja, skada, styrkja, stønna og *svekkja*

I tillegg inneheld dette punktet nokre verb som ofte blir bøygde på ein annan måte enn det mønsteret dei har i nynorsk rettskriving i dag:

- *trena* (er a-verb i nynorsk, men blir ofte bøygd som e-verb)
- *skylja* (er j-verb i nynorsk, men blir ofte bøygd som e-verb)
- *eiga, nyta, strekkja, veksa*

Framlegg til ny rettskriving

- Nokre verb som i dag berre kan vera e-verb, får no valfri bøying som a- eller e-verb. Det gjeld *brøyta, drønna, dønna, gremma, lada, leia, skada, stønna*.
- Nokre andre verb får endra bøying, i dei fleste tilfelle ved at det kjem inn ei valfri form i tillegg til den eksisterande. Døme: *eiga, åtte, ått*; el. *eigde, eigd/eigt*.

Oversynet nedanfor viser kva for verb framlegget gjeld:

Dagens rettskriving	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad
arbeida arbeider, arbeidde, arbeidd el. arbeidt		arbeida arbeider, arbeidde, arbeidd/arbeidt	Vurdert, ikkje endra
brøyta brøyter, brøytt, brøytte		brøyta brøyter, brøytt, brøytte; el. <i>brøytar, brøyta, brøyta</i>	Vurdert og endra bøyinga
byta byter, bytte, bytt		byta byter, bytte, bytt	Vurdert, ikkje endra
dekkja [dekkja] dekkjer [dekker], dekte, dekt		dekkja el. dekkja dekker/dekkjer, dekte, dekt	Vurdert, ikkje endra bøying
[drønna] drønner, drønte,		drønna drønner, drønte, drønt; el. <i>drønnar, drønna,</i>	Vurdert og endra

<i>drønt]</i>		<i>drønna</i>	bøyinga
[dønna <i>dønner, dønnte, dønt]</i>		dønna <i>dønner, dønnte, dønt; el. dønнар, dønna, dønna</i>	Vurdert og endra bøyinga
eiga <i>eig, åtte [eigde], ått [eigd/eigt]</i>		eiga <i>eig, åtte, ått; el. eigde, eigd/eigt</i>	Vurdert og endra
(for)lengja [(for)lenga] – <i>lengjer [-lenger], -lengde [-lengte], -lengt [-lengd]</i>	<i>[-lengte], [-lengd]</i>	(for)lenga el. (for)lengja – <i>-lenger/-lengjer, -lengde, -lengt</i>	Vurdert, ikkje endra
gremma <i>gremmer, gremde [gremte], gremt [gremd]</i>	<i>[gremd]</i>	gremma <i>gremmer, gremde/gremte, gremt; el. gremmar, gremma, gremma</i>	Vurdert og endra bøyinga
knyta <i>knyter, knytte, knytt</i>		knyta <i>knyter, knytte, knytt</i>	Vurdert, ikkje endra
lada <i>lader, ladde, ladd el. ladt</i>		lada <i>lader, ladde, ladd/ladt; el. ladar, lada, lada</i>	Vurdert og endra
leia <i>leier, leide, leidd el. leitt</i>		leia <i>leier, leide, leid/leitt; el. leiar, leia, leia</i>	Vurdert og endra bøyinga
lima <i>limar, lima, lima; el. limer, limde/limte, limt</i>	<i>limar, lima</i>	lima <i>limer – limde/limte – limt</i>	Vurdert og endra
løna/lønna <i>løn(n)er, lønte, lønt</i>		løna el. lønna <i>løner/lønner, lønte, lønt</i>	Vurdert, ikkje endra
merkja [merka] <i>merkjer [merker], merkte, merkt (setja merke på)</i>		merka el. merkja <i>merker/merkjer, merkte, merkt (setja merke på)</i>	Vurdert, ikkje endra
nyta <i>nyt, naut, note</i>		nyta <i>nyt, naut, note el. nytt</i>	Vurdert og endra
ska el. skada <i>skar/skader, skadde, skadd/skadt</i>		ska el. skada <i>skar/skader, skadde, skadd/skadt; el. skadar, skada, skada</i>	Vurdert og endra
skylja <i>skyl, skylde [skylte], skylt [skylt]</i>	<i>[skylte], [skylt]</i>	skylja <i>skyl, skylde, skylt</i>	Vurdert, ikkje endra

strekka [strekka] strekkjer [strekker], strakte el. strekte, strakt/strekt	strakte, strakt	strekka el. strekka strekkjer/strekker, strekte, strekt	Vurdert og endra
styrka [styrka] styrkjer [styrker], styrkte, styrkt		styrka el. styrka styrker/styrkjer, styrkte, styrkt	Vurdert, ikkje endra
stønna stønner, stønte, stønt]		stønna stønner, stønte, stønt; el. stønnar, stønna, stønna	Vurdert og endra bøyinga
svekkja [svekkja] svekkjer [svekker], svekte, svekt		svekkja el. svekkja svekker/svekkjer, svekte, svekt	Vurdert, ikkje endra
trena trenar, trenar, trenar		trena trenar, trenar, trenar; el. trener, trente, trent	Vurdert og endra
vekse veks [vekser], voks, vakse/vaksi	[vekser], vaksi	vekse veks, voks el. vaks, vakse	Vurdert og endra

Normhistorikk

Ein god del verb har tradisjonelt vore bøyde som e-verb i nynorsk, men er a-verb i bokmål, og til dels i mange dialektar. Verba av den typen som er vurderte her, er: *arbeida, brøyta, byta, dekkja, drønna, dønnar, gremma, knyta, lada, leia, lengja, lønna, merkja, skada, styrka, stønna* og *svekkja*.

Enkelte verb har i nynorsk hatt avvikande bøyingsmønster som byggjer på eldre forhold, til dømes *eiga* – *åtte*. Dei svake fortidsformene *eigde* – *eigd/eigt* kom inn som klammeformer ved sida av dei sterke formene *åtte* – *ått* i 1977.

Resten av verba som er med i denne saka, har ulik historikk, men har det til felles at bruken ikkje alltid samsvarar med dei vedtekne bøyingsformene.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Tendensen til å bøyja tradisjonelle e-verb som a-verb er klart sterkare i nyare tid, dvs. dei siste tjue åra. Det viser treffa i nynorskorpuset.

Infinitiv	Presens	Treff	Preteritum	Treff	Treff til saman
<i>brøyta</i>	<i>brøyter</i>	43	<i>brøytt</i>	16	59
	<i>*brøytar</i>	13	<i>*brøyta</i>	80–90	90–100
<i>lada</i>	<i>lader</i>		<i>ladde</i>		75
	<i>*ladar</i>		<i>*lada</i>		40
<i>skada</i>	<i>skader</i>		<i>skadde</i>	ca. 400	
	<i>*skadar</i>		<i>*skada</i>	ca. 200	
<i>svekkja/svekka</i>	<i>svekkjer</i>		<i>svekte</i>		ca. 320
	<i>*svekkar</i>		<i>*svekka</i>		Ca. 200

Talemålsgrunnlag

I talemålet er det ein aukande tendens til at verb med e-bøying får a-bøying.

Inntrykket er òg at *eigde – eigd/eigt* blir mykje brukt, men det er ikkje undersøkt.

Vurdering

Det synest rimeleg å tillata valfri bøying av nokre fleire verb, i samsvar med det som er mykje brukt i skrift.

Formene *eigde – eigd/eigt* har vore klammeformer til *åtte – ått*, og er tekne i bruk i skrift for fullt. Dei bør derfor vera med i nynorsknorma vidare.

Preteritumsforma *vaks* er vanleg i skrift og bør tillatast ved sida av *voks*. Det same gjeld den svake forma *nytt* som partisipp av verbet å *nyta*.

Verba *lima* og *trena* går imot trenden med at a-verbøying vinn fram: Dei har begge vore a-verb, men etter kvart har e-verbøyinga vorte vanleg. Det synest rimeleg å ta omsyn til den utviklinga.

3.5 Samsvarbøying

3.5.1 Samsvarbøying av perfektum partisipp i predikativ stilling

Status i dag

Læreboknormalen krev i dag samsvarbøying av både sterke og svake partisipp i predikativ stilling (dvs. etter *vera*, *verta* og *bli*): *Han er komen. Ho blir dømd.*

I rettskrivinga kan ein sløyfa samsvarbøyinga og bruka supinumsforma (dvs. same forma som er brukt etter *ha*). Dette har status som sideform: [*Han er kome. Ho blir dømt.*]

Innanfor rettskrivinga kan ein òg ha samsvarbøying berre i sterke verb, og bruka supinumsforma av svake verb: *Han er komen. [Ho blir dømt.]*

Tilsvarande reglar gjeld i attributiv stilling (dvs. når partisippet står som eit adjektiv til eit substantiv): Partisippa skal bøyst innanfor læreboknormalen, men utanfor læreboknormalen kan ein velja ikkje å bøya dei, ev. berre bøya partisipp av sterke verb. Som for adjektiv får partisippa *-e* i fleirtal, sjølv om dei elles ikkje blir bøygde: *dømte menn / heimkomne barn.*

Framlegg til ny rettskriving

Det skal framleis vera samsvarbøying i partisipp av sterke og svake verb, men det er òg mogleg å la vera å samsvarbøya partisipp av svake verb. Systemet for samsvarbøying av partisipp blir dermed slik:

- 1 Svake perfektum partisipp i predikativ stilling kan anten ha samsvarbøying eller stå i supinum:

Pakken er løynd/løynt.

Resultatet er løynt.

Dei er løynde/løynt.

Han er presentert.

Det er presentert.

Dei er presenterte/presentert.

- 2 Sterke perfektum partisipp skal ha obligatorisk samsvarbøying i predikativ stilling:

Fisken er frosen.

Vatnet er frose.

Bollane er frosne.

- 3 Tilsvarande system gjeld for svake og sterke partisipp i attributiv stilling. Den ubøygde forma av det svake partisippet får då fleirtalsending:

Ein løynd/løynt pakke

løynde/løynte pakkar

ein frosen kjøtdeig

eit frose brød

frosne bollar

Normhistorikk

Samsvarbøying av partisipp i predikativ og attributiv stilling er det tradisjonelle i nynorsk frå Aasens tid og fram til i dag.

I 1981 vedtok Norsk språkråd reglar for eit system utan samsvarbøying av perfektum partisipp. Det vart tillate i rettskrivinga, men ikkje etter læreboknormalen, å bruka ubøygde partisippform av svake eller av både svake og sterke verb i predikativ stilling (dvs. etter *bli*, *verta*, *vera*). Ubøygde partisipp i predikativ bruk skulle ha same form som supinum. Dessutan hadde nokre sterke verb hatt svake partisipp som hittil hadde vore

ubøyelege, [dradd] [dratt], fått, gitt, gått, [latt], slått, stått, [tatt], og desse kunne no brukast ubøygde eller få vanleg samsvarbøying i læreboknormalen.

I 1982 vart reglane som galdt sideformer med ubøygd partisipp, utvida til å gjelda uekte partisipp, dvs. adjektiv som er laga direkte av eller til partisipp:

[Egga er nylagt] eller Egga er nylagde

[Fisken er nydrege/nydregi] eller Fisken er nydregen.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

I tradisjonell nynorsk er samsvarbøying av partisipp heilt gjennomført.

2002-innstillinga viser til ei undersøking Sandøy (1999) har gjort:

Ei undersøking i ein del aviser i 1999 viste at bruken av samsvarbøying av svake partisipp låg om lag jamt med ikkje-samsvarbøying. Derimot var det heilt dominerande samsvarbøying av sterke partisipp. (S. 107)

Fleire språkkonsulentar har notert seg det same gjennom arbeidet sitt. Særleg tydeleg er det hjå yngre skjønnlitterære forfattarar, som stort sett ikkje bruker samsvarbøying i svake verb, men som ofte har det i sterke verb.

Talemålsgrunnlag

2002-innstillinga har opplysningar om talemålet som stadfestar skriftleg praksis:

Samsvarbøying var gjennomført i gammalnorsk og finst som uheilt system i mest alle målføre. (Skjekkeland 1977:115). Best gjennomført er samsvarbøyinga i dag i vestlandske og midlandske målføre, men i yngre mål vik ho der òg. (...)

Det dominerande mønsteret i norske dialektar er at ein ikkje har samsvarbøying av svake partisipp. Samsvarbøying av sterke partisipp står noko sterkare. (S. 107)

Vurdering

Sandøy-nemnda gjekk inn for at det framleis skal vera samsvarbøying av sterke partisipp, men at ein kan velja om ein vil samsvarbøya partisipp av svake verb.

Dette samsvarar med tilbakemeldingane me har fått i møte med forskjellige instansar som forlag, aviser, høgskular og språkkrettarar. Overraskande mange seier at dei ikkje har full samsvarbøying i talemålet sitt, og at dei har måtta læra seg det i samband med arbeidet sitt. Dei fleste har ikkje tenkt over om det er noko skilje mellom samsvarbøying av sterke og svake verb, men når dei får spørsmålet, seier svært mange at dei samsvarbøyer sterke verb, men ikkje svake, jf. ovanfor. Det støttar opp om framlegget

frå Sandøy-nemnda, som føreslo valfridom mellom systemet med full samsvarbøying i sterke og svake verb, og systemet med samsvarbøying i sterke verb, men ikkje i svake:

Reglane for kva former det svake partisippet skal ha i dei ymse kategoriane dersom ein vil samsvarbøya dei, er nokså innfløkte for dei som ikkje har talemålsgrunnlag for dei.

Bøyingformene for dei sterke partisippa er derimot nokså enkle, og ein finn dei same att i bøyinga av adjektiv på *-en*, som står endå sterkare. Det gjer at samsvarbøying av sterke partisipp ser ut til å vera gjennomført utan problem i nynorsk, også av dei som ikkje har talemålsgrunnlag for det. (2002-innstillinga, s. 107–108)

Eit argument imot eit system med samsvarbøying i sterke verb, men ikkje i svake, er at mange kan ha problem med å skilja mellom sterke og svake verb.

Sjølv om samsvarbøying heng att i sterke verb i svært mange målføre, skal me ikkje gløyma at det òg finst målføre som bruker supinum av sterke verb i predikativ stilling. Det gjeld til dømes i Gudbrandsdalen, der det heiter: «Saka er skrive.» Spørsmålet er om utviklinga går i den lei i mange dialektar, eller om samsvarbøyinga held seg i sterke verb.

Mange kan som sagt samsvarbøyinga enno, og bruker henne, ikkje minst fordi ho har vore hovudform lenge. Nemnda ønskjer derfor ikkje å fjerna samsvarbøyinga, men vil gjera det valfritt å bruka henne i svake verb.

3.5.2 Samsvarbøying av svake partisipp av sterke verb

Status i dag

Svake partisipp av sterke verb, dvs. [*dradd/dratt*], [*fått*], [*gitt*], [*gått*], [*latt*], [*stått*], [*tatt*], kan i dag brukast ubøygde eller få vanleg samsvarbøying i læreboknormalen.

Partisippet *sett* av å *sjå* skal i dag samsvarbøyast.

Framlegg til ny rettskriving

Desse supinumsformene skal ikkje ha samsvarbøying:

blitt, dradd/dratt, fått, gitt, gått, latt, sett, slått, stått, tatt

Døme: Begge laga vart slått ut av cupen. Bøkene er utgitt av Samlaget.

Normhistorikk

Perfektum partisipp-formene [*dradd*], [*dratt*], [*latt*] og [*tatt*] kom inn i rettskrivinga i 1959. I 1981 vart det vedteke at formene [*latt*] og [*tatt*] skulle kunna samsvarbøyast: [*ladd – ladde*] og [*tadd – tadde*].

Før 1981 var [*dradd/dratt*], [*fått*], [*gitt*], [*gått*], [*latt*], [*stått*], [*tatt*] ubøyelege.

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Det er ikkje gjennomgåande undersøkt, men inntrykket er at samsvarbøygde former av desse verba ikkje har slått gjennom i skrift.

Talemålsgrunnlag

Det er ikkje undersøkt, men vedtaket som i si tid vart gjort om å innføra samsvarbøyging i desse verba, bygde på at desse formene finst i mange dialektar.

Vurdering

Samsvarbøygde former av *blitt, dradd/dratt, fått, gitt, gått, latt, slått, stått, tatt* har ikkje slått gjennom i skrift. Sidan samsvarbøyging generelt synest å vera på retur, ønskjer ikkje nemnda å gjera framlegg om å halda på samsvarbøyging av desse svake partisippa av sterke verb.

Mange som elles bruker samsvarbøyging, bruker inkjekjønnsforma *sett* av partisippet av *å sjå*, truleg fordi former som «dei er sedde» verkar framande. Nemnda vil derfor tilrå at partisippforma *sett* følgjer dei andre verba som er omtala her, og er ubøygd.

Litteratur

- Akselberg, Gunnstein 2003. «Praksis og haldning til valfridomen i den nynorske skriftnorma hjå elevar som har nynorsk som hovudmål.» I: Omdal og Røsstad 2003
- Almenningen, Olaf, Thore A. Roksvold, Helge Sandøy og Lars Vikør 1981. *Språk og samfunn gjennom tusen år*. Oslo: Universitetsforlaget
- Anderson, Ragnhild 2007. «Nynorskkompetanse og haldningar til nynorsk hjå studentar i 'nynorskland'.» I: Gunnstein Akselberg og Johan Myking 2007. *Å sjå samfunnet gjennom språket. Heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.2007*. Oslo: Novus
- Beito, Olav T. 1970. *Nynorsk grammatikk*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Berg, Celia 1999. «Valfridomen og eleven. Om korleis nokre elevar i vidaregåande skule opplever ein vid skriftnormal i praksis.» I: Omdal, Helge (red.) 1999. *Språkbrukeren – fri til å velge? Artikler om homogen og heterogen språknorm*. Kristiansand: Høgskolen i Agder
- Bjørnstad, Anders 1980. *Skriftspråk og talemål. Ein språkleg og sosiokulturell studie av skriftspråket til skuleelevar i eit bygdesamfunn (Vågå)*. Hovudoppgåve i nordisk språk, Universitetet i Oslo
- Breidsvoll, Einar, og Knut Liestøl 1958. *Nynorsk ordliste*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Den departementale rettskrivningskomite 1918. *Den nye rettskrivning. Reglar og ordlistor II. Landsmål*. Kristiania: Det Malingske Bogtrykkeri
- Det nynorske tekstkorpuset ved Institutt for lingvistik og nordiske studium, Universitetet i Oslo. <http://no2014.uio.no/korpuset/>
- Fretland, Jan Olav, Magne Rommetveit, Arnulv Sudmann og Lars S. Vikør 1980. *På godt norsk. Ei handbok i nynorsk målbruk*. Oslo: NKS-forlaget
- Fretland, Jan Olav 2002. *Språket i Sogn Avis. Ei undersøking frå hausten 2001*. Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for lærarutdanning
- Fretland, Jan Olav 2007. «Aldri har så mange skrive så mykje for så lite...? Om ti års arbeid med nynorsknormalen.» I: Gunnstein Akselberg og Johan Myking 2007. *Å sjå samfunnet gjennom språket. Heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.2007*. Oslo: Novus
- Faarlund, Jan Terje 1997. «Nynorskens problem – nynorskens skuld?» I: Språklig samling 1997/2
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget

- Faarlund, Jan Terje 2008. «Ein brukbar nynorsk.» I: Aftenposten 4.1.2008
<http://www.aftenposten.no/meninger/debatt/article2177259.ece>
- Gedde-Dahl, Trine 1999. «Undersøking av ymse ord- og bøyingsformer i norsk talemål hausten 1999.» (I innstillinga referert til som TALE99.) Norsk språkråd.
http://sprakradet.no/nb-no/Politikk-Fakta/Fakta/Rettskrivingsreformer/Framlegg_2003/Punktgranskingar/
«Granskingar av valfridomen i nynorsk.» I: Språknytt 2002/3–4
- Haugen, Einar 1966. *Riksspråk og folkemål*. Oslo: Universitetsforlaget
- Hellevik, Alf 1965. *Nynorsk ordliste*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Hellevik, Alf 2008. *Nynorsk ordliste*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Hoel, Trude 1995. *Rettskrivingsnormaler – til hjelp eller til besvær? En vurdering av «vide» og «snevre» rettskrivingsystem i skandinaviske språk*. Hovudoppgåve i nordisk språk, Universitetet i Oslo / Høgskolen i Agder
- Holm, Anne Brit 1999. *Stebarnet nynorsk. Om holdninger til nynorsk i Larviksskolen*. Hovudoppgåve i nordisk språk, Universitetet i Oslo
- Hægstad, Marius, Arne Garborg og Rasmus Flo 1899. *Framlegg til skrivereglar for landsmaale i skularne*
- Ims, Ingunn Indrebø 2007. «Det er vi som bestemmer åssen folk snakker og skriver.» *En undersøkelse av norske avisers språknormative prinsipp og praksis*. Hovudoppgåve i nordisk språk, Universitetet i Oslo
<http://ask.bibsys.no/ask/action/show?pid=080104363&kid=biblio>
som e-bok: <http://www.duo.uio.no/sok/work.html?WORKID=61322>
- Jahr, Ernst Håkon 1992. *Innhogg i nyare norsk språkhistorie*. Oslo: Novus
- Jahr, Ernst Håkon 2010. «Kløyvd infinitiv i dei norske skriftnormalane.» I: Kristinn Jóhannesson ofl. (red.). *Bo65. Festskrift till Bo Ralph* (= Meijerbergs arkiv för svensk ordforskning 39). Göteborg: Göteborgs universitet, Meijerbergs institut
- Jansson, Benthe Kolberg 1998. *Fri til å velje? Ei undersøkning av hossen valfridommen i skriftnormalane blir tematisert i den obligatoriske delen av norskfaget i allmennlærer-utdanninga*. Hovudoppgåve i nordisk språk / norsksdidaktikk, Universitetet i Oslo
- Johnsen, Randi 2009. *Rettskrivingsstudiar etter 1980. Ein komparativ analyse av studiar i nynorsk og bokmål*. Masteroppgåve i nordisk språk, Universitetet i Oslo
- Kinn, Torodd 2011. «Alternativ til pronomenet *de* – *dykk* og possessivet *dykkar*.» Fagleg utgreiing, Universitetet i Bergen. <http://sprakradet.no/nb-no/Toppmeny/Aktuelt/nynorsknorm/Hoyring/>
- Kirke- og Undervisningsdepartementet 1917. *Indstilling fra Rettskrivningskomiteen*. Kristiania.

- Kirke- og Undervisningsdepartementet 1935. *Tilråding om ny rettskriving*. Fra den departementale rettskrivningsnevnd av 1934. Trondheim
- Kirke- og undervisningsdepartementet 1936. *Tilleggstilråding om ny rettskriving*. Fra den departementale rettskrivningsnemnd av 1934. Stavanger
- Kirke- og Undervisningsdepartementet 1938. *Ny rettskriving 1938. Foredrag og innstilling om rettskrivingsreformen*. http://sprakradet.no/nb-no/Politikk-Fakta/Fakta/Rettskrivingsreformer/Ny_rettsskriving_1938/
- Kirke- og undervisningsdepartementet 1959. *Ny læreboknormal 1959*. Oslo: Olaf Norlis forlag
- Kulbrandstad, Lars Anders 1996. «Språknormering og pedagogikk. Valgfrihet i rettskrivinga – til hjelp eller forvirring.» I: Helge Omdal (red.) *Språknormering og språkbrukar. Artiklar frå seminar ved Universitetet i Bergen*. Kristiansand: Høgskolen i Agder, avdeling for humanistiske fag
- Kulturdepartementet. St.meld. nr. 9 (2001–2002) *Målbruk i offentleg teneste*
- Kultur- og kyrkjedepartementet. St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*
- Leira, Vigleik 1992. *Ordlaging og ordelement i norsk*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Mosling, Atle 1998. *Språknormering i sakprosaen*. Hovudoppgåve i nordisk språk, Universitetet i Oslo
- Nordal, Anne Steinsvik 2008. *Nynorsk som hovudmål – større norskkompetanse*. Arbeidsrapport, Høgskulen i Volda
- Nordhagen, Johanne 2006. *Nynorsk som sidemål i skolen. En undersøkelse av allmennlærerstudenters personlige og yrkesprofesjonelle holdninger*. Hovudoppgåve i nordisk språk, Universitetet i Oslo
<http://ask.bibsys.no/ask/action/show?pid=061618845&kid=biblio>
- Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. 1966–2011. Oslo: Det Norske Samlaget
- Norsk språknemnd 1957. *Framlegg til læreboknormal 1957*. Oslo
- Norsk språkråd. Årsmeldingar 1981–2004. Oslo
- Nynorsk pressekontor og Norsk Telegrambyrå 2010. *NPK-språket. Ordliste og språkråd*. Oslo: Kunnskapsforlaget
- Nynorskordboka*, 4. utgåve 2006 (papiirutgåve og ordbokbasen). Oslo: Det Norske Samlaget
- Nynorskrettskrivinga. Utgreiing om og framlegg til revisjon av rettskrivinga i nynorsk*. Revidert versjon 31.12.2002. Norsk språkråd
- Omdal, Helge, og Lars Vikør 2002. *Språknormer i Norge. Normeringsproblematikken i bokmål og nynorsk*. Oslo: Cappelen/LNU

- Omdal, Helge, og Rune Røsstad (red.) 2003. *Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis*. Kristiansand: Høyskoleforlaget
- Omdal, Helge 2004a. «Norsklærerene og overføring av språknormer.» I: *Språknytt* 2004/3–4
- Omdal, Helge 2004b. *Språknormering – med mål i sikte? Om ymse effekter av norsk språknormering i 100 år*. Kristiansand: Høyskoleforlaget
- Omdal, Helge, og Rune Røsstad (red.) 2009. *Språknormering – i tide og utide?* Oslo: Novus [Språknormeringskonferansen *Behov for eller trang til å normere?* (*The need or the desire to standardize?*) ved Universitetet i Agder 1.–3. nov 2007]
- Opsal, Mette 2008. *Nynorsk i ungdomskulturen – haldningar til eige skriftspråk hos elevar i den vidaregåande skulen*. Hovudoppgåve i nynorsk skriftkultur, Høgskulen i Volda
- Roksvold, Thore 1999. «Fast språknorm eller valgfrihet i redaksjonen?» I: Helge Omdal (red.) *Språkbrukeren – fri til å velge? Artikler om homogen og heterogen språknorm*. (Forskningsserien nr. 17.) Kristiansand: Høgskolen i Agder
- Rommetveit, Magne 2007. *Med andre ord*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Runnestø, Eilov 2002. «Nynorsknorma i endring.» I: *Språknytt* 2/2002
- Rødningen, Dagfinn 1999. «Ottadalen – ein utforbakke til bokmålet. Språkproblem og språkskifte blant ungdom i Lom, Skjåk og Vågå.» I: Turid Kleiva ofl. (red.) *Austlandsmål i endring*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Rødningen, Dagfinn 2000. «Nærskylde skriftspråk i kontakt. Interferensproblem og normering i norsk, sett i lys av ei undersøking om språkskifte i Ottadalen.» I: *Maal og Minne* 2000/1
- Sandøy, Helge 1997. «Genuset åt substantiv på *-ning* i nynorsk.» I: *Språket er målet*. Festskrift til Egil Pettersen. Bergen: Alma Mater
- Sandøy, Helge 1999. «Å styre valfridomen.» I: Helge Omdal (red.) *Språkbrukeren – fri til å velge? Artikler om homogen og heterogen språknorm*. (Forskningsserien nr. 17.) Kristiansand: Høgskolen i Agder
- Selback, Bente 2001. «*Det er heilt naturleg*.» *Ei gransking av skriftspråkshaldningar*. Hovudoppgåve i nordisk språk, Universitetet i Bergen
- Skard, Matias 1903. *Landsmaals-ordlista*. Kristiania
- Skard, Matias 1920. *Nynorsk ordbok*. Kristiania
- Skard, Matias 1924. *Nynorsk ordbok*. Kristiania
- Skard, Matias 1945. *Nynorsk ordbok*. Kristiania
- Skjekkeland, Martin 1977. *Målføre og skriftmål*. Førabels utgåve. Oslo: Universitetsforlaget

- Skjekkeland, Martin 1997. *Dei norske dialektane. Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Kristiansand: Høyskoleforlaget
- Stauri, Tormod 2001. «Kor godt meistrarar kommande lærarar nynorsk? Didaktiske refleksjonar kring ei undersøking av nynorsk-dugleik i eksamenssvar.» Upublisert artikkel
- Stauri, Tormod 2008. «Korleis klarer vi å utvikle kvalitet i språket til studentane? Fagleg-didaktiske refleksjonar omkring rettskriving i nynorsk (og bokmål).» Upublisert artikkel
- Søyland, Aud 2001. «Typar feil i nynorsk.» Norsk språkråd. http://sprakradet.no/nb-no/Politikk-Fakta/Fakta/Rettskrivingsreformer/Framlegg_2003/Punktgranskingar/Tilråding_1934 = *Tilråding om ny rettskriving. Fra den departementale rettskrivningsnevnd av 1934*. Centraltrykkeriet Trondheim 1935
- Tilleggstilråding 1934 = Tilleggstilråding om ny rettskriving. Fra den departementale rettskrivningsnemnd av 1934*. Stavanger 1936
- Vassenden, Lars 1994. *Språklig nivåsenking – realitet eller myte? ADH-serien 73*. Kristiansand: Agder distriktshøgskole
- Vestbøstad, Per (red.) 1989. *Nynorsk frekvensordbok*. Bergen: Alma Mater forlag
- Vikør, Lars S. 1995a. «Valfriheita i nynorsk – historisk oversyn.» I: *Norma i nynorsk. Debatt*. Norsk språkråds skrifter nr. 2. Oslo: Norsk språkråd
- Vikør, Lars S. 1995b. *Rettskriving hos nynorskforfattarar*. Norsk språkråds skrifter nr. 3. Oslo: Norsk språkråd
- Vikør, Lars S. 2007a. *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*. Oslo: Novus
- Vikør, Lars S. 2007b. «Kva er nynorsk eigentleg? Å tilpasse eit språk til grupper som ikkje bruker språket, for å 'lokke' dei, er alltid ein risikosport.» I: *Bergens Tidende* 26.11. 2007
- Vikør, Lars S. 2010. «Nynorskrettskrivinga inn for landing?» Foredrag på opningsseminaret for arbeidet med ny nynorsk rettskriving 20.1.2010. <http://sprakradet.no/nb-no/Toppmeny/Aktuelt/nynorsknorm/Innspel/>
- Vollan, Maghild 1997. «Norsk språkråd og skoleverket.» I: *Norsklæraren* 1997/2
- Wetås, Åse 2001a. «Undersøking av formbruken i ulike typar publisert materiale på nynorsk.» Norsk språkråd. http://sprakradet.no/nb-no/Politikk-Fakta/Fakta/Rettskrivingsreformer/Framlegg_2003/Punktgranskingar/
- Wetås, Åse 2001b. «Undersøking av formbruken i ulike typar upublisert materiale på nynorsk.» Norsk språkråd. http://sprakradet.no/nb-no/Politikk-Fakta/Fakta/Rettskrivingsreformer/Framlegg_2003/Punktgranskingar/

- Wetås, Åse 2001c. «Undersøking av rettepraksisen i skolen, i avisene og i forlaga.» Norsk språkråd. http://sprakradet.no/nb-no/Politikk-Fakta/Fakta/Rettskrivingsreformer/Framlegg_2003/Punktgranskingar/
- Wetås, Åse 2001d. «Korleis opplever brukarane normsituasjonen i nynorsk?» Norsk språkråd. http://sprakradet.no/nb-no/Politikk-Fakta/Fakta/Rettskrivingsreformer/Framlegg_2003/Punktgranskingar/
- Wiggen, Geirr 1992. *Rettskrivingsstudier II. Kvalitativ og kvantitativ analyse av rettskrivingsavvik hos østnorske barneskoleelever*. Doktorgradsavhandling i nordisk språk, Universitetet i Oslo
- Ølmheim, Per Arvid 2009. «...smidd i 'hymnens' lenker.» *Ein analyse av språket i Sogn avis*. Rapport. Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Aanes, Anders 2009. «Valfridom i nynorsk – eit problem for eleven?» I: Sigfrid Tvitekkja (red.). *Klamme former og sær skiving? Språklege rettar, sidemål og rettskriving i ein ny skulealder*. Språkrådets skrifter nr. 1. Oslo
<http://språkrådet.no/Toppmeny/Publikasjoner/Serien-ISprakradets-skrifterI/>
- Årtun, Tone Alise 1984. *Skriftmålet i Sauda. Med størst vekt på skulemålet*. Hovudoppgåve i nordisk språk, Universitetet i Bergen
- Aasen, Ivar 1958 (1860). «Om Sprogets Dyrkning.» I: Reidar Djupedal (red.). *Brev og dagbøker II*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Aasen, Ivar 1965 (1899). *Norsk Grammatik*. Kristiania: Cammermeyer
- Aasen, Ivar 1977 (1873). *Norsk Ordbog*. Kristiania: Cammermeyer

Vedlegg 1: Substantiv på -ing og -ning

Desse kan vera hokjønns- eller hankjønnsord i dag:

anretning	krysning	pasning
besetning	legning	sikring
binding	leivning	trefning
doning (køyretøy)	lin(n)ing	velling
esing (båtriipe)	løysning (blanding)	
gauping (handfull)	pakning	

Desse er hokjønnsord i dag, men er ikkje opplagde verbalsubstantiv og fell ikkje utan vidare inn under dei andre kriteria i framlegg til vedtak. Det er sett stjerne ved dei som etter framlegget får valfri bøying:

anfekting	bevertning	gjerning
anledning	bevilling	haldning
anordning	blendering (sikkert rom)	innfatning
avdeling	brenning (bølge)	keising (del av styrehus)
avføring	brotning (fløyting)	påkjenning
avhandling	brystning	ranking (rangordning)
avkastning	demning *	reisning
avlagring	faktoring (øk. omgrep)	reling
avling	festning *	retning
bedding *	forretning	skoning (jernbeslag)
befolkning	forørkning	stemning
besifring	franchising	strekning *
bessemering (metallarb.)	((lisens)avtale)	stuing
	fyrstning/-ø-	

Desse er hankjønnsord i dag, men fell ikkje utan vidare inn under kriteria i framlegg til vedtak. Det er sett stjerne ved dei som etter framlegget får valfri bøying:

aksling	calling (høgtalaranlegg)	einkroning
allmenning/ål-	carting/k-	einmast(r)ing
aving (renningsgarn)	(racerkøyting)	einstroving
botning (tarm)	catering/keit-	eksing (aks)
brising (eld)	curling	elding (lyn)
bryning (kant)	cutting	eling (bye)
bunding (strikketøy)	dekkfrøing	femning (stokk)
bygning *	dimling (nagle)	festing
byrting (lyn)	dovning (dugnad)	fetling/-sl- (skinn)
byting (ombytt barn)	dressing	fjerding (fjerdepart)
bøkling (sild)	dugning (dugnad)	fletning
bøling	dønning (bølge)	floing (bye)
børsing (hylse)	einfrøblading	føring

forlegning *	kokning *	rotting (spanskrøyr)
frikroning (plante)	krekling	rydning *
frysning *	-kroning	runding
færing	krusning *	seising (line)
gaupning (handfull)	kuling	setting (ramme)
gimling (skiljevegg)	kvelving (himmel-)	sikling (stålplate)
gjødning *	ladning *	skilling
greping (handfull)	lasting (tøy)	skjerding (jernkrok)
grunning	leidning *	skoning (kant på stakk)
gåning (akt)	lusing (øyrefik)	skytning (spleiselag)
halvning	lyfting/-ø- (dekk)	smoking
happening	lysning (glenne) *	smurning
heading	messing	sodning (koke)
helming (halvpart)	merling (line)	sopling (soplime)
heming (lykke)	motting (møk)	spenning (kraft; iver) *
himling (tak-)	munning *	spenning (vidjering)
honning	mæling (dekar)	sterling
hundring	månsing (løyndespråk)	stikling
hyling (garnvase)	nakenfrøing	stikning
hyrding	nanking (tøy)	stutting/-y- (slede)
hyrning (dyr med horn)	netting	syrling (syre)
hyssing	notting (kornmål)	terning
icing (slag i ishockey)	nying (bål)	tinging (nøtt)
iming (snøfall)	næring	tinning
ising (våt snø)	nørding (vind)	tohjuling
kavring	nåtling (overlêr)	tomling (tommel)
kipling (kavle)	penning	tyting (tytebær)
k(j)enning (i norr. dikt)	plantning	tytling (tytebær)
kjetting	plattung	tørning (omgang)
kjevling (kavle)	presenning	vevling (stigesteg)
kledning *	pudding	våning
klining (lefse)	ramling (seglvind)	-æring (båt)
klovning (stokk)	rekling (kveitekjøt)	-øring
kløyvning	rempling (ungokse)	åtting (mål)
knipling	renning	åttring (båt)
knyting (kart)	riesling (vin)	
	rivning (usemje) *	

Vedlegg 2: Oversikt over substantiv med suffikset -skap

Desse orda på *-skap* har hankjønnsbøying i dag. Det er sett stjerne ved dei som etter framlegget får valfri bøying. Dei med dobbel stjerne har alt inkjekjønnsform i konkret tyding.

adelskap **	filleskap *	grådigskap	modenskap
apeskap	fordingskap *	gudlegskap	morskap
argskap	forfattarskap *	gudelegskap	mulegskap
audskap	formannskap **	halvskap	mågskap *
bannskap	formyndarskap *	heidenskap	nakenskap
beredskap	fornemskap	heilskap	narreskap
blautskap	forvitenenskap	heimfødingskap *	nauteskap
bleikskap	framandskap	hjonskap *	operatørskap *
blidskap	frekkskap	hollskap	partnarskap *
blindskap	frendskap *	hovdingskap/-ø- *	prakkarskap *
blotskap	frimurarskap *	hovenskap	presidentskap **
blygskap	fritenk(j)arskap *	husbondskap *	pålitelegskap
bodskap *	fromskap	hyklarskap *	vrangskap
buskap	fullkom(m)enskap	hævskap	rangskap
byrgskap	fullskap	idigskap	reiskap
børnskap *	fulskap	illskap	reiugskap
bøvelskap *	følg(j)eskap/ fylgjeskap *	innfulskap	rekneskap
djervskap	førarskap *	jamlikskap	riddarskap **
djevelskap *	fåfengelegskap	jamskap	røtenskap
donskap *	galskap	jordbundenskap	råskap
dovenskap	galenskap	jåleskap	sedskap *
drukkenskap	galningskap *	kaldklokskap	sedugskap
dumskap	gapeskap	kameratskap *	sjølvgodskap
dårskap	gildskap	kjennskap	sjølvrådugskap
edruskap	gjerugskap	klokskap	sjølvrådigskap
eigarskap *	gjerrigskap	kunnskap	sjømannskap *
eigenskap	gjestmildskap	kåtskap	skaldskap *
einsidigskap	gjev mildskap	larveskap	skeivskap
einskap	gjævskap	latskap	skyldskap
eligskap	gladværskap	leiarskap *	slektskap *
elegskap	gledskap *	leiskap	slurveskap
endskap *	gløggskap	lidenskap	sluskeskap
entreprenørskap *	godskap	likskap	sløgskap
faenskap *	godtruenskap	lurskap	smidigskap
fandenskap *	greiskap	låkskap	smålegskap
fantenskap *	grendskap *	mannskap **	snarrådigskap
farisearskap *	grettenskap	medlemskap *	snarrådugskap
farkeskap *	griseskap	meisterskap *	snillskap
feigskap	grovskap	mildskap	snobbenskap
felagskap *	grådugskap	mog(e)legskap	staskap
fiendskap *		mogenskap	surskap

syndigskap	tydskap	uvitingskap/-vett- *	vingleskap
syskenskap/-ø- *	ubundenskap	uvyrdskap/-ø-	vitskap
systerskap/-ø- *	ugildskap	varigskap	vondskap
tjodskap *	umyndigskap	veideskap	våeskap *
traveskap *	ureinskap	veikskap	ymisskap
trollskap *	usedugskap	velborenskap	ærlegskap
truskap	utlendingskap	ven(n)skap *	ærugskap
trøyskap	utoligskap	vesalskap	åbryskap
tråskap	utolugskap	villigskap	
tulleskap	utruskap	viljugskap	
tusseskap *		villmannskap	
tverrskap		villskap *	

Desse orda på *-skap* har inkjekjønnsbøying i dag:

adelskap	grevskap	mannskap	riddarskap
ekteskap	herskap	presidentskap	selskap
formannskap	interessentskap	presteskap	vertskap
forstandarskap	landskap	regentskap	

Desse orda på *-skap* har hankjønns- eller inkjekjønnsbøying i dag:

borgarskap	farskap	moderskap	svangerskap
brorskap	fellesskap	morskap	
fadderskap	granneskap	naboskap	

Vedlegg 3: Oversikt over adjektiv med suffiksa -ig og -ug

Desse adjektiva med suffiksa *-ig* og *-ug* står i *Nynorskordboka* i dag. Dei som er førte opp med berre ei form, kan ikkje ha dobbel form, men må ha anten *-ig* eller *-ug*:

aldrig/aldrug	minnig/minnug
ansig/ansug	onnig/onnug
avig/avug	ovig/ovug
avlig/avlug	reiug
beinig/beinug	rettig/rettug
brunstig	ryddig/ryddug
evlig/evlug	rådig/rådug
fjørug	sedug
follug	skjøn(n)ug
fullug	stødig/stødug
fyldig	suvlig/suvlug
fyrig/fyrug	svallig/svallug
gjenverdig/gjenverdug	svevnig/svevnug
gjerug	søvnig/søvnug
gjerrig	svimrig/svimrug
gnidig/gnidug	syvjug
gridug	tidig/tidug
grådig/grådug	tolig/tolug
gunstig	tørstig
gyldig	torstug
helsig/helsug	trassig/trassug
hendig/hendug	trottig/trottug
herdig/herdug	undrig/undrug
hittig/hittug	unøytig/unøytug
hjartig/hjartug	vettig/vettug
holdig/holdug	vitig/vitug
hortig/hortug	vidforig/vidforug
idug	villig
kitig/kitug	viljug
kitlig/kitlug	værig/værug
kunnig	vønig/vønug
kvidug	ærug
kyndig/kyndug	åbryug
ledig (smidig; fri; ikkje oppteken)	åtfinnug
ledug (smidig)	åtfunnig/åtfunnug
lentug	
lydig/lydug	

Vedlegg 4: Verb som skal ha -a dersom ein bruker kløyvd infinitiv

aga	fara	hava	
aka	fata	hela	lada
ala	ferja	hemja	laga
ana	flaga	herja	lapa
apa	flara	hesja	lata
asa	flas(s)a	heta	lava
	flata	hevja	le(d)a
baka	flòta	hjala	leka
bala	flysja	hòla	lem(m)a
bana	flytta	hom(m)a	lemja
basa	fola	hòpa	lepja
beda	freda	hylja	lesa
belja	frega	hysja	léta
bera	fremja	hølja	leta
betala	froda		lova
beva		jaga	luta (dela)
bevara	gaga		
blada	gala	kaka	maka
blika	gana	kara	mala (knusa)
boda	gapa	kava	mana
bora	gilja	kjasa	masa
bosa	gjera	kjea	mata
braga	gjeta (tippa;	klaga	meda
braka	seia; gidda)	klaka	moka
brasa	gjeva	kleda	mola
byrja	glada	kløvja	mona
	glana	knaka	møkja
daga	gleda	knasa	
dala	gluma	knisa	nasa
dana	gnaga	knoda	nava
delja	gnika	kola	neva
detta	gova	kom(m)a	
draga	grava	kraka	olboga
drepa	gremja	krasa	
drynja	gropa	krava	para
drysja	gruna	kreka	pela
duna	grysja	krevja	pesa
dvelja	gula	krita	posa
dynja	gysja	krota	prata
dølja		kunna	
	haga	kveda	raga
eta	haka	kvetja	raka
eva	hama	kvika	rana
	hata	kvima	rapa

rasa	skota	streta	tysja
reka	skrapa	streva	
remja	skrata	stynja	umaka
reva	skreva	styrja	una
roda	skul(l)a	svada	uveta
rydja	skvala	svaga	uvita
rysja	skylja	svala	
	slava	svara	vada
saga	sleva	svemja	vaka
saka	smaka	sverja	vara
sama	smala	svipa	vasa
seda	smørja	symja	vega
seia	snaka		velja
sela	snara	taka	venja
selja	snasa	tala	vera
semja	sova	tana	verja
setja/setta	spada	tapa	veta
sitja/sitta	spara	tasa	veva
skada	spekja	teia	vevja
skaka	spela	tela	vilja
skala	spora	telja	vima
skapa	spraka	temja	vita
skara	sprala	tenja	vraka
skava	spørja	tevja	
skilja	spøta	timja	ylja
skipa	staga	tola	yrja
s(k)jaga	staka	tora	
skjena	stava	tosa	ølja
skjera	steda	treda	
skjøn(n)a	stega	trega	åtvara
skoda	stela	trota	
skòla	stota	tvika	
skòra	streka	tvoga	

Vedlegg 5: Verb som i dag kan ha lang eller kort form i infinitiv

Mange av verba med lang eller kort form i infinitiv er behandla under fleire punkt i sakene 3.4.5 og 3.4.6. Oversynet viser tidlegare bøyning av desse verba, og korleis dei blir bøynde i ny rettskriving.

Desse fem sterke verba har same bøyingsmønster:

Dagens rettskriving	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:
gli/glida , <i>glir/glid</i> [glider], <i>glei/gleid</i> , <i>glide/glidi/glidd/glidt</i>	[glider], <i>glidi</i>	gli el. glida , <i>glir/glid</i> , <i>glei/gleid</i> , <i>glidd/glidt</i> / <i>glide</i>
li/lida , <i>lir/lid</i> [lider], <i>lei/leid</i> , <i>lide/lidi/lidd/lidt</i>	[lider], <i>lidi</i>	li el. lida , <i>lir/lid</i> , <i>lei/leid</i> , <i>lidd/lidt</i> / <i>lide</i>
ri/rida , <i>rir/rid</i> [rider], <i>rei/reid</i> , <i>ride/ridi/ridd/ridt</i>	[rider], <i>ridi</i>	ri el. rida , <i>rir/rid</i> , <i>rei/reid</i> , <i>ridd/ridt</i> / <i>ride</i>
skri/skrida , <i>skrir/skrid</i> [skrider], <i>skrei/skreid</i> , <i>skride/skridi/skridd/skridt</i>	[skrider], <i>skridi</i>	skri el. skrida , <i>skrir/skrid</i> , <i>skrei/skreid</i> , <i>skridd/skridt</i> / <i>skride</i>
svi/svida , <i>svir/svid</i> [svider], <i>svei/sveid</i> , <i>svide/svidi/svidd/svidt</i>	[svider], <i>svidi</i>	svi el. svida , <i>svir/svid</i> , <i>svei/sveid</i> , <i>svidd/svidt</i> / <i>svide</i>

Desse fire verba har same bøyingsmønster:

gni/gnida , <i>gnir/gnid</i> [gnider], <i>gnei/gneid</i> , <i>gnide/gnidi</i> ; el. <i>gnir/gnider</i> , <i>gnidde</i> , <i>gnidd/gnidt</i>	<i>gnidi</i>	gni el. gnida , <i>gnir/gnid</i> , <i>gnei/gneid</i> , <i>gnide</i> ; el. <i>gnir/gnider</i> , <i>gnidde</i> , <i>gnidd/gnidt</i>
skli/sklida , <i>sklir/sklid</i> [sklider], <i>sklei/skleid</i> , <i>sklide/sklidi</i> ; el. <i>sklir/sklider</i> , <i>sklidde</i> , <i>sklidd/sklidt</i>	<i>sklidi</i>	skli el. sklida , <i>sklir/sklid</i> , <i>sklei/skleid</i> , <i>sklide</i> ; el. <i>sklir/sklider</i> , <i>sklidde</i> , <i>sklidd/sklidt</i>
stri/strida , <i>strir/strid</i> [strider], <i>strei/streid</i> , <i>stride/stridi</i> ; el. <i>strir/strider</i> , <i>stridde</i> , <i>stridd/stridt</i>	<i>stridi</i>	stri el. strida , <i>strir/strid</i> , <i>strei/streid</i> , <i>stride</i> ; el. <i>strir/strider</i> , <i>stridde</i> , <i>stridd/stridt</i>

vri/vrida , vrir/vrid [vrider], vrei/vreid, vride/vridi; el. vrir/vrider, vridde, vridd/vridt	vridi	vri el. vrida , vrir/vrid, vrei/vreid, vride; el. vri, vrir/vrider, vridde, vridd/vridt
---	-------	--

Enkeltverb, sterke:

Dagens rettskriving	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:
be/beda , ber/bed, bad, bede/bedi/bedd/bedt	bedi	be el. beda , ber/bed, bad, bedd/bedt/bede
by/byda [bjoda] , byr/byd [byder], baud, bode/bodi; el. byr/byder, bydde, bydd/bydt	[bjoda] , bodi	by el. byda , byr/byd, baud, bode; el. byr/byder, bydde, bydd/bydt
dra , dreg [dreger] [drar], drog, drege/dregi [dradd/dratt]; el. draga , dreg [dreger], drog, drege/dregi	[dreger] dregi	dra el. draga , dreg, drog, drege; el. dra , drar, drog, dradd/dratt
fly/flyga , flyr/flyg [flyger], flaug, floge/flogi	[flyger], flogi	fly el. flyga , flyr el. flyg, flaug, floge
gi , gir, gav, gitt; el. gje/gjeva , gjev [gjever], gav, gjeve/gjevi	[gjever], gjevi	gi , gir, gav, gitt; el. gje(va) , gjev, gav, gjeve
gå , går, gjekk [gikk], gått [ganga, gjeng/gjenger, gjekk, gjenge/gjengi, imp. gakk]	[gikk] [ganga, gjeng/gjenger, gjekk, gjenge/gjengi, imp. gakk]	gå , går, gjekk, gått
la/lata , lèt [leter] [lar], lét, late/lati [latt] (som hjelpeverb)	[leter], lati	la el. lata , lèt, lét, late; el. la , lar, lét, latt
stå , står, stod [sto], stått [standa, stend/stender, stod/sto, stade/stadi, imp. statt]	[standa, stend/stender, stod/sto, stade/stadi, imp. statt] [sto]	stå , står, stod, stått

ta/taka , tek [teker] [tar], tok, teke/teki [tatt]	[teker], teki	ta el. taka , tek, tok, teke; el. ta , tar, tok, tatt
tre/treda , trer/tred [treder], tro/trod, trede/tredi; el. trer/treder, tredde, tredd/tredt (trø)	treda , tred [treder], tro/trod, trede/tredi; treder	tre , trer, tredde, tredd/trett

Svake verb som har både kortform og langform i infinitiv og presens:

Dagens rettskriving	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:
bla/blada , blar/blader, bladde, bladd/bladt		bla el. blada , blar/blader, bladde, bladd/bladt
blø/bløda , blør/bløder, blødde, blødd/blødt		blø el. bløda , blør/bløder, blødde, blødd/blødt
bre/breda , brer/breder, bredde, bredd/bredt [bræ(da), brær/bræder, brædde, brædd/brædt] (bråna)	[bræ(da), brær/bræder, brædde, brædd/brædt]	bre el. breda , brer/breder, bredde, bredd/bredt
flø/fløda , flør/fløder, flødde, flødd/flødt		flø el. fløda , flør/fløder, flødde, flødd/flødt
fø/føda , før/føder, fødde, fødd/født (fôra; få barn)		fø el. føda , før/føder, fødde, fødd/født
gjø/gjøda , gjør/gjøder, gjødde, gjødd/gjødt (fôre)		gjø el. gjøda , gjør/gjøder, gjødde, gjødd/gjødt
gla/glada , glar/glader, gladde, gladd/gladt		gla el. glada , glar/glader, gladde, gladd/gladt
gle/gleda , gler/gleder, gledde, gledd/gledt		gle el. gleda , gler/gleder, gledde, gledd/gledt
glø/gløda , glør/gløder, glødde, glødd/glødt		glø el. gløda , glør/gløder, glødde, glødd/glødt
grø/grøda , grør/grøder, grødde, grødd/grødt		grø el. grøda , grør/grøder, grødde, grødd/grødt

ha/hava , har, hadde, hatt	hava	ha , har, hadde, hatt
kle/kleda , kler/kleder, kledde, kledd/kledt		kle el. kleda , kler/kleder, kledde, kledd/kledt
kvi/kvida , kvid/kvider, kvidde, kvidd/kvidt		kvi el. kvida , kvir/kvider, kvidde, kvidd/kvidt
la/lada , lar/lader, ladde, ladd/ladt (laste, l. børsa)		la el. lada , lar/lader, ladde, ladd/ladt; el. ladar , lada , lada
lø/løda , lør/løder, lødde, lødd/lødt		lø el. løda , lør/løder, lødde, lødd/lødt
rå/råda , rår/råder, rådde, rådd/rådt		rå el. råda , rår/råder, rådde, rådd/rådt
ska/skada , skar/skader, skadde, skadd/skadt		ska el. skada , skar/skader, skadde, skadd/skadt; el. skadar , skada , skada
skru/skrua , skruar, skrua, skrua; el. skur/skuer, skrudde, skrudd/skrutt; el. skruva , skruvar, skruva, skruva	skruar, skrua, skrua; skruva , skruvar, skruva, skruva	skru el. skrua , skur/skuer, skrudde, skrudd/skrutt
spa/spada , spar/spader, spadde, spadd/spadt		spa el. spada , spar/spader, spadde, spadd/spadt
ste/steda , ster/steder, stedde, stedd/stedt (ta i teneste)		ste el. steda , ster/steder, stedde, stedd/stedt
sva/svada , svar/svader, svadde, svadd/svadt (sleppe borken)		sva el. svada , svar/svader, svadde, svadd/svadt
træ/træda , trær/træder, trædde, trædd/trædt (t. nåla)		træ el. træda , trær/træder, trædde, trædd/trædt
va/vada , var/vader, vadde, vadd/vadt (vassa)		va el. vada , var/vader, vadde, vadd/vadt

Vedlegg 6: E-verb med diftong i rota og e-verb med stammeutgang på -gl, -gn, -mn, -rd, -ld, -nd, -m(m), -nn, -ng

- I Verb med diftongen *øy* i rota får *-de*.
- II Verb med stammeutgang på konsonantgruppene *-gl, -gn, -mn, -rd, -ld, -nd* og *-ng* får *-de*.
- III Verb med stammeutgang på *-m(m)* og *-enn* får valfritt *-de* eller *-te*.
- IV Verb med stammeutgang på vokal + *-n* får *-te*.
- V Felles for alle disse verba er at dei får *-t* i supinum, også når preteritum har *-de*.

I Verb med diftongen *øy* i rota

drøyma – drøymde

fløyma – fløymde

gløyma – gløymde

gøyma – gøymde

høyra – høyrde

køyra – køyde

løyna – løynde

røyna – røynde

strøyma – strøymde

II -ld-

elda – elda ²¹

eldast – eldast

gjelda – gjelde / gjelda (kastuera)

melda – melde

mylda – mylde / mylda

skylda – skylde / skylda

sælde – sælde / sælda

II -gl-

negla – neglde / negla

segla – seglde / segla

sigla – siglde / sigla

II -nd-

benda – bende

henda – hende

senda – sende

venda – vende

II -gn-

egna – egnde / egna

gjegna – gjegnde

regna – regnde / regna

skygna – skygnde / skygna

II -ng-

blengja/blenga – blengde

brenngja/brennga – brenngde

dengja/denga – dengde

dyngja/dynga – dyngde

fengja/fenga – fengde

flengja/flenga – flengde

hengja/henga – hengde

klengja/klenga – klengde

kyngja/kynga – kyngde

lengja/lenga – lengde

mengja/menga – mengde

rengja/renga – rengde

ringja/ringa – ringde

slengja/slenga – slengde

II -mn-

femna – femnde / femna

hemna – hemnde / hemna

nemna – nemnde

stemna – stemnde / stemna

II -rd-

gyrda – gyrde / gyrda

herda – herde / herda

vyrda – vyrde

vørda – vørde

²¹ Er a-/e-verb i dag, men finst knapt i korpuset i fortid. *Forelda* er obligatorisk form. *Elda* blir endra til a-verb.

slyngja/slynga – slyngde
 sprengja/sprenga – sprengde
 stengja/stenga – stengde
 svengja/svenga – svengde
 trengja/trenga – trengde
 tyngja/tynga – tyngde
 vringja/vrenga – vringde
 yngja/ynga – yngde

III -m(m)-

bestemma – bestemde / bestemte
 demma – demde / demte
 dimma – dimde / dimte / dimma
 døm(m)a – dømde / dømte
 forsøm(m)a – forsømde / forsømte
 fremma – fremde / fremte / fremma
 gremma – gremde / gremte / gremma
 innrømma – innrømde / innrømte
 kjemma – kjemde / kjemte
 klemma – klemde / klemte
 lima – limte / lima
 rømma – rømde / rømte
 skjemma – skjemde / skjemte
 skremma – skremde / skremte
 stemma – stemde / stemte
 svømma – svømde / svømte
 søm(m)a – sømde / sømte
 temma – temde / temte
 tømma – tømde / tømte
 timast – timdest / timtest
 ylmast – ylmdest / ylmtest

III -enn-

brenna – brende / brente
 erkjenna – erkjende / erkjente
 godkjenna – godkjende / godkjente
 kjenna – kjende / kjente
 nenna – nende / nente
 renna – rende / rente
 skjenna – skjende / skjente
 spenna – spende / spente
 tenna – tende / tente (kveikja)

IV -n-

ana – ante / ana
 begynna – begynte

betena – betente
 bryna – brynte
 brynna – brynnte
 dåna – dånte
 drønna – drønte / drønna²²
 dønna – dømte / dønna²³
 eina – einte / eina
 fleina – fleinte
 føna – fønte / føna
 foreina – foreinte / foreina
 forkynna – forkynte
 formana – formante / formana
 fortena – fortente
 forunna – forunnte
 frøyra – frøynte
 fryna – frynte
 fyna – fynte
 gana – gante / gana
 gana – gante
 geina – geinte / geina
 gina – ginte / gina
 gjøna – gjønte
 glana – glante
 gleina – gleinte / gleina
 grynna – grynte
 gyna – gynte
 håna – hånte / håna
 hyna – hynte
 klina – klinte
 kløna – klømte
 kryna – krynte
 kynna – kynte
 låna – lånte
 lena – lente / lena
 løn(n)a – lønte
 lyna – lynte
 mana – mante / mana
 meina – meinte
 mina – minte / mina
 minna – minte
 pina – pinte
 rana – rante / rana
 sameina – sameinte / sameina
 skeina – skeinte
 skjøn(n)a – skjømte / skjøn(n)a
 skrinna – skrinte
 skrøna – skrømte

²² Blir endra frå e-verb til a-/e-verb.

²³ Blir endra frå e-verb til a-/e-verb.

sleina – sleinte
spøna – spønte
sprena – sprete / sprena
stana – stante / stana
stønna – stønte / stønna²⁴
strena – strete / strenna
strøna – strønte
syna – synte
tena – tente
tenna – tennte (setja tenner i)
tina – tinte / tina (smelta)
tina – tinte (reinsa, skilja fisk frå garn)
tyna – tynte
una – unte (kosa seg)
unna – unnt
øna – ønte

²⁴ Bliir endra frå e-verb til a-/e-verb.

Vedlegg 7: Merknader frå nemndmedlem Tore Elias Hoel

For at nynorsken framleis skal vere ei landsdekkande målform og lett å bruke for skoleelevar, foreslår eg at tilstrammainga i innstillinga blir reversert på nokre punkt. Det gjeld stort sett høgfrekvente ord.

2.1.2 Diftong eller monoftong

Monoftong og diftong bør jamstillast. I dag har ei rekkje ord to valfrie former med monoftong og diftong, eventuelt ei hovudform med diftong og ei klammeform med monoftong. Eksempel er *kjøre/køyre, draum (drøm)*. I skrift er bildet samansett, men nokre ord med monoftong er mykje brukt. I talemålet er monoftongar meir vanlege enn diftongar på Austlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg.

3.3.2 Determinativ

Dokkers bør komme inn i staden for *dokkar*. Nemnda har valt å ta inn ei ny valfri form av 2. person fleirtal av det personlege pronomenet: *dokker – dokker*, med *dokkar* som tilhøyrande possessiv (eigedomssord). I staden for possessivet *dokkar* bør vi ta inn *dokkers*. Ordet *dokkar* er veldig lite i bruk og vil kjennast framandt. Ordet *dokkers* er det vanlege i Nord-Noreg, Trøndelag og i delar av Vestlandet.

Determinativa *hennes, deires* og *noen* bør jamstillast med *hennar, deira* og *nokon*. *Noe* bør vere jamstilt med *noko*. *Hennes* og *deires* er tilstrekkeleg brukt i skrift til at dei bør få stå, og dei vil gjere nynorsken meir gjenkjenneleg på Austlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg. Pronomenet *hennes* er vanleg i talemålet i store delar av landet. Pronomenet *deires* er utbreidd i austnorsk, nordnorsk og sørlandsk.

3.4.7.c Sluttkonsonant i preteritum av ein del sterke verb

Former med og utan sluttkonsonant bør jamstillast: *bad/ba, drog/dro, stod/sto* og *gav/ga*. Skrivemåten av same ord i bokmål og nynorsk bør vere lik. Bokmål har valfridom i alle desse eksempla. Dette vil forvirre skoleelevar, spesielt sidan sluttkonsonanten i andre ord er valfri: *glei/gleid*.

3.5 Samsvarsbøying

Det bør ikkje vere obligatorisk samsvarsbøying i perfektum partisipp av sterke verb. I dagens nynorsk er samsvarsbøying av perfektum partisipp hovudform, men skoleelevane kan få sleppe om dei vil (klammeform). Denne ordninga har vore til stor lette. Nemndas forslag vil vere ei pedagogisk uheldig tilstrammaing. Skoleelevane må dels lære seg forskjellen på sterke og svake verb, dels lære dei kompliserte reglane for samsvarsbøying. Det finst ikkje gode undersøkingar om kva dagens skriftlege praksis er. I dei fleste talemål er samsvarsbøying borte eller på vikande front. Regelen om samsvarsbøying bør vere lik den tidlegare klammeforma, dvs. valfri.

